

ENVER HOXHA

Albanias kommunistar i kamp mot Khrusjtsjov- revisjonismen

Juni—desember 1960



Den elektroniske versjonen av boka ble opprettet av nettstedet
<http://www.enverhoxha.ru>

**Albanias kommunistar
i kamp mot
Khrusjtsjov-revisjonismen**

Enver Hoxha
Fyrsteseekretær i sentralkomiteen
i Arbeidspartiet i Albania

Albanias kommunistar i kamp mot Khrusjtsjov-revisjonismen

Juni — desember 1960

*Talar, brev og telegram frå
Enver Hoxha, Verk, band 19*



Forlaget Oktober A/S
Oslo 1976

Enver Hoxha:
Albanias kommunistar i kamp mot
Khrusjtsjov-revisjonismen. Juni—desember 1960.

Omsett etter den offisielle engelske teksten,
utarbeidd av Forlaget «8. november», Tirana.
Svarer til Enver Hoxha, Verk, band 19.

© Forlaget Oktober A/S, Oslo 1976.
Fyrste opplag desember 1976, 3000.
Trykt i offset hjå A/S Duplotrykk, Oslo 1976.
ISBN 82-7094-133-6

INNHALDSLISTE

Frå føreordet til band 19 11

Radiotelegram til kamerat Hysni Kapo i Bucuresti (21. juni 1960) 13

Fylg alltid ei rett line (Frå innlegget i diskusjonen på møtet i politbyrået i sentralkomiteen i APA, 22. juni 1960) 14

Brev til kamerat Kapo i Bucuresti (22. juni 1960) 18

Or brevet til Liri Belishova om standpunktet ho bør ta i Peking til usemjene som finst mellom Sovjetunionen og Kina (23. juni 1960) 23

Radiotelegram til kamerat Hysni Kapo i Bucuresti (24. juni 1960) 25

Me bør ikkje bøya oss for press av noko slag (Frå eit diskusjonsinnlegg på møtet i Politbyrået i sentralkomiteen i APA, 24. juni 1960) 26

Brev til kamerat Hysni Kapo i Bucuresti (25. juni 1960) 28

Radiotelegram til kamerat Hysni Kapo i Bucuresti (25. juni 1960) 29

Frå brevet til Liri Belishova om drøftingane på Bucuresti-møtet og innstillinga ho bør syna i Moskva (28. juni 1960) 31

Munnleg note til den sovjetiske ambassadøren i Tirana om det anti-marxistiske standpunktet til den sovjetiske ambassadøren og militærat-tachéen i Beograd når det gjeld møtet i Sremska Mitrovica (9. juli 1960) 34

På Bucuresti-møtet godtok me ikkje at dei leninistiske krava til hopehav mellom partia vart krenkte (Frå talen på det syttande plenums-møtet i sentralkomiteen i APA (11. juli 1960) 35

I Moskva skal me tala slik marxismen-leninismen lærer oss. For oss finst det ikkje noko anna språk. (Sluttinnlegget på det syttande plenums-møtet i sentralkomiteen i APA (12. juli 1960) 50

Sentralkomiteen er partileiinga. Han dømer alltid rettvis, klokt, roleg og strengt når det trengst. (Frå samtalen med Koço Tashko, 3. august 1960) 58

Brev til sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen om den opne innblandinga i indre saker hjå APA og den albanske staten frå nokre tenestefolk i den sovjetiske ambassaden i Tirana (Moskva, 6. august 1960) 71

Brev til alle grunnorganisasjonane i Partiet om at møtet i Bucuresti er halde og om usemjene mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina (9. august 1960) 74

Verkeleg einskap vert berre nådd og styrkt om han er tufta på marxist-leninistiske prinsipp (Brev til sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen og til sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Kina, 27. august 1960) 79

Brev til sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen om framlegget frå sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen om å skipa til eit møte av målmenn frå Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Arbeidspartiet i Albania før møtet i Moskva mellom kommunistpartia og arbeidarpartia i november 1960 (Moskva 29. august 1960) 83

Me skal ikkje reisa til Moskva med ti faner, men under ei fane, den marxist-leninistiske fana (Tale til det attande plenums møtet i sentralkomiteen i APA om dei alvorlege mistaka åt Liri Belishova når det galdt lina, 6. september 1960) 86

Forsvaret for den marxist-leninistiske lina er livsviktig for partiet og folket vårt og for den internasjonale kommunismen (Innlegg i ordskiftet på det attande plenums møtet i sentralkomiteen i APA, 7. september 1960) 98

Me må halda vakt mot provokasjonar og verja partiet (Ordsifte på det attande plenums møtet i sentralkomiteen i APA om det fiendslege standpunktet Koço Tashko tek mot partiet, 8. september 1960) 104

Radiotelegram til kamerat Mehmet Shehu i New York (20. september) 107

Radiotelegram til kamerat Mehmet Shehu i New York (23. september 1960) 108

Radiotelegram til kamerat Mehmet Shehu i New York (26. september 1960) 109

Radiotelegram til kamerat Mehmet Shehu i New York (28. september 1960) 110

Radiotelegram til kamerat Mehmet Shehu i New York
(29. september 1960) 112

Folket vårt vil halde ved like og utvikle venskapen med folkerepublikken Kina med heile sin styrke (Tale ved mottakinga ambassaden åt folkerepublikken Kina gav ved elleveårsdagen for skipinga av folke-republikken Kina, 30. september 1960) 114

Brev til kamerat Hysni Kapo i Moskva
(1. oktober 1960) 120

Radiotelegram til kamerat Hysni Kapo i Moskva (1. oktober 1960) 123

Radiotelegram til kamerat Mehmet Shehu i New York
(1. oktober 1960) 126

Moskva-fråsegna bør gjerast så sterk som råd er, med krutt og ikkje med bomull (Brev til kamerat Hysni Kapo i Moskva,
4. oktober 1960) 128

Radiotelegram til kamerat Mehmet Shehu i New York
(4. oktober 1960) 132

Radiotelegram til kamerat Mehmet Shehu i New York
(6. oktober 1960) 134

Brev til kamerat Hysni Kapo i Moskva (7. oktober 1960) 135

Radiotelegram til kamerat Mehmet Shehu i New York
(9. oktober 1960) 139

Radiotelegram til kamerat Hysni Kapo i Moskva (11. oktober 1960) 140

Brev til kamerat Hysni Kapo i Moskva (13. oktober 1960) 141

Endå om me lyt gå utan mat, bryt me albanarar ikkje prinsipp, me svik ikkje marxismen-leninismen (Diskusjonsinnlegg på møtet i Politbyrået i sentralkomiteen i APA, 31. oktober 1960) 143

Det står ikkje til Khrusjtsjov om Albania er eit sosialistisk land eller ikkje. Det har det albanske folket avgjort i krigane dei har ført og blodet dei har spilt (Frå ein samtale med J. Andropov i Moskva,
8. november 1960) 148

Me skal verja marxismen-leninismen og folkebaten med eldhug (Frå samtalen sendelaget frå Arbeidspartiet i Albania hadde med ut-sendingane frå Kommunistpartiet i Sovjetunionen, A. Mikojan, F. Kozlov, M. Suslov, P. Pospjelov og J. Andropov i Moskva,
10. november 1960) 150

Me har stridd berrfotte og med tomme mager, men me har aldri lagt oss på magen for nokon (Samtale som APA-sendelaget med kamerat Enver Hoxha i brodden hadde med N.S. Khrusjtsjov på eit møte i Kreml i Moskva, 12. november 1960) 159

Tale på møtet med 81 kommunistparti og arbeidarparti i Moskva (16. november 1960) 165

Radiotelegram til kamerat Hysni Kapo i Moskva (30. november 1960) 213

Frå rapporten til det 21. plenums møtet i sentralkomiteen i APA: Ut-sendingsmøtet mellom kommunistpartia og partia som vart halde i Moskva i november 1960 (19. desember 1960) 214

Den prinsippfaste urikkande striden mot imperialismen og revijsjonismen er og har vore vegen for partiet vårt. (Avslutningstale på det 21. plenums møtet i sentralkomiteen i APA, 20. desember 1960) 253

FØREORD FRÅ FORLAGET

Denne boka er ei samling talar, brev og telegram av Enver Hoxha frå juni til desember 1960. Enver Hoxha skipa Albanias Kommunistiske Parti, no Arbeidspartiet i Albania, og er i dag fyrstesekretær i sentral-komiteen.

Juni—desember 1960 er tida for møta for kommunistiske parti og arbeidsparti i Bucuresti og Moskva. På desse møta vart striden mellom Khrusjtsjov-revisjonismen i SUKP og den marxist-leninistiske rørsle open. Innhaldet i denne boka fortel svært mykje om kva striden dreidde seg om og kva slag natur Khrusjtsjov-klikken hadde. Det fortel og korleis Arbeidspartiet i Albania slost for dei marxist-leninistiske prinsippa under leiing av kamerat Enver Hoxha.

Den modige og snarrådde kampen dei albanske kommunistane førte mot dei åtaka Khrusjtsjov og hans folk retta mot marxismen og den kommunistiske verdsrørsle, har fått svært mykje å seia for dei nye marxist-leninistiske partia og organisasjonane i verda i dag. Røynslene dei hausta frå denne striden er av dei viktigaste i den nyare saga til den revolusjonære arbeidarrørsle. Dei bør studerast av alle som vil læra meir om kva som er falsk og kva som er ekte marxisme og kommunisme.

Utvalet svarer til band 19 av Enver Hoxhas Verk, som no vert gjeve ut komplett i Albania. Omsetjinga er gjort etter den offisielle engelske teksten. Vi takkar Forlaget «8. november» i Tirana for arbeidet det har gjort for å hjelpe oss med den norske utgåva.

Forlaget Oktober
Oslo, november 1976

FRÅ FØREORDET TIL BAND 19

I serien Verk av kamerat Enver Hoxha har dokumenta i dette bandet eit særskilt rom. Dei høyrer heime i perioden juni—desember 1960, og dei fleste vert her offentleggjorde for fyrste gong. Dette er eit svært innfløkt tidsrom, då djupe ideologiske og politiske usemjer hadde kome opp i den internasjonale kommunistrørsla, og i tilhøvet mellom visse parti. I denne tida måtte partiet vårt ta ansvarstunge avgjerder og stå ope fram for heile den internasjonale kommunistrørsla for å verja marxismen-leninismen mot den nye fårlege revisjonistiske straumen som krystalliserte seg ut midt i henne — Khrusjtsjov-revisjonismen.

Største romet i dette bandet tek dokumenta der den strategiske og taktiske lina vert utarbeidd for Arbeidspartiet i Albania (APA) mot spreinga av moderne revisjonisme, og særskilt mot den kløyvande anti-marxistiske verksemda åt sovjet-leiinga, med Khrusjtsjov i brodden. Alt på den tida hadde APA sagt i frå til sovjetleiinga om usemje og atterhald når det galdt ei rad med galne læresetningar og handlingar hjå sistnemnde. Men kjensgjerningane synte at Khrusjtsjov-gruppa heldt einvist fram i den range leia, som var fårefylt for den internasjonale kommunistrørsla og arbeidarrørsla. Spelet dei stelte til bak kullissane på Bucuresti-møtet synte dette uventa klårt. Slik tilhøva var, vart det svært viktig å setja den anti-marxistiske lina og standpunkta til sovjetleiinga under open og djerv kritikk, framfor alle kommunist- og arbeidar-parti.

Dette bandet gjev eit levande bilete av den konsekvente striden APA førte ved møta i Bucuresti og Moskva. På Bucuresti-møtet var APA usamd i at dei såkalla feila til Kommunistpartiet i Kina skulle opp til doms, og i at partiet skulle dømast på grunnlag av dokumenta som var fulle av baktaling sovjetleiinga hadde sett i hop, utan å gje Kommunistpartiet i Kina tid og høve til å lesa dette materialet og leggja fram synspunkta sine. På Moskva-møtet tala partiet vårt ut med revolusjonært mot, og framfor den internasjonale kommunismen kritiserte det ope den range lina sovjetleiinga hadde på ei rad store prinsippspørsmål. Ikk-

je nokon gong gjekk APA attende på prinsippa, og det sa seg aldri samd i å fylgja den revisjonistiske kursen til Khrusjtsjov-gruppa. Ei rad dokument som er offentleggjorde i dette bandet i lag med rapportar, talar, diskusjonsinnlegg og samtalar, er livaktige vitnemål om dette. Her er det og med ein del radiotelegram og brev sende frå Tirana til Bucuresti og Moskva, til Peking og New York, som inneheldt direktivet frå APA, den revolusjonære lina. Underskrifta «Shpati» på sume av radiotelegramma minner om dei stormfulle åra i den nasjonale frigjeringskrigen.

Den ideologiske striden mellom APA og sovjetleiinga vart kvassare etter Bucuresti-møtet, då Khrusjtsjov-gruppa sette i gang eit vilt åtak mot APA for å tvinga partiet til å gje seg og fylgja den revisjonistiske lina. I fyrstninga nytta Khrusjtsjov-gruppa to hovudmetodar, trugsmål og demagogi. Men dei let heller ikkje vera å arbeida gjennom ambassaden i Tirana, som dreiv med fiendslege og undergravande handlingar mot APA og partileiinga. Den Khrusjtsjov-revisjonistiske leiinga freista ta borga frå innsida. Med dette for auga arbeidde dei med Liri Belishova og Koço Tashko og fekk dei til å gå i teneste hjå seg. Synspunkta og standpunkta til desse to fiendane var i himmelropande strid med den rette lina partiet fylgde mot sovjetleiinga med Khrusjtsjov i brodden. Såleis mislukkast strevet deira for å revidera lina åt partiet vårt. Materialet i dette bandet dreg ikkje berre verket til dei ytre fiendane fram i lyset, men det dei indre fiendane gjorde og. Likeins med klassestriden APA førte mot dei for å verja den stålsette einskapen sin, den krystalklære partilina og den reine marxismen-leninismen (...)

Viktige lærdomar skriv seg frå dokumenta i dette bandet. Dei væpnar oss vidare i striden for å byggja sosialismen, og verner om dei høglagde interessene åt landet og folket, mot ytre og indre fiendar. Materialet i det 19. bandet er samanlagt eit rikt fond av den revolusjonære teorien og praksisen åt partiet vårt, i den store marxist-leninistiske skatten.

RADIOTELEGRAM TIL KAMERAT HYSNI KAPO I BUCURESTI *

21. juni 1960, kl. 11.30

STRENGT PERSONLEG

Av radiotelegramma dine ser me at det går galne vegen, difor er stoda svært kjensleg.

Ver svært varsam. Lat dei få vita at du berre vil vera med på møtet som me har fastsett saman, der berre partia i det sosialistiske lægeret kjem til å vera til stades, for å fastsetja tid og stad for det komande møtet for kommunistiske parti og arbeidarparti. Fortel oss korleis det går etter kvart. Sei oss heilt nøyte kva tid møtet skal haldast.

Beste helsing
Enver

*Prenta for fyrste gong i band 19 etter
originalen i det sentrale partiarkivet.*

* Den 2. juni 1960 gjorde sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen i eit brev til sentralkomiteen i APA framlegg om eit møte av utsendingar frå kommunistparti og arbeidarparti i det sosialistiske lægeret. Føremålet var å «skifta meiningar om problema i den noverande internasjonale situasjonen og fastleggja den samse lina vår for framtida». Møtet skulle haldast i slutten av juni. Den 7. juni, i eit anna brev, gjorde sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen framlegg for sentralkomiteen i APA om at møtet skulle utsetjast og tida fastsetjast på eit førebuande møte i Bucuresti mellom representantar for systerpartia i det sosialistiske lægeret i samband med det 3. landsmøtet i Det rumenske arbeidarpartiet. Sentralkomiteen i APA var samd, og gav kamerat Hysni Kapo i fullmakt å skifta meiningar og fastsetja tida for møtet saman med utsendingar frå dei andre systerpartia. Han var medlem av politbyrået og sekretær for sentralkomiteen i APA, og han skulle leia sendelaget frå APA til det 3. landsmøtet i Det rumenske arbeidarpartiet.

Då det kom til stykket i Bucuresti, sto sendelaget frå APA andlet til andlet med eit internasjonalt møte skipa til av sovjetleiarane for å gå laus på Folkerepublikken Kina.

FYLG ALLTID EI RETT LINE

Frå innlegget i diskusjonen på møtet i politbyrået i sentralkomiteen i APA

22. juni 1960

Spørsmålet me skal drøfta i dag har å gjera med Bucuresti-møtet. Som avgjort sende me eit parti-sendelag med kamerat Hysni Kapo i brodden til Romania, for å vera med i drøftingane på det 3. landsmøtet i Det rumenske arbeidarpartiet. Me hadde tenkt oss at fyrstesekretærane, eller sume av dei, ville leia partisendelag ved dette høvet, men av mange grunnar, som me veit, såg me det slik at eg ikkje skulle reisa. Sendelaget vårt hadde og fullmakt til å vera med på møtet mellom utsendingar frå kommunistparti og arbeidarparti i det sosialistiske lægeret attåt deltakinga i drøftingane på det 3. landsmøtet i Det rumenske arbeidarpartiet. Etter avtale skulle møtet setja fast tid og stad for eit møte for alle partia, der dei mellom anna skal drøfta usemjene som finst mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina.

Det er ingen tvil om at desse usemjene må løysast så snart råd er og på marxist-leninistisk måte, i fyrste omgang mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina. I fall dei ikkje vert løyste mellom dei to, må det lagast ei framstilling til diskusjon mellom partia der utsendingane frå kommunistpartia og arbeidarpartia kan få eit ord med i laget, og usemjene verta løyste på rett måte.

Men Sovjet-leiarane i Bucuresti vil absolutt snakka om desse usemjene no straks. I radiotelegrammet han sende oss, seier kamerat Hysni at sidan møtet av utsendingar frå kommunistparti og arbeidarparti har vorte utsett, gjer dei framlegg om å halda eit møte med utsendingane frå alle partia som er der. Der vil dei ta opp usemjene Sovjetunionen har med Kina, sjølvsaft i den leia Sovjetunionen meiner. I fylgje Khrusjtsjov kan avgjerder verta tekne på dette møtet og, og alle partia bør seia kva dei meiner, seia seg solidariske med Sovjetunionen og med fråsegna

frå Moskva-møtet i 1957*. «Kinesarane held seg ikkje til henne!» seier Khrusjtsjov. Alt dette driv dei fram ved å snakka med og arbeida på sendelaga, det eine etter det andre, med det for auga at Kommunistpartiet i Kina skal få vita om dei skal verta verande i det sosialistiske lægeret eller ikkje. Dei seier at dette møtet ikkje skal isolera Kina, men vert halde for å «få opplysningar, for å ta eit sams standpunkt».

Eg trur at den avgjerda med har teke**er rett. Me må ikkje lyda berre til det dei sovjetiske kameratane seier, men og til det kinesarane seier, og så leggja inn eit ord i diskusjonen. Difor vert spørsmålet: Kva standpunkt kjem sendelaget vårt til å halda fram på dette møtet sovjet-utsendingane med Khrusjtsjov i brodden har stelt til?

Me har vorte utsette for ei rad provokasjonar der. Mot desse sto Hysni støtt, men han treng meir hjelp og retningslinjer, for han står andlet til andlet med ei rad vanskar, og all slags press og provokasjonar.

Som alltid må me fylgja ei rett line, for me har eit stort ansvar for folket vårt. Me er eit marxist-leninistisk parti, og det er vår sak å halda på eit marxist-leninistisk standpunkt, same kva som hender. Livet har synt at me aldri har vingla, difor kan ikkje ein gong ein kanon få oss bort frå den rette lina partiet vårt fylgjer. Livet har synt at me ikkje tok feil i meiningane og haldningane våre til dei jugoslaviske revisjonistane, dei var rette. Om Khrusjtsjov og kompani har teke eit anna standpunkt, og ikkje stridd mot dei jugoslaviske revisjonistane, er det deira sak. Slik ser me på det, men me har og rett til å seia dei meininga vår. Me har stødd fråsegna frå Moskva-møtet i 1957, ikkje berre i det jugoslaviske spørsmålet, men og på andre saker, til dømes samhaldet i det sosialistiske lægeret, fredelig samlivnad osb. Når det gjeld mange spørsmål som finst der, har me teke visse atterhald som me har sagt frå

* Dette møtet av kommunistparti og arbeidarparti vart halde i Moskva i 1957.

Der freista Khrusjtsjov-gruppa å legalisera den revisjonistiske leia frå det 20. landsmøtet i Kommunistpartiet i Sovjetunionen som generalline for den internasjonale kommunistrørsla. Men han støyte på motstand hjå sendelaga frå Kommunistpartiet i Kina, frå APA (med kamerat Enver Hoxha i brodden) og andre, som forsvara grunnprinsippa i marxismen-leninismen og synte fram dei revisjonistiske synspunkta åt sovjetleiinga.

Då revisjonistane sto andlet til andlet med den kalde logikken i vitskaplege argument vart dei tvinga til å dra seg attende. I fråsegna frå møtet sto likevel urett ordlegging att, i lag med det allment revolusjonære innhaldet. Det 20. landsmøtet i Kommunistpartiet i Sovjetunionen var omtala som eit landsmøte som etter det dei sa hadde opna ein heilt ny tidbolke i den internasjonale kommunistrørsla. Til andre spørsmål i fråsegna hadde APA atterhald og. Dei kom fram i pressa og gjennom partipropagandaen.

** Avgjerda om å vera med på møtet av parti frå sosialist-lægeret i Bucuresti for å fastsetja tid og stad for eit framtidig breiare møte av kommunistparti og arbeidarparti.

om til dei sovjetiske kameratane, eller me har teke standpunkt i parti-
pressa og -propagandaen. Me er for fredeleg samlivnad, men slik Lenin
tenkte seg det. Me er ikkje for å utvida det til det ideologiske omkvervet,
for dette er sværande fårleg. Når det gjeld nedrustning har livet stadfest
at imperialismen ikkje rustar ned, tvert om rustar han meir og meir.
Korleis kan så me rusta ned? Tvert om, me må vera årvakne. Det er me,
og me har greitt oss godt. Med grunnlag i lina partiet vårt har fylgt er
folket og alle kommunistane reiuge til å reisa seg mot alle åtaksfårar.
Det er visse ting me kan fortelja dei sovjetiske kameratane ikkje er som
dei skal. Me kan til dømes fortelja dei at me er usamde med dei når dei
ikkje kler dei jugoslaviske revisjonistane fullstendig nakne. Om me har
noko å lasta hine for, skal me like eins seia det ope og kameratsleg, på
marxistisk vis. Difor må me bu oss på desse sakene og gå på møtet av ut-
sendingar frå kommunistpartia og arbeidarpartia for å ha eit ord med i
laget. I desse spørsmåla bør alle ta eit klårt og fast marxist-leninistisk
standpunkt og ingen må få lov til å koma med provokasjonar.

No, om de vil, kan me lesa radiotelegrammet frå kamerat Hysni.

*Etter han hadde lese radiotelegrammet kamerat Hysni Kapo hadde
sendt, tok kamerat Enver Hoxha ordet att.*

Så snart kamerat Gogo* (Nushi) kom til Moskva, kalla Bresjnev** han
til seg. Etter han hadde spurt om korleis han hadde det og korleis det
gjekk, fortalde han om synet dei hadde på kinesarane. Like eins då ka-
merat Mehmet (Shehu)*** reiste til Moskva, vitja Kosygin**** han og tala
med han i halvannen time om desse sakene. Kamerat Mehmet svara:
«Kvifor har dette fått liggja og versna, dersom det er rett? Det hadde for
det fyrste vore råd å løysa det på marxist-leninistisk vis mellom dei to
partia. Om det trongst, kunne det ha vore teke opp med dei andre partia
etterpå.» Mehmet sa til han at «partiet vårt vil stå ved eit rett, prin-
sipielt marxist-leninistisk standpunkt, og ikkje detta opp i kjenslefylte
og opportunistiske haldningar».

* Kamerat Gogo var den gongen medlem i politbyrået i sentralkomiteen åt APA og for-
mann i Landsorganisasjonen i Albania. Han stogga i Moskva på heimveg frå Peking der
han hadde reist for å vera med på møtet i Rådet for Den internasjonale fagorganisasjonen.

** Bresjnev var den gongen medlem av presidiet i sentralkomiteen i Kommunistpartiet
i Sovjetunionen og president for Det øvste sovjet.

*** Mehmet Shehu er medlem av politbyrået i sentralkomiteen i APA og formann i Mini-
sterrådet for Folkerepublikken Albania.

**** Den gongen var Kosygin visepresident i Ministerrådet i Sovjetunionen.

I brevet fortel kamerat Hysni oss at Teodor Zhikov* freista å provosera. Han sa: «Kva er det Albania vil? Berre Albania er usamde!» Kamerat Hysni svara: «Kva meiner du med det?» Då sa Zhikov: «Eg berre skjemta.» Hysni peika på at han måtte ha noko i tankane for å seia at «berre Albania er usamde». Han svara på nytt: «Eg berre skjemta.»

Bulgarane har gjeve ut eit Balkan-kart i ein illustert brosjyre. Her er Albania synt fram som ein del av Jugoslavia. Når det gjeld denne saka ba jeg Behar** tilkalla den bulgarske ambassadøren og spørja kva dei dreiv med, og krevja at denne brosjyren vart dregen attende straks.

Når det gjeld spørsmålet me drøfta her trur eg me bør rettleia kamerat Hysni. Eg har stelt i stand eit brev som eg skal lesa seint, for dette er viktig.

*Etter han hadde lese brevet*** og det var godkjent, heldt kamerat Enver Hoxha fram:*

Eg vil understreka at styrken vår ligg i sams tanke og handling hjå leiinga og i heile partiet. Dette er uhorveleg viktig. Einskapen vår byggjer på det marxismen-leninismen lærer, difor må me stadig styrkja han. Me har gått fylgjestrengt fram langs denne vegen, lagt oss etter å setja i verk til siste bokstav dei avgjerdene me tek saman her i politbyrået, og samrår oss att når det trengst. Men i slike høve, når ein av oss kjem i vanskar og er åleine og ikkje kan samrå seg med nokon, bør han handla og sjølv setja partilina ut i livet. Like eins gjorde me i krigstida, då ein utan kameratar måtte avgjera på eiga hand om alle styrkane skulle kastast inn i åtak eller i forsvar.

*Gjeve ut fyrste gongen
i band 19 etter originalen i det sentrale partiarkivet.*

* Fyrstesekretær i sentralkomiteen i kommunistpartiet i Bulgaria, vidgjeten som lakei for Moskva-revisjonistane.

** Behar Shtylla, utanriksminister i Folkerepublikken Albania den gongen.

*** Jfr. brevet til kamerat Hysni Kapo i Bucuresti den 22. juni 1960, i dette bandet på s. 18.

BREV TIL KAMERAT HYSNI KAPO I BUCURESTI

22. juni 1960

Kjære kamerat Hysni!

Me fekk telegramma og breva du sende og studerte dei i politbyrået. Me står samla om det synet at stoda er svært alvorleg og ikkje utviklar seg på skikkeleg parti-vis. Når det skjer at striden mellom Sovjetunionen og Kina spreiest og breier seg, og det vert gjort på ein slik måte, tykkjer politbyrået at det er heilt feil, svært skadeleg og svært fårleg. Difor kan det på ingen måte finna seg til rettes med metodane og framferda som vert brukt for å løysa denne usemja. Det er ei usemje som held på å stå det sosialistiske lægeret og den internasjonale kommunismen dyrt. Politbyrået står som alltid støtt på den lina at usemjene mellom Sovjetunionen og Kina aldri skulle ha fått fred til å versna, at striden ikkje må få gå djupare, men løysast på marxist-leninistisk vis og med marxist-leninistiske metodar.

Politbyrået meiner at usemjene som finst mellom Sovjetunionen og Kina ikkje har vorte kunngjorde til kommunistpartia og arbeidarpartia etter leninistiske reglar. Det har skjedd på slump, ved open og omveges ordstrid i skrift og tale. Dette er ikkje rette framgangsmåten for å løysa ei slik usemje dersom det er ynskjeleg at andre parti og skulle gå i mellom og hjelpa med si røynsle og tyngd, slik marxismen-leninismen krev. Slik hjelp har ikkje vorte søkt før no nyleg. Etter telegramma du sende oss siktar den sovjetiske sida endå til no på å gå utanom denne rette løysingsmåten. Me kjem til det at alle utvegjar ikkje har vore freista for å avklåra desse spørsmåla mellom dei to største partia i det sosialistiske lægeret på ein skikkeleg og objektiv måte, på ein marxist-leninistisk måte. For oss ser det ut til at det å løysa spørsmålet ved eit møte der dei andre kommunistpartia og arbeidarpartia i lægeret vårt skulle vera med ikkje vert teke så alvorleg som det skulle, sidan dei to partia som er usamde ikkje har lagt fram synspunkta og dokumenta *offisielt* til dei andre systerpartia.

Politbyrået ser det slik at partiet vårt har likså stort ansvar som alle dei andre partia, både for å styrkja samhaldet i det sosialistiske lægeret på marxist-leninistisk vis, og for å halda partiet og marxismen-leninismen reine. Sovjetunionen er partiet vårt kjær, men Kina er og kjær for oss. Difor må me ikkje ta i miss, me må ikkje få partiet ut i uføre og i ideologisk og politisk villfaring. Me har ikkje gjort slikt, og kjem aldri til å gjera det. Når det gjeld å verja prinsippa våre reknar me ikkje etter om den eller hin vil lika det. Partiet vårt har alltid vorte leidd av det rette marxist-leninistiske standpunktet og det vil alltid vera merkt av prinsippfast marxist-leninistisk mot.

Kva standpunkt bør no fremjast til dei hendingane som finn stad der? De er på det reine med partilina, og det er ingen grunn til å stogga ved den. Men sidan det har kome kjensleutbrot som ikkje har fylgt høveleg parti-skikk, må du vera svært varsam. Du må svara med omtanke og nøye tilmåta. Ha alltid saka åt partiet og marxismen-leninismen i tankane. Men dette vil ikkje seia at du ikkje bør gje det rette svaret der og då til kven det skal vera. Er det til dømes ikkje låteleg og urett at ein viss Magyaros* kjem «for å overtyda oss» albanarar om at Sovjetunionen har ei «rett» line og Kina gjer «feil»?! Lat Magyaros høkra bort sakene sine ein annan stad, ikkje til oss. Me treng ikkje Magyaros til å «opplysa» oss om dei grunnsetningane og sanningane partiet vårt har stridd for og alltid er reiugt til å stri for. Eller, til dømes, forviss deg om at Andropov** skjønar heilt og fullt at me ikkje godtek at sovjetutsendingane kjem til kameratane våre, medlemmer i sendelaget til landsmøtet i Det rumenske arbeidarpartiet, og seier til dei i ein undrande tone: «Kvaslag, har ikkje leiinga dykkar fortalt dykk dette?» Minn Andropov om at Mikojan*** ville snakka om desse spørsmåla**** med kamerat Enver åleine. Det var Enver som etter eige tiltak tok med seg kamerat Mehmet. Mikojan naudba kamerat Enver om å halda alt han fortalde

* Magyaros, den gongen medlem i politbyrået i sentralkomiteen i Det rumenske arbeidarpartiet.

** Den gongen sjef for utanriksavdelinga for dei aust-europeiske landa ved sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen, i dag medlem av politbyrået i sentralkomiteen.

*** Medlem i presidiet for sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen, fyrste visepresident for Ministerrådet i Sovjetunionen.

**** I fyrstinga av februar 1960 var kamerat Enver Hoxha i Moskva for å vera med på utsendingsmøte for kommunistparti og arbeidarparti i dei europeiske sosialistlanda om utviklingsspørsmål i jordbruket. Då møtte han Mikojan etter ynskje frå sistnemnde. Ved dette møtet tala Mikojan i nær fem timar om dei ideologiske og politiske usemjene som fanst mellom kommunistpartia i Sovjetunionen og Kina.

heilt for seg sjølv. Når dette er så held leiinga vår ord, for ho har ikkje den vanen at ho ber slikt utover. Men fortel Andropov at me ser to fårlege tilstemner hjå dei sovjetiske kameratane som snakka med kameratane i sendelaget vårt. For det fyrste undervurderer dei faren for revisjonisme, det kan me aldri vera samde i. For det andre har dei eit lag til å halda fram partileiinga vår som misgjerningsmenn i augo åt kameratane våre, for dei vil ha det til at me ikkje informerer dei. Fortel Andropov at dei må slutta med denne anti-marxistiske taktikken straks. Dei skal vita at einskapen i leiinga vår er som stål, like eins som einskapen mellom leiinga og heile Arbeidspartiet er stålsett. Same kven som prøver seg skal han vita at han skal få bank av oss. Fortel Andropov og at det er korkje sømeleg eller turvande for dei sovjetiske kameratane å informera våre kameratar, for leiinga vår, som veit å verja marxismen-leninismen, veit og kva tid og om kva ho bør informera medlemene.

Sei dette til Andropov utan ofse, men du skjønar godt kvifor det må seiast. Dei går fram på regellaus vis og ikkje på partivis, og her er høvet då vegen skal stengjast for denne framferda. Sei og til Andropov: «Eg er svært lei for at du tok Magyaros med deg, ikkje som vert, men for å overtyda meg om at Sovjetunionen har ei rett line og Kina ei galen. Berre folkeskikken held meg frå å vera så tung på labben med han som han fortente, eg var då gjest hjå han.»

Eller, når høvet byr seg, som då Andropov sa til deg at «...Kommunistpartiet i Kina meinte de står støtt i mot jugoslavane, og ville vinna dykk over, men dei tok feil...» osb., sei at «Det er slutt på den tida då Arbeidspartiet vårt og leiinga der kunne villeiast av nokon og verta partisan for galne liner. Partiet vårt har mognast i strid og stig ikkje på rotne trinn. Det har halde seg til dei marxist-leninistiske prinsippa og vil alltid gjera det.»

Før me kjem til kjernen i problemet er det og nokre andre spørsmål du må ha i tankane, for dei kan hjelpa deg. Det går føre seg eitkvart uheiderleg, slik du skreiv i brevet til oss. Provokasjonar og spel bak kullissane vert utklekte der, difor må du stå fast og syna dei at det er einskap, fast vilje og mot i leiinga vår.

Etter vedtak i politbyrået går du fram slik:

I — Gå til Andropov og fortel han på vegner av partileiinga (alltid på vegner av partiet, på vegner av leiinga): «Eg melde til leiinga det du fortalte meg. Dei har visst reint allment om desse usemjene og har sett det slik at dei er svært alvorlege og svært skadelege for saka me er saman om. Dei har atter sagt dei meiner usemjene må løysast, og løysast på rett

måte, etter marxist-leninistiske organisasjonsreglar. Leiinga vår har sagt dei meiner at desse ideologiske og politiske usemjene mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina bør løysast på marxist-leninistisk vis gjennom samse drøftingar mellom dei to partia. Kan dei ikkje løysast slik, bør ein be utsendingar frå kommunistpartia og arbeidarpartia i det sosialistiske lægeret om å drøfta saka og seia kva dei meiner. Dei standpunkta som vert hevda på dette møtet kunne leggjast fram for eit breiare møte av kommunistparti og arbeidarparti slik som det i Moskva i 1957.

No har det vorte avgjort å halda dette møtet. Leiinga i partiet vårt ser dette som ei rett avgjerd. Dei er samde og bur seg til å seia kva dei meiner om saka, og ventar på at tida vert fastsett. Fortel dei at «eg (Hysni) har fullmakt til å drøfta tidspunktet. Leiinga vår har meldt at dei har utnemnt kamerat Enver Hoxha til å leia sendelaget vårt på det møtet som kjem.

Eit møte om usemjene mellom kommunistpartia i Sovjetunionen og Kina skal no haldast i Bucuresti mellom alle utsendingane frå dei andre kommunistpartia og arbeidarpartia som har kome til landsmøtet i Det rumenske arbeidarpartiet. Leiinga vår ser det slik at dette møtet kjem for tidleg og er svært skadeleg. Partiet vårt meiner og det er svært skadeleg med ein kamuflert eller open kampanje i pressa om desse svært kjenslege spørsmåla. Lat det komande møtet avgjera kven som har rett og kven som tek feil. Partiet vårt vil nytta heile sin styrke og den vesle røynsla det har til å løysa desse alvorlege usemjene på prinsippfast marxist-leninistisk vis. Partiet tek på seg alt ansvaret som ligg på det. Det vil stri ærleg og modig som elles for å verja si rette marxist-leninistiske line, for å verja marxismen-leninismen, det sosialistiske lægeret og einskapen der. Sovjetunionen og bolsjevikpartiet har vore, er og vil alltid vera svært kjære for partiet vårt. Men ein kan ikkje nekta eller vera usamd i at både for dykk, for oss og for heile lægeret vårt er det store Kina svært kjærte dg. Difor meiner leiinga vår dette og stadfester det på nytt: Kvar mistaka så er, bør dei drøftast på realistisk vis på eit møte. Alle freistnader og alt som er råd, må gjerast på marxist-leninistisk måte og med marxist-leninistiske metodar for å retta mistaka til bate for sosialismen og kommunismen. Dette var det offisielle synet til leiinga vår då dei sende meg til Bucuresti, og det er det framleis no etter at eg har fortalt dei det de sa til meg.»

Fortel Andropov og: «Eg (Hysni) har fullmakt berre til å representera Arbeidspartiet og tala med dei andre utsendingane frå andre parti i det sosialistiske lægeret om å setja ei tid for møtet som skal koma. Dersom

møtet de og Det rumenske arbeidarpartiet har gjort framlegg om skal haldast no straks i Bucuresti, meiner leiinga vår det kjem for tidleg, slik eg peika på tidlegare. Likevel har eg fullmakt til å vera med på det.

Eg har fått offisiell fullmakt til å melda dette til dykk slik at de kan senda det vidare til leiinga dykkar. Partiet vårt seier alt det vil seia ope og utan å stussa, på leninistisk vis.»

II. Hald hovudet kaldt på møtet som kan verta halde. Veg orda dine. Gjer ikkje noka kunngjering om usemjene som finst mellom Sovjetunionen og Kina. Fråsegna di bør vera stutt og fyndig.

I hovudsak skal du seia på vegner av partiet vårt:

1. Arbeidspartiet har godkjent og sett ut i livet vedtaka frå Moskva-møtet (1957).

2. Strek under den rette, fylgjestrengje og prinsippfaste politikken partiet har, den grenselause trusken til marxismen-leninismen, den store kjærleiken partiet og folket vårt har til partia og folka i landa i det sosialistiske lægeret, til alle systerpartia, kommunistpartia og arbeidarpartia i verda, til einskapen i lægeret vårt. Denne einskapen må på ingen måte setjast i fåre, men må styrkjast og herdast på marxist-leninistisk vis.

3. Sei frå at partiet er lei for desse usemjene som har kome opp mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina. Målber den overtvinga at desse vert løyste på marxist-leninistisk vis på møtet som skal haldast seinare mellom kommunistpartia og arbeidarpartia.

4. Legg fram at partiet er fullrådd på å stri i breidda med partia i dei sosialistiske landa. Partiet er årvake og avslører imperialismen og agentane hans, revisjonistane, bønlaust til siste slutt.

Dette bør vera hovudinnhaldet i fråsegna di.

Me trur at alt vil gå godt. Me er på den rette vegen, så du må fylgja situasjonane med den kalde roa og det revolusjonære motet som er ditt merke.

Lat oss få vita om alt.

Godt nytt: I går regna de t godt alle stader.

Alle kameratane sender sine beste helsingar.

Hjarteleg helsing frå
ENVER

E.S.

Om dei sovjetiske kameratane skulle freista ymta om at eg skal koma til Bucuresti må du svara: «Han kjem ikkje».

*Gjeve ut for fyrste gong i avstytt form i band
19 etter originalen i det sentrale partiarkivet.*

Or brevet til Liri Belishova* om standpunktet ho bør ta i Peking til usemjene som finst mellom Sovjetunionen og Kina

23. juni 1960

Av breva dine og meldingane meiner politbyrået at du har gjort eit alvorleg mistak ved å melda frå til den sovjetiske ambassaden i Peking kva dei kinesisk kameratane sa til deg. Dette fordi du for det *første* framleis ikkje hadde meldt frå til partileiinga di og ikkje fått godkjenning der i frå. For det *andre* galdt det ikkje problem i partiet vårt, og du hadde ikkje noko med å melda frå til sovjetrussarane. For det *tredje* visste du vår meining, at desse usemjene bør og må løysast på marxist-leninistiske møte og på marxist-leninistisk vis, og ikkje ved slarv åt den eine eller hin. Partiet vårt bør ikkje vera borti slike saker på nokon annan måte.

Difor skriv eg dette stutte brevet til deg for å be deg vera varsam og ikkje uttala deg om usemjene som finst mellom Sovjetunionen og Kina, for politbyrået har funne at den måten denne stride utviklar seg på ikkje er som det skal vera og ikkje går rette vegen. Det er avgjort av alle partia i lægeret vårt at desse spørsmåla skal takast opp på eit møte som kjem, og tida skal avgjerast seinare. Dette er den rette måten, difor skal me seia meininga vår på dette møtet.

Kven som enn spør deg så sei: «Desse usemjene er skadelege og fårlege for saka vår. Dei har fått fred til å versna. Dei burde løysast mellom dei to partia på marxist-leninistisk vis, og når det no er avgjort å halda eit møte av kommunistparti og arbeidarparti i nær framtid, bør dei løysast der ein gong for alle. Som alltid vil partiet vårt hevda eit prinsippfast marxist-leninistisk standpunkt.»

Først i Moskva**, og no i Bucuresti, har sovjetrussarane sagt frå til alle

* Medlem i politbyrået og sekretær i sentralkomiteen i APA. I juni 1960 hadde ho reist med eit sendelag på vitjing i Folkerepublikken Kina og til nokre andre sosialistiske land i Asia. Dette brevet vart sendt til henne med særskilt kurer.

** Sendelaga som reiste gjennom Moskva.

utsendingane som kom til det tredje landsmøtet i Det rumenske arbeidarpartiet om usemjene dei har med kinesarane. I dette informasjonsmaterialet er du nemnd mellom dei som har fortalt sovjetrussarane om kva kinesarane har sagt. Sjølv sagt er sovjetrussarane vel nøgde med den informasjonen du gav dei og let vel over deg. Dei kallar faktene dine «heltemodige», «prinsippfaste» og meir slikt. Dei rosar deg, og vil koma til å rosa deg sterkt. Sjølv sagt må du ikkje lata dette skrytet gå deg til hovudet, for det er gjort med heilt visse mål.

Difor skriv eg dette for å gjera deg vaksam, og alt eg har skrive er berre og einast til deg!

Enver

Utgjeve fyrste gongen i band 19 frå kopi av originalen i det sentrale partiarkivet.

Radiotelegram til kamerat Hysni Kapo i Bucuresti

24. juni 1960.

Kjære Hysni!

På morgonmøtet skal du gje denne fråsegna: «Av breva frå sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen veit leiinga vår at sendelaget vårt her i Bucuresti, som ikkje er på høgt plan, berre vil avgjera tida og staden for det møtet som skal verta mellom kommunistpartia og arbeidarpartia. I desse breva er det slege frampå at meiningar kan skiftast om den ytre politiske situasjonen som er skapt av at Paris-møtet* ikkje gjekk i orden. Her ser eg likevel at uvanleg alvorlege saker vert lagde fram når det gjeld Kommunistpartiet i Kina. Sendelaget frå Sovjetunionen gav oss eit ruvande dokument så seint som ti timar før møtet, og me får ikkje tid til å områ oss. Dette undrar oss.»

Når du held talen på møtet bør du seia frå: «Eg har ikkje fullmakt til å uttala meg om desse sakene, for leiinga vår veit at dei vil verta drøfta på møtet som skal verta mellom utsendingar frå partia, slik me alle har vorte samde om.» Skulle ein eller annan «storkar» ymta provoserande om at me ikkje uttalar oss på dette møtet, bør du ta fram den offisielle fråsegna me sende for at du skulle lata det gå vidare til sovjetleiinga gjennom Andropov og lesa det etter du har halde talen. Dersom noko slikt vert ymta om etter talen, må du be om ordet for andre gong og lesa fråsegna frå sentralkomiteen vår, som du alt har sendt vidare til Andropov.

Me skjønar du er i ei vanskeleg stilling, men ottast ikkje, me er alle på den rette vegen. Eg ynskjer deg helse og tolmod.

Enver

*Gjeve ul for fyrste gong i band 19 etter
originalen i det sentrale partiarkivet.*

* Dette møtet skulle haldast i mai 1960, men det kom ikkje i stand for skuld tretta mellom Khrusjtsjov og Eisenhower om nedskytinga av eit amerikansk U2 spionfly over sovjetisk territorium 1. mai same året. At dette flyet krenkte sovjetisk luftrom arga dei breie massane av sovjetfolket.

Me bør ikkje bøya oss for press av noko slag

Frå eit diskusjonsopplegg på møtet i politbyrået i sentralkomiteen i APA.

24. juni 1960.

Frå kamerat Hysni har me teke mot ei rad med radiotelegram om møtet i Bucuresti. Desse radiotelegramma har halde fram med å koma til seint på natt, eller rettare til klokka tre. Eg tenkte eg ikkje trong kalla saman politbyrået att etter midnatt, så på grunnlag av direktiva frå byrået sende eg dei svara det galdt om til kamerat Hysni.

Etter at han hadde lese radiotelegramma frå kamerat Hysni og svara på dei, heldt kamerat Enver Hoxha fram:

Det er klårt at Hysni er i ei svært vanskeleg stilling i Bucuresti. Avtalen var slik at sendelaga frå kommunistpartia og arbeidarpartia som var med på drøftingane på landsmøtet i Det rumenske arbeidarpartiet skulle koma saman i Bucuresti berre for å fastsetja tid og stad for møtet for kommunistparti og arbeidarparti i verda. Men når det kjem til stykke står kamerat Hysni oppe i eit ubudd internasjonalt møte som er raska saman av Khrusjtsjov-gruppa.

Dersom dette møtet sender ut ei kunngjering, som ikkje strir mot fråsegna frå Moskva-møtet av kommunistparti og arbeidarparti i 1957, trur eg Hysni bør skriva under. Likevel kan det henda at kunngjeringa kan ha andre avskyggingar, sidan det kjem frå eit uregulært møte. Ut-sendingane frå kommunistpartia og arbeidarpartia har fått utdelt ein rapport på 65 sider frå sovjetleiinga, der Kommunistpartiet i Kina vert fordømt. Me kan ikkje godta ei kunngjering som kjem med endå til det minste ymt mot Kina. Dette er viktig, for stoda er slik at svært alvorlege saker vert sette fram ved møtet som no er i Bucuresti mellom ut-sendingar frå kommunistparti og arbeidarparti. Rapporten frå sovjet-sendelaget mot Kommunistpartiet i Kina vil gje kraftig atterljom i verda, slik som «løynde»-meldinga Khrusjtsjov gav det 20. landsmøtet i Kommunistpartiet i Sovjetunionen om den såkalla Stalindyrkinga.*

* I denne meldinga var det åtak på Stalin og det store revolusjonære arbeidet hans. Formålet med dette åtaket var å rettferdiggjera at det vart gjort ende på den marxist-leninistiske lina i bolsjevikpartiet, og at ei revisjonistisk line kom i staden.

Endåtil om me godtek ei kunngjering utan noka ymting bør me framleis sjå det slik at det ikkje er som det skal vera, for det er resultatet av eit ubudd møte i strid med dei marxist-leninistiske organisasjonsnormene. Difor er partistandpunktet vårt rett når me går i mot dette møtet.

Dette er nokre fåe tankar reint førebels, men når det gjeld kunngjeringa, vart Hysni bedden om å ikkje uttala seg før han fekk nye direktiv. Om han får utlevert ei kunngjering som ymtar eitt og anna mot Kina, bør han slå fast utan å opna for diskusjon: «Eg vil ikkje skriva under denne kunngjeringa utan å seia frå til leiinga i partiet eg er talsmann for.» Derimot, om det ikkje er ymta om slikt, bør Hysni stå opp og seia til møtet: «Arbeidspartiet i Albania har gjeve meg fullmakt til å seia at eg går med på denne kunngjeringa, men eg må leggja til at kunngjeringa kjem frå eit møte som ikkje er som det skal. Difor er me ikkje budde på eit slikt møte, og me kan ikkje uttala oss om saker som er reiste mot Kommunistpartiet i Kina.»

Dei kinesiske kameratane har oppmoda om at møtet skal utsetjast, men utsendingane frå dei andre kommunistpartia og arbeidarpartia er ikkje samde. Dette er ikkje rett, og det set dei kinesiske kameratane i ei vanskeleg knipe. Eit brorparti i eit sosialistisk land ber om tid til å bu seg til møtet, og får det ikkje. Det er tydeleg at det ligg ei meining bak.

Hysni bør seia frå at Arbeidspartiet er usamd med framgangsmåten det er gjort framlegg om for møtet av kommunistparti og arbeidarparti i Bucuresti. APA er samd i at det som no skal fastsetjast er berre tid og stad for det møtet som skal koma mellom kommunistparti og arbeidarparti. Dette har me i prinsippet nådd semje om, og berre etter me har teke i mot forklarande materiale frå den andre sida, frå Kommunistpartiet i Kina, er me budde til å seia meininga vår på møtet som skal ver-
ta.

Mangt kan henda, men me bør ikkje gje oss for noko slags press, me må alltid setja den rette marxist-leninistiske lina vår ut i livet.

Gjeve ut fyrste gongen i band 19 etter originalen i det sentrale partiarkivet.

Brev til kamerat Hysni Kapo i Bucuresti

25. juni 1960.

Kjære Hysni,

Me fekk radiotelegramma for denne kvelden og eg skriv dette brevet til deg no på morgonstunda* berre for å seia at du har gjeve eit godt svar til den fyren**. Ikkje lat deg terga det minste om einkvan provoserer deg, men svar verkeleg kraftig, men roleg likevel. Det vert gjort skitne ting no, men retten sigrar alltid. Om dei held fram med å provosera må du ikkje ta det til deg men kasta ballen attende til dei.

Hjarteleg helsing frå
Enver

*Gjeve ul fyrste gongen i band 19 etter
originalen i det sentrale partiarkivet.*

* sendt med flyet som skulle ta med seg kamerat Hysni heim.

** Nikita Khrusjtsjov.

Radiotelegram til kamerat Hysni Kapo i Bucuresti

klokka 24, 25. juni 1960

Kamerat Hysni!

I morgon må du tala etter pålegga du har fått i brev frå politbyrået. På slutten av talen, eller til rette tid, må du seia frå: «På vegner av partiet vårt seier eg frå at Arbeidspartiet er heilt usamd i ånda i dette møtet og metodane som er nytta for å løysa det problemet som er så viktig for den internasjonale kommunistrørsla. Partiet vårt meiner at desse sakene skulle sindige folk ha teke seg av på kameratsleg vis, etter leninistisk mønster.» Om nokon spør eller snakkar frekt eller tergande etter denne fråsegna, så ta ordet på nytt og sei: «Fråsett det eg alt har sagt har eg ingen ting meir å seia *på dette møtet*.» Dersom du alt har tala, må du be om ordet att og gje denne fråsegna. Om du ikkje får ordet att, då må du gje taleteksten til møtestyraren og krevja at han vert teken til protokolls.

Me ventar på deg. Velkomen heim.

Enver

*Prenta for fyrste gong i band 19 etter
originalen i det sentrale partiarkivet.*

Frå brevet til Liri Belishova om drøftingane på Bucuresti-møtet og innstillinga ho bør syna i Moskva*

28. juni 1960

Møtet i Bucuresti vart skipa på ein måte og halde i ei ånd som ikkje var marxist-leninistisk. Dei leninistiske normene vart brotne i arbeidsmåten og i tilhøvet mellom partia. Desse synspunkta frå politbyrået vart fremja ope på møtet.

Påstanden vår var: *«Dette var usemjer mellom to parti, og dei burde løysast dei i mellom. Sidan dette ikkje vart gjort, er me samde om at møtet av kommunistparti og arbeidarparti skal haldast i Moskva i november i år.»*

Påstanden frå sovjetrussarane var: *«Kina har brote vedtaka frå møtet i Moskva, usemjene er mellom Kina og lægeret vårt.»* Dei andre partia i dei europeiske folkedemokratiske landa stødde denne påstanden innan to dagar i Bucuresti.

Khrusjtsjov gjekk så langt som å kalla kinesarane *trotskistar* og å seia til dei: *«Kom dykk ut or lægeret om det er det de vil.»* Eg kan ikkje skriva så langt, men du skjønar stoda straks. Khrusjtsjov var sjølv sagt ikkje glad i det heile for det varsame og prinsippfaste standpunktet hjå sentralkomiteen vår, men me forsvarar prinsippa utan å ensa om den eller hin ikkje likar det. Me skal seia meininga vår om dei sovjetisk-kinesiske usemjene på møtet som skal verta i Moskva i november.

Eg skriv slik at du skal ha dette i tankane sidan den sovjetiske leiinga kjem til å snakka med deg *«for å forklara sakene»* for deg. Høyr nøye på dei, og hald hovudet kaldt, men målber ikkje noka meining, sei einast: *«Eg er litt utanfor det som hender så eg kan ikkje seia noko om det»*, og fortel dei: *«Leiinga vår gjorde heilt rett i Bucuresti, og eg stør fullt ut det standpunktet sentralkomiteen vår har teke.»*

* Brevet vart sendt med særskilt kurer og levert Liri Belishova same dagen sendelaget der ho var medlem kom til Moskva.

Berre det, og ikkje noko meir. *Lat dei sjå den jernharde einskapen i leiinga vår, kor rett heile lina vår er, og det leninistiske motet hjå kvar medlem i leiinga.*

Slik bør du gjera i denne svært alvorlege og kjenslege saka. Eg har berre eitt råd til deg: *Veg kvart ord nøye, og til mindre som er sagt, til betre er det!*

Enver

Gjeve ut for fyrste gong i band 19 etter kopien i det sentrale partiarkivet.

Munnleg note til den sovjetiske ambassadøren i Tirana om det anti-marxistiske standpunktet til den sovjetiske ambassadøren og militærattachéen i Beograd når det gjeld møtet i Sremska Mitrovica

9. juli 1960

Som kjent har Arbeidspartiet i Albania alltid stødd seg på dei udøyande prinsippa i marxismen-leninismen og på proletarisk internasjonalisme i samkvemet med Kommunistpartiet i Sovjetunionen og alle dei andre kommunistpartia. I det me går ut frå desse prinsippa ynskjer me å seia oss ope og ærleg djupt leie for ei hending som skjedde nyleg.

Den 4. juli 1960 heldt Alexander Ranković* tale på eit «høgtideleg» møte i Sremska Mitrovica. Han er ein skiten agent for det kapitalistiske borgarskapet, ein av erke-revisjonistane i Beograd-klikken, dødsfienden for det albanske folket og blodtyrst skarpretar for den albanske folkesetnaden i Kosovo. I talen gjorde han eit ope åtak mot politikken åt dei sosialistiske landa, og særskilt vilt gjekk han laus på Arbeidspartiet i Albania, det albanske folket og folkerepublikken vår.

Alexander Ranković, imperialistagenten, skildra landet vårt som eit «helvete dominert av piggråd» osb., og gjekk så langt som å seia at det italienske nyfascistiske regimet er meir demokratisk enn systemet vårt med folkedemokrati!

For oss albanske kommunistar, for det albanske folket, er det ingen ting uventa eller bisneleg i desse påstandane frå ein fiende av folket vårt og det sosialistiske lægeret, ein mann som er i teneste hjå imperialismen, slik som Alexander Ranković. Når fienden gjer åtak på deg syner det at du er på rett veg. Og me skal alltid ha kjeppen klar for å gie fiendane av marxismen-leninismen, av landet vårt og det sosialistiske lægeret det

* Tidlegare innanriksminstar i Jugoslavia og sekretær i sentralkomiteen i det revisjonistiske jugoslaviske partiet.

svaret dei fortener. Men kjernen i spørsmålet, som me skal seia me har sut for med denne noten, ligg ikkje her.

Lygnar-åtaka frå Ranković er gjorde med uttenkte siktemål mot sosialismen allment og mot Folkerepublikken Albania særskilt. Dei vert straks mykje viktigare når ambassadøren Sovjetunionen har i Beograd, I.K. Zamchevski, og den sovjetiske militærattachéen, V.K. Tarasević, etter det telegrambyrået TASS har kunngjort, var til stades på det «høgtidelege» møtet i Sremska Mitrovica og sat roleg heilt til sist og hørde på all baktalinga Alexander Ranković slengde ut mot oss.

I dette høvet seier sentralkomiteen i partiet vårt til sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen at me er forundra og leie for den åtferda den sovjetiske ambassadøren og militærattachéen synte. Denne åtferda er i strid med prinsippa i den proletariske internasjonalsismen, som tilhøvet mellom dei to partia og statane våre byggjer på. Åtferda er uvenleg mot Arbeidspartiet i Albania og det albanske folket, som alltid er sanne, trufaste og støe vener for dei sovjetiske folka og Kommunistpartiet i Sovjetunionen.

Sjølvsagt er ikkje spørsmålet om ambassadøren og militærattachéen åt Sovjetunionen burde vera til stades eller ei på dette møtet noko me har med, men noko Sovjetunionen må avgjera sjølv. Det har aldri falle oss inn å blanda oss inn i dei indre sakene hjå andre. Men for vår del ville me ikkje ha tillate og vil aldri tillata ambassadøren frå Folkerepublikken Albania å verta verande på eit slik møte som det i Sremska Mitrovica, der fiendane av kommunismen og imperialistagentane går til hatske åtak på eit anna systerparti eller eit anna sosialistisk land. Dette ville me ikkje ha gjort og dette vil me ikkje gjera, fordi me ser det som ei internasjonalistisk plikt, i fullt samsvar med prinsippa som tilhøvet mellom marxist-leninistiske parti og sosialistiske land er tufta på.

Heile verda fekk vita kva som vart sagt i Sremska Mitrovica og kven som var på dette revisjonistiske møtet. Likevel ser me det som vår internasjonalistiske og venlege plikt å ta opp åtferda til den sovjetiske ambassadøren og militærattachéen, ei åtferd som i røynda slett ikkje var marxistisk, mellom partia våre på grunnlag av leninistiske normer og utan å syna det utetter. Når det der i mot gjeld dei målretta åtaka, baktalinga og planen til Ranković, vil me ikkje lata dei gå utan å svara att med same mynt, ved dette høvet eller nokon gong.

Me kan ikkje tenkja oss at ambassadør Zamchevski og oberst Tarasević ikkje veit kva Tito-revisjonistane er, kor fårlege dei er for den internasjonale kommunistrørsla og einskapen i det sosialistiske lægeret, kva dei har gjort og kva dei har planar om å gjera mot Folkerepublikken

Albania* og Arbeidspartiet vårt. I dag vedgår alle at Beograd-revisjonistane er farlege fiendar for den internasjonale kommunistrørsla, meinsløge samansvorne mot sjølvstendet til det albanske folket og dei andre sosialistiske landa. Dei jugoslaviske revisjonistane har gått så langt i meinrådene sine mot Folkerepublikken Albania som å freista med militær overtaking i 1948 for å trølebinda Albania. Den nitten år gamle partisoga vår fortel alt om brotsverka Beograd-trotskyistane har gjort mot landet vårt.

Folka i Sovjetunionen vart heilt rett opprørte over den stygge amerikanske åtsøknaden då eit U2 spionfly krenkte luftromet åt Sovjetunionen etter ordre frå president Eisenhower. Nett på same måten har det albanske folket i desse femten åra heile tida vore i opprør mot dei fiendslege gjerningane Beograd-revisjonistane har gjort mot sjølvstendet for landet vårt. Me, heile det albanske folket utan unnatak, stør og har stødd heilhjarta det standpunktet Sovjetunionen tok mot den amerikanske imperialismen, som svar på ågangen frå U2-spionflyet. Me stør heilhjarta alle faste standpunkt mot den amerikanske imperialismen, den fremste fienden for menneskeætta. Samstundes slæst me likevel og mot dei trufaste tenarane den amerikanske imperialismen har i Beograd-revisjonistane.

Me er overtydde om at sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen vil skjøna den rettkomne harmen sentralkomiteen i partiet vårt kjenner etter det umarxistiske standpunktet til den sovjetiske ambassadøren Zamchevski og militærattachéen Tarasević.

Me har tala til dykk ope og med kommunistisk ærlegdom om desse sakene, som om kva det elles skulle vera, slik marxismen-leninismen lærer oss. De skal ikkje mistyda oss.

Me seier dykk for visst at me alltid for vår del skal gjera alt me kan for å styrkja venskapen mellom folka våre, for han er tufta på blodet dei har late saman mot den same fienden, på dei udøyande grunnsetningane i marxismen-leninismen og den proletariske internasjonalsismen.

Gjeve ut for fyrste gong i band 19 etter originalen i det sentrale partiarkivet.

* Den jugoslaviske revisjonistleiinga hadde lagt planar for å hærsetja Albania. I 1948 påsto dei det var fære for eit åtak frå Hellas med det fyrste. Under dette påskotet kravde dei at fleire jugoslaviske divisjonar skulle sendast avstad til Albania straks.

På Bucuresti-møtet godtok me ikkje at dei leninistiske krava til hopehav mellom partia vart krenkte

*Frå talen på det syttande plenumet i sentralkomiteen i APA **

11. juli 1960

Eg vil og leggja til litt om rapporten kamerat Hysni (Kapo) har lagt fram. Han vart peikt ut til leiar for sendelaget vårt til det tredje landsmøtet i Det rumenske arbeidarpartiet og møtet som var halde i Bucuresti mellom partiutsendingane. Det eg skal tala om har å gjera med det som var framlagt i rapporten, men eg strekar under at dette må verta grundig skjøna, for det er svært viktig.

Slik står no saka: Mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina er det store usemjer som har skapt ein svært alvorleg situasjon for det sosialistiske lægeret og for heile den internasjonale kommunismen. Denne vanskelege og alvorlege stoda er skapt som eit resultat av desse usemjene mellom dei to partia. Difor er det vesentleg at alle kommunistparti og arbeidarparti i det sosialistiske lægeret og i heile verda av all makt freistar å hjelpa til med å løysa desse ideologiske og politiske usemjene så snart, så godt og så rettvis som råd er ved å leggja dei fram til prinsipiell drøfting. Interessene åt den internasjonale kommunismen, det sosialistiske lægeret og framtida vår krev det.

Politbyrået i sentralkomiteen i APA meiner desse usemjene ikkje gjeld småting, det er ikkje spørsmål som kan løysast i farten. Slike problem kan ikkje løysast lett, for dei er alvorlege og har å gjera med livet og framtida åt menneskeætta. Me seier dette heilt medvite. Utan omsyn til at me representerer ein liten nasjon på halvannan million innbyggjarar ser me spørsmåla som marxistar som verjer interessene åt folket, partiet deira og det sosialistiske lægeret. Det gjeld ikkje berre no, men og for framtida. Som marxistar har me rett til å seia kva me meiner.

* Det syttande plenumet åt sentralkomiteen i APA fann stad den 11. og 12. juli 1960. Møtet lydde til, drøfta og godkjende rapporten «Utviklinga på Bucuresti-møtet mellom utsendingar frå dei broderlege kommunistpartia og arbeidarpartia og standpunktet sendelaget frå partiet vårt hevda på dette møtet», lagt fram av kamerat Hysni Kapo.

Dei synspunkta kvart parti vil målbera har mykje å seia. Difor må dei hamrast ut i leiinga hjå kvart parti, særskilt i dette høvet. Kjeldene til striden må studerast grundig, utan fastlåste meiningar, utan fordomar. Ein må nå fram til rette marxist-leninistiske slutningar, og deretter må synsmåtane drøftast på marxist-leninistisk vis på eit møte som er skipa til etter reglane. Her kan ein sjå kven som tek feil og kvifor, og alt må gjerast for å setja den skuldige parten på rett veg. Når alt er freista med stort tolmot, kan kanskje eit eller anna alvorleg tiltak koma på tale, etter trongen og etter kor grov misferda er, slik den marxist-leninistiske skikken er i partia våre. Marxismen-leninismen lærer oss at ein slik skikk må til ikkje berre for desse store internasjonale problema, men og når tiltak vert gjorde mot ein vanleg partimedlem. I dette høvet må og alt gjerast for å setja den skuldige på rett veg, om det verkeleg finst ein skuldig. Dette er leninistisk skikk. Dette er skikken partiet vårt alltid har gjennomført og alltid vil gjennomføra når det gjeld små og store saker. Difor har ingen rett til å lasta partiet vårt for desse prinsippakene, der partiet står støtt som fjell.

Måten sovjetleiarane freista framstilla saka på under Bucuresti-møtet, om usemjene dei har med Kommunistpartiet i Kina, tykkjer leiinga i partiet vårt korkje er klok eller verdig for dei sovjetiske leiarane. Dei sette fram desse spørsmåla som er så viktige for heile den internasjonale kommunistrørsla som spørsmål som er i strid med heile den internasjonale kommunismen. Det var ingen rett marxist-leninistisk måte. Å reisa dette spørsmålet straks i denne forma, slik det var gjort der, og å krevja av partiutsendingane som var komne til Bucuresti i anna ærend at dei på nokre timar skulle ta standpunkt mot Kommunistpartiet i Kina vil seia å godta hastverkspåstanden frå Nikita Khrusjtsjov: «Om du Kina ikkje held med oss kan du gå din eigen veg, kom deg ut or det sosialistiske lægeret, du er ikkje lenger vår kamerat!» Hadde utsendingen vår godteke dette, ville han ha gjort ein alvorleg feil me ikkje kan tillata, og sett ein flekk på partiet vårt. No snakkar eg ikkje om dei andre partia, her i sentralkomiteen dømmer me om standpunktet politbyrået har teke. Me meiner politbyrået ikkje kunne gje seg løyve til å ta noko anna standpunkt utan å vega saka nøye og grundig, utan å ha handfaste opplysningar frå begge sider. Politbyrået kunne aldri lata framtidige generasjonar i partiet og i folket seia: «Korleis kan partiet vårt ha teke så alvorleg feil i denne historiske stunda?!»

Lat oss ha dette klårt, kameratar, eg talar ikkje om striden mellom oss og Kommunistpartiet i Sovjetunionen. Problemet er korleis sovjetleiarane for fram då eit slikt stort og alvorleg spørsmål skulle løysast, eit

spørsmål som har å gjera med om det sosialistiske lægeret skal kunna finnast. Me ber sentralkomiteen døma om me har handla rett eller ei.

Kameratar, me er marxistar. Partiet vårt er ikkje lenger berre eitt eller to år gamalt, mn eit parti som fyller 20 neste år. Partiet har ikkje brukt heile denne tida til å liggja i fjørseng. Det har stått i blodig og usemjande strid med italiensk fascisme, tysk nazisme, ballistane*, engelskmennene, amerikanarane, dei jugoslaviske revisjonistane, dei greske monarkofascistane og alle slag andre ytre og indre fiendar. Såleis har me lært marxisme i bøker, i strid og i livet. Difor er me korkje unge eller umogne no. Partiet vårt er ikkje eit parti av ungar slik at det ikkje kan skjøna marxismen i teori eller korleis han skal brukast i praksis. Partiet vårt har alltid gjort seg føre med å gå rett fram. Difor har det ikkje vore gjort prinsipielle mistak på vegen, for partiet har nytta marxismen rett i alle tilhøve.

Såleis, som marxistar, er me ikkje overtydde om at desse svært alvorlege usemjene mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina har kome opp på ein eller to månader. Den marxistiske dialektikken godtek ikkje slikt, usemjene har djupe røter. Det finst mange fakta som syner korleis denne prosessen har bore til og korleis mistaka har samla seg opp og vorte meir og meir alvorlege. No er det steget nådd der det vert sagt at «Kina vil ha krig», at «Kina er ikkje for nedrustning» eller «for fredeleg samlivnad». Kinesarane seier: «Me har vore *for* denne stemneleia, og er det og.» Og sanneleg, les den siste noten riksstyret i Folkerepublikken Kina sende riksstyret i Sovjetunionen. Det syner at Folkerepublikken Kina er samd i dei sovjetiske framlegga om nedvæpning, og om å verja freden. Eit slikt standpunkt til desse spørsmåla har dei stått for i andre høve og, ikkje berre i dette dokumentet.

Lat oss kritisera kven som helst som bryt marxismen-leninismen på ein marxist-leninistisk måte og gjera høvelege tiltak for å retta på han. Det er det einaste rette standpunktet, og det vedkjem alle partia i heile verda, særleg partiet og folket vårt, som alltid forsvarar marxismen-leninismen. Gomulka** og kompani som no lest vera vener av Sovjetunionen har sett eld på venskapen med Sovjetunionen. Det er kjent at kyrkja og reaksjonen i Polen fekk lov å reisa seg mot sovjethæren. Der dreiv dei ut sovjetiske marskalkar som kommanderte Den raude hæren,

* Medlemer av ein svikar-organisasjon som sjølv kalla seg Balli Kombëtar.

** Fyrsteseekretær, har vore, i sentralkomiteen i Det polske sameinte arbeidarpartiet. Han vart fordømd i 1949 for gjerningar mot partiet og staten. I oktober 1956 fekk han oppreising att av revisjonistane og vart sett inn som leiar for partiet. Tida skulle syna at han var urikkande revisjonistisk.

som frigjorde Polen og Europa frå fascismen, og no vil dei gje oss albanarar ei lekse. Utsendingen frå Det rumenske arbeidarpartiet, Magyaros, vert skuva fram for å «overtya» leiinga i partiet vårt om at lina åt Kommunistpartiet i Sovjetunionen er «rett».

Me har sagt dette til Nikita Khrusjtsjov og, gjennom utsendingen frå partiet vårt. Kameratane våre som slost i fjellet bar «Soga om Kommunistpartiet (bolsjevikanane) i Sovjetunionen» under trøya, medan dei rumenske legionane sende det sovjetiske folket i martyrdauden. Me godtek ikkje det Magyaros gjer saman med utsendingen frå Kommunistpartiet i Sovjetunionen for «å overtyda» utsendingen frå Arbeidspartiet i Albania om at Kommunistpartiet i Sovjetunionen har ei «rett» line. Desse sakene går ikkje i oss. Me elsker Sovjetunionen, men ikkje for å gleda Magyaros eller Andropov. Me har elska Sovjetunionen og det bolsjevikiske kommunistpartiet åt Lenin og Stalin, og det vil me alltid gjera. Men når me ser slikt vert gjort, er det ein alvorleg feil å lata vera å ta rett standpunkt, for då vil eitt mistak føra til eitt til. Marxisme-leninisme og dialektikken lærer oss at dersom du ein gong gjer eit mistak og ikkje skjønar at du tek feil, då veks mistaket seg større, som ein snøball. Men me skal aldri tillata noko slikt.

Korleis kunne me vera med på slike urettvise gjerningar? Frå dei kinesiske kameratane hadde me ikkje høyrte noko før nyleg. Berre Mikojan fortalde det til oss i februar i år. Flyet vårt hadde knapt landa i Moskva då ein av funksjonærane i sentralkomiteen straks kom og fortalde oss at Mikojan ville møte meg neste morgon for å drøfta nokre viktige spørsmål. «Det er greitt», kunne eg fortelja, «men eg tek med meg kamerat Mehmet (Shehu) og.» Han svara: «Dei fortalde meg det skulle berre vera deg», men eg sa at Mehmet måtte koma og.

Me gjekk, og han heldt oss der ikkje mindre enn kring fem timar. Det te var framfor februar-møtet av utsendingar frå kommunistparti og arbeidarparti, som skulle haldast om problema i jordbruket.

Mikojan fortalde oss: «Kameratar albanarar, eg skal gje dykk opplysningar om mange usemjer me har med Kommunistpartiet i Kina, eg understrekar, med Kommunistpartiet i Kina. Me har avgjort at me skal fortelja dette berre til fyrstesekretærane, difor ber eg kamerat Mehmet Shehu om å ikkje mistyda oss. Det er ikkje det at me ikkje lit på han, men dette er det me har vedteke.» «Nei», sa Mehmet til han, «eg går, eg gjorde verkeleg ein stor feil då eg kom.» Men Mikojan sjølv ville ikkje lata han gå. Og så fortalde han oss alt det de høyrde i rapporten frå kamerat Hysni.

Me fortalde Mikojan at dette ikkje var småting, men svært viktige

problem som fanst mellom to parti. Difor skjøna me ikkje kvifor dei hadde fått liggja og versna. Me trudde dei burde ha vore løyste straks, for dei var fårlege for lægeret vårt.

Han fortalde oss at han ville melda frå om det me drøfta til presidiet i sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen. Me fortalde han ein gong til, på vegner av partiet, at dette var ei svært stor sak, difor burde ho løysast mellom partia deira. Til slutt átvara han oss at «denne saka skal haldast løynd, difor må de ikkje ein gong fortelja det til politbyrået». Og me fortalde ingen ting til politbyrået heller, med unntak av nokre kameratar. De skjønar me for slik åt fordi spørsmålet tyktest oss så umåteleg kjensleg og me vona at usemjene skulle verta løyste i ordskifte innerter.

Men sjå, på Bucuresti-møtet tykte Nikita Khrusjtsjov standpunktet partiet vårt tok var uventa. Partiet stilte då ikkje opp i lag med alle dei andre partia for å fordøma Kina i dei formene og med dei grunnane han sette fram, utan å gjera noka grundig omdøming i desse spørsmåla. Kanskje har han sjølv tenkt over desse spørsmåla. Men likevel har me rett til å seia at me har ikkje tenkt over alle desse ruvende materialhaugane Hysni fekk. Dei hadde han ikkje eingong tid til å lesa, langt mindre seia si meining om dei. Dette var ikkje eit lite spørsmål. Om mangt anna som ikkje har vore av same slaget har me svara straks til sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen at me er samde. Men i ei så stor sak som å seia til Kina: «Kom dykk ut av lægeret!» tykkjest det ikkje vera rett for oss. Politbyrået meinte me aldri bør handla slik. Av den grunnen har me fått fortalt at «Me (sovjetrussarane) seier oss djupt leie for at Arbeidspartiet i Albania ikkje stilte seg saman med Kommunistpartiet i Sovjetunionen, for problema som var reiste i Bucuresti er problem for heile det sosialistiske lægeret.» Men kva med oss? Burde me ikkje seia oss leie for at me ikkje har rett, som marxist-leninistar, til å spørja Nikita Khrusjtsjov om han har løyst alle spørsmåla med viktig internasjonalt innhald på same måten som han ville løyse Kina-spørsmålet? Me er heilt i vår gode rett til å spørja om dette.

Lat oss ta det jugoslaviske revisjonist-spørsmålet, som eg skal seia meir om seinare: Då Nikita Khrusjtsjov sto i ferd med å reisa til Jugoslavia for fyrste gong for å forsona seg med dei jugoslaviske revisjonistane, sende han eit brev til sentralkomiteen i partiet vårt to eller tre dagar før han for. Her melde han frå om denne saka. Politbyrået heldt møte og såg på saka utan å øsa seg opp. Det er kjent at fordøminga og avsløringa av dei jugoslaviske revisjonistane i 1948 hadde vorte gjort av eit internasjonalt forum av systerparti, av Informasjonsbyrået. Det var

inga enkelt usemje og ikkje berre mellom to parti, men eit spørsmål som vedkom alle kommunistparti og arbeidarparti i verda. Difor burde det same forumet som hadde teke avgjerda kallast saman på nytt, dersom ein ny kurs skulle fylgjast når det galdt dei jugoslaviske revisjonistane. Møtet måtte ha avgjort kva former og framgangsmåtar som skulle nyttast for å granska dette spørsmålet og fortelja på kva punkt skiftet i haldning til revisjonistane skulle koma. Dette er det me meiner skulle ha vore gjort på grunnlag av dei leninistiske normene.

Politbyrået i partiet vårt sende brev* til sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen. Der sa politbyrået frå at det ikkje hadde noko i mot gjestinga, sidan det ikkje sto på oss om Khrusjtsjov skulle reisa til Beograd eller ei. Likevel peika me på at sentralkomiteen i partiet meinte eit nytt vedtak måtte gjerast i saka. Informasjonsbyrået burde kallast saman att og vedta kva som skulle gjerast i plenum. Sidan me ikkje var medlemer i Informasjonsbyrået sa me frå at me ynskte innbyding til det møtet som observatørar, slik at me og kunne seia vår meining. Likevel vart noko slikt ikkje gjort, endå dette var eit spørsmål som vedkom ikkje berre to parti, men alle kommunistparti og arbeidarparti. Sentralkomiteen i partiet tok standpunkt fil dette steget, og melde frå til sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen i eit nytt brev. Det finst kopiar av dette i arkivet til Kommunistpartiet i Sovjetunionen og sentralkomiteen vår.

Kontra-revolusjonen i Ungarn** vart gjennomført, ei fælsleg sak. Der

* «Me meiner», sa brevet m.a., «at det er ein monaleg skilnad mellom innhaldet i brevet dykkar dagsett 23. mai 1955 og hovudgrunnlaget i det samse standpunktet vårt til jugoslavane til dessar. Framgangsmåten det er gjort framlegg om for å godkjenningstilbakekalling av kunngjeringa frå møtet i Informasjonsbyrået i november 1949 synest ikkje rett, etter det me kan sjå. Etter vår meining vil ei slik brå (og forhasta) avgjerd i eit spørsmål som har så mykje å seia prinsipielt, og utan å leggja det fram fyrst til grundig analyse saman med alle dei andre partia som er interesserte i dette spørsmålet, ikkje berre vera før tida, men og valda alvorleg skade for den allmenne orienteringa. Dette gjeld endå meir å kunngjera det i pressa og ropa det ut ved Beograd-tingane. (Utdrag or ein kopi av brevet i det sentrale partiarkivet).

** Den ungarske kontra-revolusjonen (23. oktober—4. november 1956) var avkomet etter revisjonismen som hadde spreidd seg vidt og røta seg godt i landet etter det 20 landsmøtet i kommunistpartiet i Sovjetunionen.

Khrusjtsjov-gruppa hadde hjelpt beinveges til med å øydeleggja Det ungarske arbeidarpartiet ved å setja den revisjonistiske Kadar-Nagy-klikken ved makta. På dette viset skapte dei kontra-revolusjonen kunne bryta ut. Då dei vart pressa hardt nedanfrå og særleg då dei såg at Ungarn heldt på å gli ut or sovjetisk påverknad, vart dei likevel nøyddet til å lata sovjet-troppane koma til hjelp for dei ungarane som verja revolusjonen. Kontra-revolusjonen vart slegen, men røtene sto att. Revisjonistane heldt enno på nykelstillingane sine i dei organa som hadde politisk makt og i det omorganiserte partiet.

fekk sosialismen eit slag frå imperialismen i samlag med dei jugoslaviske revisjonistane, med Imre Nagy* og alt det anti-kommunistiske avratet. Kva standpunkt tok me før og etter desse hendingane? Dette var og eit spørsmål som vedkom heile den internasjonale kommunismen, særskilt det sosialistiske lægeret. Det var kjent at rett før dette hadde dei freista få ein slik kontra-revolusjon til å bryta ut i Albania. Såleis var det fåre for eksistensen til eit medlemsland i Warszawa-pakta**, Albania, som stadig hadde vorte truga med tap av fridom og sjølvstende i alle desse åra. Men partiet vårt visste korleis det skulle slå til mot dei indre fiendane, og endskapen vart at ingen ting hende i landet vårt. Likevel hadde me ikkje fått melding om kva som hende i Ungarn, Albania hadde vorte «gløymt». Medlemene i presidiet i sentralkomiteen i kommunistpartiet i Sovjetunionen vart sende med fly i alle retningar til dei sosialistiske landa for å forklara det ungarske kontrarevolusjonsspørsmålet. Albania var eit svært næmt punkt i det sosialistiske lægeret, under åtak frå revisjonistane med Tito i brodden år etter år. Endå dei var fullt klar over at same slaget kontrarevolusjon hadde vore under førebuing mot landet vårt kom det ingen hit, og me fekk ingen ting vita.

Har de nokon gong høyrte om dette? Aldri. Me gjorde ikkje noka sak av dette, for me trudde det var feilgrep frå einskildmenne, og ein dag ville dei verta retta på. Me fortalde det ikkje eingong til sentralkomiteen, endå sentralkomiteen er leiinga i Arbeidspartiet. Men i denne vanskelege tida ville me ikkje melda frå om denne suta politbyrået hadde til dei andre kameratane i sentralkomiteen. Me ville ikkje at desse kritiske merknadene skulle føra til den minste kulde mot dei sovjetiske kameratane, endå om det var umedvite. Me har ikkje tillate dette, men me tenkte at einskildmenne gjer feil både hjå dei og oss.

* Tidlegare statsminister i Folkerepublikken Ungarn, frå juli 1953. I 1954 vart han avsett frå stillinga og kasta ut av partiet for anti-kommunistiske og anti-sosialistiske gjerningar. I 1956 freista revisjonistane å få han til makta att. Med deira hjelp vart han ein av hovudleiarane i kontra-revolusjonen som styrta Ungarn ut i eit blodbak.

** Vart skipa i oktober 1954, og åtte europeiske sosialistland var med. Det var ei motvekt til den åtsøkne North Atlantic Treaty Organization (NATO) og skulle borga for fred og tryggleik i Europa. Etter sovjetleiarane sveik vart samskipnaden skapt om til ei åtsøkjende pakt av fascistisk slag. Åtaket mot Den tsjekkiske sosialistrepublikken (21. august 1968) med væpna styrkar frå fem medlemsland i Warszawa-pakta prova dette. Folkerepublikken Albania, som var eit av medlemslanda, har forlata pakta, i røynda frå 1960—61, medan landet kvitta seg juridisk frå alle plikter som skriv seg frå pakta ved eit særvedtak den 20. september 1968 i Folkeforsamlinga i Folkerepublikken Albania.

Hendingane i Polen kom på*. Me visste ingen ting om dei, det var ikkje noko møte, og me må hugsa på at dei ikkje var indre polske spørsmål, rett og slett, for me er knytte til Polen med ei pakt. Pakta krev at folket vårt skal spilla blod for Oder-Neisse-grensa, dersom tilhøva krev det.

Når dette er slik, har ikkje det albanske folket då rett til å spørja kva alle desse prestane gjer i den polske hæren? Skal me slåst med ein slik hær? Me er bundne av ei pakt, men trass i dette vart me ikkje ein gong spurde om desse sakene. Ein gong sa Khrusjtsjov beint ut til meg: «Me skjønar ikkje kva Gomulka talar om. Berre fascistane kan snakka som Gomulka gjer.» Såleis, var dette problema til to parti berre? Fyrst i dag gjer me noka sak av dette, for i dag seier Nikita Khrusjtsjov og dei andre sovjetiske leiarane seg leie for at me etter det dei seier ikkje har skjøna skikkeleg dei urette tinga dei har gjort i Bucuresti. Det seier dei når me seier at desse sakene er spørsmål mellom kommunistpartiet i Sovjetunionen og kommunistpartiet i Kina. Dette standpunktet deira er ikkje logisk.

To eller tre dagar før møtet i Bucuresti gjekk Kosygin til Mehmet Shehu som var i Moskva og fortalde han mellom anna: «Me kan ikkje møtast på halvvegen, me kan ikkje gje etter i det heile for kinesarane.» Han tok oppatt dette uttrykket fire gonger. Dette ville seia det same som at alt var avgjort på førehand av sovjetrussarane. Når dei ikkje ville godta noka meiningsytring, kvifor trongst eg der for å fylla ut talet, for å retta opp handa? Nei, dersom de ber meg inn må eg og seia kva eg meiner. Me stør Moskva-fråsegna (1957), og me strir for å setja ho ut i livet i landet vårt. Men, kameratar, når noko skal gjennomførast har me og noko å seia. Sovjetrussarane har og sitt å seia, dei kinesiske eller dei tsjekkiske kameratane har noko å seia om oss, og me om dei, osb. Det kan finnast slike spørsmål i livet. Sjølsagt kan det henda at kva parti som helst kan gje etter eller gjera feil i praksis. Men kva er me her for? For å hjelpa kvarandre med å retta kursen vår.

Men me ser i arbeidet til sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen og hjå mange andre parti at det er mangt som ikkje stemmer med gjennomføringa av lina. Dette har å gjera med spørsmålet om striden mot den jugoslaviske revisjonismen, tufta på Moskva-fråsegna og før ho fanst.

* I juni 1956 stelte den internasjonale imperialismen og revisjonistane til den kontra-revolusjonære oppreisten i Poznan, Polen, for å velta den sosialistiske samfunnskipnaden og oppretta kapitalismen på nytt. Dette målet nådde dei seinare ved borgarleg-revisjonistisk forfall i ideologi og politikk.

Nett no vil eg ikkje ta oppatt kva dei jugoslaviske revisjonistane er og korleis ein lyt stri mot dei, men ikkje alle meiner som me om måten ein lyt stri mot dei på. Likevel, å finna åt partiet vårt for at det har eit djervt marxist-leninistisk standpunkt mot dei jugoslaviske revisjonistane, dei som gjer seg føre med å bryta sund partia og dei sosialistiske landa og som gjerne vil utsletta Albania, — politbyrået i sentralkomiteen i partiet vårt kan aldri godta dette. Sentralkomiteen, heile partiet og folket har godkjent det rette standpunktet me har hevda mot dei jugoslaviske revisjonistane. Mange parti og kommunistar i heile verda respekterer standpunktet vårt.

Likevel har politbyrået ikkje offentleggjort dei usemjene som gjeld at alle systerparti utan unntak skal gjennomføra den marxist-leninistiske lina mot dei jugoslaviske revisjonistane. Partiet har visst å manøvrera med klokskap, og halde hovudet kaldt utan å hissa seg opp, som Khrusjtsjov seier. Politbyrået har handla slik at det skulle halda seg frå alle ymt om at det er meiningsskilnader mellom oss som gjeld den praktiske gjennomføringa i denne saka. Dette gjeld ikkje berre til folket, ikkje berre til den internasjonale opinionen, men i mange høve endå til sentralkomiteen.

Prova har vore så handfaste at det ikkje finst tvil om at dei jugoslaviske revisjonistane er svorne fiendar for det sosialistiske lægeret. Dei er imperialistagentar. Endå til sjølve innanriksministeren i Sovjetunionen sa dette på konferansen for innanriksministrar i dei sosialistiske landa i Europa. Konferansen vart halden i Praha for to veker sidan, og alle var samde i denne slutninga.

Nikita Khrusjtsjov har kritisert haldninga vår til dei jugoslaviske revisjonistane. Då me reiste til Moskva i 1957 med sendelaget frå partiet og regjeringa og tala mellom anna om standpunktet vårt til dei jugoslaviske revisjonistane, vart Khrusjtsjov så sint at han sto opp og sa: «Ein kan ikkje snakka med dykk, me skal avbryta drøftingane.» Me vart arge men heldt oss like sjølvtrygge, for me hadde rett og heldt på og forsvara folket og partiet. Me dreiv og verja venskapen med Sovjetunionen. Me gav ikkje etter for presset som vart brukt mot oss, og med framferda vår nøydde me Khrusjtsjov til å setja seg ned og halda fram med drøftinga. Etter det som hadde hendt oss var Mehmet og eg svært urolege då me gjekk til møtet, men me var ikkje redde. Å fara slik åt mot partiet vårt fordi det tek eit revolusjonært standpunkt mot dei jugoslaviske revisjonistane er ikke rett på noko vis. Kor som er så vingla me aldri, tvert om. Me var tolmodige og såg det slik at me hadde rett og tida ville syna at lina til partiet vårt var rett. Det gjekk ikkje lenge før det på nytt vart

synbert korleis dei jugoslaviske revisjonistane var, med dei meinrådene dei laga til på landsmøtet sitt*. Den gongen tok Kommunistpartiet i Sovjetunionen sjølv standpunkt. Khrusjtsjov sjølv synte dei fram, og sa dei var «bandittar», «den trojanske hesten» osv.

Ikke berre det. Fjorten dagar før kontrarevolusjonen i Ungarn hadde Mehmet og eg eit møte med Suslov** i Moskva. Medan me snakka om internasjonale saker fortalde me han kva inntrykk me hadde når det galdt Ungarn. Me peika på kva som var i ferd med å henda der, at det burde gjerast tiltak og at me burde vera årvåkne. Han spurde kva me meinte om Imre Nagy***. Då me svara at han var ein kjeltring og ein anti-marxist, fortalde Suslov oss straks at me tok feil. Nagy var ingen kjeltring. Me fortalde han at dette var vår meining, medan han fortalde oss at partiet der hadde gjort ein feil då dei kasta han ut. Tida synte kva Imre Nagy var og kor rett og grannsam meininga vår om han var.

Nikita Khrusjtsjov hadde fått eit langt brev frå svikaren**** Panajot Plaku. Han skreiv om den sterke «fedrelandshugen» sin, den «brennande kjærleiken» sin til Sovjetunionen og Arbeidspartiet i Albania. Han ba om at Khrusjtsjov, med sin autoritet, skulle leggja seg fram i og rydja ut leiinga i partiet med Enver Hoxha i brodden, for etter det han sa var me «anti-marxistar» og «Stalinistar». Han skreiv at han hadde reist til Jugoslavia fordi det hadde vorte lagt løynderåder for å drepa han. Så snart Khrusjtsjov fekk brevet sa han til oss: «Kva om denne Plaku fer til Albania, eller me tek han til Sovjetunionen?» Me svara at «om han kjem til Albania skal me hengja han tjue gonger, og om han kjem til Sovjetunionen gjer de noko som vert lagnadstungt for venenskapen vår.» Då drog han seg attende.

Men saka går endå vidare. Khrusjtsjov fortalde oss at me hadde fare gale åt då me avretta Dali Ndreu og Liri Gega, som var med barn. «Endå til tsaren gjorde ikkje noko slikt,» sa han. Me svara heller iskaldt

* Det sjuande landsmøtet i det jugoslaviske revisjonistpartiet som vart halde frå 22. til 26. april 1958 vedtok eit fullstendig anti-marxistisk og anti-sosialistisk program som var lagt fram som eit «internasjonalt manifest». På dette landsmøtet vart alle revisjonistkikkane i alle land tekne under vern.

** Medlem av presidiet i sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen.

*** Etter det gjekk skitt med kontra-revolusjonen i Ungarn, vart Imre Nagy teken under vern av dei jugoslaviske revisjonistane. Dei gav han asyl i ambassaden i Budapest. Seinare vart han sendt til Romania. Sidan han hadde spela rolle si og revisjonistane ikkje hadde meir bruk for han vart han stilt for retten og avretta der.

**** Svikar mot Arbeidspartiet i Albania og det albanske folket.

at me avretta ikkje folk for inkjevetta. Me skyt berre dei som svik landet og folket sitt, og etter det har vorte prova at dei har gjort fiendslege gjerningar og bekaren er fylt. Desse folka vart fordømde av partiet i årevis, dei var svikarar og agentar for dei jugoslaviske revisjonistane. Berre då dei freista røma frå landet fanga rette vedkomande dei og folkedomstolen dømde dei til den straffa dei fortente, grunna på kjennsgjeringar. Påstanden at Liri Gega var med barn er ei slarvut lygn.

Me har aldri snakka om desse sakene, de høyrer om dei for fyrste gong. Å lata vera å kritisera desse feila ville ha vore utillateleg, og politbyrået har kritisert dei. Og de ville ikkje ha tillate det heller, for desse sakene styrkjer ikkje venskapen vår. Kva har me gjort trass i alle desse sakene som har hendt og som har vorte gjort med oss både utanriks og i indre saker? Har de sett noko i pressa eller har de hatt den minste aning om nokon aksjon mot Sovjetunionen eller mot leiinga i Kommunistpartiet i Sovjetunionen? Nei.

Me har ikkje fortalt nokon om dei haldningane som har vorte tekne mot oss, men me er marxistar og no er tida komen til å fortelja om dei. Det har gått det ordet at albanarane er bråe. Og kvifor er me det? Er me for bråe når me verjar landet vårt og folket mot dei jugoslaviske revisjonistane, mot dei greske monarkofascistane, mot dei italienske nyfascistane, desse som i seksten år og meir har gjort åtak og krenkt grensene våre? Om me vert kalla brålyndte fordi me verjar dei livsviktige interessene åt folket vårt, godtek me det ikkje. Lat morsmjølka og brødet som partiet og folket før oss med koma over oss som ei forbanning om me ikkje verjar interessene åt folket vårt. Når me dét gjer verjar me interessene åt Sovjetunionen og heile det sosialistiske lægeret samstundes.

Eg vil fortelja dykk om eit døme som kom opp i førkvelds. Ambassadøren frå Sovjetunionen, Ivanov, kom til eit møte og hadde med meldingar frå Khrusjtsjov til meg i samband med møtet han hadde med Sophokles Venizelos. Mellom anna tala Venizelos med Khrusjtsjov om Albania. Venizelos fortalde han at «me skal få ei semje med Albania, om me snakkar om Nord-Epirus-spørsmålet* og. Denne saka må løysast i form av eit sjølvstyrt område.» Khrusjtsjov sa at «de må løysa desse spørsmåla på fredeleg vis, men eg skal tala med dei albanske kameratane om dette synspunktet».

* Dei greske sjåvinistane kallar Sør-Albania, som dei drøymmer om å leggja under seg, for Nord-Epirus. På denne meiningslause måten merkjer dei dette gamle albanske landet som «gresk område».

Eg sa straks til den sovjetiske ambassadøren at Khrusjtsjov ikkje gav det rette svaret. Han skulle ikkje ha gjeve han det svaret, men skulle ha fortalt Venizelos at dei albanske grensene er ukrenkjande. Den sovjetiske ambassadøren sa til meg: «Men de kjenner standpunktet til Sovjetunionen.» «Eg veit dette, men nett det svaret han gav Venizelos var ikkje rett.» «Me kjenner ikkje denne Venizelos,» fortalde ambassadør Ivanov, men *me* kjenner far hans* særst godt. Om Moskva ikkje kjenner han, endå dei burde, lat oss då seia at han har brent heile Sør-Albania og har drepe tusenvis av albanarar. Han ville brenna Gjirokastra og. Han skipa forbrytarbandar, og det var han som for lenge sidan sette fram tanken om eit sjølvstyrt Nord-Epirus. Så tanken til Venizelos junior er gamal, det er tanken åt all gresk sjåvinisme. Det albanske folket har spilt blod tidlegare, for å verja sjølvstendet sitt mot denne tanken. Om det trengst vil det skje i framtida og. Me er for fred på Balkan, me er for normale tilhøve mellom statar og for handelssamband, men me godtek ikkje slike vilkår med Hellas. Me skal normalisera tilhøvet vårt med Hellas når dei seier dei ikkje ligg i krig med oss, elles skal me ikkje gjera noka semje. Me må samarbeida med dei på jamgode vilkår. Me har svara på den måten dei har handla til no. I morgon kan ein eller annan sovjetleiar koma til å melda at kamerat Enver har sagt Sovjetunionen ikkje verjar Albania. Det stemmer ikkje, alt må koma fram klårt slik det er sagt.

Me talar på grunnlag av fakta og overdriv ikkje. For det fyrste har me vyrdnad for den store fellesinteresse. I dette høvet og er det spørsmål om ei viktig interesse. Med det standpunktet me målbar i Bucuresti har politbyrået handla heilt rett og kaldblodig. Ein kunne ikkje tillata at alle desse viktige politiske og ideologiske spørsmåla mellom dei to store partia skulle løysast så lettvinnt og uansvarleg.

Til slutt spør me: Kva vart gjort i Bucuresti? Det vart inga semje om noko, anna enn at styrkane vart oppstilte til ein rasande strid som om me hadde å gjera med USA, og ikkje med det store systerlandet vårt, Kina. Me har halde oss trugne til framlegget frå sovjetleiarane om å dra til møtet i Moskva og løysa desse spørsmåla, men me lyt og ha materialet frå dei kinesiske kameratane si side. Kina må og få høve til å snakka og leggja fram synspunkta sine slik Sovjetunionen har lagt fram saka si i Bucuresti, då kan me døma.

Sidan me har vedteke å halda Moskva-møte t med eit fast program lyt

* Eleutherios Venizelos (1864-1936). Ein gresk reaksjonær leiar som sto for interessene åt det greske storborgarskapet. Gresk statsminister i mange år etter kvarandre. I 1919 sendte han den greske hæren for å vera med på intervensjonen mot Sovjet-Russland.

me og få tid til å studera problemet godt. Sovjetrussarane har godteke dette, så kvifor fer dei slik åt? Dette er ikkje rett. Slik ser politbyrået i sentralkomiteen vår på stoda.

Politbyrået meiner at partiet ikkje på nokon måte må sulka seg til med slike ikkje-marxist-leninistiske organisatoriske tiltak. Men kva reiste så dei andre partia for? Kvar partileiing står til ansvar for partiet og folket sitt så vel som for den internasjonale kommunismen. Lat sentralkomiteen i partiet vårt døma oss, og me kan stå dei til ansvars, og like eins for partiet, for folket og den internasjonale kommunismen, for standpunktet vårt.

Men kvifor reiste fyrstesekretærene i partia i dei sosialistiske landa til Bucuresti, og eg ikkje? Eg gjorde vel at eg ikkje reiste. Eg gjennomførte vedtaket frå politbyrået om å lata vera å binda partiet i spørsmål som ikkje er marxist-leninistiske. Der skulle eg ha lagt fram meiningane åt politbyrået, som Hysni sende vidare svært bra. Då eg ikkje reiste, skaka det sovjetleiarane. Alle andre reiste, berre ikkje Enver, for noko rote gjekk føre seg. Partiet vil senda meg til Moskva i november for å seia sitt ord. Partiet vårt vil målbera synet sitt når det er godkjent av sentralkomiteen, for dette er inga einfelt sak.

I Bucuresti vart tida fastsett og det vart nemnt ut ei nemnd av representantar frå 26 parti. Nemnda skal studera desse spørsmåla grundig og setja dei på papir, slik at materialet kan verta sendt til sentralkomiteane i alle dei ymse partia så dei kan studera og drøfta det. Deretter må sentralkomiteen få vita: Kameratar, her er materialet frå eine sida, her er materialet frå den andre sida. Her er og det synet politbyrået har, dette er grunnen til at me meiner me må ta dette standpunktet. Slik meiner me me lyt drøfta spørsmålet i sentralkomiteen, og så gå til møtet. Dette er den skikkelegaste framgangsmåten. Å nekta eit systerparti ein eller to månader til å tenkja over saka, og fylgjeleg å handla såleis at det ikkje kan gje resultat i det heile, er ikkje rett. Eg meiner at i dette høvet har politbyrået teke eit marxist-leninistisk standpunkt, til forsvar for interessene til det sosialistiske lægeret. Standpunktet vårt har ikkje falle i smak hjå sovjetleiarane, for me stilte oss ikkje i breidda med dei, slik Gomulka, Kadar* og Zhikov gjorde i desse

* Fyrstesekretær i sentralkomiteen i Det ungarske sosialistiske arbeidarpartiet. I 1951 vart han sett i fengsel for alvorlege feil og for handlingar mot partiet og sosialismen. I 1954 fekk han oppreising, som eit resultat av kampanjen N. Khrusjtsjov sette i gang mot den såkalla «persondyrkinga». Då hendingane i oktober og november fann stad i Ungarn, sette dei moderne revisjonistane — særleg dei sovjetiske — han i spissen for riksstyret, og seinare endå til på toppen av det ungarske partiet.

spørsmåla. Men sanninga er at berre Arbeidspartiet i Albania har handla bra for å verja Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Sovjetunionen. Me må alltid vera prinsippfaste i desse spørsmåla. Feil og usemjer kan finnast, men dei må løysast på rett vis, tufta på leninistiske prinsipp og normer.

Etter alt som har hendt kjenner me uhugnad og sorg mår me ser den sovjetiske og den bulgarske ambassadøren i Beograd verta sitjande til slutt og hylla agenten Ranković i Sremska Mitrovica i Serbia, han som snakka slik skit mot det sosialistiske lægeret og særleg mot Albania. Han skildra det sosialistiske Albania som eit «helvete dominert av pigg-tråd», og folkedemokratiet vårt som verre en regimet som no er i Italia. Han tok tilhøvet mellom Jugoslavia og Italia som eit føredøme, ein modell, fordi millionar av jugoslavlar og italienarar kjem og fer fritt kvart år over grensene til kvarandre. Me seier oss leie for dette standpunktet, og me har sagt i frå om det til Kommunistpartiet i Sovjetunionen.

Sentralkomiteen i Det bulgarske kommunistpartiet har gjort vedtak om å ikkje gå laus på dei jugoslaviske revisjonistane, korkje i pressa eller i talar leiarane held. Då Teodor Zhikov helste på kamerat Hysni som nett hadde reist til Bucuresti var han så heilt skamlaus at han sa: «Kva er Albania ute etter? Einast Albania er usamde!» «Kva ymtar du om no?» spurde Hysni. «Nei, nei, eg skjemta berre!» sa Zhikov. Der- som du ikkje står støtt i striden mot dei jugoslaviske revisjonistane må slike ting som hende i Bulgaria bera til. For to månader sidan vart det prenta ein brosjyre med store feil i dei bulgarske prenteverka. Han er illustrert med eit Balkan-kart der Albania er framstilt som ein del av Den sameinte folkerepublikken Jugoslavia. Sjølv sagt har sentralkomiteen i partiet vårt protestert mot slikt. Endå dei bulgarske leiarane sa seg leie for det som hadde hendt og lova dei ville gjera tiltak for å kalla attende alle desse brosjyrane, har dei vorte spreidde over heile verda. Dei framstiller dette som ein teknisk feil, rett og slett. Men kvifor vart det ikkje gjort nokon feil slik at ein lut av Bulgaria vart gjeven til Tyrkia, til dømes?

I Polen for seks månader sidan freista folk som var tilrådde av utanriksdepartementet i Folkerepublikken Polen å stela statspapir og setja eld på den albanske ambassaden under festen den 29. november. Etter dei hadde vorte tekne på fersk gjerning tok tjuvane filmen «Scanderbeg» for å løyna faret etter seg. Men brottsmannen vart fanga, og me protesterte mot denne hendinga. Men kva hende? Aktor krov ein dom på 12 års fengsel, medan retten dømde den klaga til 2 månader på vilkår.

For ei veke sidan gjekk den tidlegare krypto-mannen i den polske ambassaden i Tirana til ambassaden vår og drog pistolen for å drepa ambassadøren. Men ein av mennene våre tok tak i han og overlet han til politiet. Mannen er no tilsett i utanriksdepartementet i Warszawa.

Kva er dette for noko? Kva slags kvit terror er dette mot landet vårt? Me har sendt ein protestnote til den polske regjeringa og kalla heim ambassadøren vår til Tirana. Me har fortalt den polske regjeringa at om ho ikkje kan sannu for oss at slike handlingar mot personalet i Warszawa-ambassaden vår ikkje vil skje meir, vil me ikkje senda ambassadøren vår attende. Me har og meldt frå om denne hendinga til alle ambassadørane frå dei sosialistiske landa, og dei var harme for det.

Kva er så dette? Kvifor hender det? Difor må de døma, og de må seia oss om me har teke feil eller ei, om me har fare klokt åt eller vore for øste. De skjønar at dette har mykje å seia for oss alle, og at sakene må løysast så snart råd er på rette måten, på kameratsleg vis. Det finst ingen annan måte å løysa desse spørsmåla. Lenin har sett fast normene, lat oss nytta dei, då. Kvifor skal me ha to sett med normer, to mælestavar? Her må det berre vera ei norm, eitt mål, ei vekt. Av alt dette skulle me skjøna me har rett, at samvitet vårt er reint og at ingen ting har endra seg i det beinkløyvde standpunktet vårt.

Me lyt ha desse sakene klårt for oss, for på dette viset gjer me aldri feil. Me må aldri ta feil veg eller rengja kompassen, og ikkje lata nokon annan gjera det heller.

Me må hugsa at dette er byrjinga på ei svært innfløkt sak, men med overtydinga vår og med det vesle me kan greia skal me gjera vårt beste for å passa på at desse sakene kjem skikkeleg i orden, på marxist-leninistisk vis. No trengst det at sentralkomiteen held i hop i stålsett ein-skap og at han står fast saman med massane i partiet og partiet med folket.

Me må koma ut frå dette plenumsmøtet med bjørnестyrke slik me alltid har hatt og som me treng endå meir no, for me verjar marxismen-leninismen. Me må verja heimlandet vårt og partiet med fast vilje, for slik verjar me folket og framtida for det. Dette er den einaste rette vegen.

Gjeve ul for fyrste gong i band 19 etter protokollen frå det 17. plenumsmøtet i sentralkomiteen i APA, i det sentrale partiarkivet.

I Moskva skal me tala slik
marxismen-leninismen lærer oss.
For oss finst det ikkje noko
anna språk.

*Sluttinnlegget på det 17. plenumsøtet i sentral-
komiteen i APA.*

12. juli 1960

Slik de sa alle, og slik kamerat Mehmet (Shehu) heilt rett ordla synet heile partiet står for, på marxist-leninistisk måte: Spørsmåla som har vorte reiste i dette plenumsøtet er livsviktige. Me er ikkje det minste i tvil om at sentralkomiteen i partiet vårt, som har stige fram or krigen, or det store slitet og strevet til folket og partiet, visseleg vil veksa med oppgåva i denne vanskelege tida den internasjonale kommunistrørsla går gjennom.

Me kan gjera ein hovudslutning: Alt før dei har hatt høve til å trengja djupt inn i saka er medlemene i sentralkomiteen uvanleg årvåkne og væpna med den marxist-leninistiske ideologien. Dei skjønar desse vanskanne mykje betre enn mange som har mykje å seia kvar dag, men som i røynda arbeider for å narra folk og nasjonar. Medlemene i sentralkomiteen er vortne herda i striden partiet har ført for å verja marxismen-leninismen. Dei er smålåtne å sjå til og dette er ei svært god side ved leiinga vår. Men kameratane i plenumsøtet i sentralkomiteen er komne langt når det gjeld å skjøna politiske og ideologiske problem rett. Dei har ei uvanleg sterk evne til å sjå ting klårt og døma om dei, og målbera synet sitt med eit uvanleg og eksemplarisk mot om alle som gjer store flauser som vert dyre for sosialismen og den proletariske revolusjonen i verda.

Sidan partiet vårt har ei slik leiing har det vunne alle desse slaga. Med denne leiinga vil det vinna over alle vanskar, same kor store dei er. Meiniga de målber, kameratar i sentralkomiteen, at det vesle men heltemodige og djerve partiet vårt visseleg vil yta sitt til beste for den internasjonale kommunistrørsla, dette er og heilt rett.

Me skal fara og tala i Moskva slik marxismen-leninismen lærer oss. Dette er den einaste måten me skal tala, slik sentralkomiteen legg på oss. For oss finst det ikkje noko anna mål. Visseleg vil sumt av det me lyt seia ikkje falla i smak hjå sume. Me trur likevel at dei rettvisе orda våre, tufta på marxismen-leninismen og på fakta, ikkje vil høyrast berre innfor dei fire veggene der møtet finn stad. Dei vil visseleg høyrast av alle andre parti og folk. Sanninga kan ikkje løynast, kan ikkje setjast i fengsel, kan ikkje kjøvast med trugsmål og utpressing. Partiet vårt som har stige fram or folkebringa kan aldri skræmast korkje med trugsmål eller utpressing, men vil alltid stå uten å vika.

Det er eit viktig kjernepunkt å hevda eit slikt fast standpunkt, for det er livsviktig for oss som kommunistar, som marxistar, som patriotar. Kvifor driv sovjetleiarane på som på ein marknad, med ein underleg skort på alvor, der dei freistar å drøfta eit oppkok av formuleringar, tek tak i nokre fåe ord og uttrykk, du sa dette, du sa hint? Det er ikkje berre utillateleg men svært mistenkeleg og. På Moskva-møtet skal me vera med i diskusjonen etter marxist-leninistiske prinsipp og tufta på revolusjonær røynsle, på den daglege røyndomen.

Kan ein gje løyve til at sovjetleiarane og Khrusjtsjov klamrar seg til formularar og styrer mot ei sundkløyving av det sosialistiske lægeret?! Dette skjer i ei tid då imperialismen væpnar seg til tennene og steller til så mange provokasjonar, då den revolusjonære situasjonen i Asia og andre stader kvesser seg til. No går til dømes millionar av menneske i Japan laus på Kishi og regjeringa hans, og dei får kveik frå det helsemodige Kommunistpartiet i Kina og frå tankane til Mao Tsetung. Nett i slike tider kløyver sovjetleiarane lægeret og fører vanære over denne store revolusjonære krafta som gjev kveik til heile Asia.

Nett no, når menneskelagnaden står og vippar, er det eit stort brotsverk mot menneskeætta og den internasjonale kommunismen å be Kina koma seg ut or lægeret. No når det tyske Bundeswehr får seg rakettvåpen og trugar Europa og verda går Nikita Khrusjtsjov laus på Kommunistpartiet i Kina og skuldar dei for å vera krigshissarar fordi dei seier som sant er at slagorda om nedvæpning ikkje er anna enn narrespel. Det ser ut til at berre Nikita Khrusjtsjov er for fred!

Røyndomen og standpunktet til dei marxist-leninistiske partia vil tvilslust avsløra desse ikkje-marxistiske gjerningane og tvinga Khrusjtsjov til å fara annleis åt. På møtet for offiserskandidatar i Kreml vart han tvinga til å seia: «Me drog oss attende frå Geneve og frå ti-landsnemnda, fordi nedrusting har vorte eit narrespel og eit røykteppe som skal lura folka.»

Sjå kva metodar som vert brukte. Det som vert sagt i dag vert ikkje sagt i morgon. Eitt ord for ei sak, og fem i mot. Slikt fører til stor forvirring. Når du freistar få eitt eller anna klårt, bykser dei som akrobatar og skriv i eit nummer av «Pravda» at dei har sagt både dette og hint. Dei har sagt, ja, men kva stig fram her? Dei gjekk ut or ti-landsnemnda, men kven ba dei om lov hjå? Kor lenge har de, kameratar, visst om denne saka? I omlag ti dagar. Men er me ein av medlemsstatane i Warszawa-pakta eller er me det ikkje? Fyrst i dag fekk eg eit telegram der me får melding frå det sovjetiske riksstyret at dei har reist frå Geneve og at saka er overlaten til Dei sameinte nasjonane. Men kva er alt dette for slag? Og kameratar, det finst mange slike saker.

Kameratane rekna opp alle sakene her, og dette syner kor moge sentralkomiteen er, ikkje berre politbyrået. Me kan alle gjera feil, men det har ikkje hendt oss, for me er knytte tett til einannan, skifter meiningar med einannan, me finkjemmer dei vel, og slik held me oss til den rette vegen. Dette er den marxist-leninistiske metoden, den rettaste metoden for å sleppa gjera feil. Me har ikkje gjort feil. Det er ikkje forteneasta til ein eller to personar, men fordi me held saman i meiningar. Me kan takka dei opne, kameratslege og broderlege ordsifta våre, for me strir for ei stor sak: At kommunismen skal vinna, at folket skal ha det godt, å byggja sosialismen i Albania og føra dette folket som har lide så mykje fram i lyset.

Denne einskapen gjer styrken vår uovervinneleg. Det aukar tiltrua vår i striden mot vanskar, når det gjeld å stå seg mot stormar, å vinna siger, og me skal utan tvil koma frå det med siger. Men det som ligg framfor oss er ingen dans på roser, og me vil få strid. Kvifor? Fordi sovjetleiarane ikkje går fram med sunn marxist-leninistisk logikk. Det kan eg fortelja dykk, og det er synet til heile politbyrået. I gjerningane deira er det alvorlege og djupe feilsteg, krenking av dei leninistiske normene, subjektivisme, anti-marxisme og ein fæl sjåvinisme. Dei kan herma så mange formular og normer du vil, men me må opna augo våre og seia: Lat oss analysa gjerningane deira litt, for me får høyra: «Enten vert det slik me seier, eller ikkje i det heile!» Kva vil dette seia? Så snakk ikkje til oss om leninisme! Eg har mine egne meiningar og eg vil målbera dei, gode eller ringe. Likevel gjer de anti-leninistiske tiltak som vil tvinga meg i kne om de finn meg som feiging. Men dei verkelege kommunistane er ikkje slik, det finst berre nokre fåe slike.

Dette er ei svært stor sak. Partiet har lært oss og utdana oss til å ikkje ta i mot dei rotne varene som revisjonistane høkrar med, til å ikkje taka steinar for brød.

Me har budd oss på denne striden for lenge sidan. Kanskje kan de endå til finna åt oss for me har synt oss noko løyndomsfulle, så å seia, desse sakene. Og de har rett i det. De kan ikkje tenkja dykk for ein stor styrke me har fått her, frå plenumsmøtet i sentralkomiteen, kva store lærdomar me har fått om det motet me lyt syna i framtida. For slik krefte vart stilte opp i Bucuresti vil det verta svært vanskeleg å slå fienderekkjene straks. På Moskva-møtet kjem det til å stå ein fælsleg strid. Men slik spørsmåla var reiste her og slik sentralkomiteen væpna oss vil augo våre aldri vika i framtida når dei ikkje veik no.

Difor har dette møtet i plenum vore ein stor lærdom for oss som er medlemmer i politbyrået, endå de gav oss mange blomar. Me fortalde ikkje sentralkomiteen om desse sakene før, for me ville ikkje melde frå om desse vanskaner til heile partileiinga. Me var heilt overtydde om at desse spørsmåla ein dag ville koma fram og verta framlagde for dykk og løyste. Og me har tiltru til at desse spørsmåla vil verta løyste. Ved novembermøtet meiner me noko vil verta oppnådd. Men det vert ikkje lett, for me såg kor snøgt Khrusjtsjov organiserte Bucuresti-møtet. Like eins veit me kva som vart sagt til kamerat Hysni av den offisielle utsendingen frå sentralkomiteen i kommunistpartiet i Sovjetunionen. Han braut alle vedtak og fortalde Hysni at det skulle gjerast vedtak på dette møtet, det vil seia å driva ut Kina. Likevel vart ikkje noko slikt gjort i Bucuresti for Khrusjtsjov vart avskræmd og drog seg attende. Så han hadde tenkt seg å få gjort vedtak. Endå han ikkje kunne få i stand vedtak, rydda han vegen for det andre møtet, i november, slik at han kan seia til Kina: «Sjå kor samla resten av oss står! Tenk over det, anten gje dykk for fleirtalet eller kom dykk ut!» Kina kjem likevel ikkje til å svelja dette. På slutten av Bucuresti-møtet delte sentralkomiteen i kommunistpartiet i Kina ut eit brev til alle sendelaga. Det var tufta på marxismen, reiste skuldingar mot N.S. Khrusjtsjov beinveges, og fordømde dei anti-marxistiske metodane han og andre brukte. Det peika på at desse sakene vil verta tekne opp på det planlagte møtet.

N. Khrusjtsjov skuldar Kina for å vilja ha krig. Openlyst og med vonde føremål rengjer han det kamerat Mao Tsetung seier. Me høyrde sjølv kamerat Mao Tsetung då han tala på møtet av kommunistpartia og arbeidarpartia i Moskva i 1957. Han snakka noggrant om den store styrken i det sosialistiske lægeret. Han byrja så langt attende som den andre verdskrigen, Koreakrigen, krigen i Indo-Kina osb. Så, etter han tala om den store styrken i lægeret vårt, la han vekt på at det kan henda imperialistane vil gå til åtak på oss. Dersom krigen kjem, kan imperialismen endå til bruka atombomba og hundrevis av millionar men-

neske kan verta drepne. Likevel skal me vinna, sa han. Og dei tolkar ikkje ordlaget «imperialismen er ein papirtiger» åt dei kinesiske kameratane rett. Sovjetleiarane tek for seg eit eller anna ordlag og måtar det til annleis. Med dette ordlaget har kinesarane freista hevda at imperialismen forfell. Sjølv peika Mao Tsetung på den store styrken i lægeret vårt, og sa at andlet til andlet med den store styrken i det sosialistiske lægeret er imperialismen ein papirtiger.

Me er for samlivnad, men ikkje slik som den Khrusjtsjov talar for. Han kallar Nehru «bror», på ei tid då han druknar oppreistar som det svoltne indiske folket gjir, i blod.

Kvar gong eg har kome til Kreml har eg sett ein byste av Gandhi på skrivebordet til Khrustsjov. De veit kven Gandhi er. Kvifor vil fyrstesekretæren i Kommunistpartiet i Sovjetunionen ha ein byste av Gandhi* på skrivebordet sitt?

Nedrustinga som Nikita Khrusjtsjov talar om er ingen ting anna enn narrespel og parade. Vi er frå eit lite land, og vi skal stå til ansvars i spørsmål som gjeld lagnaden for revolusjonen og menneskeætta. Men då er det dess sterkare grunn til å seia at leiarane for Sovjetunionen har eit uvanleg sterkt ansvar. Vi må bannlysa all vingling. Dersom Nikita Khrusjtsjov og kompani fører saka ut i eit uføre har me og vårt å seia. Partiet vårt har sagt og seier sitt einast på ein rett, marxist-leninistisk måte.

Eg trur at spørsmålet om Liri Belishova** bør undersøkjast grundig på nytt av politbyrået, og ho sjølv tenkja over desse sakene. Einskap i leiinga har uhorveleg mykje å seia. Me må vakta denne einskapen som augnesteinen vår, for fiendane freistar å bryta han, dei freistar å lokka dei som vinglar. Utan einskap kan partiet ikkje leva, og bygginga av sosialismen i landet vårt kjem i fære.

Metodane som sovjetleiarane har nytta er anti-marxistiske. Kamerat Hysni sa dette i Bucuresti, på vegner av politbyrået. Der gjorde han framlegg om at det skulle verta slutt med desse metodane straks. Med slike metodar vil fiendane setja opp partifolk mot leiinga, men partiet vårt vil slå attende slike metodar.

På den eine sida fortel Mikojan til Mehmet og meg: «Ver så snille, kameratar albanarar, hald desse sakene for dykk sjølve.» Difor fortalde

* M.K. Gandhi (1869—1948), politisk personlegdom i India.

** Liri Belishova vart hardt kritisert av plenumsmøtet i sentralkomiteen i APA for mistak ho hadde gjort med omsyn til lina då ho vitja Folkerepublikken Kina, og for stillinga ho tok mot partiet på møta sine med sovjetleiarane i Moskva. (Jfr. dette bandet s. 23, 30).

me det ikkje ein gong til politbyrået. Samstundes seier Andropov på hi sida til medlemene i sendelaget vårt til det tredje landsmøtet i Det rumenske arbeidarpartiet i Bucuresti: «Har ikkje politbyrået fortalt dykk noko om desse sakene?» Me fortalde Khrusjtsjov, gjennom kamerat Hysni, at partiet vårt veit om kva og til kva tid partimedlemene bør få melding.

Me ser no at dei sovjetiske utsendingane visseleg har fått instruks om kva dei gjer. Til dømes, endå til her går dei til ein funksjonær på sekretariatet til sentralkomiteen, ein dei ikkje kjenner i det heile, og seier: «Korleis har du det? Kva tid skal me treffast og snakka om desse sakene?» Men han svara: «Det finst ein rett stad å tala om desse sakene, og det er ikkje her hjå meg.»

Kva er dette for slag? Dette er ikkje marxistisk. Difor sende me eit brev til partinemndene. Politisk utval har gjort eit vedtak om at ikkje eitt ord skal prentast i avisene våre frå det sovjetiske materialet der dei ymtar det minste om denne usemja, beinveges eller omveges. Me vil ikkje vildra partiet utan at det har dømt om spørsmålet, og uroa partiet om einskapen i lageret vårt i desse svært vanskelege tidene utanriks.

De har desse sakene klårt for dykk. Det er svært viktig for partiet at medlemene i plenumsmøtet i sentralkomiteen, fyrstesekretærane og kadrane, har skjøna desse sakene rett, endå til før sentralkomiteen og politbyrået har lagt dei fram. Såleis, med dykk som føredøme, har heile partiet vorte væpna, om dette er det i det heile ingen tvil. Det er klårt at me vil desse usemjene skal verta løyste. Haldningane våre er klåre, difor skal me koma attende til sentralkomiteen for å få hjelp frå dykk, med tanke på å vera fullt væpna. Men eg peikar på at det er visse ting de må ha i minnet.

Dette store problemet som tyngjer oss no og vil kvila på oss til det er rett løyst bør ikkje hindra venskapen me bør syna mot folka i Sovjetunionen. Dersom dei sovjetiske folka som arbeider her i landet tek opp desse sakene, bør dei få vita at desse usemjene vil verta løyste på Moskva-møtet på ein marxist-leninistisk måte.

Det andre spørsmålet er at me lyt vera heilt årvåkne heile tida. Me bør halda våpna blanke og vita korleis me skal sjå føreåt korleis dei mange fiendane rundt oss vil utnytta stoda. Dei vil freista spreia gifta si gjennom folka sine her for å utvida og styrkja denne striden mot partiet vårt og mot bygginga av sosialismen i Albania. Difor må me vera så kvasst årvakne me kan.

Eit anna problem er arbeidet me må gjera for å setje planane ut i livet, slik kamerat Mehmet (Shehu) peika på. Me lyt sjå alvorleg på

økonomien, me lyt tenkja ein god del på dette, for situasjonen kan verta vanskeleg. Difor må me vera budde på at kva som helst kan henda. Men kva *kan* henda? Det kan tenkjast at fiendane går til åtak på oss. Det er grunnen til at me alltid lyt vera årvakne mot fiendane, difor må me møta fienden med beisk strid utan ettergjeving, difor må me råka dei nåde-laust.

Visseleg vil fiendane våre klekkja ut samansverjingar. Me kjenner planane dei jugoslaviske revisjonistane har mot landet vårt. Av den grunnen har me vore og vil vera på vakt. Men no lyt me verta endå meir årvakne i partirekkjene i alle leier, heilt opp til produksjonsdisiplinen, slik at ingen ting vert liggjande utanfor partiarbeidet.

Dei økonomiske problema bør partiet ta vel hand om. No må me ikkje tenkja at vertilhøva ikkje var gode osb., og lata ting sigla sin eigen sjø. Me har høve til å arbeida godt, få i hus meir kveite, mais, bomull og andre produkt, utan omsyn til veret. Me må nytta desse gode høva og nå full mobilisering i denne leia, for imperialistane kan freista å stella til noko uventa.

Med tanke på dette må hæren vera væpna, vera reiug og årvaken, og denne revolusjonære elden som brenn i hjarto hjå kommunistane må gjennomtrengja heile hæren. Partiet må reisast med eit fast tak om våpna sine. Det må vera disiplinert og politisk høgsinna. Når det er reiugt og budd slik vil alt visseleg gå vel for oss.

Organa i innanriksdepartementet må syna stor revolusjonær vaksemd. Dei må vera, slik dei alltid har vore, i åtak mot dei indre og ytre fiendane for å verja grensene våre mot dei tallause freistnadene fiendane vil gjera. Partiet må mobilisera alle kreftene sine der, stå støtt og knusa hovuda på fiendane, utan nåde. Lina vår har vore rett og rett er ho, og vaksemda vår har aldri slakna. Difor må me alltid vera på vakt i framtida og, og ikkje sovna. Dette er uvanleg viktig.

Sanninga er at dei albanske kommunistane er modige. Dei er ikkje brålynte, slik Khrusjtsjov sa, dei held hovudet kaldt. Ein modig mann held hovudet kaldt. Eg seier dette fordi det har aldri funnast nokon otte i arbeidet vårt i det heile. Me har røynt andre svært vanskelege stunder, men me har stått støtt og det har ikkje gått rundt for oss.

Me lyt mobilisera massane på vegen partiet syner for å gjennomføra planane og verta meir revolusjonært årvakne. Alle saman må utføra vel dei pliktene tilhøva legg på oss, utan panikk, for fienden vil gjerne skræma oss. Fienden har alle slags metodar til å vekkja panikk, men partiet må syna eit godt føredøme. Kommunistane må stå utan å vingla, heltemodig, roleg og utan at nokon ting bit på dei. Om me stiller oss slik

vil folket og få kveik og fostring av det faste standpunktet partiet har. Difor må me peika på alle desse eigenskapane i partiet, bringa dei til grasrota, mobilisera mennene og kvinnene våre og fostra dei med alle desse gode eigenskapane som partiet har.

Dette plenumsmøtet har vore ein stor og god skule for oss alle. Så lat oss væpna oss med lærdomane frå dette plenumsmøtet og byrja arbeidet. No gjer me framlegg om å senda ut utkastet til fråsegn slik at folket og venene våre veit om at møtet i sentralkomiteen er halde.

Gjeve ut for fyrste gong litt avstytt etter teksten i protokolen frå det 17. plenumsmøtet i sentralkomiteen i APA i det sentrale partiarkivet.

Sentralkomiteen er partileiinga.
Han dømer alltid rettvist, klokt, roleg,
og strengt når det trengst.

*Frå samtalen med Koço Tashko**

3. august 1960

Kamerat Enver Hoxha: Eg fekk brevet ditt der du ber om å få møta meg. Eg gav kamerat Hysni Kapo fullmakt til å snakka med deg, men du var ikkje nøgd, for du ville snakka med meg eller med ingen. Sjølv sagt kan kven som vil be om å få snakka med fyrsteseekretæren i sentralkomiteen, men det hender at fyrsteseekretæren har det svært annsampt eller er borte frå Tirana. I slike høve gjev eg fullmakt til einkvan annan, slik eg gjorde i ditt tilfelle. Om kvelden, så snart eg fekk brevet frå deg, sende eg det straks til kamerat Hysni gjennom ein tenestemann. Tenestemannen vart pålagt å melda frå til deg om å koma og møta Hysni i sentralkomiteen. Dette var ikkje etter din hug, og du brukte munn på ein av tenestemennene våre. Når ein sekretær ved sentralkomiteen ber deg koma å møta han burde du gå dit med ein gong, til fastsett tid, og ikkje når det passar deg. Korleis kan ein mann elles kalla seg kommunist om han ikkje fer rett og disiplinert åt når han vert innbeden av ein kamerat som partiet har valt til leiinga?*** Dessutan veit du at tenestemennene våre er kameratane våre, dei er kommunistar, dei er ikkje «politimenn» slik du kallar dei. Du tek feil når du talar slik, for du er partimedlem. Partiet har lagt viktige oppgåver på tenestemennene våre.

Me har bede deg*** koma i dag for å snakka om problema du reiste i brevet ditt, og det du drøfta med Hysni. Difor må du tala ope, klårt og noggrant, som ein partimedlem. Me har tida for oss og tolmod til å lyda på deg til du er ferdig. Fortel oss om problema dine eitt for eitt. Kvar

* Den gongen formann i den sentrale revisjonsnemnda i APA.

** Endå til møtet sitt med kamerat Enver Hoxha var Koço Tashko tre timar for sein, og vart strengt kritisert for det.

*** Kamerat Rita Marko, medlem av politbyrået i sentralkomiteen i APA var og til stades på møtet.

står du mot sentralkomiteen og kva skriv det seg frå? Fortel om samtalan du har hatt med tenestefolka i den sovjetiske ambassaden, kva dei sa til deg og du sa til dei.

Koço Tashko byrja tala på ein uansvarleg og skamlaus måte. Tolmodig freista kamerat Enver Hoxha å hjelpa han, og braut inn no og då for å stilla spørsmål.

Kamerat Enver Hoxha: Du freistar hoppa frå det eine til det andre med å fortelja oss kva som vart sagt på plenumsmøtet* i sentralkomiteen som om eg ikkje var på møtet. Kvifor fortel du oss ikkje om dei andre sakene me vil vita? Du fortel oss ingenting om det du sa til Hysni. Eg sa du bør døma betre om ting. Mangt av det du tek opp her kjem frå din eigen fantasi.

Du gjer ikkje rett når du seier at kritikken me gjorde av Khrusjtsjov ikkje var rettvis. I kva sak har Khrusjtsjov teke feil etter di meining? Eller tek han ikkje feil i det heile? Som du sjølv sa er meininga di den at «Khrusjtsjov vart utsett for urettvise åtak frå dei som tala på plenums-møtet, og ingen tiltak vart gjorde mot dei.»

Dette er forunderleg. I staden for å fordøma åtferda til Khrusjtsjov freistar du fordøma kameratane på plenums-møtet som heilt rett tala mot han.

For ei lita stund sidan sa du: «Kanskje Khrusjtsjov kjem heim med andre tankar når han reiser så mykje i dei kapitalistiske landa. Eg vil seia at det kan henda at visse omstende kan verka på han, men gjer Khrusjtsjov feil så gjorde Stalin det og.» «Nei, Koço, bland ikkje Khrusjtsjov med Stalin. Snakk ikkje allment, men fortel oss konkret om Khrusjtsjov har gjort feil eller ikkje.

Koço Tashko: Eg seier han ikkje har gjort feil.

Kamerat Enver Hoxha: Men du seier at Khrusjtsjov kan gjera feil, nett som Stalin?

Koço Tashko: Endå om han tek feil trur eg han vil verta retta på.

Kamerat Enver Hoxha: Du sa du var usamd då eg ikkje reiste til møtet i Bucuresti. Eg svara fulla ikkje på innbydinga frå dei sovjetiske kameratane. Det er ikkje slik du seier. Eg fekk inga slik innbyding. Du lagar til slikt som ikkje finst.

Alle kjenner skikken i dei marxist-leninistiske partia. Om du ikkje veit det skal eg fortelja deg. Det har ikkje hendt og det hender ikkje at sentralkomiteen seier «ver heime» til fyrsteseekretæren når han vert beden til eit møte av kommunistparti og arbeidarparti frå det sosialistiske

* Det 17. plenums-møtet, 11.-12. juli 1960.

lægeret i verda. Nett på det siste plenumsrådet vart det vedteke at ved det komande møtet som skal haldast i november i Moskva, skal fyrstesekretæren i sentralkomiteen leia sendelaget frå partiet vårt. Til Bucuresti var me innbedne av Det rumenske arbeidarpartiet berre for å vera med på landsmøtet deira, og me sende sendelaget vårt dit. Når det gjeld møtet av utsendingar frå kommunistpartia og arbeidarpartia som vart halde i Bucuresti, skulle det etter den semja som var gjord på førehand berre setja fast tid og stad for det møtet som skal verta mellom kommunistpartia og arbeidarpartia i verda. Difor tykte ikkje sentralkomiteen dei trong senda meg til Bucuresti, men gav kamerat Hysni Kapo fullmakt til å vera med på det møtet. Når det no gjeld det du hyggjer dette du seier på, så er det heilt ulikt røyndomen. Me skjønar ikkje kva utgangspunktet ditt er. Difor må du forklara oss dette sjølv.

Du er partimedlem. Korleis kan det ha seg at du meiner at alt som vart sagt i plenumsrådet i sentralkomiteen ikkje vart lagt rett fram og er utan grunnlag? Kva er eit godt grunnlag då? Dette som du fortel oss?

Koço Tashko: De burde ha meir tiltru til Khrusjtsjov!

Kamerat Enver Hoxha: Etter skikken i marxist-leninistiske organisasjonar og etter reglane i den proletariske internasjonalsismen er det rett å kritisera feil, anten det er eit parti som kritiserer eit anna eller leiaren for eit parti som kritiserer leiaren for eit anna parti.

Du meiner Moskva-møtet ikkje burde haldast i november, men så snart råd er. Men dette er eit framlegg du gjer. Kjernen i saka er at me skal fara til møtet i Moskva, og seia kva me meiner. Kva har du å seia om dette?

Koço Tashko: Eg er ikkje samd i at du skal gå inn på alle småting.

Kamerat Enver Hoxha: Kva er du samd i? Sei oss det.

Koço Tashko: Eg sa det. Eg har ikkje noko å leggja til, eg er sjuk.

Kamerat Enver Hoxha: Nei, Koço Tashko, du er ikkje så sjuk i kroppen som du gjer deg. Du er låk i hovudet, men partiet har helsa. Partiet kan lækja dei som er låke i hovudet om dei ynskjer det. Det er partiet si plikt å hjelpa folk til å få sagt sitt, å retta på seg, å gå vidare på rett veg, men for å få denne hjelpa må hjarto deira vera opne for partiet. Kjenner du desse grunnsetningane?

Koço Tashko: Eg kjenner dei, difor ba eg om å få tala med deg for eg kunne ikkje tala slik i plenumsrådet som eg kan her. Kven ville lata deg snakka slik der? Dei ville ha floge i strupen på meg.

Kamerat Enver Hoxha: Kva er det du seier? Forklar deg sjølv litt. Kven er det som ikkje tillet at du talar i plenumsrådet i sentralkomiteen? Etter det du seier vil det seia at tilstanden er usunn når du

ikkje kan tala i plenumsmøtet. Du seier du har stor tru på sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen. Kvifor har du ikkje då same tiltrua til partiet vårt og, der du sjølv er medlem?

Koço Tashko: Eg sa dette fordi, om dei avbraut meg når eg tala, eg er nervøs..., og eitt innskot, ein merknad mot meg gjer at eg kjem ut av det.

Kamerat Enver Hoxha: Eg veit ikkje korleis det er med kjenslene dine. Eg kjenner berre den leninistiske skikken i partiet. Sentralkomiteen er leiinga i partiet. Han dømmer alltid rett, klokt og roleg om saker, men strengt og når det trengst. Korleis kan du då snakka slik om sentralkomiteen, som er leiinga i partiet? Medlemene i sentralkomiteen er ikkje born som ikkje kunne døma rett om deg men ville kasta seg i strupen på deg, slik du seier! Kva meiner du med at du er nervøs?

Koço Tashko: At eg ikkje kan snakka der. Det er eit spørsmål om lynne.

Kamerat Enver Hoxha: Men kan ei slik innstilling framfor sentralkomiteen i partiet vårt kallast marxistisk? I går kveld sa du til Hysni at om du hadde tala i plenumsmøtet ville du ha laga kløyving, medan her fortel du meg at om du hadde tala ville dei ha fare i strupen på deg. Kva påstand vil du stå ved? Om du forklarar dette med «helse-grunnar» overtyder du oss ikkje. Du har plikt til å gje dei forklaringane sentralkomiteen krev av deg, for du er partimedlem. Difor må du fortelja oss kvifor du trur medlemene i plenumsmøtet ikkje ville ha dømt rettvist om deg.

Kommunisten talar ope på partimøta. Når han meiner at han målber eit rett syn, er det til bate for partiet. Difor forsvarar han synet sitt heilt til slutt, endå om alle hine er usamde. Dette lærer Lenin oss. Parti-baten bør koma føre alt anna, og ikkje eigeninteressene. Ein kommunist kunne endå til døy, eller falla i uvit på møtet, men partiet lyt få vita synspunktet hans no eller etter 50 år. Difor bør han seia denne meininga, nett slik ho er. Slik tenkjer partimedlemene, men ikkje du, du er redd for å tala i plenumsmøtet og fortel oss her at «hjarta mitt kunne stogga om eg tala»! Eg spør deg på nytt, sei oss kva tanke er dette du målbar til Hysni, at talen din ville laga ei kløyving?

Koço Tashko: Eg sa at kameratane i sentralkomiteen ikkje måtte tru eg kritiserte deg.

Kamerat Enver Hoxha: Det er noko du tenkjer, og ikkje kameratane i plenumsmøtet. Dei skjønar kritikk. Og kvifor skulle du ikkje kritisera meg? Sei oss, kva er sentralkomiteen og kva er eg? Eg er ein par-

timedlem, ein partisoldat. Over meg står politbyrået, over politbyrået står sentralkomiteen, over han att står partilandsmøtet. Kvifor vil du då tala med meg på tomannshand og ikkje med sentralkomiteen, det leian-de forumet i partiet, medan eg er ein medlem i sentralkomiteen? I morgon kjem du til sentralkomiteen att og forklarar desse synspunkta.

Koço Tashko: Men det finst visse ting som ein skulle drøfta meir i trumål.

Kamerat Enver Hoxha: For meg ser det ut til at du ikkje har noko rett skjøn på sentralkomiteen. Kva finst det i alt dette som må drøftast i trumål? Kvifor skulle du drøfta desse sakene meir i trumål? Korleis kan det ha seg at du vil sleppa seia dette i sentralkomiteen? Kvifor ottast du at som du tala i plenumsrådet i sentralkomiteen ville du ha laga kløyving i rekkjene? Du forklara ikkje dette.

Du vedgjekk her at om du hadde tala på plenumsrådet kunne dei tenkja at «Koço venta med å seia dette til eit møte der det var mykje folk!». Kor kan du snakka slik om sentralkomiteen? Er du frå vitet? Kva er sentralkomiteen, ein bande eller ei vilkårleg samling? Det ville vore betre å reisa desse sakene i plenumsrådet sidan det ikkje ville ha vorte noka kløyving i det heile, berre den mynda partiet har gjeve deg ville ha minka. Tenk over det og snakk ut slik du skulle ha snakka i partiet, du stakkars fyr! Kva er dette? Du har bore på desse tankane i 20 dagar utan å seia eit ord til oss.

Du har sagt at du berre er samd i at me skal fara til Moskva, og at «om me har noka meining om Khrusjtsjov bør me seia det til han». Men du veit godt at me stadig har fortalt Khrusjtsjov det me meiner, du veit det, for du var i sentralkomiteen og høyrde det der. Difor er det me har å seia Khrusjtsjov ikkje nytt for han, me har sagt det rett til han og har ikkje halde det for oss sjølve. Høyrde du dette i plenumsrådet eller ikkje?

Slik fakta syner er du ikkje samd i vedtaket i plenumsrådet, utan eitt, at me lyt reisa til Moskva.

Dette er ikkje familieproblem, og heller ikkje er det problem mellom vener. Du kjem fram med synspunkt som står i strid med sentralkomiteen sine. Kvifor då reisa slike gnagande problem i dag når sentralkomiteen har vedteke kva standpunkt som bør takast og ikkje til rette tida? Kvifor venta du med slike partiproblem og tenkte på å «treffa kamerat Enver når han reiser på ferie?» Med alle desse problema du har, og som er i strid med partiet, skulle du ha kome til oss neste dag alt. Kvifor let du dette problemet liggja i 20 dagar? Dette er ikkje noko partistandpunkt. Korleis vil du forklara dette standpunktet til grunnorganisasjonen din?

Koço Tashko: Eg kom ikkje, for eg trudde du var oppteken med Thorez*.

Kamerat Enver Hoxha: Eg var berre saman med Thorez i to timar. Du skulle ha bede om eit møte, det var plikta di å fortelja partiet alt og ikkje tru at «no er kamerat Enver oppteken med Thorez. Eg skal fara og møta han når han reiser til Korça på ferie,» osv. Dersom eg ikkje reiste til Korça, kva ville du då ha gjort? Eg går ut frå du ville ha halde desse sakene for seg sjølv enno, særleg sidan du ikkje ville fortelja dei til nokon annan sekretær i sentralkomiteen.

Koço Tashko: Som eg sa til dei sovjetiske kameratane, så vona eg at du ville snakka med Thorez om desse sakene og at det kunne finnast ein måte å løysa dei på når han gjekk i mellom.

Kamerat Enver Hoxha: Så det er det du trur! Og det ser ut for meg som det er dette som heldt deg frå å møta meg straks. Kvifor set du voner til Thorez og deg sjølv men ikkje til Enver som er fyrstesekretæren din? Og elles, er det rett etter ditt syn at sakene vil retta seg no når Thorez er komen? Sei oss kva slag saker som vil retta seg, har du tenkt på det eller har du ikkje?

Du tenkte at no når Thorez var komen ville det verta gjort freistnader på å betra tilhøvet til Khrusjtsjov. Kva slag freistnader er det? Kva slag meklings skulle me ha søkt hjå Thorez, etter di meining? Forklar deg!

Koço Tashko: Det er svært lett: Thorez er generalsekretær i eit gjævt parti, og eg tenkte kamerat Enver ville seia til han at Moskva-møtet burde haldast tidlegare enn i november.

Kamerat Enver Hoxha: Det står framleis fast i skallen din at november-møtet burde haldast tidlegare. Eg fortalde deg at det ikkje står til oss. Me har meint, og det meiner me enno, at dette møtet bør haldast, og me har sagt frå om dette synet framfor utsendingane frå meir enn 50 parti. Det vart vedteke i Bucuresti at dette møtet skulle haldast i Moskva, i samband med høgtida for den store sosialistiske oktoberrevolusjonen. Det er og vedteke at før møtet skal nemnda med representantar frå 12 parti or dei sosialistiske landa og frå 14 parti frå kapitalistiske statar ha drøftingane sine. Desse problema vil verta drøfta fyrst i nemnda og så vil materialet verta sendt til kvart parti, såleis til partiet vårt og. Når det kjem skal me studera materialet svært grundig og handla slik det vart vedteke i plenums-møtet i sentralkomiteen, som du veit. Difor trong du ikkje krevja av partiet vårt at møtet skulle haldast så snart råd var. Om møtet vert halde før er me ferdige til å fara.

* Den gongen generalsekretær i kommunistpartiet i Frankrike. Desse dagane hadde han kome på ferie til Albania.

Du vil at møtet skal haldast så snart som råd, men du kjem ikkje i samsvar med partireglane og fortel fyrstesekretæren om den store uroa di. Så kvifor trur du at «no når Thorez er komen vil problema koma på rett veg og verta stilte rett»? Kva problem snakkar du om?

Koço Tashko: Herregud — om dei kjende problema! Alle desse sakene som vart sagt i plenumsrådet og det me har snakka om her!

Kamerat Enver Hoxha: Det vil seia me skulle fortelja Thorez alt, og han skulle leggja dei fram den staden du har i tankane! Men korleis vart vedtaket i sentralkomiteen? I plenumsrådet vedtok me å leggja desse problema fram på Moskva-møtet. Om me skulle løysa desse problema gjennom Thorez, ville det seia at me gjekk utanom vedtaket i sentralkomiteen. Kor kan det ha seg at du tenkjer slik?

Koço Tashko: Eg meiner det er rett å bruka Thorez i usemjene de har med Bresjnev, Koslov* og andre.

Kamerat Enver Hoxha: Kven er denne Bresjnev? Kvifor freistar du skræma oss med desse namna? Me har ingen ting å gjera med presidenten i presidiet i Det øvste sovjet i Sovjetunionen. Prøv ikkje å eggja oss her. Eg har fortalt Kozlov rett ut kva som er gale med han, og det skal eg gjera oppatt.

Fortel oss no om møta du har hatt med sovjetrepresentantane. Me vil gjerne vita kva de tala om. Fortel oss dei viktige sakene.

Koço Tashko: Den 29. juli ringde Bepalov** til meg og ba meg koma og snakka med han. Eg møtte han i Den sovjetiske klubben. Me såg ein film og etterpå gjekk me til Dajti-hotellet. Bepalov fortalde meg at tilhøvet mellom oss hadde kolna.

Kamerat Enver Hoxha: Sa dei ikkje kvifor det hadde kolna?

Koço Tashko: Det sa han ikkje, og ikkje spurde eg. Me snakka om mange saker. Eg fortalde han at plenumsrådet i sentralkomiteen vår hadde lagt på kamerat Enver å få problema løyste. Eg sa at kanskje kunne noko gjerast i samtalanene som ville verta haldne med Thorez.

Kamerat Enver Hoxha: Men kva var di meining?

Koço Tashko: Mi meining var at desse problema burde løysast på november-møtet eller i kva slag som helst møte som kan verta halde. Eg ser ikkje bort frå at det kan verta eit møte attåt i november.

Kamerat Enver Hoxha: Nei, du ser ikkje bort frå eit anna møte. Hald fram.

Koço Tashko: Eg fortalde Bepalov at når Thorez var komen til lan-

* Medlem i presidiet og sekretær i sentralkomiteen i kommunistpartiet i Sovjetunionen.

** Den gongen fyrstesekretær i den sovjetiske ambassaden i Tirana.

det så innebar det noko positivt, for den dagen hadde eg lese den talen Thorez heldt i Korça i avisa «Zëri i Popullit» og det gjorde inntrykk på meg at han tala svært bra om partiet vårt, sentralkomiteen og kamerat Enver.

Kamerat Enver Hoxha: Det vil seia at du tenkte deg me hadde hatt drøftingar, at me hadde drøfta desse problema og meinte det same som Thorez. Slik dømmer du utanfrå, gjer deg tankar i fantasien om at Thorez ikkje har kome hit på ferie, men for å drøfta saker. Og det seier du endå til åt Bepalov. Du trur kameratane i politbyrået må ha vorte samde med Thorez, og med utgangspunkt i den vyrnaden Thorez synte partiet vårt i talen han heldt i Korça reknar du med at endå til partileinga vår har gjeve etter. Såleis, etter tenkjemåten din, har alt plenumsrådet vedtok vorte vraka, og Enver har kome fram til same synet som Koço. Har du møtt Novikov*?

Koço Tashko: Eg har møtt han. Bepalov ba meg til middag hjå Novikov. Ivanov** skulle og vera der. Etter middag hadde me ein lang samtale. Mot slutten snakka me om Thorez, eg veit ikkje korleis det byrja.

Kamerat Enver Hoxha: Prøv å minnast korleis denne samtalen utvikla seg.

Koço Tashko: Me snakka om Thorez rett og slett.

Kamerat Enver Hoxha: Var det om Thorez alt saman?

Koço Tashko: Ja, at Thorez kom til å hala saka i land.

Kamerat Enver Hoxha: Men Ivanov, kva sa han?

Koço Tashko: Eg veit ikkje, han snakka ålment.

Kamerat Enver Hoxha: Me kjenner Ivanov svært godt. Han er ikkje den som snakkar ålment.

Koço Tashko: Ivanov har aldri snakka med meg om problema me talar om. Det har ikkje Zolotov*** eller Bepalov heller — dei er nære vener som snakkar ålment.

Kamerat Enver Hoxha: Eg tykkjer det er uventa at dei ikkje har tala med deg når de er nære vener, på ei tid dei nærmar seg kadrar som dei knapt kjenner og seier: «Kom og snakk med oss.»

Koço Tashko: Dei har ikkje snakka med meg, ikkje berre no, men endå til i 1957 då eg var i Sovjetunionen. Av alt dei gjorde for meg den gongen skjøna eg noko. Dei gjorde stor ære på meg mange leis. Dei sa: «Om du vil kan du bu i villaen der kamerat Enver bur med sendelaget

* Den gongen rådgjevar i den sovjetiske ambassaden i Tirana.

** Den gongen ambassadør for Sovjetunionen i Tirana.

*** Ein sovjetisk tilsett i Tirana.

frå riksstyret.» Dei ba meg endå til mottakinga som vart gjeven i Kreml. Så dei har uvazhenie* for meg og fer fint åt. Men i det siste, når Ivanov helser på meg, gjer han det svært så stutt, for å ikkje skjemma meg ut for einkvan som ikkje likar meg.

Kamerat Enver Hoxha: Men kvifor kunne han skjemma deg ut? Kven likar deg ikkje? Er dette sant?

Koço Tashko: Eg veit ikkje, eg kan ikkje forklara det.

Kamerat Enver Hoxha: Men seinare, kvifor kom Ivanov nærare deg att?

Koço Tashko: Det er eitt av spørsmåla eg har lurt på og.

Kamerat Enver Hoxha: Du sa at heile samtalen med dei sovjetiske representantane var om Thorez, at det var eit svært viktig spørsmål. Men når du meiner Thorez-spørsmålet er viktig, kvifor talar du med Novikov og Ivanov og kjem ikkje til meg? Du hadde alle desse samtalan med dei før du sende meg brevet.

Koço Tashko: Eg gjekk til dei ved reine slumpen.

Kamerat Enver Hoxha: Partikameratane vil le åt deg når dette spørsmålet vert drøfta. Sidan du godtek påstanden at kamerat Enver kunne ha snakka med Thorez, kvifor drøftar du desse spørsmåla med dei sovjetiske representantane?

Koço Tashko: Eg ser ikkje noko gale i det.

Kamerat Enver Hoxha: Me er i kontora til sentralkomiteen her, difor må du snakka skikkeleg. Eg er ikkje nokon aktor, men fyrstesekretær i sentralkomiteen. Difor må du drøfta problema slik det vert drøfta i partiet. Det du fortel heng ikkje saman. På eine sida seier du du berre kan tala med kamerat Enver, for han er fyrstesekretær i sentralkomiteen. På hi sida har me tanken du har om partiet vårt. Du fortel det ikkje der, men går og fortel det til Bepalov, som du reknar som ein nær ven, slik du sjølv sa. Kva er det du seier? Bepalov høyrer heime ein stad, fyrstesekretæren i sentralkomiteen ein annan.

Kvifor heldt du deg ikkje til partivedtektene og tala med meg? Om du var usamd med sentralkomiteen og ville snakka med fyrstesekretæren om det, skulle du ha gjort det i rett tid, straks etter plenumsrådet. Om du skulle ha gått til sovjetrepresentantane eller ei er ei anna sak. Etter mitt syn hadde du ingen ting der å gjera. Men du ikkje berre gjekk og tala med dei, men gjekk utan å seia eit ord til oss og hadde tre møte med dei.

Koço Tashko: Nei, eg hadde berre to.

* Vyrdnad (russisk).

Kamerat Enver Hoxha: Dette er slege fast skriftleg i brevet frå deg. Endå om du ikkje hadde møtt dei i det heile, så er berre tanken på å gå til dei for å drøfta saka før du kjem til partiet ditt utillateleg og i strid med partivedtektene.

Eg godtek ikkje at du skreiv brevet til meg før du tala med sovjetrepresentantane, sjølv innhaldet i det motprovar at eg kan godta det.

Etter det du seier ser det ut som Thorez har kome frå Paris berre for å tala med oss om desse spørsmåla, og så fara vidare til Moskva. Då Ivanov fortalde deg at attåt Thorez var det nokre andre og som skulle reisa til Moskva den 8. august, vart du ikkje forviten etter å få vita kven dei andre var? Kven ba deg då å seia til Ivanov at ei innbyding til dette møtet burde gå til kamerat Enver? Kven gav deg fullmakt til å tala i namnet åt fyrstesekretæren i sentralkomiteen? No kjem du og seier til meg at du meiner problema ikkje burde verta liggjande til drøftingane i november, «sidan dei versnar». Me veit dette, men me kjenner hi sida av saka og, at partiet vårt ikkje driv og gjer det verre. Det er dine gjerningar som gjer det, så skuld ikkje partiet.

I 4—5 år har me ikkje sagt eit ord om dei urettvise gjerningane visse sovjetiske leiarar har gjort. Visse sovjetleiarar går til åtak på oss, men me har teke det med tol, medan du kjem no og seier at me burde ikkje lata desse sakene liggja og versna. Er ikkje det ei skulding? Eg sa det, og eg tek oppatt, det er ikkje opp til partiet vårt å avgjera møtetida. Kvifor står du så hardt på at dette møtet burde haldast så snart råd er? Du fortel Ivanov at ei innbyding burde gå til kamerat Enver, og så kjem du her og seier eg skal gå og tala med Ivanov sjølv. Har du tenkt på kva kurs du styrer? Kvifor fer du slik åt? Kva gale har partiet vårt gjort deg? Det har ala deg fram, det har hjelpt deg, det hjelper deg og vil hjelpa deg, men det du har gjort er svært alvorleg. Du seier du elsker partiet, kvifor fortel du ikkje partiet om dei sakene som plager deg?

Koço Tashko: Eg sa deg at eg er av eit tagalt slag, difor bør du og ha dei menneskelege sidene av saka i tankane, og at folk er ulike. Og dessutan sette dei sovjetiske representantane meg i ei vanskeleg stilling etter at eg møtte dei.

Kamerat Enver Hoxha: Korleis sette dei deg i ei vanskeleg stilling? Forklar deg!

Koço Tashko: Eg tenkte å møta deg, men eg utsette det frå dag til dag. Så snart eg tala med Bespalov skjøna eg at dette problemet ikkje kunne skuvast til sides lenger.

Kamerat Enver Hoxha: Forklar oss litt, kvifor gjekk du og tala med han sidan du fordømer denne samtalen?

Koço Tashko: Nei, eg fordømer det ikkje, men eg hadde noko å seia til deg og.

Kamerat Enver Hoxha: Du fortel dei alt medan du fortel fyrstesekretæren i partiet ditt berre «noko». Men kven har skulda for det du har gjort? Om du innser at du tek feil, så gjer litt sjølvkritikk. Spurde ikkje sovjet-representantane du snakka med korleis plenumsmøtet gjekk?

Koço Tashko (stussar og seier så): Det kan henda dei spurde meg...

Kamerat Enver Hoxha: Fortel oss rett ut, sa du noko om plenums-møtet? Spurde ikkje Ivanov deg om korleis desse spørsmåla vart drøfta i plenums-møtet? Eg spør deg oppatt, spurde Ivanov deg korleis desse sakene vart drøfta i plenums-møtet? Stilte han eit slikt spørsmål?

Kva var det du sa til Hysni? Du som gjev deg ut for å kjenna saga om Kommunistpartiet i Sovjetunionen. Den gongen du sette leiinga vår i bås med mensjevikar og trotskistar og sa at det som hender her hjå oss er som den gongen i Kronstadt* i Sovjetunionen. Er det slik du tenkjer om partiet ditt? Kva er me då — kvitegardistar? Kjenner du partisoga vår? Det var ikkje du som prenta inn i folket vårt den store klærleiken til folka i Sovjetunionen, det var partiet vårt som gjorde det under krigen, med blod og sveitte. Men du kjem no og rettar slike skuldingar mot oss! Dette du seier har si rot andre stader, difor må du tru og tenkja berre på partivis, elles greier du ikkje å ta deg saman. Kom ned på jorda. Partiet har vurd på deg meir enn du har fortent. Fantasien din er sjuk, og dette er ikkje noko du har fått nyleg — du har hatt denne sjukdomen ei stund.

Når sant skal seiast, har eg aldri i livet høyrte eit slikt ordskifte og ei slik saksframstilling frå nokon som den eg høyrde av deg. Utan byrjing, utan slutt, utan noko samband mellom eitt og hitt. Mange kameratar har kome og opna seg for meg når dei har gjort ein eller annan feil, men dei har kome frå ordskiftet og kjent seg betre. Medan du no snakkar til meg om «humanisme» og den tagale typen! Eg har vore menneske-kjærleg med folk og med kameratane. Kva ynskjer du når du no ber meg om å «sjå den menneskelege sida og»? Vil du eg skal lata vera å verja partilina, lata parti-baten fara? Nei, ver så snill! Eg set interessene åt partiet og folket over alt anna og eg vil verja dei så lenge eg lever. Om nokon har fakta å kritisera meg og sentralkomiteen med skal me ta vel i

* Med eit lag til open fiendskap gjer Koço Tashko den rettvise kritikken som APA har retta mot Khrusjtsjov-revisjonistane jamgod med Kronstadt-oppreisten i 1921, der men-sjevistikar og trotskiststyrkar reiste seg mot sovjetmakta, med hjelp frå dei engelsk-amerikanske imperialistane.

mot den rettvise kritikken og vera fegne til, og slik har me alltid teke i mot han.

Men om nokon kritiserer oss for standpunktet me tek mot dei jugoslaviske revisjonistane, då seier me stopp, same kven det skulle vera, endå til Khrusjtsjov, for me kallar alt ved eitt rette namn. Sjølv har han sagt at den jugoslaviske leiinga er eit agentur for imperialismen. Kvifor skulle då partiet vårt få åtak mot seg for det rette standpunktet det har mot dei jugoslaviske revisjonistane? Kvifor? Korleis kan me halda munn om desse sakene? Når me seier at Kommunistpartiet i Sovjetunionen er mor-partiet vil det ikkje seia at me skal teia om feilstega hjå ein eller annan i leiinga.

Etter drøftingane i Moskva i 1957 let me ei tid vera å skriva mot den jugoslaviske revisjonismen i pressa vår, av vyrdnad for Kommunistpartiet i Sovjetunionen. Men det gjekk ikkje lenge før dei jugoslaviske revisjonistane heldt sitt vidgjetne sjuande landsmøte, og når det galdt dette synte det seg at partilina vår på nytt var openbert rett. Med å ta eit revolusjonært standpunkt verjar me Sovjetunionen sjølv og kommunistpartiet der. Samstundes vil me på marxist-leninistisk vis kritisera dei som bryt grunnsetningane i marxismen-leninismen på ein eller annan måte, same kven dei er. Har me ikkje rett til å kritisera nokon når bekaren er fylt? Når feil vert gjorde kan me ikkje sitja og teia. Me skal kritisera på marxist-leninistisk vis, for slik kan me verja fridomen og sjølvstendet for landet vårt og for Sovjetunionen sjølv. Vi gjer det, for så mykje blod har vore spilt for å vinna dette. Slik kan ein verja marxismen-leninismen og den proletariske internasjonalismen, Koço Tashko, ikkje på din måte. Du blandar ting i fantasien din. Kommunistpartiet i Sovjetunionen har rett til å gjera som det vil, men me har rett til å seia vårt om klagene som kjem på partiet vårt. Partiet vårt slæst til siste slutt for å verja interessene åt folket og marxismen-leninismen mot fiendane, men den sjuke fantasien din seier noko anna. Kritikkk er kritikkk, så når du støyter på feil er det opportuniste å ikkje kritisera. Likevel har du lide i ein viss mon av denne sjukdomen. Eg har fylgt livet i partiet nøye heilt frå byrjinga. Det finst tilfelle då lite burde seiast men det finst og høve då ein burde bita tennene saman og stå på. Når det står om prinsippa lyt dei verjast, me må ikkje krenkja dei.

Har du sett skriftene våre der me kritiserer dei jugoslaviske revisjonistane? Der har me stadig snakka om røynslene åt Kommunistpartiet i Sovjetunionen. Kvifor då koma til meg og peika på ein etter ein av artiklane som er gjevne ut av dei sovjetiske kameratane? Eg kjenner dei, men det finst skilnader i haldningar mellom dei og oss som ikkje er

berre taktiske skilnader. Me har gjort kritikken vår kjend for Khrustsjov. Me talar ikkje om dei i løynd. Me hadde fortalt han det ope og han har snakka til oss på same måten. Men desse meiningskilnadene har ikkje ført oss ut i kløyving. Du veit kva partiet meiner: Usemjer har kome opp mellom to parti, mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina. Dei bør løysast omhyggeleg i rett tid ved å nytta dei leninistiske organisasjonsreglane som gjeld tilhøvet mellom parti heilt strengt. Me har sagt den gongen det høvde at å granska desse spørsmåla i Bucuresti var forhasta og altfor tidleg. Kva driv deg så til å ta dette standpunktet mot sentralkomiteen? Som kamerat ber eg deg tenkja over desse spørsmåla. I dei neste 2 eller 3 dagane har du etter partivedtektene høve til å skriva til sentralkomiteen om desse spørsmåla.

Koço Tashko: Eg har ikkje meir å seia.

Kamerat Enver Hoxha: Det vil seia at du ikkje vil fara åt som ein partimedlem, som partiet gjev ei hand for at han kan tenkja over feila sine. Så kom ikkje i morgon og sei at kamerat Enver ikkje gav deg høve til å tenkja grundigare over feila dine.

Koço Tashko: Eg har ingen ting å seia. Det eg hadde å seia sa eg her.

Kamerat Enver Hoxha: Stutt sagt, dette er standpunktet ditt. Kjem du til å granska stillinga di på nytt? Eg rår deg endå ein gong til å tenkja over saka i dag, i morgon og til i overmorgon, og gje oss synspunkta dine skriftleg. Då kan me døma om saka di i sentralkomiteen, for det er eit viktig problem som plenumsmøtet i sentralkomiteen må drøfta og avgjera.

Koço Tashko: Eg kjem ikkje til å skriva. Eg sa det eg hadde å seia.

Prenta for fyrste gong i band 19 etter protokollen frå dette møtet i det sentrale partiarkivet.

Brev til sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen om den opne innblandinga i indre saker hjå APA og den albanske staten frå nokre tenestefolk i den sovjetiske ambassaden i Tirana

Moskva, 6. august 1960

I hopehavet med Kommunistpartiet i Sovjetunionen har Arbeidspartiet i Albania alltid vore leidd av dei store prinsippa i marxismen-leninismen og av den proletariske internasjonalsismen...

Me er svært leie for å måtta melda frå til dykk at nyleg, etter møtet av utsendingar frå kommunistparti og arbeidarparti i Bucuresti, har me merka eit gjennomgripande skifte i åtferda hjå fleire personar som er tenestefolk i den sovjetiske Tirana-ambassaden. Denne åtferda kan berre vera til skade for dei venlege tilhøvet mellom dei to landa og partia våre, for det dreiar seg om openlys innblanding desse personane driv i indre saker i partiet og staten vår. Det står i strid med det marxist-leninistiske standpunktet som sovjetisk personale alltid har teke til dei indre spørsmåla hjå oss.

Me ser med stor sorg at kamerat K.I. Novikov, sovjetisk ambassade-råd i Tirana, mange gonger har freista å samla opplysningar frå kadrar og tenestefolk i partiet, ved å gå utanom alle partivedtekter og all parti-skikk som gjeld for brorskapstilhøvet vårt. Det har skjedd i Tirana, Elbasan, Durrës, og andre stader, i slike viktige partispørsmål som dei plenumsmøtet i sentralkomiteen har granska, og som rører ved den politiske hovudlina til Arbeidspartiet i Albania. Han har snakka med partikadrar som har stått ope i mot hovudlina i partiet, og har agitert for dei slik at dei skulle koma i ei galen stilling i strid med sentralkomiteen i partiet.

Fyrstesekretæren i den sovjetiske ambassaden, F.P. Bespalov, har i lag med ambassadøren, kamerat V.I. Ivanov, og ambassaderåden, kamerat K.I. Novikov, verka inn på Koço Tashko, formann i Den sentrale revisjonsnemnda i partiet på skadeleg vis. Dei har nytta metodar

som ikkje kan få passera i tilhøvet mellom marxist-leninistiske parti, og har fått han til å ta stilling ope mot den politiske hovudlina åt partiet.

Med slike gjerningar gjer desse tenestefolka seg skuld i skamlaus og utillateleg innblanding i dei indre sakene til det marxist-leninistiske partiet vårt. Dei arbeider ope mot parti-einskapen og mot hovudlina.

Me har i det siste særleg hatt sut for standpunktet til den sovjetiske ambassadøren, kamerat Ivanov. Han gjekk så langt i uvenleg åtferd mot partiet vårt at han torde stilla generalane og tenestefolka våre det forunderlege og mistenkelege spørsmålet: «Kven er hæren trugen mot?» Og han gjorde det offentleg, i Tirana lufthamn. Generalane gav han svar som fortent på ståande fot, og kom med tårer i augo til sentralkomiteen. Dei var fælne over at kamerat Ivanov kunne spørja med eit slikt lag, og stilte det spørsmålet som var naturleg: «Kvifor spør han slik, kvifor skulle han tvila på at hæren vår er trugen mot partiet, fedrelandet, folket og det sosialistiske lægeret?» Dette standpunktet hjå ambassadøren for Sovjetunionen, kamerat Ivanov, meiner me alle ikkje går an i det heile.

Desse røynelege hendingane (og det finst mange fleire av same slag) har valda oss stor sorg. Til dessar har me snudd det dauve øyret til og har late att augo for det desse tenestefolka i den sovjetiske ambassaden driv med. Dette har me gjort rett og slett for den store venskapen som er mellom dei to landa våre. Men no når gjerningane åt fleire tenestefolk i den sovjetiske ambassaden mot hovudlina og einskapen i partiet aukar meir enn me kan tola, held me det for vår plikt å seia frå til dykk på kameratvis i den vona at de vil gjera dei tiltaka som høver. Det fleire tenestefolk i den sovjetiske ambassaden driv med er inga hjelp til å styrkja venskapen som finst mellom dei to landa våre. Dei skadar det internasjonalistiske samkvemet som finst mellom dei to partia våre.

Me kjenner det som vår plikt å melda frå til dykk om dette, å tala ope og rett fram med dykk, slik me alltid har gjort og slik partiet åt den store Lenin sjølv lærer oss. Me skjønar ikkje kvifor det har kome eit slikt skifte i haldninga hjå desse tenestefolka i den sovjetiske ambassaden. Dei snakkar med kadrane våre i open motstrid til standpunktet partiet har teke på møtet av kommunistparti og arbeidarparti i Bucuresti, og gjer alt dei kan for å bryta einskapen i partiet vårt og i leiinga.

Standpunktet partiet tok på Bucuresti-møtet er så klart som dagen. På møtet målbar partiet meiningane sine djervt og klårt. Og ingen har løyve til å rengja på haldninga partiet vårt hadde. Nett slik me tala djervt og klårt på Bucuresti-møtet om dei spørsmåla som var føre på det møtet, slik skal me tala djervt og klårt på møtet som vert i Moskva, slik

det er avgjort av alle partia som var med på møtet i Bucuresti. Ingen har lov til å blanda seg i dei indre sakene våre for å brigda det rette marxist-leninistisk standpunktet hjå partiet vårt, slik sume tenestefolk i den sovjetiske ambassaden i Tirana freistar å gjera, same kva grunnen kan vera.

Partiet vårt har rett til å ha sitt eige syn og målbera det fritt på den måten det meiner høver, som alle dei hine marxist-leninistiske partia. Dette lærer den store Lenin oss. Marxismen-leninismen har gjeve partiet vårt denne retten til å målbera synet sitt fritt. Det er heilt uløyves om det vert gjort freistnader på å framstilla det som om partiet vårt i det siste har kome på villstig. Dette freistar fleire tenestefolk i den sovjetiske ambassaden i Tirana å «prova». Same kven som freistar rengja det verke ege standpunktet hjå partiet vårt tek dei alvorleg feil. Arbeidspartiet i Albania har vore, er og vil vera trufast mot marxismen-leninismen så lenge det lever. Det beste vitnemålet om dette er heile den ærefulle vegen partiet har fare frå det vart skipa til i dag...

Arbeidspartiet i Albania vil som alltid stri med all den krafta det eig for å vera truge mot marxismen-leninismen til siste slutt, slik den store Lenin lærer oss...

Sentralkomiteen partiet vårt ser det slik at skilnaden på standpunkta kommunistpartiet i Sovjetunionen og Arbeidspartiet i Albania hevda ved Bucuresti-møtet ikkje må få oss til å blanda oss inn i dei indre sakene hjå kvarandre, gjennom nokon person i det heile. Slikt vil ikkje hjelpa saka og vil skada dei interessene partia våre har sams.

Me er overtydde om at de vil gjera det som skal til for å hindra at slikt hender på nytt i arbeidet til tenestefolka i den sovjetiske ambassaden i Tirana.

Kommunist-helsingar
På vegner av sentralkomiteen
i Arbeidspartiet i Albania,
Enver Hoxha
Fyrstesekretær

Prenta for fyrste gong i «Viktige APA-dokument» band 3, 1970, s. 344. Prenta i band 19 etter denne utgåva.

Brev til alle grunnorganisasjonane i partiet om at møtet i Bucuresti er halde, og om usemjene mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina

9. august 1960

Nokre viktige ideologiske og politiske usemjer har kome opp mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina. Desse usemjene tek til å verta nemnde i både den kinesiske og sovjetiske pressa og like eins i talane til leiarane for dei to landa. Sjølvsgatt er dette utan å nemna namn, men med ymt som kven som helst kan skjønna lett. Desse spørsmåla har og vorte tala om og drøfta ope på møtet i Bucuresti av utsendingar frå kommunistpartia og arbeidarpartia som var der på vegner av partia sine på det tredje landsmøtet i Det rumenske arbeidarpartiet.

Sentralkomiteen i partiet meiner alle partiorganisasjonane gjennom dette brevet må få melding om standpunktet vårt til dette problemet.

Den 2. juni 1960 sende sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen eit brev til sentralkomiteen vår. Her gjorde dei framlegg om å halda eit møte i slutten av juni med utsendingar frå kommunistpartia og arbeidarpartia or landa i det sosialistiske lægeret «for å skifta meininger om problema i den internasjonale situasjonen som er, og fastsetja den samse lina vår vidare.» Sentralkomiteen i partiet vårt svara straks på brevet, og understreka at me var heilt samde i å halda dette møtet i slutten av juni. Sendelaget frå partiet vårt ved dette høvet skulle leiast av kamerat Enver Hoxha. Kor som var, den 7. juni fekk sentralkomiteen vår eitt brev til frå sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen. Her opplyste dei at alle partia hadde sagt seg i hovudsak samde i å halda møtet av utsendingar frå kommunistpartia og arbeidarpartia i det sosialistiske lægeret, men sume av dei hadde gjort framlegg om at møtet skulle utsetjast til seinare. Om dette heitte det i brevet frå sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen, dagsett 7. juni: «Me kunne ta eit førebels ordsifte med utsendingane frå partiet dykkar om tida møtet skal kallast saman samstundes med det tredje landsmøtet i Det rumenske arbeidarpartiet, den 20. juni. Deretter skal me fastsetja

den endelege datoen for møtet, i samråd med sentralkomiteane i systerpartia.» Sentralkomiteen i partiet vårt svarta sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen at me var samde i at møtet skulle utsetjast, og at ein skulle semjast i Bucuresti om kva tid som skulle fastsetjast for møtet. Difor gav politbyrået i sentralkomiteen kamerat Hysni Kapo i fullmakt å skifta meiningar med utsendingane frå systerpartia som var på møtet om å fastsetja tida for møtet det var gjort framlegg om i breva frå sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen. Han var leiar for sendelaget vårt til det tredje landsmøtet i Det rumenske arbeidarpartiet.

Sendelaget vårt reiste for å vera med på landsmøtet i Det rumenske arbeidarpartiet og drøfta tida for møtet av utsendingar frå kommunistparti og arbeidarparti i det sosialistiske lægeret. Men i Bucuresti kom dei i røynda midt opp i eit internasjonalt møte som alt var førebudd. Dette møtet var i strid med det som var avgjort, det var i strid med innhaldet i breva frå sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen, det me snakka om ovanfor. Saklista var og heilt annleis. I staden for å skifta meiningar om fastsetjinga av tida for møtet av utsendingar frå kommunistparti og arbeidarparti, slik det var sagt i brevet frå sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen, vart det retta skuldingar mot Kommunistpartiet i Kina. Med dette for auga vart eit dokument på 45 sider som dei sovjetiske kameratane hadde budd til delt ut til alle dei utanlandske utsendingane berre 10 timar før møtet. (Dei fleste av dei var berre medlemmer av sentralkomiteane.) Her var målbore synet til Kommunistpartiet i Sovjetunionen på usemjene dei har med dei kinesiske kameratane. Og i dette viktige og kjenslege spørsmålet vart det kravd at utsendingane frå meir enn 50 kommunistparti og arbeidarparti frå ymse land skulle ta standpunkt og klaga kommunistpartiet i Kina. Dei hadde kome til Bucuresti i anna ærend, og fekk 10 timar på seg.

Det er heilt klårt at dette møtet hadde vorte skipa i ei snøggvending og i strid med dei mest grunnleggjande leninistiske vedtekter. Som de vel veit, kjære kameratar, lærer partiet oss å vera varsame, omtenkte, rettvis og aldri onnuge endå til når spørsmålet om ein vanleg medlem skal leggjast fram til diskusjon i ein grunnorganisasjon i partiet. Når me nyttar dette leninistiske partiprinsippet kan grunnorganisasjonen koma til å halda eitt, to, og ofte endå til tre møte. Medlemene får melding minst tre dagar før om saklista, nemnder vert peika ut til å førebu det materialet som trengst osb. Dette, og einast dette, er den rette parti-måten, lagsskikken som marxismen-leninismen lærer oss. Men om me fer slik åt når det gjeld ein partimedlem, er det som det skal vera at eit heilt parti

med fleire millionar medlemer i rekkjene sine, som leier eit folk på nær 700 millionar, skulle klagast på ein slik forhasta måte og i strid med alle lagsreglar?

Når det var slik med den måten Bucuresti-møtet var førebudd og halde, tok politbyrået eit rett standpunkt. Det einaste rette, prinsippfaste og marxist-leninistiske standpunktet som ein kunne ta. Kva for eit standpunkt er dette?

Det kan oppsummerast i nokre fåe ord: For det *første*, dei nemnde usemjene er usemjer mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina. For det *andre* kom Bucuresti-møtet for tidleg og vart halde beint i mot dei leninistiske organisasjonsreglane. For det *tredje* vil partiet vårt seia sitt om desse usemjene på møtet som er planlagt. Dette møtet må verta førebudd etter dei reglane og den skikken som er mellom kommunistparti og arbeidarparti.

Arbeidspartiet vårt meiner at møtet som vart skipa i Bucuresti var i strid med skikken. Det var stikk i strid med semja som var nådd gjennom brevsiftet mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og dei andre systerpartia. Etter denne skulle berre tida for møtet som skulle verta fastsetjast i Bucuresti. Det var forhasta og i motstrid til lagsreglane som kommunistparti og arbeidarparti nyttar. Såleis, når me på den eine sida tek omsyn til dette og på hi sida det at me fekk eit dokument der berre synet til dei sovjetiske kameratane kom fram så seint som 10 timar før møtet, kunne ikkje partiet vårt uttala seg i Bucuresti om usemjene som finst mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina. Partiet vårt vil ha eit ord med i laget, og vil målbera synet sitt på dei nemnde usemjene på møtet som skal verta med utsendingar frå kommunistpartia og arbeidarpartia. Det skal verta halde seinare, og me skal ha studert materialet frå begge sider grundig, omtenkt og med marxist-leninistisk rettferd. Partiet vårt har alltid stridd og forsvart grunnsetningane i marxismen-leninismen truge. Det meiner at berre på eit møte som er skipa etter dei leninistiske lagsreglane, og etter å ha høyrte argumenta frå begge sider tolmodig og utan øsing, i kameratsleg ånd, kan me nå fram til kven som har rett og kven som tek feil. Då kan me finna korleis me bør arbeida saman i framtida til bate for sosialismen og kommunismen, til bate for samhaldet i det sosialistiske lægeret vårt.

Dette kloke, prinsippfaste og leninistiske standpunktet hevda kamerat Hysni Kapo på Bucuresti-møtet etter pålegg frå politbyrået. Som de veit frå den fråsegna som vart sendt ut i pressa, vart dette standpunktet fullt ut og samrøystes godkjent av plenumsmøtet i sentralkomiteen som vart halde den 11. og 12. juli 1960. Sentralkomiteen er overtydd om at dette

rette og prinsippfaste standpunktet vil verta samrøystes godkjent av kvar einaste medlem i det djerve partiet vårt. Berre dei som ikkje vil retta seg etter dei leninistiske normene kan lata vera å godkjenna det rette standpunktet vårt.

Usemjene som finst mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina vedkjem dei to største landa og partia i det sosialistiske lægeret. Partiet vårt kan ikkje stilla seg likeselt til dei... I framtida vil partiet vårt arbeida som før for å styrkja den store kjærleiken og venskapen det kjenner for Sovjetunionen, med dei sovjetiske folka, med Kommunistpartiet i Sovjetunionen, tufta på marxismen-leninismen og den proletariske internasjonalsmen. Men på same tid står det ikkje til å nekta eller draga i tvil at det store Kina, folket og partiet der er kjære for oss og, nett som for alle landa i det sosialistiske lægeret.

Difor har partiet vårt, som alle dei andre partia, sut for at dette viktige spørsmålet må løysast rett, på grunnlag av det marxismen-leninismen lærer. Partiet har tru på at dette spørsmålet vil verta løyst på møtet som skal verta, som kjem til å verta halde om nokre månader. Ansvarer for førebuingane er lagt på ei nemnd med målsmenn frå mange systerparti, frå partiet vårt og. Me står fast i denne trua, for me lit på marxismen-leninismen, som har stått i mot så mange stormar og alltid kome frå det med siger.

Partiet vårt har alltid arbeidd og stridd for at marxismen-leninismen skal sigra, for å bruka han i sjølve livet og halda på det reine i grunnsetningane hans. Difor har partiet alltid hatt ei heilt rett line, gjennom heile den ærerike saga si. Lina har svara til det Lenin lærer og til det som batar det albanske folket, sosialismen og kommunismen. Partiet vil fylgja lina si i framtida og, tufta på desse grunnsetningane, utan noka vingling i det heile. Me skal slåst og arbeida for at marxismen-leninismen skal sigra, for å setja i verk prinsippa i Moskva-fråsegna frå 1957 og Bucuresti-kunngjeringa. Ho vart godkjend samrøystes av sentralkomiteen i partiet vårt, slik det er gjort kjent gjennom pressa.

Partiet vil auka og styrkja den revolusjonære vaksemda, som alltid må vera så høg som ho skal, slik det høver det heltemodige partiet vårt. Fiendane åt partiet og folket, dei veike, opportunistiske og feige elementa vil som alltid gjera det dei kan for på ymse vis å gå laus på partiet og den rette parti-lina, å reisa tvil om og baktala venskapen vår med den store Sovjetunionen og Folkerepublikken Kina. Dei vil spreia ymse slagord og synspunkt med tanke på å skapa ideologiske flokar i rekkjene våre. Alle medlemene i det ærerike partiet vårt må vera årvakne og stri

modig og viljefast mot alle freistnader fiendane gjer for å nå desse skitne måla.

Partiet må styrkja endå meir den ovsterke einskapen i rekkjene sine, einskapen heile partiet slær rundt den leninistiske sentralkomiteen i partiet vårt og samhaldet mellom partiet og det djerve folket vårt. Den ubrytande einskapen vår har alltid vore det avgjerande vilkåret for at me skulle vinna vel over alt som hindra framgangen mot nye sigrar. No og er det det avgjerande vilkåret for at partilina skal sigra, for å knusa alt det fiendane driv med, for å vinna over opportunistane, dei veike og dei feige elementa.

Sentralkomiteen i partiet lit fullt og fast på at alle grunnorganisasjonane, alle partimedlemene som partiet har lært opp til trugne søner åt partiet og folket, til døden trugne mot marxismen-leninismen, vil syna seg omtenkte, rettvisе, djerve og prinsippfaste som alltid, og vil knyta rekkjene endå fastare om sentralkomiteen i partiet.

Fyrstesekretæren i sentralkomiteen
i Arbeidspartiet i Albania
ENVER HOXHA

Prenta for fyrste gong i «Viktige APA-dokument» band 3. 1970, s. 238. Prenta her etter denne utgåva.

Verkeleg einskap vert berre nådd og styrkt om han er tufta på marxist-leninistiske prinsipp

*Brev til sentralkomiteen i Kommunistpartiet i
Sovjetunionen og til sentralkomiteen i Kommunist-
partiet i Kina**

27. august 1960

Kjære kameratar!

På Bucuresti-møtet der utsendingar frå kommunist- og arbeidarpartia kom saman i juni i år hevda sendelaget frå Albania som de veit eit standpunkt som var ulikt standpunktet til sendelaget frå Kommunistpartiet i Sovjetunionen og fleirtalet av sendelag som var med på møtet. Standpunktet galdt usemjene som har kome opp mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina, og sendelaget vårt handla i samsvar med direktiv frå sentralkomiteen i partiet vårt.

Arbeidspartiet i Albania hyser den største vyrdnad for alle kommunistpartia og arbeidarpartia i verda. Partiet seier seg sær sars lei for at det for fyrste gong i si revolusjonære søge var nøydd til å ta eit slikt standpunkt som det tok på Bucuresti-møtet, som er i strid med standpunktet til fleirtalet av sendelaga frå kommunistpartia og arbeidarpartia. Som eit anna marxistisk parti har partiet vårt rett til å målbera synet sitt etter sitt eige samvit og til å ta det standpunktet det meiner er rett.

På Bucuresti-møtet delte sendelaget frå Kommunistpartiet i Sovjetunionen ut eit skrive dokument til sendelaga frå andre parti. Dokumentet slo fast at Kommunistpartiet i Kina har brote Moskva-fråsegna frå 1957. På dette møtet... sto me midt oppe i eit verkeleg internasjonalt møte som var skipa til særskilt for å kritisera Kommunistpartiet i Kina for å ha «brote» Moskva-fråsegna. Grunnlaget var materialet som sendelaget frå Kommunistpartiet i Sovjetunionen la fram. Det vart delt ut til sendelaget frå partiet vårt berre 10 timar før møtet.

Som kjent lærer marxismen-leninismen oss at me må vera svært varsame og omtenkte når me granskar mistak. Det gjeld anten det er kom-

* Kopi av dette brevet vart sendt til partia i andre sosialistiske land og.

munistpartiet i Kina, med millionar av medlemer i rekkjene og prov på kva det har utretta frå ein lang tidbolk med stendig revolusjonær verksemd, eller ein einsleg kommunist. Me må analysa alle årsakene til feilgrepa som denne kommunisten har gjort, og gjera det me kan for å overtyda han om at han gjer feil og bringa saka inn til grunnorganisasjonen eller til rette stad i partiet. Her må saka granskast så upartisk som råd er med grunnlag i marxist-leninistiske prinsipp. Det må siktast mot eit einaste mål: Å betra denne kommunisten og få han på rett veg. Om me gjer oss slik umak for å analysa feila hjå *ein* kommunist og berga han frå desse feila, då seier det seg sjølv kor hardt me burde ha streva før me «skifte meiningar om feila hjå eit parti» på eit internasjonalt kommunistmøte som det i Bucuresti. Men diverre vart dette ikkje gjort.

Sentralkomiteen i Arbeidspartiet i Albania går ut frå det marxist-leninistiske prinsippet at for å målbera synet sitt om dei ideologiske og politiske mistaka i eit anna marxistisk parti, må det fyrst overtydast med fakta om at desse mistaka finst. Denne overtydinga må skapast ved at plenumsrådet i sentralkomiteen i partiet analyserer alle dei argumenta som vedkjem saka, det vil seia både dei argumenta den sida legg fram som kritiserer og argumenta den kritiserte sida legg fram, utan øsing og grunna på den marxist-leninistiske metoden. Etter denne marxist-leninistiske analysen har vorte gjort av plenumsrådet i sentralkomiteen i partiet vårt, og fyrst då, er me i den stillinga at me kan målbera synet vårt upartisk om feila eit anna parti gjer. Me meiner dette er den mest rettvise metoden når me skal granska dei ideologiske mistaka hjå eit systerparti. Sentralkomiteen i partiet vårt vil nytta denne metoden til å nå den endelege konklusjonen sin om «mistaka» Kommunistpartiet i Sovjetunionen tillegg Kommunistpartiet i Kina, og vil målbera synet sitt i saka på møtet som skal verta av kommunistpartia og arbeidarpartia i november i år. Me meiner at å gjera noko anna, å gjera som det vart gjort på Bucuresti-møtet, ville vera å fordøma eit systerparti utan grundig og roleg analyse av alle fakta med tanke på å koma fram til om partiet det gjeld har gjort mistak eller ei. I desse sakene er hastverk lastverk.

Av desse grunnane sa sendelaget vårt til Bucuresti-møtet i frå at desse usemjene hadde kome opp mellom sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen og sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Kina. Det skulle ha vore freista å løysa usemjene gjennom drøftingar mellom desse to partia. Dersom inga løysing vart nådd, skulle saka ha vore reist for alle dei andre systerpartia for at dei skulle målbera synet sitt. Sendelaget vårt sa vidare at Bucuresti-møtet kom for tidleg og ikkje var i samsvar

med leninistisk skikk, og at Arbeidspartiet i Albania vil målbera synet sitt på usemjene som har kome opp mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina på møtet som skal verta mellom kommunistpartia og arbeidarpartia i november månad.

Sjølvsagt er usemjene som har kome opp mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina når det gjeld prinsipp, ideologi og politikk viktige. Det er livsviktig for einskapen i det sosialistiske lægeret og den internasjonale kommunistrørsla. Det er ikkje berre det at alle marxistiske parti, medrekna Arbeidspartiet i Albania, gjerne vil få desse usemjene løyste, men alle dei marxistiske partia pliktar verkeleg å vera med å gjera sitt til å løysa desse usemjene, ikkje minst no når desse usemjene har gått vidare enn tilhøvet mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina og har fått eit internasjonalt innhald.

Etter Bucuresti-møtet har sume kommunistparti og arbeidarparti or landa i det sosialistiske lægeret, medrekna Kommunistpartiet i Sovjetunionen, sendt kopi til sentralkomiteen i partiet vårt av breva dei har sendt Kommunistpartiet i Kina. I desse breva kjem dei fram til at Kommunistpartiet i Kina «har vike av frå den marxist-leninistiske teorien og praksisen»... Det kjem fram påstandar som overtyder oss endå sterkare om at standpunktet vårt ved Bucuresti-møtet var heilt rett og marxist-leninistisk. Etter vårt syn provar desse påstandane at Bucuresti-møtet ikkje var avgrensa til «meiningskifte» om «mistaka til Kommunistpartiet i Kina» rett og slett, og Kommunistpartiet i Kina har i røynda vorte fordømt av dei partia som har sendt oss desse breva.

Attåt dette er det understreka i desse breva at den «samrøystes einskapen mellom alle kommunistpartia og arbeidarpartia i kritikken dei gjorde av «mistaka» hjå Kommunistpartiet i Kina vart stadfest. Når dei sannar dette seier dei samstundes at Arbeidspartiet i Albania og har stilt seg i breidda med fleirtalet av dei andre kommunistpartia og arbeidarpartia når det gjeld «mistaka» som er tillagt Kommunistpartiet i Kina. Dersom me talar om å godkjenna kunngjeringa frå Bucuresti-møtet er me samde i at alle partia sto saman, for kunngjeringa var godkjend av partiet vårt og. Men om me talar om «einskap mellom alle partia» når det gjeld usemjene som har kome opp mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina, svarar det ikkje til sanninga, i det minste ikkje så langt det gjeld partiet vårt. Arbeidspartiet i Albania gjekk ikkje saman med fleirtalet av dei andre partia, og det vil målbera synet sitt om desse usemjene på det planlagde møtet mellom kommunistpartia og arbeidarpartia i november i år, slik partiet har sagt frå

om mange gonger. Å sanna at det var «samrøystes einskap mellom alle partia» på Bucuresti-møtet i kritikken som vart gjort mot «mistaka» hjå Kommunistpartiet i Kina er å rengja kjensgjerningane og sanninga.

I dag er sentralkomiteen i partiet vårt meir overtydd enn han var på Bucuresti-møtet om at møtet ikkje gjorde ende på usemjene som er komne opp mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina. Ikkje berre det, møtet gjorde desse usemjene djupare endå til, slik at dei er urovekkjande store.

Det er livsviktig som sagt for einskapen i det sosialistiske lægeret og i den internasjonale kommunistrørsla å få løyst usemjene som har kome opp mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina. Difor meiner me at alt lyt gjerast for å løysa desse usemjene på grunnlag av marxist-leninistiske prinsipp. Det er ei kjensgjerning at fiendane åt marxismen-leninismen, imperialismen og revisjonismen, alt har byrja å utnytte det at desse usemjene er der. Dei går laus på marxismen-leninismen og vanærer og kløyver det sosialistiske lægeret og den internasjonale kommunistrørsla.

Sentralkomiteen i partiet vårt meiner at ingen ting er viktigare i dag enn å få løyst desse usemjene på grunnlag av dei marxist-leninistiske prinsippa. Det gjeld livet åt alle kommunistpartia og arbeidarpartia i verda i dag, det gjeld det å halda oppe og styrkja einskapen i det sosialistiske lægeret og den internasjonale kommunistrørsla.

Partiet vårt vil alltid vera årvåkne mot krigshissarplanane og gjerningane åt imperialismen og mot den moderne revisjonismen, som i Moskva-fråsegna er merkt ut som hovudfåren for den internasjonale kommunistrørsla.

Brorskapshelsingar
For sentralkomiteen i
Arbeidspartiet i Albania
ENVER HOXHA

*Prenta for fyrste gong, avstytt, i band 19
etter originalen i det sentrale partiarkivet.*

Brev til sentralkomiteen i
Kommunistpartiet i Sovjetunionen
om framlegget frå sentralkomiteen
i Kommunistpartiet i Sovjetunionen
om å skipa til eit møte av måls-
menn frå Kommunistpartiet i Sovjet-
unionen og Arbeidspartiet i Albania
før møtet i Moskva mellom kommunist-
partia og arbeidarpartia
i november 1960.

Moskva, 29. august 1960

Nyleg fekk me brevet dykkar dagsett 13. august i år som handlar om Bucuresti-møtet mellom utsendingar frå kommunistpartia og arbeidarpartia. Her gjer de framlegg om å halda eit møte mellom målsmenn for partia våre før november-møtet av kommunistpartia og arbeidarpartia. Målet med møtet er at «Arbeidspartiet i Albania og Kommunistpartiet i Sovjetunionen bør reisa til det komande november-møtet med heilt einskaplege meiningar», og «å sløkkja i tide den gneisten av mistyding som har kome, slik at han ikkje logar opp».

Som kjent lærer marxismen-leninismen oss at når mistydingar, motseiingar og usemjer kjem opp mellom to marxistiske parti bør dei ordnast ved drøftingar mellom dei to partia det gjeld, tufta på prinsippa i marxismen-leninismen. Marxismen-leninismen lærer oss og at det vil vera brot på dei marxist-leninistiske grunnnormene som styrer hopehavet mellom kommunistparti og arbeidarparti om to parti skulle ha drøftingar der emnet var kritikk mot generallina åt eit anna marxistisk parti.

Det er kjent at på Bucuresti-møtet av kommunistparti og arbeidarparti var hopehavet mellom Arbeidspartiet i Albania og Kommunistpartiet i Sovjetunionen ikkje drøfta. På det møtet vart det drøfta eit så stort og eit så livsviktig spørsmål som dei ideologiske og politiske usemjene som har kome opp mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina. Dette var i mot det som alle partia i dei sosialistiske landa hadde avgjort om saklista, og kom uventa og brått.

På Bucuresti-møtet var standpunktet vårt klårt. Me tok det ikkje som fylgje av ei «mistryding» me gjorde, slik de ymtar om i brevet, men me tok det i fullt medvit, og me tek vårt fulle ansvar for folket vårt og den internasjonale kommunistrørsla for dette standpunktet.

Standpunktet vårt på Bucuresti-møtet er den fylgjestrengte bruken av den politiske og ideologiske hovudlina i partiet vårt. Denne lina har alltid vore ei prinsippfast marxist-leninistisk line, slik de har vedgått, heilt i samsvar med Moskva-fråsegna.

Motseiinga som kom opp i Bucuresti mellom standpunktet vårt og dykkar er ei fylgje av «meiningsskiftet» om mistaka som Kommunistpartiet i Sovjetunionen har tillagt Kommunistpartiet i Kina, og ikkje av ei gransking av hopehavet mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Arbeidspartiet i Albania.

Om difor eit møte skulle haldast mellom målsmenn for Arbeidspartiet i Albania og Kommunistpartiet i Sovjetunionen, slik det ovannemnde brevet gjer framlegg om, ville dei mistaka sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen tillegg Kommunistpartiet i Kina verta drøfta. Dette ville då verta gjort av målsmennene for dei to partia våre, utan at det tredje partiet det gjeld, Kommunistpartiet i Kina, var til stades. Det er klårt at ei slik handling ville ikkje vera rett, ville ikkje vera til hjelp i saka, men skada henne.

Som alle andre marxistiske parti kjenner partiet vårt og ei plikt til å yta sitt for å løysa desse usemjene. Likesæle og nøytralitet til slike store problem kan ikkje gå saman med marxismen-leninismen. Difor vil partiet vårt målbera sitt syn på usemjene som har kome opp mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina på møtet som skal verta mellom kommunistpartia og arbeidarpartia, slik me har sagt frå om mange gonger.

Me seier for visst at Arbeidspartiet i Albania alltid vil vera truge mot marxismen-leninismen... og mot det som batar folket og fedrelandet.

Me er overtydde om at det ikkje var me som kveikte «gneisten av mistryding» på Bucuresti-møtet, og me sier dykk for sant at me vil heller ikkje vera dei som blæs han opp i lys loge.

Me har tru på at Kommunistpartiet i Sovjetunionen og alle dei andre systerpartia vil leggja det rette synet på det marxist-leninistiske standpunktet vårt.

Brorskapshelsingar
For sentralkomiteen i
Arbeidspartiet i Albania
Enver Hoxha

Prenta for fyrste gong i «Viktige APA-dokument» band 3, 1970, s. 353. Prenta her etter denne utgåva.

Me skal ikkje reisa til Moskva med
ti faner, men under ei fane,
den marxist-leninistiske fana.

*Tale til det attande plenumsmøtet i sentralkomiteen
i APA om dei alvorlege mistaka åt Liri Belishova
når det galdt lina*

6. september 1960

Før me talar om Liri Belishova skal eg opplysa plenumsmøtet om nokre vedtak politbyrået har gjort.

Dei siste vekene har me brevskifta med sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen.

Sentralkomiteane i kommunistpartia i Sovjetunionen, Bulgaria, Romania og Tsjekkoslovakia har opplyst oss om eit brev som kvar av dei har sendt til Kommunistpartiet i Kina. I grunnen kjem desse breva med alvorlege skuldingar mot Kommunistpartiet i Kina for avvik frå marxismen-leninismen, for dogmatisme, sekterisme, stormaktssjåvinisme og andre slike klagemål. På same tid forsvarer desse breva N.S. Khrusjtsjov mot det som kjem fram i eit dokument som vart delt ut til utsendingane frå kommunistpartia og arbeidarpartia i det sosialistiske lægeret av sendelaget frå Kommunistpartiet i Kina ved slutten av Bucuresti-møtet.

Materialet frå dei kinesiske kameratane sa mellom anna at Bucuresti-møtet ikkje var tilskipa i samsvar med rett skikk, at innskota og handlingane frå N.S. Khrusjtsjov på møtet ikkje var marxist-leninistiske, og at desse spørsmåla som vart reiste har mykje å seia for den vidare utviklinga av den internasjonale kommunistrørsla.

Seinare fekk me brev frå sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen. Der slo dei fast at banda mellom dei to partia våre har vore uvanleg sterke, og deretter at ein «gneist av mistyding» kom opp mellom dei to partia våre på Bucuresti-møtet, og han må ikkje få lov å loga opp. Difor gjorde dei framlegg til oss om å halda eit møte, på slikt nivå som me ynskte og til kva tid me ynskte, for å drøfta desse mistydingane saman. Slik at «Arbeidspartiet i Albania og Kommunistpartiet i Sovjetunionen reiser med heilt samanfallande syn» til novembermøtet som skal verta i Moskva.

Me har sendt tre brev til sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen (...)*.

For å gjera førebuingane til plenums møtet så gode som råd er for dei spørsmåla me skal drøfta, vil eg rå til at det fylgjande materialet vert stilt til rådvelde for medlemene og kandidatmedlemene i sentralkomiteen. Det gjeld dei kinesiske artiklane «Leninismen lenge leve!», materialet dei sovjetiske utsendingane delte ut på Bucuresti-møtet, Moskva-fråsegna frå 1957, kopiane av brev me nyleg har sendt sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen, som eg nemnde ovanfor, og like eins det materialet som har vorte tilrådd men ikkje lese enno.

Alt dette bør studerast grundig slik at kameratane er budde når me drøfter materialet i plenum. Dersom me har anna materiale frå Kommunistpartiet i Kina om synet deira, vil det verta høve til å studera dette og.

Lat oss no ta for oss Liri Belishova-spørsmålet konkret.

De veit at i plenums møtet i juli vart attåt andre saker Liri Belishova kritisert for dei store og alvorlege mistaka ho gjorde då ho var i Kina og Sovjetunionen. Men på det plenums møtet kom me berre så vidt inn på desse mistaka i farten, etter kvart som ordsiftet gjekk. Liri Belishova sto likevel ikkje fram for plenums møtet med sjølvkritikk etter fleire kameratar hadde nemnt desse spørsmåla. Endå visste ho at politbyrået hadde kome til nett same konklusjonen, at sjølvkritikken ho gjorde for byrået var ufullstendig og at det var mange hol i han. Nett for det sa eg på plenums møtet at saka hennar skulle verta lagt fram for plenums møtet etter at politbyrået hadde granska ho ein gong til. Me granska verkeleg Liri Belishova-spørsmålet**.

Me gav henne høve til å tenkja grundig over det, å gruvla på dei alvorlege mistaka ho har gjort i slike innfløkte og vanskelege situasjonar, til å koma fram med rette slutningar og leggja i dagen dei grunnane som fekk henne til å gjera desse mistaka.

På møtet i politbyrået synte ho visse teikn på irritasjon i samband med spørsmåla frå kameratane. Dei tente til å avdekkja og klårgjera vinglinga hennar i den politiske og ideologiske lina åt partiet. Seinare kalla eg henne og til meg for å hjelpa til så ho fekk tenkja over desse spørsmåla. Eg minte henne verkeleg på dei ikkje-marxistiske metodane sovjetleiarane hadde brukt for å kløyva leiinga i mange kommunistparti og arbeidarparti. Difor rådde eg henne til å tenkja over desse spørsmåla.

* Desse breva er prenta i dette bandet på sidene (71), (79), (83).

** Den 3. september sende politbyrået ut eit dokument til alle medlemene i plenums møtet. Det handla om mistaka åt Liri Belishova og om standpunktet ho hadde teke i politbyrået.

Eg vil seia at politbyrået i sentralkomiteen alltid let seg leia av den grunnregelen at saker må forklarast for kameratane for å berga dei frå den galne vegen og frå mistak, og dei hadde freista hjelpa Liri Belishova tolmodig og roleg. Mistaka hennar er ikkje småe og uviktige, men djupe mistak. Det er fåre i dei for at dei vil verta endå alvorlegare og meir skadelege både for partiet og for stillinga hennar i partiet, om ho ikkje skjønar dei.

På hi sida hjelper partiet den dei kritiserer for feil til å væpna seg så den det gjeld ikkje gjer slike mistak meir. Dette har vore vegen åt sentralkomiteen, politbyrået og meg for å retta dei som gjer feil.

Politbyrået meiner at mistaka Liri Belishova har gjort er svært store og alvorlege. Dei syner i røynda at ho står i mot partilina, at ho ikkje er samd. Ho står ikkje einskapleg saman med sentralkomiteen og med heile partiet i tanke og gjerning i ei rad ideologiske og politiske spørsmål. Ho skjønar ikkje at spørsmålet om politisk og ideologisk einskap i partiet er livsviktig for partiet vårt, som for alle marxistiske parti. Endå meir gjeld dette einskapen i sentralkomiteen og i politbyrået sjølv. Dette spørsmålet er livsviktig, særleg i den stoda som no er. Dei imperialistiske fiendane og dei moderne revisjonistane gjer kva dei kan for å kløyva leiinga i partiet vårt, kosta kva det vil, om dei så berre laga nokre småe sprunger så partiet veiknar og dei kan gå laus på det. Dei som skader denne sterke einskapen, som partiet har smidd med strid og blodspille gjennom alle slags stormar, må difor straffast strengt, slik dei fortener, slik dei store interessene til partiet og folket krav.

Kva er mistaka åt Liri Belishova?

Som de veit reiste Liri til Kina. Denne turen var offisiell, og sendelaget der ho var medlem femnde ikkje om alle slags folk, men partifolk. Såleis var ikkje sendelaget sett saman av folk utan tanke for politikk, men av kjende personlegdomar i partiet og staten.

Før ho reiste til Kina visste ho om dei usemjene som fanst mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina. Ikkje i full mon slik dei vaks sidan, men ho visste mangt. Når ho vart tilrådd så langt råd var å lata vera å målbera meiningar om desse spørsmåla som enno ikkje var løyste, vil det seia at ho hadde kjennskap til emnet for usemjene mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina. Liri Belishova reiste til Kina, og ho gjorde ikkje som ho var tilrådd.

Medan ho var i Kina synte Liri Belishova ein forunderleg otte og gjekk utanom all diskusjon med dei kinesiske kameratane. Det dreia seg om å leggja fram partisynet vårt på den moderne revisjonismen, om

venskapen vår med Kommunistpartiet i Kina og styresmaktene i Folkerepublikken Kina og om det rette innhaldet i banda med Sovjetunionen. På ymse vis ba ho dei endå til å halda seg frå å drøfta partispørsmål så langt råd, for etter det ho sa «hadde ho ikkje fullmakt»* osb.

Kvifor ho gjorde dette skal me sjå seinare, men det er verkeleg slik at dei kinesiske kameratane ville drøfta partispørsmål med oss. Me kan ikkje hindra dei i å tala, men me har vårt eige standpunkt, og dette standpunktet må målberast kvar gong høvet er der. Det er ikkje så einfelt at ein kan freista sleppa snakka om partispørsmål rett og slett. Endå Liri Belishova av all makt ville sleppa å ta opp partiproblem i samtalan med dei kinesiske kameratane, tykte dei det var meining i å tala til oss om eit så stort og kjensleg spørsmål. Sjølvsaft gjorde dei dette fordi dei hadde stor tiltru til og stor vyrdnad for partiet vårt. Det ser ikkje ut til at Liri Belishova har vurdert dette spørsmålet slik.

I staden for å hevda det standpunktet som burde ha vore hevda i samtalan med dei kinesiske kameratane, gjekk ho i mot synspunkta deira i sume saker og let dei skjøna at me halla meir til dei sovjetiske leiarane, utan at nokon hadde lagt slik framferd på henne. Det var ikkje berre det at partiet ikkje hadde sagt noko som stødde eit slikt standpunkt, men alle kameratane i politbyrået var usamde i mange standpunkt sovjetleiarane hadde til politiske og ideologiske problem som kom fram i arbeidet deira og i pressa. Difor hadde partiet vårt aldri sagt seg å vera mot Kina. Med åtfërda si let Liri Belishova det koma fram for dei kinesiske kameratane at partiet vårt ikkje var samde i synet deira.

Det andre mistaket Liri Belishova gjorde var at ho gjekk og kontakta den sovjetiske ambassaderåden i Peking og fortalde han om det dei kinesiske kameratane hadde sagt til henne. Her kjem målet hennar svært klårt til syne. Sovjetleiarane, frå Khrusjtsjov og ned til Polyan-

* Her dreiv Liri Belishova falsk rettferdigging. Ho hadde ikkje berre dei instruksane ho trong frå politbyrået i sentralkomiteen i APA om standpunktet ho burde ta i Folkerepublikken Kina. I tillegg vende kamerat Enver Hoxha seg til henne og la på henne i eit særskilt radiotelegram den 4. juni 1960: «Me les helsingane dine i avisene, og dei undrar oss. Dei er uhorveleg turre og inneheld feil.

For det fyrste må du tala lengre og svært varmt om Kina. Du må berrleggja imperialistane og dei jugoslaviske revisjonistane strengt... Det er heilt utillateleg å tala om ein viss moderne revisjonisme. Framgangen for landet vårt og den rette politikken partiet vårt fører på alle omkverve må peikast ut klårt og utførleg alle stader. Talane må vera politisk og ideologisk lyfta, og ikkje med tomme uttrykk... Riv sund dei opptagne helsingane og talane du har laga til, og skriv heilt nye.»

I det andre radiotelegrammet den 6. juni heitte det: Berre du skal halda samtalar med dei kinesiske kameratane om dei ideologiske spørsmåla som no vert drøfta.» (Or kopiane av radiotelegramma i det sentrale partiarkivet.)

sky, skjøna korleis Liri Belishova tenkte. Dei var hennar personlege meiningar, og ho var mot det kinesiske synet og for den sovjetiske stillinga i desse sakene.

Dei såg på Liri Belishova som «heltinna» i spelet. Sovjetleiarane utnytta det ho gjorde til å skapa ein vanskeleg situasjon i partiet vårt, i leiinga vår og mellom kadrane. Etter Bucuresti-møtet fekk dei tak i alle kameratane som var i Sovjetunionen for å leggja ut om synet sitt og få vita meininga* deira, på eitt eller anna vis, for å sjå om dei heldt med sentralkomiteen i APA. Eitt av desse synspunkta var at Liri Belishova tok eit «djervt» standpunkt i Kina, at «ho gav dei kinesiske kameratane det rette svaret og ikkje let dei senda ut noka kunngjering om samtalan dei hadde med henne». Så seier dei sovjetiske leiarane.

Liri Belishova var ikkje berre budd på å ta eit slikt standpunkt, men ho gjorde eit organisatorisk mistak til, ho braut partidisiplinen. Ho gjorde ingen ting i det heile for å få tak i kva politbyrået meinte. Ho skjøna ikkje at flette var ei skadeleg handling som nørte logane i stoda med usemjer som finst mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina. Det var ikkje ei usemje mellom Kommunistpartiet i Kina og heile den internasjonale kommunismen, slik saka vart lagd fram ved Bucuresti-møtet.

Me hadde eit ope og ærleg tilhøve til Kommunistpartiet i Sovjetunionen i alle saker. Men slik det utvikla seg og når det er så at eit tredje parti vert klaga, bør me ikkje slå olje på elden. Før Liri Belishova for til Kina tala eg med henne om det Mikojan hadde fortalt oss om Kommunistpartiet i Kina. Eg påla henne og å ikkje tala om desse spørsmåla med nokon, så lenge me enno ikkje hadde meldt frå til sentralkomiteen ein gong om desse usemjene. Liri Belishova burde ha skjøna at når me ikkje hadde meldt frå til partiet vårt, var det ikkje vår sak å melda frå til Kommunistpartiet i Kina om kva Mikojan hadde sagt om dei. Liri Belishova hadde fått pålegg. Men endå om ho ikkje hadde fått pålegg i det heile, skulle ho som medlem av politbyrået ha innsett at spørsmåla dei kinesiske kameratane tok opp med henne ikkje kunne drøftast med eit tredje parti utan løyve frå sentralkomiteen.

Kvifor fekk ikkje Liri Belishova tak i kva partileiinga meinte? Fordi ho ikkje hadde skjøna rett kva leiinga var, kva politbyrået var. Ho har

* Den 6. juni 1960 kalla kamerat Enver Hoxha på Liri Belishova med eit radiotelegram han sende som «il» og påla henne: «Når det gjeld dei kinesiske artiklane om leninismen bør du finna høve til å fortelja dei at sentralkomiteen i APA tykkjer dei er svært gode og det er ingen grunn til at du ikkje skulle seia at du stør dei. Hald fram med å setja fram partilina alle stader og på alle måtar.» (Or originalkopien i det sentrale partiarkivet.)

vore stor på det og trudd for godt om sine eigne evner og klokskap, elles ville ho ha samrådd seg med partileiinga slik alte andre medlemmer av sentralkomiteen gjer når dei møter vanskar i ei viktig sak, og ikkje handla utan å ta i mot råd. Liri Belishova gjorde ikkje dette, for ho lika den stillinga ho hadde.

I politbyrået freista ho svært å rettferdiggjera seg sjølv for mistaka sine i Peking. Ho klamra seg til slike argument som at ho var åleine og ikkje hadde nokon å samrå seg med. Men i røynda heldt ho fram med å gjera mistak i Moskva og, ja, heilt fram til møtet i politbyrået etter ho kom at. Ho vil ikkje skjøna dei store feila sine, og ho vedgår dei ikkje.

Då Liri Belishova var i Peking sende eg henne eit radiotelegram. Kva det inneheldt? Då me fekk framlegget om å halda Bucuresti-møtet i juni, hadde me fått eit radiotelegram frå ambassaden vår i Peking. Her fekk me stutt melding om det som hadde hendt på rådsmøtet i Den internasjonale fagorganisasjonen, om dei store prinsippskilnadene mellom sendelaga for Sovjetunionen og Kina. Me visste at Liri Belishova skulle ha møte med derkinesiske kameratane, difor sende me eit radiotelegram om møtet av kommunistpartia og arbeidarpartia som skulle haldast i juni, etter det me trudde. Me fortalde henne at dei kinesiske kameratane hadde gjort framlegg om å utsetja juni-møtet. Dersom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og dei andre partia var samde i dette, hadde me ingen ting i mot det. Skulle det haldast i juni, sa me i radiotelegrammet, skulle dei kinesiske kameratane vita at det var heilt grunnleggjande at det store Kommunistpartiet i Kina var med på dette møtet, om dei ville lata oss seia vår ringe mening.

I denne tida fekk me eit anna brev, frå Kommunistpartiet i Sovjetunionen, der me fekk melding om at møtet som skulle haldast i juni var utsett. Så sende me eit radiotelegram til Liri Belishova der me sa at innhaldet i det fyrste radiotelegrammet ikkje trong bringast vidare til dei kinesiske kameratane. Det hadde seg slik at me ikkje lenger ottast at dei kinesiske kameratane ikkje ville koma til møtet dei hadde gjort framlegg om skulle utsetjast. Liri Belishova las og tolka radiotelegrammet slik ho ynskte, og etter planen ho gjekk og tenkte på.

Like eins påla me henne å sjå seg høve til å opplysa dei kinesiske kameratane om at me hadde lese artiklane dei hadde gjeve ut i høve dagen då det var 90 år sidan Lenin vart fødd, og at me likte dei.

Liri Belishova gjorde ikkje som ho var pålagd av politbyrået, for ho hadde sitt eige syn. Men same om desse artiklane ikkje var etter hennar smak, skulle ho ha ført vidare til dei kinesiske kameratane det synet politbyrået i sentralkomiteen i partiet vårt hadde. Når ho kom att kunne

ho seia si personlege meining til politbyrået. Dette syner at Liri Belishova reiste til Kina med klåre meiningar som skilde seg frå det kameratane i politbyrået meinte. I dei dagane hadde dei jamlege ordskifte om dei politiske og ideologiske standpunkta til Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina.

Då Liri Belishova kom til Moskva, var ho meir fullvæpna. De veit me sende Liri Belishova to einfelde men svært klåre brev, heilt fullnøyande reiskap for henne så ho ikkje skulle gjera feil*. Når me såg på korleis ho for åt i Kina og særleg dei svake sidene hennar, storlæte og æresykje, og skrytet frå sovjetleiinga då dei kalla henne «heltinne» attåt, ottast me kva ho kunne koma til å gjera. Me gjorde dette så ho ikkje skulle ta feil att. Me sende desse to breva for å berga Liri Belishova. Likevel gjorde ho ikkje det ho var pålagd.

I det fyrste brevet, som ho fekk så snart ho kom til Ulan-Bator, peika politbyrået på at ho hadde gjort alvorlege feil i Kina. Difor måtte ho vera varsam og ikkje lata ros og gode ord frå sovjetleiarane stiga seg til hovudet. I det andre brevet som ho fekk så snart ho landa i Moskva, fekk ho melding om at Bucuresti-møtet var halde og om standpunktet partiet hadde teke der. Det vart understreka for henne at dette standpunktet ikkje fall i smak hjå sovjetleiarane. Difor burde ho vera nøye med å forsvara partilina, og leggja vekt på at ho var heilt samd i standpunktet til sentralkomiteen, målbore i Bucuresti av kamerat Hysni. Dette standpunktet ville ha vore rett og ville ha stengt vegen for alle freistnader frå denne eller hin som kunne freista å kløyva leiinga vår.

Såleis hadde Liri Belishova vorte budd til å lata vera å gjera mistak, om ho hadde vore samd i lina åt sentralkomiteen. Men i røynda var det ikkje dette som hende.

Me kjenner taktikken sovjetleiarane nyttar. Dei ba Liri Belishova til lunsj, men der hevda ho ikkje standpunktet ho var pålagd av politbyrået. Liri Belishova nytta skjemtetaktikken der. «Me må slå vitsar,» tenkte ho, «for å koma ut or denne stoda. «Men i røynda hjelppte ikkje vitsane henne, og stoda vart slik at det hjelppte sovjetleiarane, og dårleg for stadpunktet til sentralkomiteen partiet vårt og i strid med det, og samsvara i den endelege analysen med synet til Liri Belishova.

Under lunsjen byrja sovjetleiarane å stor-rosa Liri Belishova og skåla med henne, dei gjekk til åtak på partiet vårt, men ho smatt undan dei

* Då Liri Belishova kom att til Albania, vart ho beden av politbyrået og av grunnorganisasjonen der ho var medlem om å levera desse breva inn. Ho sa at ho hadde øydelagt dei. I røynda hadde ho gjeve dei til sovjetleiarane i møta ho hadde med dei. Jfr. breva i dette bandet s. 23 og 31.

kjenslege emna, slaga og eiteret mot partiet vårt, fyrst og fremst framført av Kozlov. Kozlov sa han var misnøgd med standpunktet kamerat Hysni (Kapo) tok i Bucuresti, og ho slo han ikkje straks attende. Ho lest som ho ikkje er klår på dette spørsmålet, men ho skal ha sagt Kozlov at «Enver Hoxha har ikkje noko å løyna i skåpet slik Gomulka har». Om han seier dei at han hadde teke eit «pravilno, jasno»* standpunkt. Ho burde ha gripe inn straks for å seia at partiet tok eit rett og klårt standpunkt i Bucuresti, og at ho var samd i det standpunktet.

Så sa Kozlov «me ynskjer venskap, men utan tverrkrokar.» Men kven utviklar venskap med tverrkrokar? Liri Belishova svara ikkje skikkeleg på dette heller. I brevet sa me til henne at Khrusjtsjov ikkje lika standpunktet partiet vårt tok ved Bucuresti-møtet. Difor skulle ho ha skjøna at når det var tale om tverrkrokar var det vårt parti som var under åtak, og ho skulle ha svara at partiet vårt gjer ikkje slikt.

Så Liri Belishova tok eit slikt standpunkt med vilje.

Under lunsjen kom det fleire ymt slik som: «Kven held de albanarar med, med dei 200 eller dei 600 millionane?» Men dette og fekk passera utan skikkeleg svar frå Liri Belishova. På møtet eg hadde med Ivanov fortalde eg han at det Kozlov sa var anti-marxistisk. Og kva meinte han når han sa «med dei 200 eller dei 600 millionane»? Partiet vårt var på den marxistiske vegen, difor heldt det med alle landa i det sosialistiske lægeret vårt. På plenums møtet fortalde Liri Belishova oss likevel at ho ikkje høyrde dette spørsmålet skikkeleg, eller ikkje skjøna det. Men det er uråd at dette gjekk utanom øyro hennar, for han sa det ved lunsjen, der han sat attmed henne, og me godtek ikkje ei slik orsaking. Dei kunne endå til ha sagt desse sakene på ein uklår og omveges måte, men ved slutten av lunsjen burde ho ha stått opp og sagt: «Kameratar, det er ikkje nokon tverrkrokar i lina vår. Me er for at alle landa i lægeret vårt skal halda saman, difor skal me skåla for at marxismen-leninismen sigrar!» Men det var slett ikkje slik ho gjorde. Lunsjen og desse eiterfylte merknadene frå sovjetleiarane vart feia bort med ein lått.

Men kvifor med ein lått? Fordi Liri Belishova ikkje var samd i partilina i desse spørsmåla. Ho hadde eit anna syn og tenkte at det var rett. I siste instans var synet åt partileiinga ikkje rett, etter hennar meining, og i denne stoda gjorde me feil.

Såleis synte Liri Belishova teikn og gjorde eitt og anna endå til då ho kom att som stadfester dette. Særleg byrja ho seia til kameratane: «Kamerat Enver bør haldast unna dette. Me bør ikkje draga han inn i

* «rett, klårt» (russisk)

desse sakene så han ikkje skjemmer seg ut i desse spørsmåla.» I klårt språk tyder dette: «Ingen veit korleis striden mellom Kommunistpartiet i Kina og Kommunistpartiet i Sovjetunionen vil enda. Difor bør me halda kamerat Enver utanfor, ikkje lata han blanda seg inn. Når dette ståket er over skal me sjå kven som har rett, du eller eg. Då er det tida for kamerat Enver til å koma fram og dengja hine som tok feil, og slik får me skikk på det,» etter hennar syn.

Med andre ord: Endå til etter at ho kom att til Tirana hevda Liri Belishova framleis det same standpunktet og stelte til intrigar som skulle kløyva partileinga, trass i dei råda ho fekk på møtet i politbyrået.

Den andre utsegna frå Liri Belishova har samband med dette: «Me må førebu fleire opplegg til Moskva-møtet», og når me ser kva veg «vin-den» bles, kan me nytta det opplegget som ser ut til å gje oss den største baten. Dette er eit svært gale og opportunistisk syn som Arbeidspartiet vårt ikkje kan godta. Me må reisa til Moskva-møtet med eit klårt standpunkt, ikkje med «fleire opplegg», ikkje under ti faner men ei, den marxist-leninistiske.

Liri Belishova hadde og det synet at kameratane i plenumsmøtet eller varamedlemene i politbyrået ikkje burde få dei dokumenta som gjekk mellom politbyrået og kamerat Hysni Kapo i Bucuresti. Han fekk pålegg gjennom desse dokumenta om kva standpunkt han skulle ta der. Kva vil dette seia? Det heng saman med at «desse dokumenta ber underskrifta åt Enver, difor bør me ikkje stilla han ut». Kvifor skulle me ikkje seia frå til sentralkomiteen om det politbyrået driv med, og lata plenumsmøtet døma om arbeidet? Kva er gale med det?

Men i røynda er det og burde ha vore andre tankar bak hjå Liri Belishova. Forklaringane ho har gjeve har ikkje overtydd politbyrået om at ho skjøna mistaka sine grundig og djupt. Ho burde få fram grunnane til at ho gjorde slik ho gjorde, og kven som dreiv henne til det, kva grunnlag desse tankane kom til henne på. Det vil seia, ho burde gjera ein djup analyse av mistaka sine. Det er grunnen til at me analyserte dette spørsmålet oppatt i politbyrået.

Målet med denne diskusjonen i politbyrået var å hjelpe Liri Belishova. Innlegga i ordsiftet var brennande, og strenge, for dei var til vern om parti-baten, parti-lina og livet for partiet. Me må stå støtt når det spørst om partiinteressene. For å seia som sant er fekk Liri Belishova rikeleg hjelp av kameratane. Ho skulle ha gjort ein open sjølvkritikk, og snakka beint ut. Men sjølvkritikken hennar var ikkje fullnøyande. Liri Belishova sa ingen ting i sine innlegg i grunnen, omveges målbar ho misnøye og tvil om standpunktet som var teke til henne.

Liri Belishova la fram mistaka sine på ein svært einfelt måte. Ho gjorde ikkje nokon marxist-leninistisk analyse av desse mistaka, av kjeldene til dei, slik det var venta av henne. Ho gjekk ikkje ut frå prinsippet med å fortelja partiet dei røynelege årsakene som dreiv henne til å gjera mistak, men klamra seg til slike argument som «ho var åleine og hadde ingen å samrå seg med». Denne taktikken til Liri Belishova er usunn. Ho skulle ha fortalt politbyrået rett ut kvifor desse mistaka vart gjorde og kvar dei hadde sin grunn.

Kameratane i politbyrået analyserte mistaka til Liri Belishova og kom til at slike mistak ikkje var lette å gjera, om ho ikkje hadde hatt eit rangt syn på hine og tykt for godt om seg sjølv.

Liri Belishova burde vera klår over at revisjonismen ikkje finst berre i Jugoslavia men at revisjonistiske syn kan finnast i parti i andre land og, når dei vik av frå den rette marxist-leninistiske vegen.

Me har drøfta med Liri Belishova mange gonger at mangt som sovjetleiarane gjer ikkje er etter den rette vegen, men etter ein opportunistisk veg, som tener revisjonistane, særskilt dei jugoslaviske revisjonistane.

Og for deira del har det ikkje berre vore eit spørsmål om taktiske standpunkt. Me ser at sovjetleiarane har late striden mot dei jugoslaviske revisjonistane døydde bort. Ender og då skriv dei teoretiske artiklar mot dei jugoslaviske revisjonistane, men endå til desse er det mange hol i. Når det gjeld den konkrete striden mot dei har dei rett og slett gjort ende på han. Det finst verkeleg parti, slik som Kommunistpartiet i Bulgaria, som endå til har vedteke at dei ikkje skal seia noko mot dei jugoslaviske revisjonistane.

Me kan ikkje seia at desse sakene kom som lyn frå klår himmel for Liri Belishova. Difor har ho ingen rett til å seia: «Kor kunne eg tenkja meg at det var revisjonistiske synspunkt i lina åt sovjetleiarane?» Me snakkar om slike spørsmål kvar dag, men augo åt Liri Belishova har vorte blinda av skryt og vellæte frå sovjetleiarane, og ho har funne seg til rettes med dei. Ho har gløymt at i eit slikt viktig spørsmål som usemjer mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina kan ikkje noko marxistisk parti i det heile verta hindra i å seia meininga si. Likeeins kan det ikkje hindrast i å seia si meining om det Khrusjtsjov eller Kozlov gjer, og som me ikkje finn rett i det heile.

Når me talar om kjærleik til Sovjetunionen må me ikkje rekna med dei som gjer feil, same kven dei er, sovjetrussarar, tsjekkarar, bulgarar eller albanarar. Kvar einaste marxist og leiar må ha det klårt for seg at me elsker ikkje Sovjetunionen fordi me er glade i Ivanov. Han elsker ikkje Sovjetunionen, eller venskapen vår med Sovjetunionen, så lenge

som han handlar fiendsleg mot eit folk og eit parti som hyser ein ærleg klærleik til det sovjetiske folket, slik han har sett det med eigne augo i det tre år lange opphaldet sitt her i landet. Og kvifor skulle me gle Ivanov for å sleppa øydeleggja venskapen vår? Det same gjeld Kozlov, Khrusjtsjov og andre.

Me har vårt eige syn som me har målbore og vil målbera. Men Liri Belishova fann seg ikkje til rettes med dette standpunktet, for ho har vingla i partilina. Ho har vorte leidd til å stilla seg slik av sitt eige hovmot, ho har vorte nokså oppblåsen, ho trur for godt om eigne evner og for ringt om hine. For dette har ho vorte kritisert fleire gonger.

Trass i råd som ho fekk gjorde ho seg kaut for kadrane. Ho har krenkt dei, og held fram med det, ho har gått på dei så alvorleg at endå til i sentralkomite-apparatet er det kameratar som har bede seg fritekne av denne grunnen. Trass i kritikken som har kome mot henne har ho synt hovmotet sitt mot kadrane endå til på det siste møtet i sentralkomiteen i Ungdomsforbundet. Ho gjorde nett sameleis på læramøtet. Å fara slik åt etter all kritikken mot deg vil seia at du let vera å tenkja over mistaka dine.

Desse ovringane syner at når du vanvyrder kadrane som står under deg slik, vil du ha eit liknande syn på de som du står jamt med. Det er verkeleg så at Liri Belishova ofte ikkje har teke eit rett og sunt standpunkt endå når det gjeld kameratar i politbyrået. Å tykkja ille om kameratane i leiinga og syna det mange gonger endå til offentleg, det er utillateleg. Kritikkk mot kadrane framfor massane er eitt. Me har gjort det og skal gjera det oppatt. Men å vanvyrde og skjemma ut kadrane er noko anna.

Det er mangt av dette slaget med Liri Belishova. Når ein ser slik på kadrane gjer ein mistak i innfløkte situasjonar slik ho gjorde, endå til mistak når det gjeld den politiske lina. Når ein ser slik på kadrane heilt opp til leiinga vil ein sjølvsagt ikkje ha sunne tankar om vedtaka leiinga gjer heller, vedtak som er ei mangesida konkretisering av den politiske lina åt partiet.

Difor er du viss på å gjera feil i den politiske lina og, om du går rundt med slikt rask i hovudet, om du lever med å tykkja så vel om deg sjølv.

Såleis har Liri Belishova teke feil i desse spørsmåla, og enno har ho ikkje skjøna dei alvorlege mistaka sine. Politbyrået kom fram til at Liri Belishova burde tenkja vidare over mistaka sine. Me er framleis ikkje nøgde med sjølvkritikken hennar. Ho lova ho ville tenkja over det, og ho må ha gjort det. No står det på sjølvkritikken ho gjer framfor plenums-møtet, og på kor mykje nytte ho har hatt av hjelpa frå politbyrået.

Saka hennar står og fell no med korleis ho tek desse problema her i plenumsrådet i sentralkomiteen. Me rår henne til å sjå beint og djupt inn i mistaka sine frå eit sunt marxist-leninistisk grunnlag. Det er ingen kamerat som hyser vond vilje, det gjeld ikkje berre Liri Belishova men alle som gjer mistak. Me ynskjer henne berre lukke til, difor freistar me å retta på henne. Men med desse tankane kan ho ikkje vera i politbyrået, for det er ei svært alvorleg sak å vera usamd i lina åt sentralkomiteen. Politbyrået har vedteke å gjera framlegg for plenumsrådet om at Liri Belishova skal løysast frå tenesta som medlem i politbyrået og propagandasekretær for sentralkomiteen*. Desse høge organa i partiet må ikkje ha med kameratar som går i mot synet og den ideologiske og politiske lina til sentralkomiteen. I politbyrået og i sentralkomiteen må det vera full einskap i tanke og gjerning. I fyrste rekkje gjeld det hovudspørsmåla, slik som det som her er føre, som har uvanleg mykje å seia for bygginga av sosialismen i landet vårt og for den internasjonale kommunismen.

Prenta for fyrste gong i avstytt form etter originalen i det sentrale partiarkivet.

* Trass i alt strevet politbyrået og plenumsrådet i sentralkomiteen hadde for å setja Liri Belishova på den rette m-l-lina att, hadde ho ikkje mot til å fortelja partiet alt. Ho var heilt utskjemt av Khrusjtsjov-revisjonistane, og heldt seg til pålegga frå sjefane sine i Moskva. Ho var sta og heldt fram med å hevda eit anti-marxistisk og fiendsleg standpunkt mot partiet. Difor stengde plenumsrådet henne samrøystes ute frå rekkjene sine. Seinare, då grunnorganisasjonen der ho var med såg at ho heldt fram med å hevda eit anti-marxistisk fiendsleg standpunkt mot hovudlina i APA og marxismen-leninismen, stengde dei henne ute frå partiet og.

Forsvaret for den marxist-leninistiske lina er livsviktig for partiet og folket vårt og for den internasjonale kommunismen.

*Innlegg i ordskiftet på det attande plenumsrådet i
sentralkomiteen i APA.*

7. september 1960

(...) Spørsmålet om å verja partilina er med alle sine sider livsviktig og folket i landet vårt og for den internasjonale kommunismen.

Lat oss tala her som marxistar, ikkje som leiurar for ein liten stat. Som marxistar har me rett til å ha eit ord med i laget, til å forsvare kommunismen, nett like mykje som sovjetrussarane eller noko anna marxist-leninistisk parti, stort eller lite. Det er ikkje storlæte for vår del når me seier at me forsvare og stør den internasjonale kommunistisaka med det fylgjestrengje og rette standpunktet vårt. Marxistar har ein rett skjøn på dette. Dei som ikkje er marxistar og løyner det anti-marxistiske og borgarlege synet sitt kan speast: «Men kven er så de som vil gjera krav på at de forsvare den internasjonale kommunismen? Det overtider oss ikkje.» Men me ottast ikkje kva andre seier, nett som det ikkje plagar oss at dei kallar oss eller vil koma til å kalla oss «dogmatiske», «sektariske» og andre slike utnemne som ikkje høver på partiet vårt.

Partilina vår har vore rett og marxist-leninistisk. Ho har vore utrøyt i praksis i nær 20 år, i den daglege striden for å frigjera fedrelandet, for å byggja sosialismen, for å verja marxismen-leninismen mot fiendar i alle leter, og mot de jugoslaviske revisjonistane. Den store framgangen folket vårt har nådd, dei store skifta som har vore i Albania på det økonomiske, det politiske, det kulturelle omkvervet og mangt anna har prova dette. Det albanske folket snakkar med ovundring om alle desse bragdene.

Hjå folket vårt er det viktigaste ein kan sjå det rette skynet at dei har på at det er marxismen-leninismen, den rette marxist-leninistiske partilina vår, som har gjeve dei desse store økonomiske, kulturelle og sosiale omskifta. Dette har svært mykje å seia. Det prover dei faste banda mellom partiet og folket.

Såleis syner livet og arbeidet at partiet at lina er rett, ho har vorte godkjend og stødd hjå folket vårt og er korkje dogmatisk eller sekterisk. Me avviser desse utnemna dei set på oss, i dag som kviskring, i morgon med høge rop. Me vil halda fram på den marxist-leninistiske vegen vår. Dei som freistar å gjera slikt er dømde til å mislukkast. Livet og striden vil nærkja dei.

Det er ikkje berre partimedlemene og folket vårt som talar med vyrdnad om den rette lina partiet vårt har, om kor langt landet vårt har nådd, men og kommunistpartia og arbeidarpattia i mange land i verda. Dei talar slik fordi Arbeidspartiet i Albania frigjorde landet og sette det på framstegsvegen, på vegen mot sosialismen. Dei ser kor livskraftig og djervt det albanske folket og partiet er, som står imot alle desse stormane med fast vilje.

Difor skal ingen tru, ikkje ein gong Liri Belishova, at denne vyrdnaden frå kommunistane over heile verda for det vesle men djerve partiet vårt kjem takk vere Khrusjtsjov. På ingen måte. Sto det til Khrusjtsjov og den sovjetleiinga som no er, ville ikkje Albania ha vore det det er i dag, og det ville ikkje ha funnast nokon akt og vyrdnad for partiet og landet vårt frå dei andre partia.

Her er me i sentralkomiteen, difor er det rett at ordsiftet er ope og marxistisk. Liri Belishova kan undra seg over dei opne ymta me har kome med i sume høve i politbyrået. Me har sagt, til døms, at det finst partileiarar som verdset andre partileiingar etter potetavlingane eller tomatavlingane, og ikkje etter den politiske lina dei fylgjer. Liri Belishova har skote inn: «Kor kan de snakka slik om desse kameratane?» Me har fortalt henne at me har snakka om dei med grunnlag i fakta, her i sentralkomiteen og ikkje på torget, og me talar ope. Likevel, tida vil koma då desse tankane og meiningane saman med andre røynelege ting visseleg vil verta ordlagde på internasjonale møte og.

Mange andre parti har stødd Arbeidspartiet i Albania i det faste standpunktet det har teke mot den moderne revisjonismen, særleg mot den jugoslaviske revisjonismen. Dette syner at det er verkeleg sterke og sunne krefter i desse partia, endå den revisjonistiske marken har trengt inn i leiinga i sume av dei og gneg dei opp frå innsida. Likevel er det vanskeleg å kua dei marxist-leninistiske kreftene som finst i alle partia. Dei har skjøna standpunktet vårt utan omsyn til det at me ikkje har stått fram ope mot mistaka hjå sovjetleiarane.

Liri Belishova må ikkje tru at det er taktisk lurt å verna Khrusjtsjov, ikkje på noko vis. Me har alltid stridd mot revisjonismen, og vil halda fram med å gjera det. Den internasjonale kommunismen har sett at me

er mot Khrusjtsjov, og dei sanne marxist-leninistane har tykt om det rette standpunktet og taktikken hjå partiet vårt. Standpunktet vårt har vore rett, og difor har ingen tort gå laus på oss ope. Freistnader har det vore likevel, og dei går så langt som trugsmål, press og utpressing, men me har sett dei på plass.

Så greip dei til taktikken med å skjemma ut Arbeidspartiet i Albania. Korleis? Dei seier til oss: «De ropar og skrik så mykje mot revisjonismen at dei tek til å kjenna seg viktigare enn det er grunn til.» Dette har vorte kviskra rundt i alle leiingane i dei folkedemokratiske landa, og det har endå til nådd leiingane i sume vest-europeiske kommunistparti. Men det dei seier saknar grunnlag. I røynda er dette eit rop om å tona ned striden mot den jugoslaviske revisjonismen.

No held denne taktikken fram. Han har skifta form og vil snu seg til opne åtak på partiet fordi me ikkje stilte opp i rekkja der sovjetleiinga ville, det vil seia at me fylgde ein annan veg. Men ingen ting av denne taktikken lukkast i å skræma partiet vårt. Det finst inga makt som kan gjera det, endå om dei verkeleg kallar oss «dogmatiske», «sektariske» og «trongsynte nasjonalistar», og prøver å leia oss inn på ein blindveg. Styrken i partiet vårt og sentralkomiteen provar dette. Det er klårt at freistnadene på å setja oss på den vegen er til inga nytte.

Dette er ikkje eit spørsmål om vyrdnad. Me aktar og elskar alle folka i Sovjetunionen, men ikkje Pospjelov*. Så lenge han heldt seg til den marxist-leninistiske vegen hadde me vyrdnad for han, men no når han hevdar ei slik anti-marxistisk haldning til partiet vårt seier me åt han: «Ver snill å stogga!» Når han ikkje kan finna det minste brot på marxismen på vår side, kvifor skal han då seia «Les Lenin!» til oss. Det sa han til ambassadøren vår i Moskva, kamerat Nesti Nase, som har stått seg godt imot Pospjelov-åta.

Me vil ha usemjene mellom partia løyst på ein rett måte. Men dei har ikkje gjort noko for å løysa desse usemjene, og vil ikkje gjera det heller. Men det er ikkje alt: Pospjelov burde vita at marxismen-leninismen lærer oss at drøftingar ikkje bør haldast bak ryggen til eit anna parti, at mistak ein kamerat gjer bør ein tala ope om, etter marxist-leninistiske reglar. Kva vyrdnad skal me ha for dei som handlar annleis? Dersom du verjer marxismen-leninismen bør du vera fylgjestreng heilt til slutt. Og me seier til Pospjelov: «Du har lese Lenin heile livet, men røyndomen syner at no rengjer du han.»

* Pjotr N. Pospjelov, varamedlem i presidiet i sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen.

Spørsmålet om partilina har vore rett så lenge partiet har vore til, står heilt klårt. Har partiet vårt teke feil i Jugoslavia-spørsmålet? Røynda har synt at det ikkje har teke feil. Andre har teke feil, og fyrst og fremst Khrusjtsjov. Han er ikkje marxist nok til å ha mot til å seia «eg har teke feil». Etter di han har gjort feil, skulle han venda om og gjera sjølvkritikk: «Eg har skulda Stalin for å ha teke feil når det gjeld jugoslavane». Livet har synt at Stalin hadde rett. Så om du er marxist får du stå fram og seia at Stalin ikkje tok feil i desse spørsmåla.

Kva skal det vera godt for å fortelja oss at me bør teia og ikkje avsløra dei jugoslaviske revisjonistane, sidan det fulla skulle gjera dei viktigare enn dei fortener? Det vil seia å teia fordi at om du talar ut mot dei jugoslaviske revisjonistane vil gagnløysa hjå hine koma fram i lyset og, etter di ikkje berre jugoslavane er revisjonistar. Dersom du kvessar striden mot dei jugoslaviske revisjonistane vil det opna augo dine for andre revisjonistiske element og, same kva form dei framstiller seg i.

Dei tsjekkiske leiarane seier: «Partiet dykkar tek standpunkt mot revisjonistane, men kvifor tek det ikkje standpunkt mot Kommunistpartiet i Kina, som ikkje aktar prinsippa for samlivnad?» Men kvifor skulle me fordøma Kommunistpartiet i Kina? Kva er partilina vår i dette spørsmålet? Me er for fredeleg samlivnad, men når Lenin tala om samlivnad rådde han oss ikkje til å kyssa og klemma målsmennene for monopolborgarskapet.

Om de ser ein film dei har laga nyleg vil han visseleg by dykk imot. Denne filmen som ser ut til å vera kalla «SOS» syner korleis ein sovjetisk sjømann og ein kollektivbonde reiser sta og bur saman med, så vidt eg skjønar, ein britisk mangemillionær. Dotter hans gjev kollektivbonden det beste romet, og forelskar seg i den sovjetiske sjømannen. Medan den britiske lorden driv den fulle versjonen sin ut or huset, og slik bortetter.

Me er for fredeleg samlivnad, ikkje for samlivnad slik han står fram på den filmen, men for leninistisk samlivnad, der me kan nækja imperialismen og revisjonismen, nækja alle knep og freistnader dei gjer for å øydeleggja oss. Målet deira er å øydeleggja kommunismen, målet vårt er å øydeleggja imperialismen, og hjelperåda revisjonismen. Me vil leva saman med til dømes Hellas, og kvifor ikkje? — men ikkje gje Hellas Gjirokastra og Korça*, slik revisjonistane vil me skal gjera, ikkje tale om! Me kan på ingen måte gjeva etter for dei greske sjåvinistane medan me let det sjå ut som fredeleg samlivnad. I morgon kan Khrusjtsjov

* Område i Sør-Albania.

endå til gje fredsprisen til slike folk som går med tankar om å ta jord frå oss, men me skal ta opp desse spørsmåla på møtet som kjem.

Me er ikkje for å opna dørene våre for amerikanske spionar, forfallen kunst og amerikansk levevis. Nei, me er ikkje for denne vegen. Med ideologien vår må me slåst mot alle knepa og fordøma planane om og lina med å finna seg til rettes med borgarleg ideologi. Imperialismen vil øydeleggja landa våre, ikkje berre med vald, men og med ideologien sin, med presse og fjernsyn osv. Me ser ikkje på samlivnad slik at det er det same som å spreia det amerikanske leveviset. Me tykkjer ikkje om at tsjekkiske og sovjetiske tenestefolk gjev ambassademottakingar der dei dansar på amerikansk vis. Kameratane som representerer landet vårt i utlandet har vorte djupt skaka ved slike hendingar. Me er ikkje for ein slik veg.

Me har sagt det til Mikojan og at dei må sjå omatt på synet dei har på grensespørsmålet mellom Kina og India. Me seier dei at om grekarane kjem over grensene våre ved Gramos* kjem me visseleg ikkje til å sitja roleg å sjå på. Og kinesarane tok same standpunktet til indarane.

Men no skuldar sovjetrussarane Kina for krigshissing og for å ikkje samrå seg med nokon om kva dei gjer. Men kven samrårde sovjetrussarane seg med i Cuba-spørsmålet? Då slo dei fast at om USA gjekk til åtak mot Cuba ville Sovjetunionen hemna det med rakettar mot USA. For det fyrste, dersom det vert krig om Cuba er me alle innblanda i han. For det andre, dersom sovjetleiarane aktar dei andre landa i lægeret vårt, må dei i det minste samrå seg med oss om slike viktige steg. Visseleg er Cuba landet til eit folk som har stridd. Men om sovjetleiarane tykkjer standpunktet deira i Cuba-forsvaret er rett, kvifor skulle dei så klaga på Kina i Taiwan-spørsmålet? Taiwan er ei stor øy med 10—12 millionar innbyggjarar og har mykje å seia strategisk. På denne øya, som er ein umissande del av Kina, har den sjuande amerikanske flåten oppretta eit bol. Kvifor skulle Kina vera tolmodig og ikkje krevja landet sitt attende? Likevel har ikkje Kina mist tolmodet, men me burde gjera det me kan for å leggja press på imperialismen, for me er ei stor kraft.

Både me og kinesarane seier at lægeret vårt er sterkt. Men saka vert ei anna om saker som er så viktige vert forsømde, ikkje berre nasjonale saker, men saker som heng saman med styrkinga av heile lægeret vårt. Og det på grunn av ei opportunistisk line når det gjeld å skjønna fredeleg samlivnad. Det er heilt gale å lata vera å syna den rette omsuta for det

* Fjell ved landegrensa mot Hellas.

som batar det store Kina. Dei kan seia at dei har teke til orde for dette i Dei sameinte nasjonane, men kor mange andre høve finst det der me kan snakka om noko forsvar for interessene åt Kina?

Det vert sagt over alt at lægeret vårt er monolitisk, står samla osv. Men me veit svært godt at når det finst slike alvorlege meiningsskilnader i lægeret vårt er det ikkje bra i det heile. Og om det ikkje vert freista å få bort desse usemjene på ein marxist-leninistisk måte, vil sovjetleiarane setja ut på ei svært fårleg revisjonistisk siglelei.

Kven skal ta skulda for dette? Me har kravd at den marxist-leninistiske skikken skal aktast i hovehavet mellom parti. Sovjetleiarane klagar oss for at me fulla legg stor vekt på former og tek for oss sakene på ein stivna måte. Men sakene me har reist er ikkje formsaker. Khrusjt-sjov reiste fire gonger til Brioni (i Jugoslavia) for å snakka med jugoslavane om Ungarn-spørsmålet. Kvifor drøfta han det ikkje med oss, i det minste ein gong, og kvifor vart det ikkje den gongen halde noko møte mellom partia, medlemer i Informasjonsbyrået, der røysta åt partiet vårt og kunne ha vorte høyrd? Me kunne ha meldt frå om korleis dei jugoslaviske revisjonistane manøvrerte, slik at dei andre partia kunne ha hatt nytte av desse røynslene. Er dette ei formsak!?

Kvifor vart Polen-spørsmålet, som var svært viktig, løyst tosidig?

Partiet vårt har teke eit rett standpunkt i alle desse situasjonane, elles ville dei ha gått beinveges laus på det. Men åtakket kom etter Bucuresti-møtet. Til den tida hadde sovjetleiarane ingen ting ilt å seia om partilina vår, utanom den strenge innstillinga me heldt på mot dei jugoslaviske revisjonistane, at me fulla var «brålyndte» osv. Men no har partiet vårt vorte «sektarisk» og «trongt nasjonalistisk» for dei. Men me er korkje sektariske, nasjonalistiske eller dogmatiske, men marxistiske. Den rette partilina vår har røynt livet og striden vår, difor får partiet medhug frå alle kommunistar i verda, og dette gjev oss mot til å marsjera frametter.

Desse sakene har vore klåre og er det og. Me skal gjera dei meir konkrete, og vil understreka at ingen har nokon grunn til å klaga Kina, og at me er i mot dei skuldingane som har vore gjorde mot landet. Dei opportunistiske og revisjonistiske mistaka som sovjetrussarane og andre har gjort vil og koma for ein dag (...)

Gjeve ut med visse avstytingar for fyrste gong i band 19 etter originalen i det sentrale partiarkivet.

Gjeve ut med avstytingar etter band 19.

Me må halda vakt mot provokasjonar og verja partiet

*Ordsките på det attande plenumsмøtet i sentral-
komiteen i APA om det fiendslege standpunktet
Koço Tashko tek mot partiet.*

8. september 1960

Som rett var stødde plenumsмøtet samrøystes at Koço Tashko vart stengd ute frå partiet*. No er det ikkje lenger nokon tvil om at me har å gjera med eit menneske som står mot partiet, endå til med ein provokatør, ein reiskap i hendene på andre for å kløyva sund einskapen i partiet.

Koço Tashko har ikkje handla på eiga hand. Røyndomen provar dette. Etter samtalen han hadde med meg, rådde eg han til å tenkja over det og leggja fram synet sitt skriftleg, slik at politbyrået og sentralkomiteen kunne gjera seg kjende med desse synspunkta og kunna døma om dei. Difor gav me han to-tre dagar til å tenkja og skriva. Men han avslo: «Eg kjem ikkje til å skriva, eg sa alt eg hadde å seia.»

I politbyrået sa han ingen ting nytt, men i plenumsмøtet sto han fram med eit skrive innlegg, endå han hadde sagt nei til å skriva. Det er likt til at «venene» hans ikkje hadde late han sitja i klemma. De såg at innlegget hans var laga til av andre**. Dette syner klårt at når dei ikkje had-

* Etter at Politbyrået hadde granska Koço Tashko-spørsmålet, la det saka fram for plenumsмøte i sentralkomiteen i APA og Den sentrale revisjonsnemnda til ordsките, og gjorde framlegg om at han skulle avsetjast frå stillinga som formann i Den sentrale revisjonsnemnda og stengjast ute frå denne nemnda for gjerningane sine mot partiet, for btot på disiplinen, tryggingbrot, og brot på lagskikken i partiet, for å ha rengt partilina og fordi at han lenge hadde vore og var i motstrid med partiet. Framlegget vart samrøystes godkjent. Plenumsмøtet stengde han ute frå partiet og.

** I innlegget sitt las Koço Tashko og skiljeteiknet «punktum» i slutten av ein setning. Dei som var i romet sette i å le, og straks la han til «tochka» som tyder «punktum» på russisk. Denne lättelege átferda hans gjorde det heilt klårt at teksten til innlegget hans hadde vorte diktert av ein tenestemann i den sovjetiske ambassaden og medan han omsette hadde Koço Tashko kome på villspor og ikkje greidd å skilja mellom tekst og teiknesetjing.

de noko å hengja seg fast i mot partiet vårt når det gjeld lina og dei rette standpunkta det har, dei nære banda det har med leninismen og det sovjetiske folket, fann dei (sovjetleiarane) seg ein provokatør og sette han i sving. Men me lyt vera på vakt mot provokasjonane deira, me må vera uhorveleg varsame med dei.

Sovjetleiarane vil skulda oss for å vera anti-sovjetiske og dei arbeider for dette. Difor er alle påstandene Koço kjem med fyrst og fremst deira. Sjå kor djupt dei stig for å nå desse trotskistiske siktemåla ved hjelp av provokatørar! Difor må me føra ein strid med uvanleg tettknytte rekjer mot provokatørar og styrkja einskapen vår.

Me veit kven Koço Tashko er*, difor treng me ikkje tala om han.

Men Koço Tashko har fått «lovnader», og det går klårt fram av åtferda hans. Då eg kalla han inn til eit møte var han levande redd, og trudde han kunne verta arrestert. Han var oppskaka på møtet i politbyrået, men her fer han arrogant fram, full av ukvemsord og krenking. Dei har sagt til han: «Gå i sentralkomiteen og kast inn desse «høge» tankane der. For det kan vera folk der som burde vita den verkelege lina vår, folk som vil tenkja på framtida, endå om dei ikkje er med oss no.» Dei vil kjenna på pulsen til denne eller hin for å kløyva oss. Dei vil endå til freista lata oss vera utan mat. Sjå for nokre skammelege ting desse folka gjer!

Kameratar, rettferdssaka vår vil sigrå, men det er vanskar og vil så vera, det kan me ikkje koma undan. Me skal freista berga folk, men folk som Koço Tashko må kastast ut or partiet straks, endå me bør gjera det me kan for å berga endå til dei.

Det er ingen tvil om at Ivanov og kompani ikkje gjer dette på eiga hand. Dei har ordre ovanfrå og ikkje frå nokon annan enn Khrustsjov sjølv, for endå til for kornet som skulle sendast til Albania har ordren vorte gjeven av Khrustsjov, endå me betaler for det i kontantar.

Når me veit at desse folka vil skada venskapen vår med folka i Sovjetunionen må me halda hovudet kaldt, men denne venskapen vil ikkje verta skadd. Det kjem stor sjøgang, men dei albanske kommunistane og dei internasjonalistiske kommunistane i Sovjetunionen vil vinna over dei. Difor må me vakta einskapen i partilivet som augnesteinen vår. Me må vera årvakne, straks slå til mot alle freistnader på å skada denne einskapen og ta vare på venskapen vår med folka i Sovjetunionen. Dette bør berast utover til folket som vanleg.

* Gong etter gong har han vorte kritisert av partiet for kløyvingsstrev, karrierisme, varig misnøye med partiet, for å syna otte, mistru og vera kaut mot partiet.

Med dette meiner eg ikkje at me ikkje bør tala mot det revisjonistiske standpunktet åt sovjetleiarane, for tida kjem då me skal tala ope ut, men alt har si tid. Lat oss halda vakt mot provokasjonar og styrkja partiet!

Prenta for fyrste gong i band 19 etter den godkjende protokollen frå det 18. plenums-møtet i sentralkomiteen i APA, i det sentrale partiarkivet.

Radiotelegram til kamerat Mehmet Shehu i New York*

20. september 1960

Kjære Mehmet!

1) Frå kjelden du veit om har me fått noko storveges materiale, som me diverre ikkje kan senda til deg så du får lesa det, sidan du er så langt vekke. Me las det, og meiner det er nok til at du kan sleppa frå vesaldomen i New York. Tilfanget er som om me hadde skrive det sjølve. Eg tenkjer desse forklaringane er nok til å få alt der til å sjå heilt uviktig ut.

2) Skulle det koma noko nytt framlegg i Dei sameinte nasjonane som etter di meining ikkje held mål politisk og ikkje ideologisk heller, når det gjeld verknaden på stutt eller lang sikt, skal du ikkje forhasta deg med å godta det straks, fordi du liksom skal vera redd for å verta skilt frå «buskapen». Difor må du halda oss orienterte slik me avtala, for me kan kanskje stilla opp for skuld politiske ting som kan skje. Men, samstundes må du leggja kommentarane våre fram for venene våre munnleg eller skriftleg.

3) Når det gjeld dei formelle talane dine må du stengja alle dører for USA-imperialismen, utan omsyn til om dei andre legg seg på ei mjukare line, endå om du alltid held på den diplomatiske forma. Då kan ingen skulda oss for å ha mjukna. Det andre veit du sjølv. Her går alt fint. Me førebur å senda sendelaget til Moskva.

Beste helsingar
*Shpati***

*Prenta for fyrste gong i band 19 etter
originalen i det sentrale partiarkivet.*

* Kamerat Mehmet Shehu, formann i Ministerrådet i Folkerepublikken Albania, hadde reist til New York for å vera med på drøftingane i den 15. sesjonen i Hovudforsamlinga i Dei sameinte nasjonane.

** Eit av dekknamna kamerat Enver Hoxha nytta i den nasjonale frigjeringskrigen.

Radiotelegram til kamerat Mehmet Shehu i New York

23. september 1960

Kamerat Mehmet!

Me får radiotelegramma. Hald fram med å senda dei til oss, for det er tidtrøyte i dei.

1) Det offisielle tyske sendelaget har utsett koma si til ein unemnd dag. Sendelaget gjev grunnar, men dei heng ikkje på greip. Grunnane er dei me veit.

2) Du må freista å koma nært innpå dei som det synest vera råd å nærma seg og som ikkje har endra åtferda si andsynes oss. Du må freista å finna ein utveg til å bryta fronten og setja fart i skallen på dei, for dei kjem heilt visst til å vingla.

3) ...

4) ...

5) Etter førespurnaden vår som du kjenner, gjorde sovjetrussarane om att avgjerda si om kornet og gjekk med på å gje oss ei viss mengd som kan betalast ved avrekning og i gull. Me fortalde dei at me enno ikkje var nøgde, men me ville kjøpa det. Rumenane gjev oss ingen ting.

6) ...

7) Her hjå oss er alt stilt og roleg, ver ikkje uroleg! Radioen vår protesterte til sovjetrussarane fordi Moskva radio ikkje har sagt noko i sendinga si på albansk om kvar du er, om du har tala eller ikkje, medan dei opplyser om desse sakene i sendingane på arabisk. Me tok til orde til motlegg, og fortalde dei at om dei held fram med denne svikferda, ville me ikkje kringkasta sendingane frå Moskva radio over Tirana.

Me førebur å senda sendelaget*. Det har regna mykje desse dagane. Alle lever og har helsa her heime, kameratane har det bra og helser.

Kjærleg helsing
Shpati

Prenta for fyrste gong i band 19 etter originalen i det sentrale partiarkivet.

* Den 27. september 1960 for sendelaget frå APA til Moskva. Med i laget var kameratane Hysni Kapo og Ramiz Alia, sekretær i sentralkomiteen i APA. Sendelaget skulle vera med i nemnda av 26 parti til førebuing av tilfanget for november-møtet.

Radiotelegram til kamerat Mehmet Shehu i New York

26. september 1960

Kamerat Mehmet!

1) I morgon reiser sendelaget vårt med Hysni, Ramiz og nokre fleire frå Agitasjons- og propagandadepartementet. Eg skal halda deg orientert etter kvart.

2) I morgon reiser og eit sendelag til Kina i høve den albansk — kinesiske venskapsmånaden. Dei skal vera med på feiringa og.

3) ...

4) Sovjetrussarane held fram med krenkingane sine. Dei fer åt slik med marinefolka våre og. Våre folk gav dei det svaret dei fortente. Ver ikkje uroleg, misferda deira skal koma over dei att. Dei skal draga seg attende med rova mellom føtene.

5) Hald hovudet kaldt, men slå hardt attende mot alle dei som gnelddrar mot deg eller vil freista provosera deg. Stå støtt på det me har vedteke.

6) Me les talane. Du gjorde det fint med stubben om «Kongen av Beograd»*. Han synte ein gong til at han er ingen ting anna enn ein imperialisme-agent. Han nemnde ikkje imperialismen ein einaste gong i heile talen sin. Syn han nådelaust fram slik han er, ikkje berre til dei som tykkjer gjævt om han, men til hine og.

7) ...

Hels Behar. Me ser fram til talen din i kveld.

Kjærleg helsing
din Shpati

*Prenta for fyrste gong i band 19 etter
originalen i det sentrale partiarkivet.*

* J.B. Tito.

Radiotelegram til kamerat Mehmet Shehu i New York

28. september 1960

Kjære Mehmet!

1) Me lika talen din svært godt. TASS heldt han attende før dei sende han, så me kunne ikkje få han ut korkje i radioen eller i avisene same dagen. Me sende han ut neste dag i avisene og tok han oppatt mange gonger i radioen. Avisene vil laga fleire artiklar som byggjar på talen din.

2) Castro heldt ein god tale. Me sende ut så mykje av han som TASS overførte. Me har ikkje sendt ut noko frå talene dei andre venene heldt. Me tek det etter regelen om vederlag: Me kunngjer like mange liner frå talane deira som dei kunngjer frå dine.

3) Kameratane våre, Behar og Reiz, bør senda oss meldingar om sam-talar og kontaktar du kan ha med dei ymse leiarane, i klårteksttelegram slik at Albansk telegrambyrå kan prenta dei.

4) Sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Kina har gjeve oss det svar-brevet dei sende partia som hadde skrive til dei, slik du veit. Det gjer helvete heitt for dei, særleg grannen din i Dei sameinte nasjonane, Zhivkov.

5) Pospjelov tok kaldt i mot sendelaget vårt til Moskva, berre «god-dag» og ingen ting meir. Dei fekk dei inn på eit hotell. Alle dei andre sendelaga vart sende til same staden.

6) Frå Bulgaria har me fått vita at...
Den siste boka til Plovdiv Fair Kardelj* på bulgarsk går som varmt kveitebrød.

* Jugoslavisk revisjonist-ideolog. I boka «Sosialisme og krig» forfalskar han grunnprin-sippa i den marxist-leninistiske vitskapen, rengjer den sosialistiske røyndomen og går ope heilt i teneste hjå dei som eggjar til røvarkrig.

7) Den 30. september hadde me møte i politbyrået om utdanning og direktiva i planen. Me skal halda plenumsmøtet den 3. eller 5. oktober.

8) Me gav dei kinesiske dokumenta systematisk til alle dei viktigaste parti- og statskadrane slik at dei kunne lesa dei. Dei las og det sovjetiske dokumentet samstundes. Hå alle kadrane er det oppglødd tilslutnad til og stor tru på den rette partilina. Kadrane står saman og veit kva dei vil.

9) Den 30. september er den kinesiske nasjonaldagen. Eg skal nytta dette høvet* til å skyta dei fyrste varselskota slik at dei sovjetiske «venene» høyrer om dei.

10) Fiqret og ungane har det bra. Eg held henne orientert om deg. Alle kameratane har det godt og helser. Eg ventar utolmodig på radio-telegrammet for å få vita korleis den vidgjetne middagen gjekk.

Kjærleg helsing
din *Shpati*

*Prenta for fyrste gong i band 19 etter
originalen i det sentrale partiarkivet.*

* Jfr. dette bandet s. (114).

Radiotelegram til kamerat Mehmet Shehu i New York

29. september 1960

Kjære Mehmet!

1) Me fylgjer nøye med talane åt alle og kan nytta orda frå Shakespeare om dei: «Mykje ståk for ingen ting.» Og sanneleg har ståket vore stort, særleg når det «reine ståket», om me kan nytta det ordlaget, er til å verta dauv av. Lenge leve dvergmålet og revy-framsyningane, for det er alt som kjem ut av det. Me har den same tanken som du, at det vart som me sa. Til slutt, sjølv sagt, som ei avslutning vil det verta sagt at møtet var positivt, og som Rrapo Lelo* alt har ordlagt seg til lunsj, «det var bra at me kom».

2) Desse nære tingingane med erke-revisjonistane i Beograd er skammelege. Når dei heldt fram ope med drøftingane er det visseleg for å stella til nye tiltak som gjer uboteleg skade for oss...

Innverknaden frå Sovjetunionen, Kina og alle landa våre vert undergraven. Her bør me særleg leggja merke til undergravinga av den kinesiske innverknaden i statane som no stig fram i den såkalla tredje verda. Med det store spelet sitt vil Rrapo Lelo slå eit ideologisk slag mot Kina og undergrava landet politisk. Med desse handlingane stør han utviklinga av kapitalismen, styrkjer imperialismen og svekkjer lægeret vårt og stillinga vår i SN...

Dei som ovundrar Rrapo Lelo og sleikjer spyttet hans ser denne fæsllege kapitulasjonen som ein stor framgang. Eg tenkjer at dei du trur er urolege for stoda, men ikkje har mot til å snakka om det, kan du på ein pen måte lata få vita korleis me ser på dette spelet. Kvifor skulle me halda dei rette meiningane våre slik for oss sjølve? Kanskje ein av dei vil fortelja Rrapo Lelo om dei, men kva så! Rrapo skjønar at me ikkje talar med han om desse spørsmåla, så lat han berre skapa seg galen om han vil.

* Ironisk om Khrusjtsjov. Rrapo Lelo var ein kulak frå Mallakstra-området og ein folkefiende.

3) Når det gjeld talen åt Gomulka har me kome til det same som du. Me kan på ingen måte godta framlegga hans. Status quo til bate for imperialistane kan me aldri godta. Stå fast på standpunktet me avtala. Framlegga frå Gomulka skal du ikkje berre nekta å godta, men og fortelja dei at me skal fordøma framlegga i plenumsrådet for kommunistpartia og arbeidarpatria i Moskva dersom dei er med i fråsegna.

4) ...

5) ...

6) I går kveld var eg hjå familien din. Eg let Fiqret lesa radiotelegramma og ho tykte dei var morosame. Mor di og borna er friske. Ver ikkje uroleg for dei. Sverdet til vesleguten din er brote, så når du kjem heim må du ha eit sverd med til han. Eg trur nok du finn eitt der borte, for alle sverda er ikkje gjorde til plogskjer.

Hels Behar frå meg. Guten hans er frisk. Sei han må halda nøye auga med Lukanov* så han ikkje blæs vekk.

Hjarteleg helsing frå
Shpati

*Prenta for fyrste gong i band 19 elter
originalen i det sentrale partiarkivet.*

* Den gongen utanriksminister i Folkerepublikken Bulgaria. Dei skulle til å avsetja han, og gjorde det sidan.

Folket vårt vil halda ved like og utvikla venskapen med Folke- republikken Kina med heile sin styrke

Tale ved mottakinga ambassaden åt Folkerepublikken Kina gav ved elleveårsdagen for skipinga av Folkerepublikken Kina.

30. september 1960

Kjære kameratar og vener!

Det er ei stor glede for meg, på vegner av sentralkomiteen i partiet, regjeringa og presidiet i Folkeforsamlinga, å ynskja det store, djerve kinesiske folket hjarteleg til lukke med elleveårsdagen. Helsinga går og til det ærerike Kommunistpartiet i Kina og det kinesiske riksstyret. Me ynskjer dei stadig større framgang i bygginga av sosialismen og i den djerve striden dei fører til vern om sosialismen og freden i heile verda!

Då folkerevolusjonen sigra og Folkerepublikken Kina vart skipa den 1. november 1949 var det ei svært viktig historisk hending. Ikkje berre for det kinesiske brorfolket, men for heile menneskeætta. Etter den store sosialistiske oktoberrevolusjonen, leidd med ære av bolsjevikpartiet og den store Lenin, er den kinesiske folkerevolusjonen den viktigaste hendinga i saga i dette hundreåret. Skipinga av Folkerepublikken Kina er krana på hundreår med voner og stridar det kinesiske folket har ført for fridom og sjølvstende, for mat og fred. Det er det som kjem att av at Kommunistpartiet i Kina har ei rett marxist-leninistisk leiing. Ho førte Kina til den største sigeren, skipinga av Folkerepublikken.

Under leiing av det djerve Kommunistpartiet i Kina med sin store son, kamerat Mao Tsetung, i brodden, sigra det heltemodige kinesiske folket på 650 millionar, det mest talrike i verda, etter ein langdryg revolusjonær strid under umåteleg vanskelege vilkår. For elleve år sidan knuste dei og velta ein gong for alle dei japanske imperialistane, Chiang Kai-shek-klikken, imperialisme-tenarane, dei blodsugande kapitalistane og godseigarane, og skipa det folkedemokratiske styret. Då det nye folke-Kina vart fødd fekk den internasjonale imperialismen eit svært tungt slag og det hata kolonisystemet hans byrja å falla snøgt i hop. Det-

te er eit svært viktig tilskot til verdssoga for heile menneskeætta, for den nasjonale og sosiale frigjeringa. Den revolusjonære rørsla, ikkje berre i Asia, men i heile verda, skaut og ny fart og fekk feste, og held fram med det, ved denne kjempestore sigeren.

V.I. Lenin og J.V. Stalin akta den store revolusjonskrafta hjå det kinesiske folket høgt, og det kraftige tilskotet dei kunne gje til frigjeringsstriden folka fører for å fria seg frå klørne åt imperialismen. I fråsegnene frå Praha-møtet i Det russiske sosialdemokratiske arbeidarpartiet skriv V.I. Lenin:

*«Møtet ... merkjer seg kor viktig den revolusjonære striden åt det kinesiske folket er for heile verda. Striden fører til frigjerung for Asia og undergrev overherredømet frå det europeiske borgarskapet. Møtet helsar dei republikanske revolusjonære i Kina, og målber den eldhugen og fulle samhugen det russiske proletariatet kjenner når dei ser kor langt det revolusjonære kinesiske folket når...»**

*«Kreftene i den revolusjonære rørsla i Kina,» seier J.V. Stalin, «er svært store. Dei har endå ikkje synt seg fullt ut, det vil dei gjera i framtida. Dei styrande i aust og vest som ikkje ser desse kreftene og ikkje reknar med dei så mykje som rett er lyt ta fylgjene... Sanning og rettferd i denne saka er heilt på den kinesiske revolusjonen si side. Difor har me og vil me ha samhug med den kinesiske revolusjonen for frigjerung av det kinesiske folket frå imperialiståket og for eit samla Kina. Den som vanaktar denne krafta og held fram med det i framtida vil visseleg tapa.»***

Reaksjonen heime i Kina og imperialistane misrekna seg på dei revolusjonære kreftene i det kinesiske folket, som vann over dei ein gong for alle og skipa Folkerepublikken den 1. oktober 1949. Det gamle Kina der imperialistane rådde med handlangarane sine, dei blodtyrstige reaksjonære herrane, låg økonomisk langt attende. Dette trass i at det var eit land med kjempestor rikdom og ein gamal kultur, med stor vidd og den største folkesetnaden i verda. Den barbariske utsuginga kolonialistane og dei herskande klassane dreiv hadde kjøvt dei utomande kreftene hjå dette gåverike folket som har slik stor skaparevne. Ei stutt tid på elleve år etter dei hadde teke makta i eigne hender, har dette store og uredde folket synt heile verda dei bisnelege evnene og givnadene sine.

* V. I. Lenin, Samla verk, band 17, s. 485 (engelsk utgåve).

** J. V. Stalin, Politisk rapport frå sentralkomiteen til det 14. landsmøtet i SUKP(b) 18.12. 25. Verk, band 7, s. 301 (engelsk utg.).

Dei har nådd ein framgang som saknar maken i den årtusen-lange saga deira. Dei er i ferd med å omskapa landet sitt snøgt til eit sosialistisk land som er langt kome. Med det lysande føredømet sitt gjev dei kveik til dei andre folka i verda som nyleg har rista av seg den imperialistiske kolonityngsla, eller som enno lir under denne råde utsuginga.

I åra etter frigjeringa har den kinesiske nasjonaløkonomien utvikla seg svært snøgt, eit særdrag som ein berre ser i dei sosialistiske landa der dei marxist-leninistiske partia er i leiinga.

Etter den vellukka gjennomføringa av den fyrste femårsplanen i 1957, har Folkerepublikken Kina nådd ein framgang som kan undra oss i åra 1958 og 1962, då dei nådde hovudmåla i den andre femårsplanen tre år før ruta. Berre i året som gjekk har det samla verdet av industriproduksjonen auka 39,3 prosent frå 1958, og verdet av jordbruksproduksjonen 16,7. Frå eit land der fattigdom og stadig svolt rådde, styrt av gods-eigarar, heimlege kapitalistar, så vel som imperialistar, frå dei japanske, britiske og franske til USA-imperialistane, er det store Kina i dag i ferd med å verta omforma dag for dag til eit langt framkome sosialistisk land. Den materielle og kulturelle tilstanden for dei arbeidande massane vert stadig betra.

Tida då folket i Kina ingen rettar hadde, er borte for alltid. Fyrst no kan dei breie folkemassane nyta alle goda i det sosialistiske demokratiet og vera aktivt med vidt og breitt med å løysa dei problema landet har.

I det fleirnasjonale Folke-Kina er nasjonal underkuing sopt vekk samstundes med at dei har velta den gamle statsmakta. I dag bur alle dei ulike nasjonalitetane i lag og i fred med ein annan som ein stor familie. Dei har like rettar, hjelper kvarandre som brør, og lever såleis i ein fullstendig einskap som kan tena til føredøme.

Dei djupe økonomiske og sosiale skifta som har funne stad i desse elleve åra i den broderlege Folkerepublikken Kina kjem takk vere at Kommunistpartiet i Kina har nytta prinsippa i marxismen-leninismen viljefast, rett og skapande. Det er takk vere dei nære banda mellom partiet og dei arbeidande massane, den vyrnaden partiet nyt og den glødande kjærleiken heile det kinesiske folket har til kommunistpartiet, sentralkomiteen og den store sonen åt folket og partiet, kamerat Mao Tsetung. Den stadige og store framgangen det kinesiske folket har når dei lukkast i å byggja sosialismen har og kome takk vere den rette, prinsippfaste og støe striden Kommunistpartiet i Kina har ført for å verja det reine i dei marxist-leninistiske prinsippa og takk vere striden mot den moderne revisjonismen, og mot alle andre skadelege anti-marxistiske framtoningar. Dei kjempestore bragdene frå desse elleve åra i Folke-

republikken Kina har gjort det nye Kina til ei stor verdsdramt, ein litande stridsmann for fred og sosialisme. Kina har stor og stadig aukande internasjonale verdnamd.

I utanrikspolitikken har støtt Kommunistpartiet i Kina vore leidd av dei høglagde prinsippa i den leninistiske politikken for fred og venskap mellom nasjonane, og dei høglagde prinsippa i proletarisk internasjonalisme. Dette store og ærerike partiet, der rundt 14 millionar medlemmer strir i rekkjene, er ei svær kraft i den internasjonale kommunistrørsla. Partiet går tett i breidd med alle kommunistpartia og arbeidarpartia i verda, og lyfter den marxist-leninistiske fana høgt og reint. Den store Folkerepublikken Kina, ein medlem i ein stor familie i det sosialistiske lægeret spelar ei stor og viktig rolle internasjonalt. Det fører heile tida strid for å styrkja og stålsetja einskapen i sosialist-lægeret, og gjev eit svært stort tilskot til den striden alle folka i verda fører til vern om freden og for ei rettviss løysing på alle uløyste internasjonale spørsmål. Kommunistpartiet i Kina og det store kinesiske folket har eit rett, revolusjonært syn på frigjeringsspørsmålet for folka som imperialistane og kolonialistane har slavebunde, og gjev dei all hjelp dei kan til nasjonal frigjerings.

Nett for denne rettvise striden har Folkerepublikken Kina verdnamd og godhug, ikkje berre på det asiatiske fastlandet, men i heile verda. Difor er strevet at dei åtsøkne imperialistane, særleg USA-imperialistane og dei trugne tenarane deira, dei jugoslaviske revisjonistane, til inga nytte. Dei baktalar Kina og set i hop tusen og ei skitne lygner for å få det til å sjå ut som eit «land som ikkje vil ha fred men krig, som er mot fredeleg samlivnamd mellom land med ulike samfunnssystem» osv.

For å undergrava den store medhugen og innverknaden Folkerepublikken Kina stadig vinn internasjonalt, strir USA-imperialistane einvist for å avskjera landet frå den rettkomne plassen det har i Dei sameinte nasjonane eller i dei andre internasjonale organisasjonane. Dei rovfuse USA-imperialistane har hærsett det gamel kinesiske landet Taiwan og strir med alle råder for å hindra Kina frå å vera med og løysa internasjonale spørsmål. Alt dette som USA-imperialistane driv på med er ein del av den åtsøkne politikken deira mot det sosialistiske lægeret i det store og heile og mot Folke-Kina særskilt. Så forsvaret for Folkerepublikken Kina mot all ågang frå imperialistane og det at me krev at landet må vinna alle rettane som tilkjem det internasjonalt, tener til å styrkja det sosialistiske lægeret og slå attende ein ny verdsdramt. Å lata USA-imperialismen få halda fram med politikken sin mot Folkerepublikken Kina vil seia å sleppa han laus på ei av dei sunnaste stillingane i det

sosialistiske lægeret vårt, å slå eit slag mot freden og fredeleg samlivnad mellom folka. Alle freistnader, same korleis dei er, som imperialistane eller tenarane deira finn på for å skada det store Folke-Kina vil få svar med tunge slag frå det sosialistiske lægeret, frå alle kommunistar i verda og heile den framstegsvenlege menneskeætta. Det store Kina vil vinna rettane det tilkjem, mot imperialistane og handlangarane deira.

Med tanke på å narra folka og dyssa dei i svevn, bråkar USA-imperialistane svært om at dei fulla står for fredeleg samlivnad mellom statar med ulike politiske og sosiale system. Men orda deira er berre bløff. Åtferda den amerikanske regjeringa syner mot Kina, mot Albania og mange andre land er det beste prøvet på dette. Regjeringa i Folkerepublikken Kina har alltid arbeidd ærleg for å halda oppe fredelege tilhøve med alle statar, utan omsyn til regime. Det store talet på venskapsband mellom Folkerepublikken Kina og ei mengd statar i Asia, Afrika, med Cuba og andre stadfestar dette. Handels- og kultursamkvemet som Kina held oppe og utviklar dag for dag med svært mange statar stadfester det og. Men imperialistpolitikken vil slå skammeleg feil, slik han alt har gjort.

Som kjent har den ordinære sesjonen ved Dei sameinte nasjonane vorte opna i New York og drøftingane held fram. Der har leiaren for riksstyret i Folkerepublikken Albania, kamerat Mehmet Shehu, målbore ynskjet åt det albanske folket, åt partiet og riksstyret, for vernet om freden i verda. Han fordømde kolonialismen. Kamerat Mehmet Shehu forsvarte Kina og kravde inntrengjande at landet skulle få sleppa til i Dei sameinte nasjonane og at sprelemannsstyret åt Chiang Kai-shek skal drivast ut. Som rett er la han vekt på at ikkje noko stort internasjonalt spørsmål kan finna ei sann og rettvis løysing utan at Kina er med. Imperialismen er i forfall. Likevel lærer marxismen-leninismen oss at så lenge som imperialismen finst, finst årsakene til røvarkrig og. Difor bør me alltid vera årvakne mot imperialistane, for berre slik kan me setja i gjennom viljen til den fredselskande menneskeætta mot desse imperialistiske udyra med menneske-andlet. Dette kan me nå berre på den revolusjonære måten, ved å ikkje gje etter for imperialistane på prinsippa, ved å alltid halda oss årvakne mot freistnadene deira på å svekkja oss politisk, ideologisk, økonomisk og militært. Me bør slå strevet vårt saman med dei revolusjonære frigjeringsstridane i kolonilanda og lydrika, så vel som med alle dei fredselskande og progressive kreftene i verda. USA-imperialistane og tenarane deira må fordømast miskunnslaut for dei oppøste krigsførebuingane sine. Både dei og Beograd-revisjonistane bør utan miskunn slåast og stillast ut politisk og

ideologisk, for dette er einaste måten me kan tena saka for ekte fred, samlivnadssaka, frigjerings-saka for folka under kolonityngsle og sigeren for sosialismen og kommunismen. Partiet vårt har fylgt denne marxist-leninistiske vegen og vil halda fram med det utan å vika.

Til liks med Folkerepublikken Kina har folkerepublikken vår fylgt og vil fylgja strengt ein politikk for fred og fredeleg samlivnad mellom folka, nett slik den store Lenin har forklara det for oss. Jamsides med strevet for å få i stand venskapstilhøve mellom statane må me aldri gje opp den politiske og ideologiske striden mot kapitalistane og dei som svik marxismen-leninismen, dei moderne revisjonistane.

Det albanske folket er knytt til det store kinesiske folket med ein ubrytande venskap, og dei fylgjer striden deira for fred og sosialisme med samhug og vyrndnad. Partiet og riksstyret vårt har stødd og vil stø den fredelege politikken til Folkerepublikken Kina og verja rettane landet har internasjonalt, så godt me kan. Folket vårt og partiet er fegne for at dei har ein stor og trugen ven i det kinesiske folket, og dei vil samla alle kreftene sine for å ta vare på og stadig styrkja den sunne venskapen tufta på marxismen-leninismen som knyter dei to bror-folka våre saman.

Ved denne samlinga i høve denne ærerike årsdagen nyttar eg høvet til endå ein gong å målbera, på vegner av partiet og folket vårt, vår beste takk til Kommunistpartiet i Kina, riksstyret i Folkerepublikken Kina, og heile det store kinesiske folket for hjelpa dei har gjeve og gjev landet vårt til å byggja sosialismen. I denne stunda når me gler oss i lag med det venlege kinesiske folket, sender me dei våre mest brennande ynske om at dei skal få oppfylt vonene sine, for bygginga av sosialismen og for at freden skal sigra i verda!

Lat oss skåla, kameratar og gjester:

For det store og gåverike kinesiske folket!

For det djerve kommunistpartiet i Kina med den framståande marxist-leninisten, kamerat Mao Tsetung i brodden!

For riksstyret i Folkerepublikken Kina, med kamerat Chou En-lai i brodden!

For venskapen som alltid skal vara mellom dei to folka våre!

For fred i verda!

Skål! Kameratar og gjester!

Prenta fyrste gongen i avisa Zëri i Popullit nr. 235 (3764), 1. oktober 1960. Prenta her etter denne utgåva.

Brev til kamerat Hysni Kapo i Moskva

1. oktober 1960

Kjære kamerat Hysni!

Eg fekk brevet og tilfanget du sende meg i går då me heldt møte i politbyrået for å granska utkasta til direktiv for den tredje femårsplanen som vart lagd fram for det 4. partilandsmøtet. Like eins rapporten om omskipinga av skulen. Eg hadde nett fått tilfanget då radiotelegrammet ditt kom og, der du fortalde oss at dette tilfanget må sendast attende til deg. Difor sende me det til prenting. Eg fortel deg alt dette slik at du kan skjøna at nett no når eg skriv har eg ikkje teke til å lesa tilfanget du sende meg. Så eg har ingen ting å seia om det no. Eg skal seia deg meininga mi i radiotelegram eller eit langt brev som eg skal senda med fly.

Eg deler ditt syn. Eg og trur at dei sovjetiske kameratane skal til med eit skite spel med visse mål.

Tilfanget dei har lagt fram kan vera bra nok opp til eit visst punkt. Like eins er det stilt opp slik at det er lett å retta på og endå til styrkja. Dei bryr seg ikkje mykje om det! «Om du vil», kan dei seia, «kan me endå til gjera det mykje sterkare, det må berre ikkje finnast nokon ordstrid, alt bør gli stilt og fint. Me skal ikkje plaga oss med å tenkja på korleis me skal gjennomføra det me set på papiret. Stutt sagt skal me halda på som før, me skal bryta denne fråsegna og, som den frå Moskva (1957) og om de klagar oss på nytt skal me kalla saman eit Bucuresti-møte til og verkeleg ta dykk.»

Om sovjetleiarane har gjeve litt etter eller er budde på å sjå at fråsegna vert gjort sterkare endå til, er det *ikkje fordi dei har skifta meining, ikkje fordi dei innser mistaka sine. Dei gjev derimot fulla litt etter for oss for å stogga diskusjonen før han går lengre. Dei trur at me er ute etter fråsegner. Men me har marxismen-leninismen. Det me treng og står fast på er at sovjetleiarane må retta på dei opportunistiske mis-*

taka sine. Fråsegna må vera slutten på desse drøftingane. Dette er nett det som skræmer sovjetleiarane, men ikkje oss.

Sovjetleiarane er redde for ordskifta, ikkje berre for den skakinga som gjekk gjennom andre parti etter Bucuresti, men fordi desse oppskakingane vil verta stadig sterkare etter november. Så for å hindra dette deler dei ut denne fråsegna: «Og me kan styrkja henne endå til om de vil», og slik kjem alle som tykkjer gjævt om dei til å ropa og jubla: «Eureka! dette er, har vore og skal vera lina vår. Me har aldri gjort mistak. Kina tenkte over saka, såg på mistaka sine på nytt og kom attende på den rette vegen! Såleis var Bucuresti-møtet svært «poljezno»*. *I partia våre fordømde me Kina og Albania som dogmatiske osb.* Me slo to i eitt slag: Me avslørte dei og me lækte dei, og me opna vegen til å seia til partia att i morgon at dei var ikkje heilt friske for dei har hatt eit tilbakefall av dogmatisme-sykja. Endeleg vann me begge stader og kan halda på som før.» Slik omlag trur eg sovjetleiarane tenkjer meir eller mindre, og dei som tykkjer gjævt om dei. Nikita fann medisinen for Zhivko og kompani.

Me må ikkje lata oss lura av det smarte spelet til sovjetrevisjonistane. Me må få sovjetleiarane og andre til å skjøna at me er samde i å arbeida med dette tilfanget, å ta frå og leggja til. Men dette tilfanget vil koma som avslutning på eit allsidig ordskifte i november, og det vil syna korleis dei marxist-leninistiske prinsippa og vedtaka på Moskva-møtet (1957) har vorte gjennomførte, kven som har sett dei i verk fylgjestrengt og kven som har vike av frå dei. Ei ny verdsetjing av Bucuresti-møtet skal skje på grunnlag av ikkje berre sovjetiske fakta, men og tufta på fakta dei andre partia kan leggja fram i dette spørsmålet.

Det komande Moskva-møtet må ikkje verta eit formelt møte og heller ikkje eit møte med ordstrid det ikkje kjem noko ut av. Det må verta eit møte som er byggjande og viktig, tufta på marxismen-leninismen og den leninistiske skikken. Det skal ikkje berre vera eit fred- og forsoningsmøte som skal jamna over alvorlege mistak, men eit møte som skal gjera ei radikal berrlegging av mistaka og lækja dei. Det finst ingen annan måte, og dei kan ikkje venta nokon annan løysingsmåte frå oss. Om me ikkje ser desse mistaka rett inn i auga er me visse på at revisjonistane vil halda snøgt fram med nedbrytingsarbeidet sitt. Difor er det berre ein veg for oss, strid til vern om marxismen-leninismen, og ikkje forsoning med opportunistiske og revisjonistiske mistak i ideologi og politikk slik som Khrusjtsjov og gruppa hans gjer. Eg trur at striden bør byrja i nemnda,

* «nyttig» (russisk)

der dei andre partia, unnateke det kinesiske, har sendt fjerdeklasses folk. For sovjetleiarane har vorte samde med dei, sjølvsagt, dei har valt eit taktisk opplegg, og freistar å koma lett over grøfta dei sjølv har grave med å klaga Kina og oss for tusen ting. Men dette går ikkje i oss.

Eg treng ikkje skriva meir, for du kjenner sakene sjølv. Når eg sender deg merknadene om tilfanget kan eg skriva meir. Hels Ramiz og kameratane.

Hjarteleg helsing
Enver

E.S. Eg skriv til deg i ein fart fordi flyet skal til å gå, difor er det ilt å lesa det. I går var me hjå dei kinesiske kameratane og i talen min løyste eg dei fyrste varselskoto.

*Prenta fyrste gong i band 19 etter originalen i
det sentrale partiarkivet.*

Radiotelegram til kamerat Hysni Kapo i Moskva

1. oktober 1960

Kamerat Hysni!

1) Problemet bør stillast slik: Kva veg skal den internasjonale kommunistrørsla utvikla seg slik stoda er og kva lei har ho fylgt frå det 20. landsmøtet i Kommunistpartiet i Sovjetunionen til no?

2) Kinesarane og me meiner at prinsipielle alvorlege taktiske og strategiske mistak har vorte gjorde av Khrusjtsjov-gruppa. Denne gruppa har gått bort frå dei marxist-leninistiske prinsippa og brote fråsegna frå Moskva-møtet i 1957. Denne gruppa held ikkje berre fram med mistaka sine, men dei skipa til Bucuresti-møtet og, og skulda Kina beinveges og oss omveges for dogmatisme, og så bortetter. Så kinesarane og me vil slåst slik at det rette grunnsynet vårt kan verta stadfesta og godteke av alle, og slik at dei alvorlege mistaka sovjetleiinga har gjort på Bucuresti-møtet vert fordømde av alle.

3) Khrusjtsjov-gruppa og dei han har bunde forsvarer det motsette synet. I Bucuresti stilte han opp mest av alle dei som var der og fekk i det minste leiarane til å seia seg samde i at «Khrusjtsjov har ikkje gjort feil, det har kinesarane gjort, og Bucuresti-møtet trongst og var rett.»

4) Etter vår meining bør alle problem løysast på det komande Moskva-møtet (1960), medan Khrusjtsjov-gruppa har løyst dei slik dei vil i Bucuresti. Så Khrusjtsjov-gruppa kjem til Moskva-møtet med den overtydinga at dei har gått rett veg og gjort det som rett er. Me lyt vedta ei fråsegn som seier kvar den internasjonale kommunistrørsla bør gå, men ingen ting er sagt om kven som har vike av, kven som er skuldig og kva Bucuresti-møtet står for, og det vil seia at Kina *vert ståande som fordømt*.

5) Lat oss tenkja oss at fråsegna frå det komande Moskva-møtet kan formulerast høveleg og staka ut den rette vegen for den internasjonale kommunistrørsla. Ei slik fråsegn vil meir eller mindre verta ein kopi av

den som vart vedteken på Moskva-møtet i 1957. Lat oss likeeins tru at nemnda som møter der for å førebu Moskva-møtet ordlegg fråsegna, men utan å peika ut i klåre vendingar kven som veik av og kvifor Kina vart fordømt i Bucuresti. Endå om så skulle skje vil me ikkje ha nådd målet vårt.

6) Målet og oppgava for oss går ikkje ut på å auka samlinga av fråsegner, men å fordøma og retta mistak. Dette er viktig, for berre då vil me vera visse om at enten fråsegna frå 1957 eller den nye vil verta sett i verk rett og på marxist-leninistisk måte.

7) For Khrusjtsjov-gruppa er marxismen-leninismen, fråsegna frå Moskva-møtet i 1957 og den nye frå det komande Moskva-møtet utan verde. Difor vil denne verta verdlaus endå om me freista gjera henne bra, om mistaka ikkje vert analyserte og dei for sin del vedgår feil. Difor bør møtet dykkar ta til å stri mot mistaka og ikkje halda seg til å drøfta fråsegna, rett og slett. Fråsegna bør drøftast ved å framstilla mistaka hjå Khrusjtsjov-gruppa. Det kan henda det ikkje vert nokon ende på det for møtet kjem. Slik slær spelet deira feil.

8) Det nye dokumentet har mange veikskapar, me skal tala om det seinare, men dei småe ettergjevnadene frå Khrusjtsjov-gruppa tener til å dyssa oss i svevn. Det får oss til å tru at når me vøler på fråsegna stengjer me for alt ordskifte om mistak gruppa har gjort.

9) På Moskva-møtet skal me ta opp problema nett slik me sa ovanfor, sidan heile problemet står uløyst så langt det gjeld oss. Me har gjeve Khrusjtsjov-gruppa og alle partia eit rett utkast til fråsegn, og på dette grunnlaget vil me at drøftingane skal gå fram. På møtet skal me gå lengre enn fråsegna, sidan me ser på henne som avslutninga på ordskiftet som skal vera. Khrusjtsjov-gruppa ser annleis på det, dei vil det motsette. Utsendingane frå mange andre parti til dette møtet er bundne på førehand på eit eller anna vis og i ymsande mon. Når dei vert møtte med ei fråsegn som nemnda har førebudd vel før møtet kjem dei til å kveppa av det rette innlegget vårt, av den strenge men rettvise kritikken Khrusjtsjov-gruppa vil freista gå i mot, sidan dei ikkje vil kunna stogga han. Til slutt vil me koma fram til at me er usamde med Khrusjtsjov-gruppa og dei som stør henne, men er samde med utkastet til fråsegn som er tillaga på førehand.

10) På den eine sida endar det i usemje, sidan Khrusjtsjov-gruppa aldri vil vedgå mistaka sine. På hi sida vil Moskva-møtet setja oss i klemme om me skal skriva under denne fråsegna som er rett (men ikkje seier kven som har gjort mistak når det gjeld lina osb.). Om me skriv under på ei fråsegn med slike prinsipielle mistak og ikkje når målet å få

mistaka hjå Khrusjtsjov-gruppa klårt framstilte, då vil denne gruppa vinna og Kina vil framleis vera fordømt. Om me nektar å skriva under gjev me Khrusjtsjov-gruppa og tilhengjarane eit våpen til å klaga oss for at me nektar å skriva under på ei rett fråsegn.

Slik er den vel uttenkte taktikken til Khrusjtsjov-gruppa samansett. Det må ha vorte tillaga av heile den pro-sovjetiske gruppa med Zhivkov og kompani. Dei har fått vita om tilfanget på førehand. Difor, freist å vøla på fråsegna etter synet vårt. Vert ikkje det gjort, vil me vera på den leia som eg nemnde ovanfor, og det er fårleg.

I ei rett utarbeidd fråsegn må mistaka åt Khrusjtsjov-gruppa koma fram, og det dei ville på Bucuresti-møtet må fordømast. Khrusjtsjov-gruppa vedgår ikkje mistaka sine. Dokumentet vil hanga i lause lufta og slik vert alt avgjort når drøftingane i møtet er ende. Til slutt, dette er berre nokre førebels tankar. Du får grunna på dei og gjera etter den rette partilina vår, etter pålegg du har fått og får frå politbyrået. Syt for at me er orienterte heile tida.

Me arbeider med merknadene våre til tilfanget, og me skal gjera alt me kan for å hjelpa deg.

Eg skal helsa til deg, Ramiz og alle kameratane.

Enver

*Prenta fyrste gong i band 19 etter originalen i
det sentrale partiarkivet.*

Radiotelegram til kamerat Mehmet Shehu i New York

1. oktober 1960

Kjære Mehmet!

1) Moskva-møtet* opnar i dag. Sendelaga er svært fargelause, unateke det kinesiske og vårt, 50 menneske alt i alt. Me høyrer at det bulgarske sendelaget vil gjera det sovjetrussarane seier, — for å ikkje vekkja ordstrid. Dette er det vanlege feltropet «venen» du har der har sendt ut.

2) Sovjetrussarane sende ut eit dokument i form av ei fråsegn på 36 sider, som skal drøftast med tanke på å leggja til eller taka frå småe bitar. Me har nett omsett og maskinskrive det, sidan det kom fyrst i går, og eg har nett sett over det for fyrste gong. Sjølv møtearbeidet byrjar fyrstkomande tysdag, 4. oktober, i Moskva.

3) Fyrsteintrykket av tilfanget: Eit skite spel revisjonistane driv, ingen polemisk tone, men nokre omveges og uffjelge ymt, mange store hol. Det glattar over kantar som er farlege for dei, dei dreg seg taktisk attende her og der for å kverva synet på folk, og nærmar seg stundom synspunkta våre, slik: «Sjå her, me gjev etter for de er så einvise, og det rett opp i trynet på ein vill fiende, så ta denne fråsegna, ver nøgd med henne, tilbe henne om de vil.» Men ho bør lesast nøye oppatt, og eg vil gjera framlegg til Hysni om kjernen i fråsegna.

4) Kva spel driv revisjonistane med? Etter mi meining vil dei leggja eit slør over alle mistaka sine, og sløret er denne fråsegna. Dei trur me er fælt opptekne av fråsegna, som om me ikkje hadde ideologien vår, marxismen-leninismen. Såleis «oppfyller» dei ynska våre etter si meining med ei fråsegn der det er rom for endringar, dei vil verkeleg vera med på å gjera henne mykje sterkare. Eg tenkjer dei gjev etter her og der og seier: «Jau, dette har vore lina vår, de gjorde nokre tillegg, me

* Møtet i førebuingnemnda samansett av 26 parti.

var samde i dei, og no er det ingen ting som skil oss, hurra!» «Men kven har gått bort frå marxismen-leninismen, kven er revisjonistisk eller dogmatisk, kva som hende i Bucuresti og korleis det gjekk sidan, og så bortetter, alt dette er avgjort, og det både rett og samrøystes. De for gale og inn i dogmatismen, me fordømde dykk og me hadde rett, me avslørte dykk i partia våre, det var nyttig for dykk. De tenkte over mistaka dykkar og kom hit, me hadde eit ordskitte og vart samde, me laga endå til ei fråsegn. Far heim no, gjer sjølvkritikk i partia dykkar, og gjer ikkje meir det mistaket at de kritiserer oss, for då skal me få dykk til eit nytt Bucuresti, og denne gongen skal de verta brotsmenn utan botevon.» Det er om lag dette Rrapo Lelo vil. Denne tankegangen og taktikken hans er visseleg uvanleg kjærkomen for Zhivkov og kompani, for før eller seinare kjem dei til å få eit jordskjelv under føtene, og med dette spelet trur dei at dei kan vika unna faren. Dette er sjølvsaugt leia deira, men ikkje vår. Leia vår er den som me har vedteke og ho er rett.

5) Eg åtvara Hysni at han måtte byrja striden alt i nemnda og lata dei få skjøna klårt at me kan drøfta fråsegna, ta bort eller leggja til noko, men at fråsegna bør vera avslutninga på ein marxist-leninistisk debatt om problema me drøfter: Kven har nytta marxismen-leninismen og Moskva-fråsegna (1957) rett og kven har svike ho, kven er revisjonistane, og kven er ikkje dogmatisk, kven stelte til Bucuresti-møtet og kvifor, kven skapte denne kløyvinga, og kvifor. Alle desse spørsmåla skal leggjast på bordet og granskast, ikkje på grunnlag av dei falske fakta sovjetrussarane kjem med, men tufta på argumenta til kinesarane, på våre, eller på kven sine det kan vera. Me godtek ikkje fred for freden si skuld i kommunistrørsla, me tillet ikkje at feil vert tildekte. Me kan ikkje lata Moskva-møtet verta eit revisjonistmøte eller eit møte for høgre-pasifistar. Me skal stri for å gjera det til eit stridshuga og byggjande marxist-møte. Det er ingen annan utveg. På dette viset vil alle falske voner til khrusjtsjovittane kverva, alle manøvrane deira vil slå feil, alt vert gjennomført til siste slutt, eg trur at kinesarane vil gjera som oss.

Det er nok for denne gongen. Skriv til oss om de har nokon merknad eller noko framlegg.

Kjærleg helsing
SHPATI

*Prenta for fyrste gong i band 19 etter
originalen i det sentrale partiarkivet.*

Moskva-fråsegna bør gjerast så sterk som råd er, med krutt og ikkje med bomull.

Brev til kamerat Hysni Kapo i Moskva.

4. oktober 1960.

Kjære kamerat Hysni!

Eg fekk brevet ditt i dag tidleg og eg skjøna synspunkta dine. Eg er samd i dei og i dei framlegga du gjer, som høver med det eg har skrive til deg, slik i det store og heile.

Så eg understrekar endå ein gong, slik me drøfta då du reiste frå Tirana, at du pressar på for at fråsegna frå Moskva-møtet skal verta så sterk som råd er, med krutt og ikkje med bomull. Ho skal innehalda spørsmål som er rett ordlagde, og ikkje fleirtydige, uklære synspunkt slik som dei opportunistiske og revisjonistiske tankane sovjet-sendelaget vil freista få inn.

Det er ein ting du må ha i tankane, at gjennom denne fråsegna må me ikkje berre målbera dei rette marxist-leninistiske synspunkta partiet vårt har på problema, men, når kvar einaste kommunist i verda les dokumentet skal han straks skjøna at i den «ideologiske striden» som Khrusjtsjov-gruppa basunerte ut innanfor og utanfor lægeret, tapte denne gruppa, og den revisjonistiske stemneleia deira vart fordømt. For det fyrste: I fleire parti vart spørsmåla lagde fram på ein rengd måte. Kommunistpartiet i Kina og Arbeidspartiet i Albania vart baktala og vart urettvist fordømde og kasta skit på. Medlemene i desse partia må skjøna dette når dei les fråsegna. Dette er svært viktig, for baktalarane har ikkje tenkt å reisa heimatt til partia sine og gjera sjølvkritikk. Difor står og fell mykje med innlegget ditt i ordsiftet der, mykje står og fell med ordlegginga du gjer framlegg om. Ans mykje på ordlegginga i hovudsakene. I desse ordlaga må du ha i tankane at du ikkje held deg innanfor grensene i den sovjetiske teksten og den forma dei har nytta når dei legg fra problema. Med dette vil eg seia at du ikkje skal freista leggja

seiemåtane opp til det sovjet-russarane har laga til eller slik at du skal sleppa øydeleggja «beingrinda» i den sovjetiske teksten heilt eller delvis. Ein slik oppbyggingsmåte vil hindra deg i å ordleggja tankane slik me har dei for oss. Sovjet-russarane har bygt opp den teksten i samsvar med sitt syn, dei har gått vidare her og der for å setja inn litt gift, eller dei har spreidd gifta i ein heil ordflaum og strødd sukker på. Difor skal du ikkje ensa den sovjetiske oppbygginga, akt på kjernespora, få vekk alt skravlet og tøvet, og overlat så til skrivarstova å retta oppbygginga av fråsegna.

Etter mi meining er fråsegna ille når det gjeld hovudsakene, og er nett som du meiner ho er. Eg las nøye gjennom henne ein gong og noterte langst med teksten. Det var ikkje tid til å oppsummera alle merknadene og arbeida dei ut, så eg kom til at eg sender deg teksten med notatane eg har gjort. Du skal ikkje tru at kvar notat i teksten er ei perle. Det finst nokre uturvande forhasta ting, skrivne i sinne. Difor må du sjå over dei sjølv, meininga er fyrst og fremst å gjera deg vis med sumt som kanskje ikkje har sprunge deg i auga men som eg har sett, og omvendt. Eg er viss på at du har fare over det sovjetiske tilfanget med finkam og har sett alle dei vridne spørsmåla, difor har eg sinnsro i så måte. Kor som er, endå det vert litt vanskeleg å lesa notatane mine, for eg har rabla dei ned, er eg nøgd om dei kan vera til hjelp.

Om du har noko særskilt å samrå deg med meg om, kan du senda eit radiotelegram. Når det gjeld talen du lyt halda er det best om du sender oss ei avskrift, for som du seier sjølv, det kan henda me kan hjelpa deg med nokre merknader anten med eit radiotelegram eller med å senda teksten attende med merknadene våre, om me har nokon, og om retur-tida for flyet tillet det.

...Khrusjtsjov-gruppa har stilt opp ei stor mengd parti saman med seg, som har dei raska saman på kort varsel. Dei nyttar seg av at desse partia trur på og elskar Kommunistpartiet i Sovjetunionen. Det vert vanskeleg for desse partia og for desse kommunistane å ha mot til å ta eit klårt standpunkt straks. Det er sant. Men det vert svært vanskeleg å lata denne saka få drygja ut, for revisjonismen vil gjera sitt eige fæle arbeid. Han vil binda folk og parti, vil laga ein storstila demagogi med propaganda og med store materielle reserver. På ti år løyste Tito-klikken opp heile partiet, og dei verkelege kommunistane og fedrelandsvenene vart kasta i fengsel eller drepne. Difor er det rettaste standpunktet at på dette møtet skal me gjennomføra saka til endes, som marxistar. Det må koma fram utan tilsløring kven som er på ein anti-marxistisk veg, kven som svik marxismen-leninismen og bryt Moskva-

fråseigna frå 1957. Dette er Khrusjtsjov-gruppa. Difor må møtet gjera det heilt klårt. Bucuresti-møtet må få eit endeleg stempel, og dei som har gjort mistak må vedgå dei på møtet som marxistar og reisa heim til partia sine og retta dei. Khrusjtsjov-gruppa vil ikkje vedgå mistaka sine. Dei har ansvaret for å ha kløyvd den ideologiske einskapen i den internasjonale kommunistrørsla. Me er på ein rett marxist-leninistisk veg. Khrusjtsjov-gruppa har gått bort i revisjonismen, difor vil striden vår og tida nækja dei. Men det er ei anna sak og, trugsmålet om kløyving og sjølv kløyvinga vil setja fart i samanbrotet hjå Khrusjtsjov-gruppa og isoleringa deira frå kommunistpartiet i Sovjetunionen og dei andre partia. Dei for sin del vil verta oppskaka og tenkja over saka betre og tidlegare. Elles lest desse partia som dei står utanfor striden. Dei tykkjer verkeleg det var ei lukke at det ikkje vart noka kløyving, og overlet det til tida å prova om den sovjetiske lina eller vår er den rette. Slagordet: «Lat tida sanna lina», slik sume talar for... er noko Khrusjtsjov set pris på. Det er eit opportunistisk, revisjonistisk og anti-marxistisk slagord. Det ber i seg otten for å gjennomføra saker og ordna skikkeleg opp i mistaka. Denne tanken tener til å ta vare på den khrusjtsjovske status quo med litt bøting som Khrusjtsjov ikkje tek noko omsyn til, ikkje har teke og ikkje vil ta omsyn til i det heile. Dette slagordet hjelper revisjonistane til å gå vidare, til å spreia revisjonismen. Stutt sagt, om dette slagordet vert vedteke kan me vera visse på at fårane er store.

Revisjonismen er hovudfåren. Han må me gå laus på same kor store karar som er skjemde av denne ufyselege sjuken. For å reinska ut byllen må kniven fram. Alle dei som seier «lat tida visa det» skjønar stoda, men vantar det revolusjonære motet til å setja fingeren på den sjuke staden og nytta råder som duger til å reinska med.

På hi sida må me sjå at Khrusjtsjov-gruppa er skræmd av stoda, dei er redde for kløyving. Dei ser at det går dårleg med politikken deira, at han har skapt ei alvorleg stode, at han er langt i frå rett, at ideologisk er dei med fullt overlegg og utan von på veg i ulukka. Kan me så tillata oss i denne stunda å lata revisjonistgruppa få att pusten, koma over denne store avgrunnen dei har skapt? For meg ser det ut som me ikkje må tillata dette. Om me ikkje nækjer Khrusjtsjov-gruppa, kjem me til å gjera eit stort mistak, for dei vil utnytta det til å gjera meir skade på Sovjetunionen, Kommunistpartiet i Sovjetunionen og den internasjonale kommunismen. Khrusjtsjov er ein framsyningssjuk klovn. Sjå berre kva han gjer i SN. Difor sende eg deg det lange radiotelegrammet i førkvelds.

Kor som er, kjære Hysni, hald fram som du stemner, du gjer det vel.

Vito har det bra. Ho studerer trottig saman med Nexhmije*. Besnik har det bra og. Sundag åt han lunsj med oss.

Kvar dag får eg «morosame» radiotelegram frå Mehmet. Saker og ting er som før. Ingen handfaste resultat i det heile. Inga nedrustning, inga nyskiping av SN-sekretariatet, ikkje noko møte, ikkje ein jævla ting. Den einaste «framgangen» har vore at det er skapt ei tredje kraft med Tito i brodden og signa av «djadja»** Khrusjtsjov...

Beste helsing til Ramiz og kameratane. Eg skal helsa frå kameratane her.

Hjarteleg helsing
Enver

*Prenta fyrste gongen i band 19 etter
originalen i det sentrale parliarkivet.*

* På den tida tok kamerat Vito Kapo og kamerat Nexhmije Hoxha eit brevkurs ved Historisk-filosofisk fakultet ved Universitetet i Tirana.

** «onkel» (russisk).

Radiotelegram til kamerat Mehmet Shehu i New York

4. oktober 1960

Kamerat Mehmet!

Eg har fått alle radiotelegramma. Me fylgjer med SN-«fiaskoen».

1) Møtet i Moskva byrja laurdag. Berre opninga. Suslovka opna det. Kozlovka, Andropovka, Muhidinovka, Pospjelovka, og andre var til stades. Kalde som is. Det vart sett av tid til å studera tilfanget, og i dag, tysdag kl. 14, skal møtet ta til att. Den kinesiske talsmannen skal tala før Hysni, som venteleg skal tala torsdag eller fredag.

2) Eg las utkastet til fråsegn nøye, og sende alle merknadene mine til Hysni, saman med tankar om taktikken han må fylgja i nemnda. Fråsegna luktar ille. Ho er revisjonistisk, opptoggen, tek seg sjølv opp-att, strekkjer emna utetter for å spe gifta slik at me kan svelja henne og under vegs har ho vorte sukkerglasert for at det skal smaka søtare åt oss. Fråsegna læst gå attende på sumt, med det er ikkje på langt nær nok åt oss, difor ba eg Hysni vera på vakt og gav han pålegg om korleis spørsmåla må ordleggjast.

3) Hysni skriv han vil senda meg opningstalen så eg får sjå på han. Hysni er heilt før til å ta dette og godt rusta når det gjeld standpunktta han lyt hevda.

...På møtet er det sume som ottast kva som kan henda om Khrusjtsjov-gruppa ikkje tek til vitet. Denne otten deler me ikkje. Me er ikkje samde med dei her, men me lyt ordsiftast og overtysa dei, for me ser det rettare og meir grunnleggjande. Khrusjtsjov-gruppa burde ottast det me meiner, medan me ikkje har nokon grunn til å ottast dei. Stillinga vår er sterk og rett. Stillinga dei har teke er revisjonistisk og veik. Difor må me smi med jernet er varmt, for slepp akrobaten undan med dette, finn han på tusen og eitt knep, for ikkje å nemna om ein 10—15 år, då gjer han fælslege ting. Kor som er, dette er avslutningssteget. Du kjem att og me skal snakkast her før me reiser til Moskva.

4) Hysni skreiv at Kozlovka ba han til lunsj i går, men Hysni takka nei og gjekk ikkje. Når me ser på kva han har gjort mot oss, passa dette oss godt, så han skjønar kven han har med å gjera.

5) Me høyrer frå litande kjelder at Bucuresti-møtet vart stelt til på førehand bak ryggen på partiet vårt og Kommunistpartiet i Kina. Khrusjtsjov hadde opplyst, drøfta og fått godkjenning frå alle drengjene sine om korleis sakene ville verta tekne opp i Bucuresti, kva som ville verta drøfta og kva som skulle vedtakast. Dette er for openlyst — ikkje ein fraksjon men ei samansverjing. Dette var heile opplegget i striden Ivanov og Koço Tashko førte for å få meg til å reisa på ferie, for å binda meg og hala meg ned i skiten. Men dei bomma der.

6) ...

Fiqret og borna har det bra. Ein klem til deg, og me ventar spente på at du kjem att.

Shpati

Prenta fyrste gongen i band 19 etter originalen i det sentrale pariarkivet.

Radiotelegram til kamerat Mehmet Shehu i New York

6. oktober 1960

Kamerat Mehmet,

1) Du gav Vinogradov eit godt svar då han spurde om nedrustning. Rrapo Lelo vil dekkja over vanheppa si i SN, for å forvirra massane og få pressa i gang med å gje fråsegner om at det kjem nye «festivalar» neste år. Det er bra for folkemeininga at han pressar amerikanarane, for det fører til auka harme og vaksemd hjå folka, men han vil vera «stor mann» sjølv, og sjølv gjera opptaket, reisa alle stader sjølv og vera alt sjølv. Difor gjorde du rett i å ikkje avvisa Vinogradov prinsipielt. Men me har rikeleg tid til å syna farge. Han vil seia frå fordi han vanvyrder meininga vår. Og det fordi han vil til å gjera ugagn sjølv.

2) Nemnda møtte i går i Moskva, fem menneske eller så tala, lydige utsendingar som hadde teke til seg feltropet: «Ikkje eit ord om motseiingane!» som om inkje var. Dei nemnde korkje Sovjetunionen eller Kina. Allmenne ordlag og godtaking av det sovjetiske utkastet til fråsegn. Finnen, ungaren, vest-tyskaren, mongolen og italienaren tala. Kinesaren vil tala i dag.

3) ...

4) Det er ingen ting nytt på den indre fronten. Pløgjinga står for døra, dei haustar sukkerbetar, men avlinga er ring. Eit lite jordskjelv skaka Kardhiq-området, men ingen vart skadde, berre nokre hus vart øydelagde. Stoda gjev ingen grunn til otte. Folketeljninga vart gjort skikkeleg. Spiro Koleka* har låst seg inne og arbeider med rapporten.

Eg vitja mor di att i dag og fortalde henne at du kjem att. Ho var fegen. Fiqret og borna har det godt og dei helsar. Kameratane og Nexhmije helser og. Hels frå meg til Behar, Reiz og dei andre kameratane.

Din
Shpati

*Prenta fyrste gong i band 19 etter originalen i
det sentrale partiarkivet.*

* Medlem av politbyrået, visepresident i Ministerrådet i Folkerepublikken Albania.

Brev til kamerat Hysni Kapo i Moskva

7.oktober 1960 kl 24.00

Kjære kamerat Hysni!

I dag opna me plenumsmøtet, og det går fint, drøftingane om den nye skuleordninga held fram. Innlegga i diskusjonen er gode. Me skal drøfta desse sakene i morgon og, og så skal me granska utkastet til direktiv i femårsplanen.

I dag middag fekk eg pakka med tilfanget du sende. Du skjønar at eg har svært lita tid, men eg har sett snøgt gjennom brevet, talen din og omformuleringane og endringane du skal gjera i utkastet til fråsegn...

1) Talen din likte eg. Problema var tekne skikkeleg opp, og tonen var rett. Om høvet byr seg, enten for deg i plenumsmøtet, eller for Ramiz i nemnda, *må du forsvara* Kommunistpartiet i Kina sterkare, sidan hovudåtaket er mot dei, hovudskytset er sikta inn der. Dei hatar oss like mykje som kinesarane, og det er ingen tvil om at dei vil gå laus på oss, men hovudåtaket vil verta samla mot Kommunistpartiet i Kina sidan dei med god grunn meiner at den største faren som trugar dei er Kommunistpartiet i Kina. Dei tenkjer som så: *«Kan me slå dei, vert ikkje albanarane noko problem.»*

Difor går dei ikkje laus på stillinga vår nett no. Men me kjem til å få åtak, særleg om me råkar Khrusjtsjov med nokre harde fakta. Dei kjem til å skulda oss og for å vera «dogmatiske» fordi me held med Kina. Me lyt syna dei sovjetiske utsendingane og dei som stør dei at lina vår er marxist-leninistisk, at me forsvarer Kommunistpartiet i Kina fordi dei står på ei rett marxist-leninistisk line, at me strir mot dei revisjonistiske og høgre-opportunistiske synspunkta så vel som mot baktalarane og falsknarane.

Frå desse stillingane går me laus på alle dei som vågar gå til åtak mot oss, anten ope eller løynt.

Utanom desse partia som me veit har teke galne standpunkt, skal du

ikkje gå laus på dei som stussar, som vantar mot til å seia det dei meiner, dei som ikkje seier noko om partiet vårt, eller berre noko *inkjevetta*. Ikkje skubb dei inn i open strid med oss, manøvrer. Åtaket bør samla seg om hovudfienden, mot dei som har stelt til det opportunistiske avviket og som går til åtak på den rette lina vår. Utanom sovjetrussarane, bulgarane, polakkane og nokre andre, om desse partia gjer nokre halvhjerta åtak på Kommunistpartiet i Kina, fordi dei ikkje kan anna, skal du ikkje pressa dei, overlat til kinesarane å finna den beste taktikken å fylgja.

2) ...

Etter mi meining vil sovjetleiarane avslutta saka for å dekkja over rotenskapen sin, for nett no er det ikkje til bate for dei å gjera motseiinga djupare. Dei står klar til å gje etter her og rett og slett for å koma seg tørrskodde over elva. Dei kan gjera dei endringane det kjem krav om, på ein eller annan måte, og så kan dei fortelja oss: «Det er ingen grunn til å halda eit ordskifte eller ein debatt. Me er samde. Reis heim!»

Det kan henda eg tek feil i vurderinga av kva sovjetrussarane vil. Eg sa i fyrstninga at eg hadde berre sett snøgt i gjennom det. Talen din tek denne utvegen frå sovjetrussarane, for det kjem klårt fram at «me har noko å gjera opp». I fyrstninga kan talane våre likna eit preludium, men seinare må dei brusa opp som Beethoven-symfoniane, me er ikkje for serenadar og nokturnar.

3) Eg las og formuleringane i endringane som skal inn i utkastet til fråsegn. Dei ser bra ut. Samråd deg med og samarbeid med dei kinesiske kameratane. Kvifor skulle sovjetrussarane og andre samordna arbeidet sitt og ikkje me?

Eg vil du skal sjå på ordlegginga av «overgangen til sosialismen» ein gong til slik at tanken i synspunktet vårt kjem betre fram. Eg minner deg ein gong til om «dyrkings»-spørsmålet. Det bør ordleggjast annleis, for i november skal me ta det opp i samband med Stalin og åtferda til Khrusjtsjov. Det er ein bolk om «fraksjonar», det må du sjå nærare på for å sjå om *det er sett der som ei felle*. Ein siste merknad: På side 27, det andre avsnittet i utkastet til fråsegn maskinskrive i Tirana, eller på side 14 i din tekst, bør tanken frå Lenin koma klårare fram «...så lenge som borgarskapet ikkje hindrar arbeidarrørsla og fortroppen hennar i den ideologiske, politiske og økonomiske striden...» (dette er eit Lenin-sitat). Tanken sovjetrussarane har innført etterpå bør likevel gjerast meir presis, for her meiner dei Nehru og andre, for å rettferdiggjera hjelpa dei gjev dei.

4) Det er vanskeleg å seia kva du skulle kasta i fleisen på dei att, og

kva du ikkje skal gjera. Det spørst korleis det ligg til rettes. Du må gå etter prinsippet forsvar partiet og lina djervt og utan å stussa, «skal eg seia det eller lata vera?» Gjer slik du tykkjer. Du bør hengja ut motstandaren din ved hjelp av rettvise argument og knusa han. Ein einaste røyndleg opplysning brukt i rett tid og på rett stad kan vera nok til å senda motstandaren på trynet i skiten. Så legg ikkje band på deg og ikkje plag deg for mykje med fåren for å gjera mistak.

Spørsmålet er rett og slett at me bør spare sumt til Moskva-møtet i staden for å kasta det bort i nemnda, for skulle sovjetrussarane få greie på det kjem dei til å arbeida ut ein taktikk for motåtak.

Stuss ikkje på å gje bulgarane og polakkane det dei fortener, for dei er heilt samantvinna med sovjetrussarane. Dei andre er heller ikkje mykje annleis, men sjå kva du kan gjera. Du får ta tsjekkarane lett, om dei ikkje går til åtak på oss. Eg fortel dette fordi Novotny tedde seg som vanleg mot Mehmet i New York, som om ingen ting hadde hendt. Ungarane er heller ikkje så aktive, så vidt me veit, utan omsyn til talen deira der.

Så lenge som dei står og stussar, bør franskmennene få høyra i ymse former: «Kva veg går de? Me har ein tokke av at de skjønar kvar mistaka ligg, og de bør hjelpa til med å halda unna for meir alvorlege mistak» osb. Gjer ein freistnad omlag slik.

Ein diplomat frå eit folkedemokratisk land fortalde ein av kameratane våre i Roma at leiarane i kommunistpartia og arbeidarpartia i lægeret vårt visste kva som skulle havast føre i Bucuresti, med unntak av Kommunistpartiet i Albania og Kommunistpartiet i Kina. Khrusjtsjov hadde rådført seg med dei på førehand. Såleis var Bucuresti-møtet skipa på førehand bak kulissane som ein internasjonal fraksjon (me skal nytta dette argumentet på Moskva-møtet).

Eg har ingen ting å leggja til, anna enn å ynskje deg lukke til. Eg veit du arbeider hardt og lir under den iskalde stemninga, men me kan ikkje gjera noko med det, rettferdsstriden er ingen dans på roser. Når du slæst for partiet, for folket og for kommunismen finst det korkje trøytteleik eller keidsemd.

Kameratane gjekk til «prijem»*-en tyskarane gav. Eg gjekk ikkje, sidan eg ville skriva dette brevet til deg og senda det i morgon med fly. Eg let vera å gå til mottakinga hjå tyskarane og for det at eg ville dei skulle innsjå at me ikkje tok det godt opp at sendelaget deira ikkje gjesta oss att offisielt, endå dei hadde avgjort tida og samansetjinga av sen-

* «mottaking» (russisk).

delaget. Grunnane dei gav for at dei ikkje kom var lite overtydande, men dei verkelege er dei me kjenner og som du slæst mot der.

Det vart fiasko med stor F i SN! Mehmet reiser frå New York den 11. oktober og kjem til Tirana den 20. eller 21.

Den 25. oktober kallar me saman Folkeforsamlinga, og då skal Mehmet tala om korleis nedrustninga og samlivnaden til Rrapo Lelo «sigra» i SN. Mine beste helsingar til Ramiz.

Kjærleg helsing
ENVER

*Prenta fyrste gong i band 19 etter originalen i
det sentrale partiarkivet.*

Radiotelegram til kamerat Mehmet Shehu i New York

9. oktober 1960

Kamerat Mehmet!

Striden har heitna, så det går fint. Avdekk møkka for godt. Alle dei som har hatt ordet har gått laus både på Kina og oss. Unntaka er japanarane, koreanarane og vietnamarane, som ikkje nemnde korkje oss eller sovjetrussarane, men meiningane deira om utkastet til fråsegn er nokså nær vår på mest alle spørsmål, medrekna dei mot den moderne revisjonismen og jugoslavisk revisjonisme.

Bagdash* særleg gjekk laus på Kina og oss. Om oss sa han: «Me skjønar ikkje kva lag kommunisme albanarane er ute etter.» Men fram til no er det rumenane, og særleg Suslov som har gjort dei skitnaste åtaka. Suslov skulda oss for å vera mot samlivnad og sette oss jamgode med borgarpartia og Kerenski**.

Måndag vil dei få seg nokre slag frå oss og kinesarane. Etter det me veit har bulgarane og tsjekkane ikkje tala enno. Me ventar på deg. Pass godt på deg sjølv.

Shpati

*Prenta fyrste gong i band 19 etter originalen i
det sentrale partiarkivet.*

* Generalsekretær for sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Syria, bur fast i Moskva.

** I radiotelegrammet dagsett den 9. oktober 1960 til kamerat Hysni Kapo i Moskva, påla kamerat Enver Hoxha han: «Sei dette til Suslov og: Det vert vanskeleg for falsknarane å klaga dei albanske kommunistane for at dei ikkje skjønar og er i mot samlivnaden. Dei har vore og vil alltid vera for samlivnad, slik Lenin og Stalin lærer oss. Men det vert endå vanskelegare for dei som stør den fascistiske kontra-revolusjonære svikaren Imre Nagy å klaga Arbeidspartiet i Albania for å vera eit borgarleg parti og dei albanske kommunistane for å vera like så mange Kerenski-ar. Likevel skal me snart prova med fakta kven som er Kerenski og kven som er sanne marxist-leninistar. Når det gjeld dei andre kan du døma sjølv. Men viss deg om at du støyter dette ned halsen til Suslov og at dei andre ser det var sovjetrussarane som gjekk laus på oss fyrst på dette viset. Så kjem det ikkje uventa på dei det som skal koma over hovuda på khrusjtsjovittane i november. Lat dei få ein smak.» (Etter band 19 s. 325, albansk utgåve.)

Radiotelegram til kamerat Hysni Kapo i Moskva

11. oktober 1960

Kamerat Hysni!

Eg er samd med deg. Kast ikkje bort dei viktigaste argumenta dine på eit slikt møte. Nøy deg med nokre stikk mot alle dei som fortener det. I november vil «fronten» dei har laga verta kasta omkring verre enn no. Hurra for indonesarane! Det er svært viktig at sovjetleiarane og tenarane deira ser at ikkje alle er sauer. I nemnda bør Ramiz klaska til nasene på provokatorane og baktalarane. Flyet kjem i dag.

Helsing
Enver

*Prenta fyrste gong i band 19 etter originalen i
det sentrale partiarkivet.*

Brev til kamerat Hysni Kapo i Moskva

13. oktober 1960

Kjære Hysni!

...Me har ikkje same synet som dei som vil glatta over problema ved hjelp av ordlaga i kunngjeringar og fråsegner.

Me stør ikkje synet «vøl det som kan vølast, og tida vil vøla resten». *Me er for å gjennomføra saka til endes.*

Skjønar ein ikkje dette, *vil det seia at ein ikkje skjønar fâren Khrusjtsjov-gruppa representerer for kommunistrørsla i verda.*

Det er ikkje opp til oss om denne gruppa bør halda fram med å ha makta eller ei, men *det er eit kjernepunkt at me lyt kle av denne gruppa med Khrusjtsjov i brodden slik dei fortener.*

Me ser at denne fârlege gruppa med revisjonistar står veikt både ideologisk og politisk.

Inntrykket og stemninga som kan verta skapt mellom utsendingane til nemnda eller seinare på Moskva-møtet er ikkje det me ottast.

Me må ikkje lata sovjetleiarane få beita fritt så dei kan gnaga der dei vil.

...Eg er samd i at me må få til ei god fråsegn, men strekk det til? *Me kan ikkje nøya oss berre med det.* Skulle me vera nøgde med å verja oss rett og slett, eller bør me gå til åtak? Den barka revisjonisten byter ikkje vanar. Revisjonistane vil ikkje vedgå nokon av mistaka sine. Å semjast på halvvegen med dei tener ikkje vår sak. Nett slik revisjonisten Tito «hjelppte» oss ved å gå frå svik til svik dag etter dag, slik vil desse ny-revisjonistane og gjera.

...Eg bur meg til talen på Moskva-møtet, slik me har vedteke... På dette møtet vil standpunktet vårt stå âleine, fråsett kinesarane. Fleirtalet vil vera arge på oss, og vil skjella oss ut, *men me har rett og tida vil syna at me har det.* På møtet kan du vera viss på at dei der folka ikkje vil tora stå på vår side... Men me skal gjera vår plikt, me skal verja marxismen-

leninismen. *Khrusjtsjovgruppa har synda.* Set du ikkje fingeren på syndaren og skil rett frå rangt er du bunden på hender og føter og du kjem til å gjera skade. Nei, me skal ikkje lata oss imponera av dei som seier: «Korleis kan ein gå til åtak på den ærerike Sovjetunionen eller det store kommunistpartiet til Lenin for feila nokre kjeltringar gjer?» Me seier: «*Nett for å forsvara Sovjetunionen og partiet åt Lenin må me riva maska av desse 'kjeltringane', og det må ikkje vera tale om å døyva kritikken eller dekkja over avvikarane.* I dette høvet, utan omsyn til det at de bar fram ei «otlichno»* fråsegn, er færen der, og han vert i røynda meir trugande både for lægeret vårt og for heile kommunist- og arbeidarrørsla.

Men me får sjå, og «gud gje» som Khrusjtsjov seier, at eg tek feil i domen min. Vil du seia oss når fyrste akt skal slutta, for ho ser ut til å vara i nær tre veker?!

Her er ingen ting nytt. (Det er rikeleg med dei vanlege sakene i samband med dei sovjetiske målmennene her.) Mehmet reiste frå New York den 11. og kjem til Tirana bortimot 20. eller 21. oktober.

Beste helsing til deg og Ramiz frå Nexhmije og meg.

Enver.

*Prenta fyrste gongen med avstyttingar i band
19 etter originalen i del sentrale partiarkivet.*

* «framifrå» (russisk).

Endå om me lyt gå utan mat,
bryt me albanarar ikkje prinsipp,
me svik ikkje marxismen-leninismen.

*Diskusjonsinnlegg på møtet i politbyrået i sentralkomiteen i APA *.*

31. oktober 1960

Plenum i sentralkomiteen vår la på oss å førebu utkastet til talen me skal halda på Moskva-møtet. Utkastet har vorte førebudd og delt ut til dykk så de kan granska og drøfta det. Som de ser er det sagt ein heil del der om sovjetleiinga. Etter vårt syn er det rett, for sovjetleiarane har gått vekk frå marxismen-leninismen og falle i opportunisme og revisjonisme.

Me trur at ved Moskva-møtet i november vert det kanskje ingen fleire talar som vår. Så langt me veit vert ikkje talen til dei kinesiske kameratane suksess heller, den opportunistiske lina til sovjetleiinga vert lagt i dagen der. Dei kinesiske kameratane vil ta grundig for seg dei teoretiske spørsmåla der sovjetleiinga med Khrusjtsjov i brodden har skulda dei utan grunn. Det vert ingen akademisk tale, men tek med handfaste fakta som vil syna kor alvorlege mistak sovjetleiarane gjer.

Talen vår kjem heller ikkje berre til å ta for seg tørre fakta, men desse fakta er knytte til teoretiske problem og slutningar. Våre fakta syner at sovjetleiarane har brote prinsippa i marxismen-leninismen og avgjerder me er saman om. Men me drøftar ikkje desse problema etter oppbyggnaden i utkastet til fråsegn som nemnda har førebudd til Moskva-møtet.

Kvifor meiner me me bør gjera slikt? Me ser på det at tidlegare, då J.V. Stalin levde, forsvarte kommunistpartiet i Sovjetunionen alltid partiet vårt, men det er ikkje slik i dag. Det sovjetleiarane no gjer mot par-

* På dette møtet vart talen godkjend som sentralkomiteen i APA skulle halda på Moskva-møtet av kommunistpartia og arbeidarpartia i november 1960. Denne talen vart og lagd fram for det 20. plenums-møtet i sentralkomiteen i APA (1. november 1960) som godkjende han samrøystes. Plenums-møtet peika like eins ut sendelaget med kamerat Enver Hoxha i brodden, saman med kameratane Mehmet Shehu, Hysni Kapo og Ramiz Alia, til å vera med på førehavingane i november-møtet.

tiet vårt må me sjå som negativt. Dei som leier Sovjetunionen i dag står i mot oss fordi me kritiserer dei beint fram og hardt. Likevel godtek dei ikkje kritikken vår, dei er kaute og hovudsaka er at dei har gått bort frå marxismen-leninismen. Om dette må me i det heile ikkje tru noko anna. Dette er ei heil line hjå Khrusjtsjov og kompani, difor vil åtferda deira mot oss ikkje verta rett.

I alt me har gjort har sovjetleiarane sett kvar motseiingane mellom oss og dei ligg. Ei av desse er den motsette innstillinga dei og me tek til moderne revisjonisme, særskilt den jugoslaviske utgåva. I mange andre prinsipp saker i utanrikspolitikken har me stått i mot dei. Dei har skjønna at me heller ikkje er samde i den haldninga dei har til Stalin. Men dei største politiske og ideologiske motseiingane med dei har særskilt vore på spørsmålet om haldninga til revisjonismen. Etter Bucuresti-møtet sette sovjetleinga i gang vanærande fiendslege åtak mot oss. Dei har endå til gått lengre, så langt som å seia til den kinesiske talsmannen at «me skal gjera med Albania som med Jugoslavia».

Såleis er det viktig for partiet vårt no og i framtida at me står på ei marxist-leninistisk haldning. Difor må me vera medvitne om den viljefaste politikken me fylgjer og vanskan me kjem til å møta på vegen. I desse leiene må me reisa alle kreftene våre, ordna stridane våre og motstanden, for dette kjem ikkje til å gå stilt for seg.

Me har vore og held fram å vera omringa. No lagar dei til ein vanskeleg situasjon for oss, endå til andsynes dei folkedemokratiske landa og med Sovjetunionen. Ei slik stode vil versna stadig, for at dei skal få isolert landet vårt heilt politisk og økonomisk. Denne stoda som no lagar seg til, kjem ikkje imperialistane til å oversjå. Saman med revisjonistane vil dei freista å gå laus på dei velvilje-banda som knyter oss til Kina, for me står saman med dei når det gjeld synspunkt, og med ei rad andre land, både i Asia og Latin-Amerika. Imperialistane og revisjonistane vil gjera store førebuingar til å gå til åtak på oss, men me skal slåst så dei ikkje kan vinna over oss til siste slutt. Me skal fylgjestrengt verja marxismen-leninismen, heimlandet og sosialismen.

Sentralkomiteen, politbyrået og heile partiet vårt har hatt eit ord med i laget frå førebels-opplysingane som vart drøfta til det som gjekk føre seg på Bucuresti-møtet. Me skal stå fast på den marxist-leninistiske lina og skal ikkje gje etter i det heile på prinsippa. Lat oss ikkje vera redde for å kritisera den som rengjer desse prinsippa, slik leiinga i Sovjetunionen og leiingane i sume andre parti gjer no. Lina vår vil vinna, avdi ho er rett, marxismen-leninismen vil sigra.

Den rettvise og prinsippfaste striden partiet vårt fører mot revisjonis-

men har synt og syner at lina er rett. Det har gått fleire år, store brigde er gjorde, og det har vorte skapt situasjonar som endå til batar revisjonismen, men alt har stadfesta at lina vår er rett. Me dreg oss ikkje attende frå denne rette stemneleia. Den personlege ilska og hemnen frå Khrusjtsjov og andre leiingar som fylgjer han skræmer oss ikkje. Me skal forsvare dei marxist-leninistiske prinsippa, og me er overtydde om at dei er på galen veg. Khrusjtsjov og fylgjesveinane hans har eit stort ansvar for lægeret vårt og marxismen-leninismen. Med standpunktet sitt har dei laga kløyving i rekkjene her i lægeret. Og no trur dei at dette kan glattast over ved å senda ut ei fråsegn frå Moskva-møtet med nokre fåe allmenne utsegnar som korkje er fugl eller fisk.

Av alle ting me kan sjå er det klårt at sovjetleiinga ikkje går framover, men står fast på sine egne meiningar. Det kan finnast nokre setningar mot imperialismen i fråsegna, men det er verkeleg så at i grunnen skifter ikkje sovjetleiinga haldning. Nei, dei har teke eit stort steg attende mellom møtet med dei kinesiske kameratane i september og møtet i redaksjonsnemnda for utkastet til fråsegna frå Moskva-møtet. Der seier dei at dei fulla ikkje har gjort mistak. Dette er ikkje eit marxist-leninistisk standpunkt. Difor vil talen vår i november i Moskva møta sterk motstand frå sovjetleiinga. Me må ha dette i tankane.

Sjølvsagt vert det leiingar i andre parti som kjem til å stø leiinga i Kommunistpartiet i Sovjetunionen, og dei vert ikkje fåe. Det vert og sume som kjem til å sitja på gjerdet.

Sume parti lever vidare med myten om sovjetleiinga som ikkje kan ta feil. Dei står på det steget der me og var før. Medan Stalin levde var me heilt ut overtydde åndeleg og moralsk om at vegen Kommunistpartiet i Sovjetunionen gjekk var rett. Difor stødde me det heilt og fullt. Men tida vil få fram styggedomen åt dei som no er sovjetleiarar, desse revisjonistane av i dag. Fram til no har me forsvart prinsippa, men utan å kasta stein på sovjetleiinga. I dag har likevel tida kome til å setja fingeren på den vonde staden. Problemet er at me må rydja det vonde fullstendig ut. Og dette vert inga lett oppgåve, striden kjem til å vara lenge.

Mot revisjonismen må ein stri frå ein teoretisk synsstad, elles vert han eit rotande sår. I dei seinare åra har dei jugoslaviske revisjonistane styrkt stillinga si. Dei har hatt hjelp av den milde medferda og fredspolitikken sovjetleiarane har fylgt andsynes dei, med Khrusjtsjov i brodden. Difor vert dei endå fårlegare om me ikkje slæst mot dei. Like eins må me føra viljefast strid mot sovjetleiarane, sidan me er overtydde om at dei er inne på ein revisjonistisk veg. Berre gjennom prinsippfast og

fylgjestreng strid vert verkeleg einskap nådd, og ikkje med frasar som løyner sanninga. Om utkastet til fråsegn frå Moskva-møtet skal tala om samhald når det ikkje finst noko samhald, vil det seia å narra partia og folka.

Stoda kjem til å verta verre for sovjetleiarane, det går utfor med dei i full fart. I innan- og utanrikspolitikken vil mistaka djupna, og dette vil dei freista dekkja til. Tito har kome fram ope som ein demagog og imperialismegent. Han nyttar demagogien heile tida, medan Khrusjtsjov og andre har byrja nærma seg han, så mykje at dei arbeider med talane hans på partiskulen. Me skjønar kor vanskeleg det er å avsløra den sovjetleiinga som no er, som har slik mektig økonomisk og propaganda-kraft for handa. Men me kjem ikkje til å forsona oss med det, og me skal vinna fordi me har rett. N.S. Khrusjtsjov er kraftig utskjemt, men han kan vinna seg gjetord med å gjera ei eller anna eventyrary-fakte, til dømes slik som å truga amerikanarane som vil blanda seg inn i Cuba og krevja at dei skal dra seg attende. Med slike tiltak vert striden mot Khrusjtsjov i internasjonal skala vanskelegare, for han deler ut ein sukkerklump, og sår tjue gifter i kommunismen.

Me lest ikkje som me kjem til å brigda maktballansen, men me vil ha eit ord med i laget, og kven som vil kan høyra etter og døma nøkternt om det. Det vil og finnast dei som kallar det prinsippfaste standpunktet vårt for «galneskap». Det får så vera. Dei som meiner det i dag vil skifta meining i morgon, for dei kjem til å sjå kor rett eit standpunkt partiet vårt har. Tida vil visa dette. Desse tinga må me og ha i tankane.

I ord og gjerning må me lata alle dei andre partia skjøna at Arbeids-partiet i Albania vil ha einskap, men einskap berre om han er tufta på marxismen-leninismen, og ikkje på noko anna grunnlag. Me må verja marxismen-leninismen og sjølvstendet til partiet utan vingling. Partiet er og usamd i synspunktet Kozlov har. Han stilte spørsmålet: «Anten med Sovjetunionen eller med Kina.» Det vil finnast folk som vil gjera slutningar på dette viset, og vil tru at Albania braut med Sovjetunionen og gjekk med Kina. Dette er å rengja prinsippet. Me er i mot alle brot på dei marxist-leninistiske prinsippa, same kven som gjer dei, og me for-svarar kven som helst som vaktar desse prinsippa.

Endå om me lyt gå utan mat, kjem ikkje me albanarar til å bryta prinsippa. Me svik ikkje marxismen-leninismen. Lat dette vera klårt for alle, vener og fiendar.

Partiet vårt har vunne det rette og marxist-leninistiske sjølvstende sitt gjennom uredde strid til forsvar for prinsippa, med revolusjonært arbeid, som no syner at det varer, særleg no når revisjonistiske standpunkt

har kome ope fram i leiinga i Kommunistpartiet i Sovjetunionen. Tida og striden mognar partiet vårt meir og meir, difor skjønar det problema svært mykje betre i dag. Partiet vårt var i stand til å skjøna den fiendslege åtferda ikkje berre i partiet vårt, men i andre parti og. Difor synte partiet vårt sjølvstendet sitt i mange saker, i strid og med den lina Kommunistpartiet i Sovjetunionen fylgjer no.

Me lyt få dette klårt fram i dagen. Me seier utan atterhald at all den vondskapen ein kan sjå i det sosialistiske lægeret i dag har sin kjelde i feila den noverande sovjetleiinga gjer. Dette er meininga vår, som dei ikkje kan få oss til å skifta, endå dei kjem til å truga oss med at «Albania er eit innringa land, det treng om økonomisk hjelp», osb. Men lat desse herrane som talar slik vita at Albania og dei albanske kommunistane sel seg korkje for rublar eller kveite eller dollar. Den som vil ha einskap med oss lyt byggja hopehavet berre på tufta av marxismen-leninismen og proletarisk internasjonalisme. Når det gjeld hjelp, må dei som er marxistar og vener av folket vårt gje oss hjelp. Me og lyt svara skyldnaden til sanne vener. Når det gjeld dei falske venene som ikkje held lovnadene sine, kjem dei til å skada seg sjølve for det fyrste, medan æra aukar for partiet vårt.

Prenta fyrste gongen i band 19 etter protokollen frå møtet i politisk utval i sentralkomiteen i APA, i det sentrale partiarkivet.

Det står ikkje til Khrusjtsjov om Albania
er eit sosialistisk land eller ikkje.
Det har det albanske folket avgjort
i krigane dei har ført og
blodet dei har spilt.

Frå ein samtale med J. Andropov i Moskva.

8. november 1960

Kamerat Enver Hoxha: Eg fekk vita i dag at Khrusjtsjov har sagt han vil møta meg i morgon kl. 11. Eg las det sovjetiske dokumentet der Albania ikkje er rekna som eit sosialistisk land.

J. Andropov: Kva for eit dokument er dette, eg skjønar deg ikkje. Sei nett kva tilfang det er du meiner, kvar dette har vorte sagt!?

Kamerat Enver Hoxha: Det er tilfanget Kommunistpartiet i Sovjetunionen sende til Kommunistpartiet i Kina*.

J. Andropov: Men kvifor skulle du bry deg om det. Dette er eit brev til Kina, kva har Kina å gjera med Albania?

Kamerat Enver Hoxha: Og dette gjorde det heilt uråd for meg å møta Khrusjtsjov.

J. Andropov: Eg skjønar deg ikkje, kva er sagt om dykk i dette tilfanget?

Kamerat Enver Hoxha: Les det så får du sjå.

J. Andropov: Eg har lese det og eg er godt kjend med innhaldet, sidan eg sjølv var med på å setja det opp. Men påstanden din, kamerat Enver, er svært alvorleg.

Kamerat Enver Hoxha: Ja, han er alvorleg. Fortel Khrusjtsjov at det står ikkje til Khrusjtsjov, om Albania er eit sosialistisk land eller ei. Det har vorte avgjort av det albanske folket sjølv i krigane dei har stridd og

* Det 125 sider lange brevet frå november 1960, som sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen sende sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Kina. Attåt skuldningane som sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen kom fram med her mot Kommunistpartiet i Kina, oversåg brevet at Folkerepublikken Albania fanst som sosialistisk land og tala ille om Arbeidspartiet i Albania.

blodet dei har ofra. Dette har Arbeidspartiet i Albania avgjort, det har gått på den marxist-leninistiske vegen, og der vil det alltid gå.

J. Andropov: Eg skjønar deg ikkje, kamerat Enver, dette tilfanget er laga til for Kina, kva har det å gjera med Albania?

Kamerat Enver Hoxha: Eg talar på vegner av heimlandet, folket og landet mitt.

J. Andropov: Dette er ein svært alvorleg påstand, og eg kan berre seia meg lei for han.

Kamerat Enver Hoxha: Me skal ha møtet mellom partia, og der skal partiet vårt seia si meining. Det er alt! Farvel!

*Prenta fyrste gong i band 19 etter
protokollen frå samtalen i det sentrale parti-
arkivet.*

Me skal verja marxismen-leninismen og folkebaten med eldhug.

*Frå samtalen sendelaget frå Arbeidspartiet i Albania
hadde med utsendingane frå Kommunistpartiet i
Sovjetunionen, A. Mikojan, F. Kozlov, M. E.
Suslov, P. Pospjelov og J. Andropov i Moskva **

10. november 1960

A. Mikojan er den fyste som har ordet. Han seier han er «lei» for usemjene som har kome opp mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Arbeidspartiet i Albania. Han skuldar partiet vårt for å vera årsaka til desse usemjene, for at det «ikkje har den same tiltrua som før...» til Kommunistpartiet i Sovjetunionen. Han klagar på at tenestefolka våre fulla har endra haldninga si til dei sovjetiske tenestefolka ved marinebasen i Vlora, og spør: « Vil de ut or Warszawa-pakta?...», osb. Han påstår at sovjetleinga skal stå for ei oppklåring så god som råd er på desse «mistrydingane». «Sei oss,» heldt han fram, «kvar mistaka våre er, me skal ikkje verta sinte. Me vert sinte berre når de talar bak ryggen vår.»

Kamerat Enver Hoxha: Sei oss når og kva helst me har sagt noko mot dykk bak ryggen på dykk. Hjå oss albanarar er det ikkje skikken å baktala nokon.

Det du sa om militærbasen i Vlora er ikkje sant. Det er nær vennskap mellom dei albanske og dei sovjetiske tenestefolka og mannskapa der. Slik var det fram til Bucuresti-møtet og slik vil det halda fram for vår del. Sentralkomiteen i partiet vårt har pålagt våre folk på Vlora-basen å fara rett åt mot det sovjetiske personellet. Men sume av sjøfolka dykkar har gått til åtak på våre. Sentralkomiteen har og sendt ut pålegg om at desse sakene skal løysast i grunnorganisasjonane i partiet. Det var ei hending med ein offiser frå marinen vår og ein sovjetiske kontré-admiral som kom frå Sevastopol på inspeksjon og var drikkfeldig. På

* Dette møtet med sendelaget frå APA som var i Moskva kom etter krav frå sovjetleiarane og tanken deira var å «overtala» sendelaget vårt til å ikkje ta opp dei spørsmåla der APA var usamde med dei på møtet av dei 81 partia. Særleg galdt det dei anti-marxistiske og fiendslege handlingane deira mot landet vårt etter Bucuresti-møtet.

ein heilt uregelrett måte fekk han tak i ein av offiserane våre, ein god kamerat som hadde studert i Sovjetunionen, og kravde at han skulle fortelja kva som vart vedteke på det 18. plenumsrådet i sentralkomiteen. Grunnen var, sa han, at «han skulle førelasa om denne saka i Sevastopol, og ville få spørsmål om det». Offiseren vår svara at kunngjeringa frå plenumsrådet i sentralkomiteen hadde vorte sendt ut i avisa*, så kva meir ynskte han? Han tok lua og gjekk og rapporterte det til sjefen sin. Kameratane dykkar tok for seg kontré-admiralen, han ba oss om orsaking og saka var oppgjord.

Når det gjeld ubåt-leveringa: Marinefolka våre hadde fått opplæring i to og eit halvt år i Sevastopol. Dei hadde merkt seg ut i skyting. Staben og gastane våre hadde budd seg til å ta i mot ubåtane på høgtideleg vis. Det er ein sovjetisk kontré-admiral i staben vår. Me veit nett kva han er, men kontré-admiral er han visseleg ikkje. Han sa: «Ubåtane kan ikkje overleverast til dykk for de er ikkje øvde». Kameratane i forsvarsdepartementet reiste tvil om dette var tilfelle. Trong militærfolka våre gå i skule i fleire månader meir skulle dei ha fått vita det. Men den sovjetiske staben hadde sjølv sagt at dei albanske mannskapa hadde fullført opplæringa si.

Så fortalde dei oss at no var vinteren komen, og det var ruskut på sjøen. Kameratane våre kom hit til sjøforsvarskommandoen dykkar, la fram saka si og fekk til svar at «ubåtane ville verta overleverte til dei». Men på nytt kom det ordre frå dykkar folk om å ikkje gje dei til oss. Då me var i Tirana sende forsvarsdepartementet vårt eit brev til Gorshkov** og forklåra saka i kameratslege vendingar, nett slik eg legg det fram for dykk. Brevet sa at om det trongst fleire månader til for å læra opp gastane våre, kunne de seia det til oss. Men grunnen ligg ikkje her.

A. Mikojan: Og kvar ligg han så?

Kamerat Enver Hoxha: Det står til dykk å fortelja oss dette. Men dette er ikkje hovudproblemet... Lat oss no koma fram til spørsmålet om å gå ut or Warszawa-pakta, sidan de nemnde dette i byrjinga...

A. Mikojan: Me nemnde det ikkje, men slik var inntrykket som var skapt.

Kamerat Enver Hoxha: Korleis kan eit slikt inntrykk verta skapt — på grunnlag av det ein viss kontré-admiral seier? Lat oss sjå på denne saka, for det er meir alvorlege ting her.

* «Zëri i Popullit» den 9. september 1960.

** Sergej Gorshkov, sovjetisk admiral, vise-forsvarsminister i Sovjetunionen.

A. Mikojan: Verkeleg? Det veit me ingen ting om.

Kamerat Enver Hoxha: Korleis har det seg at de ikkje veit noko om dei? Om dette er tilfelle, er det ikkje rett at sentralkomiteen dykkar ikkje kjenner til dei. Veit de at me har vorte truga med utestenging frå Warszawa-pakta? Gresjko* har truga med det.

A. Mikojan: Me veit ingen ting om det. Fortel oss om det!

Kamerat Enver Hoxha: Me skal fortelja dykk det, det er greitt, for det er ei prinsippsak. To av marskalkane dykkar, Malinovski og Gresjko, har sagt slikt. De må då vita dette.

Kamerat Hysni Kapo: Den 22 . oktober melde eg frå til Poljanski om dette.

A. Mikojan: Det kan vera de ikkje trur meg, men eg kjenner ikkje til det.

Kamerat Enver Hoxha: Sidan de tek det på den måten, at de ingen ting veit om det, må me minna dykk om at for fire månader sidan skreiv me eit brev til dykk om ambassadøren dykkar. Kvifor fylgde de ikkje den leninistiske skikken i partiet dykkar og svara oss?

F. Kozlov: Me skal senda dykk ein annan ambassadør.

Kamerat Enver Hoxha: Det seier de no, men kvifor har de ikkje skrive til oss? Me skreiv til dykk for fire månader sidan, men har ikkje fått svar.

A. Mikojan: Me gjorde rett i å ikkje svara dykk, av ein viss grunn: I 15 år no har ambassadørane våre gått til partikomiteane for å spørja etter opplysningar. Slik har det vore i Albania og. Er det innblanding frå ambassadøren vår å spørja formannen i den sentrale revisjonsnemnda** om kva som gjekk føre seg i plenumsmøtet?***

Kamerat Enver Hoxha: Ja, det er innblanding og heilt utillateleg. Eg kan seia at i landet vårt har ingen ting vorte halde løynt for det sovjetiske personellet. I 16 år har me brukt å melde frå til dykk om alle viktige dokument og vedtak i sentralkomiteen vår og i regjeringa. Kvifor har me gjort dette? Fordi me har vore ærlege og opne med Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Sovjetunionen. De har ingen rett til å skulda oss for dårleg åtferd mot Kommunistpartiet i Sovjetunionen. Me

* Marskalk Gresjko, øvstkommanderande for Warszawapakt-styrkane.

** Koço Tashko.

*** Det 17. plenumsmøtet i sentralkomiteen i APA (11.—12. juli 1960) som godkjende det APA-sendelaget hadde gjort i Bucuresti-møtet.

har vore nært knytte til dei sovjetiske kameratane, frå ambassadøren til dei vanlege spesialistane. Alle dører har vore opne for dei.

A. Mikojan, M. Suslov: Nett slik er det, ja.

Kamerat Enver Hoxha: Me meiner at kan henda ikkje eit einaste parti har fare slik åt mot Kommunistpartiet i Sovjetunionen. Kvifor har me gjort dette? Fordi me har sett Kommunistpartiet i Sovjetunionen som partiet som gjennomførte den store sosialistiske revolusjonen med Lenin i leiinga, og var det fyrste til å opna vegen til sosialismen og kommunismen.

Me har hatt usemjer før Bucuresti-møtet, og me kan fortelja dykk om dei. Til dømes i spørsmålet om den jugoslaviske revisjonismen. Men me har fare slik fram med det at ingen ting har leke ut. Kvifor har hopehavet vårt vorte ringare etter Bucuresti? Kva sa me i Bucuresti? Me målbar synet vårt, og la vekt på at usemjene som Khrusjtsjov la fram på Bucuresti-møtet var i saker som vedkom kommunistpartiet i Sovjetunionen og kommunistpartiet i Kina, og at Arbeidspartiet i Albania tok atterhald om å målbera synet sitt på desse på Moskva-møtet. Kvifor vart partiet vårt utsett for åtak då?

Me er ikkje samde med Bucuresti-møtet men me gjorde ingen ting for å få dykk til å endra haldninga dykkar til oss med hundre prosent. Fyrst og fremst for ambassadøren vanvyrdsleg fram mot oss. Me likte han. Etter Bucuresti-møtet, og særleg etter han kom att frå Moskva, byrja han gå til åtak på oss og for svivrsleg åt mot oss.

A. Mikojan: Eg har aldri trudd han ville gå så langt som det.

Kamerat Enver Hoxha: Det vil seia at du trur oss ikkje. Gløym ikkje at eg er fyrstesekretær i sentralkomiteen i Arbeidspartiet. Eg har vore og eg er ein ven av Sovjetunionen. Du kan lata vera å tru meg, men du trur dine eigne «chinovnik»-ar. Kva interesse skulle Arbeidspartiet i Albania ha av å skapa usemjer og seia usanne ting om ambassadøren frå Sovjetunionen?!

A. Mikojan: Eg trur at de ikkje er interesserte i det. Ambassadøren har ikkje tala ille om dykk. Personleg er han ein bra mann.

M. Suslov: Men ikkje særleg gløgg, særleg ikkje politisk.

A. Mikojan: Sei oss, kva bør me gjera for å betra hopehavet vårt? Me skal skifta ut ambassadøren.

Kamerat Enver Hoxha: Det er ikkje så enkelt. Me har sanneleg ikkje berre diplomatisk samband men hopehav mellom partia og, og desse lyt vera på eit marxist-leninistisk grunnlag. Til dømes hadde ambassadør Ivanov kontakt med meg. Kvifor skulle han møta formannen i revisjonsnemnda?

Eg er fyrsteseekretær i sentralkomiteen i partiet. Har eg spurt dykk kvifor de stengde Zhukov* ute? Til dessar veit eg ingen ting. Den sovjetiske ambassadøren har alltid kome og spurt meg om plenumsmøta i partiet, og eg har fortalt han om dei. Han kom og spurde meg om førehavingane i dette plenumsmøtet. Eg fortalde han det som kulle forteljast. Sidan fyrsteseekretæren i sentralkomiteen i partiet fortalde han så pass skulle han ha gått heim og i seng. Elles, om ambassadøren dykkar skal få tak i den og hin, er han og venene hans ikkje diplomatar og målsmenn for eit sosialistisk land, men dei er etterretningsagentar. Staben i ambassaden fekk gjennom Bepalov tak i formannen i revisjonsnemnda og «arbeidde» med han i to økter. Så, til tredje økta vart han beden til middag i namnet åt ambassadøren, i bustaden til fyrsteseekretæren i ambassaden. Dei var tre der, ambassadøren, ambassade-råden og sekretæren. Og der var kameraten vår i strid med partilina, han som 14 dagar før hadde vore samd med vedtaket i plenumsmøtet, med lina til sentralkomiteen. No spør eg dykk: Kan ein ambassadør få løyve til å handla slik og på eige ansvar?

Me meiner at alle desse handlingane tok sikte på å få til kløyving i partiet vårt. Ambassadøren dykkar gjekk endå til lengre. På flyplassen ymta han om hendingane i Bucuresti og spurde generalane våre: «Kven vil hæren halda med?»

A. Mikojan, F. Kozlov: Han er ein tosk.

Kamerat Enver Hoxha: Eg respekterer dykk, men me kan ikkje ta i mot slike «orsakingar», endå me vantar dykkar røynsle.

Saka om innbydinga Khrusjtsjov sende meg er svært viktig. Fyrst ville eg ta i mot ho. Men då eg las tilfanget dykkar, brevet til dei kinesiske kameratane den 5. november, såg eg at Albania ikkje var rekna med i det sosialistiske lægeret. Alle dei folkedemokratiske landa i Europa er nemnde der, med unntak av Albania.

M. Suslov: Sovjetunionen er heller ikkje nemnd der.

Kamerat Enver Hoxha: Kva er det du prøver å seia!? Om eg var i din stad ville eg vedgå at det var gale. Ivanov har handla slik, Gresjko like eins, slikt er skrive i dokumentet, Khrusjtsjov har fortalt den kinesiske talsmannen vanærande ting om Albania, men de vedgår ingen ting medan me alltid har vore ærlege mot dykk. Kosygin for heller ikkje fint

* Medlem av sentralkomiteen i Sovjetunionen. Marskalk av Sovjetunionen, forsvarminister i Sovjetunionen. Medan han var på gjesting i Albania avsette Khrusjtsjov-gruppa han frå alle ombod og melde frå til han om det så snart han landa i Moskva på heimveg frå Tirana.

åt i ein samtale me hadde. Han for åt som om han var ein slags overherre. Han sa: «I partiet dykkar er det fiendar som vil kløyva oss.»

I år trong me hardt om brødkorn, på grunn av ulaglege naturtilhøve. Me hadde brød til berre 14 dagar. Me ba dykk om 50.000 tonn kveite. Me venta i 45 dagar men fekk ikkje svar. Då kjøpte me det i Frankrike med valuta som kan vekslast. Den franske kjøpmannen kom straks til Albania for å gjera seg kjend med stoda. Han spurde: «Korleis er slikt mogleg? Albania har aldri kjøpt korn frå dei vestlege landa, og Sovjetunionen sel korn alle stader.» For å driva bort tvilen fortalde me han: «Sovjetunionen har gjeve oss korn, dei har gjeve oss mais, men me brukar han til å fora grisar.» Me veit kvar de sel kornet dykkar, kvar rumenarane og tyskarane sel sitt, i England og andre stader. De legg vilkår på oss, og me var nøydde til å tilby dykk gull for å kjøpa kornet me trong.

A. Mikojan: Me har ikkje sagt nei til å forsyna dykk med korn. Eg veit at korn har vorte skipa til dykk kvar månad. De gjorde framlegg til våre folk om å betala i gull, og dei godtok det. Kvifor skulle me vilja ha valutaen dykkar!?

Kamerat Enver Hoxha: Kamerat Pospjelov, då du var i Albania såg du kor folket vårt elskar Sovjetunionen. Men no søker du denne kjærleiken hjå Koço Tashko og Liri Belishova, og ikkje hjå oss.

Taktikken de fylgjer er heilt galen. De skulle ha tala med meg før de skreiv desse sakene i brevet eg nemnde. Men når de skuldar partiet vårt og leiinga for å vera anti-sovjetisk, for å vera brotsmenn, og for å ta i bruk «stalinistiske metodar» som de seier, og etter de har gjort alle desse skuldingane offentleg, då vil de tala med meg. Dette kan eg aldri godta.

A. Mikojan: Me ba deg koma å snakka tidlegare, men du avslø.

Kamerat Enver Hoxha: Det er ikkje slik som du seier. Eg hadde teke meg nokre dagar fri. Det var berre delvis ein ferie, for eg arbeidde på rapporten til partilandsmøtet*. Kamerat Hysni fortalde meg at Ivanov hadde fortalt han at om kamerat Enver ville, kunne han ta ei kvild i Sovjetunionen. Men han fortalde meg ikkje noko om møtet med Khrusjt-sjov.

Kamerat Hysni Kapo: Når det gjeld brevet der de innbaud oss til samtalar, var det heilt klårt kva me skulle snakka om.

Kamerat Enver Hoxha: Brevet sa at me skulle møtast for å drøfta Kina-spørsmålet.

* Det 4. landsmøtet i partiet, som var vedteke skulle haldast i november 1960. Seinare vart det utsett til februar 1961 på grunn av møtet av dei 81 kommunistpartia og arbeidarpartia i Moskva.

A. Mikojan: Ikkje Kina-spørsmålet. Ordet Kina er ikkje nemnd ein gong der*. Du avlo å møta oss.

Kamerat Mehmet Shehu: Korleis kan ein nekta for slikt! Korleis kan de fara åt slik mot landet vårt! Skam deg, Kozlov, at du tillet deg å leggja eit ultimatum fram for vesle Albania: «Enten med oss eller med Kina»!

F. Kozlov: Då sendelaget dykkar reiste gjennom her, sa eg berre at stillinga kamerat Kapo tok var uventa. Standpunktet dykkar var ulikt det dei andre partia hadde. Me har fare svært fint med dykk. Då kamerat Enver tala i Leningrad sa han at det albanske folket kjenner det som om dei ikkje er ein million men to hundre og ein.

Kamerat Enver Hoxha: Eg seier det framleis og, men ikkje om du ikkje tenkjer på Kina. Både de og me bør vera for samhald i lægeret vårt, for eit milliardsterkt læger. Me elsker Sovjetunionen, men me har ein stor kjærleik til det kinesiske folket og Kommunistpartiet i Kina og. Korleis har det seg, kamerat Kozlov, at sidan Bucuresti-møtet talar du om «tverrkrokar» hjå partiet vårt og spør kven me vil halda med, «med dei 200 eller 600 millionane»? På eit møte der ambassadørane frå andre land var til stades sa du at ei einaste bombe ville vera nok til å gjera Albania til støv og oske...

Kamerat Hysni Kapo: De seier at me skal ha baktala dykk. Men den 22. oktober fortalde Khrusjtsjov den kinesiske talsmannen at frå då av ville han ta same standpunktet til Albania som til Jugoslavia.

J. Andropov: Slik var det eigentleg: I ein samtale me hadde med dei kinesiske kameratane, sa kamerat Khrusjtsjov at sume albanske leiarar er misnøgde fordi Berlin-spørsmålet ikkje er løyst enno.

Kamerat Enver Hoxha: Og eg er den som har sagt det. Etter at Khrusjtsjov kom heim frå Paris, spurde Ivanov meg om Berlin-spørsmålet. Eg svara: Etter mi personlege meining har imperialismen fått eit hardt slag, og stillinga vår er sterk. I USA er det ein lagleg politisk situasjon som kunne utnyttast til å få løyst Berlin-spørsmålet. Det var mi personlege meining.

A. Mikojan: Det er ingen ting gale i det, men noko anna vert det slik

* Ei loddrett lygn frå A. Mikojan. Brevet dagsett 13. august som sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen sende sentralkomiteen i APA sa uttrykkeleg: «Møtet av ut-sendingar frå kommunistpartia og arbeidarpatria som vart halde i Bucuresti synte at mellom Kommunistpartiet i Kina og dei andre systerpartia er det ei ulik forståing av ei rad viktige spørsmål i den internasjonale situasjonen og taktikken åt kommunistpartia...» Jfr. s. 83.

ein eller annan som krenkte oss sa til offiserane våre: «...Berlin skræmde dykk, de held t ikkje ord,» osb...

J. Andropov: Det er i samband med desse orda at Khrusjtsjov sa at me hadde eit godt hopehav med albanarane, men no, slik det er, kan me ikkje lita på dei, me har mist Albania...

Kamerat Enver Hoxha: Endå om du seier det slik er det ikkje det minste kameratsleg. Kva har bolsjevikpartiet lært oss? Alle desse tinga har eit opphav. Marxismen-leninismen godtek ikkje at hendingar kan oppstå spontant. Difor burde de gå grundig inn på desse sakene. Kva er grunnane til at saker og ting vart slik etter Bucuresti-møtet? Me trur at det står til dykk å fortelja oss det.

A. Mikojan: Me kan vera skarvelege, men me er ikkje toskar. Kvifor skulle me vilja ha hopehavet vårt ringare?

Kamerat Enver Hoxha: Me har stilt dette spørsmålet og. Me har ikkje teke feil. Men endå om me hadde, kvifor synte ikkje kommunistpartiet i Sovjetunionen som har sett så mangt, litt tolmod med oss albanarar? Kvifor sa ikkje leiinga: Ja, albanarane har gjort eit mistak, men lat oss sjå kva dei har å seia i morgon, etter dei har tenkt over sakene?

De bør vita, kamerater, at me vert leie når me ser alt dette som hender med innstillinga hjå leiarane og andre sovjetiske tenestemenn mot Albania og Arbeidspartiet vårt. Me seier dykk at den usunne ånda som finst mellom folka dykkar i Albania bør verta heilt endra. Etter Bucuresti-møtet, når eg ser kva Ivanov og kompani driv med, har eg ikkje møtt og vil eg ikkje møte folka dykkar i Tirana.

A. Mikojan: Kadrane dykkar har endra åtferda si mot oss. Sentralkomiteen i partiet vårt vert ikkje nemnd, Khrusjtsjov vert nemnd berre som bajas.

Kamerat Enver Hoxha: Eg lyt fortelja dykk på kameratsleg vis at Khrusjtsjov ofte skulda oss for å vera brålyndte. Men Khrusjtsjov sjølv burde halda tann for tunge, for kvar stat og kvar person har si ære. Han har sagt de vil gjera med Albania som med Jugoslavia.

P. Pospjelov: Kamerat Kapo var heller ikkje slik han burde da han gav så kvasse svar på Bucuresti-møtet.

Kamerat Enver Hoxha: Endå til no er me ikkje samde i Bucuresti-møtet slik de skipa det til.

A. Mikojan: Bucuresti-møtet er eit anna emne. No er spørsmålet om hopehavet vårt skal besna eller ikkje. Kamerat Khrusjtsjov sa i dag i talen sin at me skal halda oppe venskapen til og med dei landa me er usamde med. Me må møtast og snakka om sakene.

Kamerat Enver Hoxha: Me er ikkje i mot møte. Men me ber kame-

ratane i leiinga i Kommunistpartiet i Sovjetunionen om å vera meir varsame. For å dela ut eit dokument til meir enn 80 land der Albania er teke vekk frå dei sosialistiske landa og så be oss inn til å «koma og snakka», det er heilt uråd å godta.

M. Suslov, A. Mikojan: Lat oss møtast og snakka om korleis me kan betra hopehavet vårt.

Kamerat Enver Hoxha: Me freistar og å betra hopehava våre.

M. Suslov: Men ikkje i den tonen.

Kamerat Enver Hoxha: Eg vil gje deg eit råd: Få ut or hovudet ditt at me er brålyndte. Når marxismen-leninismen og folkebaten står på spel skal me forsvara dei med eldhug.

Prenta fyrste gongen i band 19 etter protokollen frå dette møtet, i det sentrale partiarkivet.

Me har stridd berrføtte og med tomme
magar, men me har aldri
lagt oss på magen for nokon.

*Samtale APA-sendelaget med kamerat
Enver Hoxha i brodden hadde med
N. S. Khrusjtsjov på eit møte
i Kreml i Moskva **

12. november 1960

N. S. Khrusjtsjov: De har ordet, me lyder.

Kamerat Enver Hoxha: De har bede oss koma. Verten bør tala fyrst.

N. S. Khrusjtsjov: Me kan godta vilkåra åt albanarane. Eg skjønar ikkje kva som har hendt sidan eg gjesta Albania i 1959! Hadde de vore misnøgde med oss alt då må eg ha vore ein treskalle og svært godtruen for ikkje å innsjå det. På den tida hadde me ingenting anna enn godord å seia, fråsett nokre vitsar som dei eg slo med kamerat Mehmet Shehu om poplane**.

Kamerat Enver Hoxha: Skal dette få samtalen i gang er det ei anna sak. Vitsen om poplane høver ikkje her.

N. S. Khrusjtsjov: Kva annan grunn kan det vera til at de har skifta haldning til oss då?

Kamerat Enver Hoxha: Det er ikkje me som har skifta haldning, men de. Me har vore usamde ved tidlegare høve, som til dømes kva standpunkt ein skulle ta til dei jugoslaviske revisjonistane. Men dette haldningsskiftet kom til etter Bucuresti-møtet, og nett for dykkar del.

N. S. Khrusjtsjov: Eg vil få ei sak på det reine. Eg trudde me ikkje var usamde når det gjeld Jugoslavia. De har tala meir enn oss om dette problemet. Me har og skrive om det, men nøkternt. Me har understreka at di meir det vert sagt mot dei, di meir aukar verdet deira. Og det er det som har hendt.

* Den 12. november 1960 sa sendelaget frå APA ja til å møte målsmenn frå Kommunistpartiet i Sovjetunionen ein gong til. Til stades på dette møtet frå den sovjetiske sida var og A. Mikojan, F. Kozlov og J. Andropov.

** Den einaste kritikken N. Khrusjtsjov fann høve til å gjera då han gjesta Albania i mai 1959 var at poplane langs med vegane burde bytast ut med fikentre og plommetre!...

Kamerat Enver Hoxha: Etter vårt syn er dette ikkje slik.

N. S. Khrusjtsjov: Eg snakkar på våre vegner. Men eg vil spørja dykk: Kva tone skal me tala i? Om de ikkje vil vera vener med oss får de seia frå.

Kamerat Enver Hoxha: Me vil alltid vera vener, me vil snakka på ein venleg måte. Men det vil ikkje seia at me bør vera heilt samde med dykk i alle saker.

N. S. Khrusjtsjov: Tre gonger har me bede dykk til samtalar. Vil de bryta sambandet med oss?!

Kamerat Enver Hoxha: Det er de som gjorde at hopehavet vårt versna etter Bucuresti-møtet. Me har peika ut mange fakta for kameratane dine, dei burde ha fortalt deg om det.

N. S. Khrusjtsjov: Eg skjønar ikkje dette heilt. Eg hadde ikkje nokon strid med kamerat Hysni Kapo på Bucuresti-møtet. Han sa han hadde ikkje fullmakt frå sentralkomiteen i APA til å ta stilling til spørsmåla som var føre.

Kamerat Hysni Kapo: I Bucuresti målbar eg meininga åt partiet vårt. Det var at Bucuresti-møtet kom for tidleg og var halde i strid med den leninistiske lagsskikken, at usemjene som var føre der var usemjer mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina, og at Arbeidspartiet i Albania ville seia si meining på eit framtidig møte. Då sa du at du var ovandotten over standpunktet Arbeidspartiet i Albania hadde teke. Du sa dette både på møtet av dei 12 partia frå dei sosialistiske landa og på det utvida møtet med meir enn 50 parti. I røynda hadde me fortalt deg om standpunktet vårt før me tala på møtet med dei 12 partia. Eg hadde tala med Andropov om dette. Etter han melde frå til deg om samtalen vår, ba du han fortelja albanarane at dei måtte tenkja over sakene og skifta standpunkt.

Kamerat Enver Hoxha: Sentralkomiteen i partiet vårt har aldri godteke Bucuresti-møtet. Frå fyrste stund var eg midt oppe i det som gjekk føre seg i Bucuresti.

N. S. Khrusjtsjov: Dette er ikkje så viktig. Poenget er at endå til før Bucuresti-møtet var de usamde med oss men de sa ingen ting om det til oss. Og me ser dykk som vener. Det er min feil at eg hadde slik lit til dykk.

Kamerat Mehmet Shehu: Eg ber kamerat Khrusjtsjov dra seg til minnes samtalanane våre i 1957. Me tala openhjarta til deg om alle problema, medrekna det dei jugoslaviske revisjonistane dreiv med. Du lydde på oss, og så etter at kamerat Enver hadde gjeve deg eit svar som drog åt, reis du opp og sa: «Vil de setja oss attende på Stalin-vegen?» Det vil seia

at du for lengst visste at me tenkte annleis en deg om dei jugoslaviske revisjonistane. Du visste dette i det minste så tidleg som i april 1957. Men du burde hugsa at i 1955, då du skulle reisa til Jugoslavia, svara me på det brevet der du gjorde framlegg om å skifta haldning til dei jugoslaviske revisjonistane. Her sa me at problemet fyrst burde analyserast av Informasjonsbyrået som burde avgjera saka.

A. Mikojan: Ja, det var det som hende.

N. S. Khrusjtsjov: De seier at nye folk med lita røynsle har kome til makta i Sovjetunionen. Vil de læra oss opp?

Kamerat Enver Hoxha: Nei, det trengst ikkje. Dette er eit indre spørsmål hjå dykk. Men veit du kva ambassadøren dykkar har sagt? Fråsett andre ting skal eg fortelja deg berre ei sak som har med hæren å gjera. Han spurde kven den albanske hæren ville vera trugen mot. Dette spørsmålet stilte han til generalane våre på flyplassen, medan ein av generalane dykkar sto der. Offiserane våre svara at hæren vår ville vera trugen mot marxismen-leninismen, Arbeidspartiet og sosialismen.

N. S. Khrusjtsjov: Om ambassadøren vår har sagt slikt har han vore tosken.

Kamerat Enver Hoxha: Ja, men dette er politisk toskeskap.

N. S. Khrusjtsjov: Det er allslags toskeskap.

A. Mikojan: Trur de at ei slik framferd frå ambassadøren vår står for lina vår?

Kamerat Enver Hoxha: Ein kan orsaka toskeskapen åt ein narr ein gong, endå om han er politisk i innhald, men når det tek seg oppatt og oppatt er det ei line.

N. S. Khrusjtsjov: Ja, det er sant.

Kamerat Enver Hoxha: Ambassadøren dykkar har vore ein ven av partiet vårt, og vår personlege ven. Han var ingen tosk. Han gjorde denne «toskeskapen» etter Bucuresti-møtet. Kvifor syntte han ikkje slik «toskeskap» før Bucuresti-møtet, i tre år etter ein annan medan han var i Albania? Det kan ein undra seg over.

A. Mikojan: Det er ikkje å undrast over. Tidlegare brukte han få opplysningar frå dykk regelbunde og hadde ikkje lagt merke til slik framferd få dykkar side.

Kamerat Enver Hoxha: Eg tykte eg hørde du sa at han ikkje visste det fanst usemjer mellom oss...

A. Mikojan: Kamerat Enver fortalde oss at tidlegare brukte han fortelja Ivanov alt, men i den siste tida har han ikkje gjort det. Difor skifta ambassadøren haldning. Me har drøfta desse sakene.

Kamerat Enver Hoxha: Om me har drøfta desse sakene slik Mikojan

seier, kvifor sit me då her? Om me seier me er usamde med dykk etter å ha drøfta sakene, kan de så seia til oss: «Me har drøfta desse sakene.»

A. Mikojan: Men me kalla heim ambassadøren vår. Kvifor gneg de oppatt på dette spørsmålet?

Kamerat Enver Hoxha: Javel, me kan sleppa ambassadøren, men det de har skrive om Albania og Arbeidspartiet i brevet til dei kinesiske kameratane er fælt.

A. Mikojan: Me har målbore synet vårt.

Kamerat Ramiz Alia: De klagar oss offentleg for anti-sovjetisme.

(Han les side 46 i brevet.)

N.S. Khrusjtsjov: Dette er meininga vår. De må ikkje ta det ille opp!

Kamerat Mehmet Shehu: De går til åtak på oss og me skal ikkje ta det ille opp!

N.S. Khrusjtsjov: Me er leie for det som hende med desse folka*. De er ikkje samde. Eg kjende ikkje Koço Tashko, kanskje eg har sett han, men endå om du synte meg bilete av han ville eg ikkje ha hugsa han.

Kamerat Enver Hoxha: Om du vil ha eit fotografi av han kan me senda det.

N.S. Khrusjtsjov: Eg kjenner Belishova mindre enn de gjer. Eg veit ho var medlem i politbyrået. Ho fortalde oss om samtalen ho hadde i Kina. Kosygin fortalde dette til kamerat Mehmet då Mehmet var i Moskva, og då han hørde det vart han kvit av sinne. Ho er ei modig kvinne, ho fortalde oss ope det ho meinte. Dette er ein tragedie, de ekskluderte henne fordi ho sto for venskap med oss! Difor skreiv me om dette i dokumentet.

Kamerat Enver Hoxha: Det vil seia de meiner det som er skrive her i tilfanget dykkar er rett?

N.S. Khrusjtsjov: Ja, det gjer me.

Kamerat Enver Hoxha: Det er to punkt her. Fyrst seier de at me kasta ut ein medlem or politbyrået på udemokratisk vis. Kven fortalde dykk at dette ikkje vart gjort etter demokratiske reglar og leninistisk skikk, men etter «Stalin-metodar» som de kallar dei?! For det andre seier de at me kasta henne ut fordi ho var for Sovjetunionen, og det fører med seg at me er anti-sovjetiske. Kan de forklåra dette til oss?

N.S. Khrusjtsjov: Om de har kome hit for å vera usamde med oss og bryta sambandet kan de seia det ope og me skal ikkje kasta vekk tida.

Kamerat Enver Hoxha: De svara ikkje på spørsmålet vårt. Og de har delt dette tilfanget ut til alle partia.

N.S. Khrusjtsjov: Til dei partia som kinesarane har delt ut sitt tilfang.

* Liri Belishova og Koço Tashko.

Kamerat Enver Hoxha: Og me har eit syn som ikkje fell saman med dykkar. To eller tre gonger har de reist spørsmålet om me er for venskap eller for å bryta sambandet. Me kom hit for å styrkja venskapen. Men de vedgår ingen av mistaka dykkar. De har kritisert oss, og me dykk, De har kritisert oss i det stille og offentleg, framfor alle. De har kanskje meir kritikk. Sei oss det, og me skal sei dykk vår, slik at sentralkomiteane våre kan kjenna til dei. Sentralkomiteen vår har sendt oss hit for å styrkja venskapen vår.

N.S. Khrusjtsjov: Ein av kameratane dykkar sa til ein av våre militære at Khrusjtsjov ikkje var marxist.

Kamerat Enver Hoxha: I samband med spørsmålet om dei militære har me tala med kameratane dykkar. Korleis kunne det bata oss å få militærfolka våre til å krangla på Vlorabasen?! Medan de lagar «dokument» der ein av kameratane våre skal ha sagt det eller hint. Sjå nøye på militærfolka dykkar. Eg sa til Mikojan at kontré-admiralen de har på Vlora-basen ikkje er nokon kontré-admiral.

N.S. Khrusjtsjov: Me kan rigga ned basen om de vil.

Kamerat Enver Hoxha: Då syner det seg at det er sant som Malinovski og Gresjko har sagt. Freistar de truga oss? Om sovjetfolket høyrer de skal rigga ned Vlora-basen på ei tid då han tener forsvaret av Albania og dei andre sosialistiske landa i Europa vil dei ikkje tilgje dykk for dette...

N.S. Khrusjtsjov: Kamerat Enver, ikkje skrik!

Kamerat Enver Hoxha: Om de riggar ned basen gjer de ein stor feil. Me har stridd med tomme magar og berrføtte, men me har aldri lagt oss på magen for nokon.

N.S. Khrusjtsjov: Ubåtane er våre.

Kamerat Enver Hoxha: Dykkar og våre, me strir for sosialismen. Baseområdet er vårt. Om ubåtane har me skrive under avtalar som godtek rettane til den albanske staten. Eg verjer interessene til landet mitt.

A. Mikojan: Du brukar ein tone som om Khrusjtsjov ikkje hadde gjeve dykk noko. Me har snakka oss i mellom om basen. Khrusjtsjov var ikkje for å rigga han ned. Eg sa til han at om offiserane våre held fram med å krangla med albanarane, kvifor skulle me så halda basen?

Kamerat Mehmet Shehu: De har fare åt med oss som om me var fiendar. Endå til her i Moskva har de drive etterretningsarbeid mot oss. De veit dette svært godt*.

* Dette viser til avlyttingsutstyret som sovjetrevisjonistane hadde installert i løynd både der sendelaget frå APA budde i Zarechie i Moskva og i ambassadekontora til Folkerepublikken Albania i Moskva.

Kamerat Enver Hoxha: Slik spørsmålet vart stilt her kan me like godt drøfta det i Warszawa-pakta. Eg vil seia at om slikt har svive dykk, har det aldri falle oss inn. Og så å seia: «Me skal rigga han ned om de vil»! Tilhøvet mellom albanarane og det sovjetiske personellet på Vlora-basen har alltid vore godt. Einast etter Bucuresti-møtet har det vore sumt som har skjedd, og det har hatt sin grunn hjå offiserane dykkar som ikkje for rett åt. Om de står fast på det, kan me kalla saman Warszawa-pakta. Men Vlora-basen er vår og det kjem han til å vera.

N.S. Khrusjtsjov: Du logar opp i harme. Du spytta på meg, ingen kan snakka med deg.

Kamerat Enver Hoxha: Du seier alltid at me er så bråe.

N.S. Khrusjtsjov: Du rengjer orda mine. Kan tolken din russisk?

Kamerat Enver Hoxha: Hakk ikkje på tolken. Han kan russisk godt. Eg respekterer deg og du burde respektera meg.

N.S. Khrusjtsjov: Det er nett slik MacMillan ville snakka med meg.

Kamerat Mehmet Shehu og kamerat Hysni Kapo: Kamerat Enver er ikkje MacMillan, så ta det der attende!

N.S. Khrusjtsjov: Men kvar skal eg leggja det?

Kamerat Mehmet Shehu: Legg det i lomma.

Kamerat Hysni Kapo (til kameratane i sendelaget vårt): Eg meiner at samtalen ikkje bør halda fram slik.

Kamerat Enver Hoxha og dei andre kameratane står opp og går ut or romet.

Prenta fyrste gongen avstytt i band 19 etter protokollen frå samtalen i det sentrale parti-arkivet.

Tale på møtet med 81 kommunistparti og arbeidarparti i Moskva*

16. november 1960

Kjære kameratar!

Dette møtet av kommunistpartia og arbeidarpartia er eit viktig møte i saga til den internasjonale kommunistrørsla. Det gjer ein detaljert analyse av den internasjonale politiske situasjonen, og set opp status over framgang og mistak som har vorte stadfesta på vegen. Det skal hjelpa oss å sjå klarare kva line me bør fylgja heretter for å gjera ny framgang til bate for sosialismen, kommunismen og freden.

Det at det finst eit sosialistisk læger med Sovjetunionen i brodden er alt ei kjensgjerning som me har oppnådd i verda. Kommunistrørsla har i det store og heile auka, styrkt seg og vorte herda. Kommunistpartia og arbeidarpartia i heile verda har vorte ei svær kraft som leier menneske-ætta frametter mot sosialisme og fred.

Som det tilbudde utkastet til uttale understrekar, er det sosialistiske lægeret vårt svært mykje sterkare enn imperialistane sitt. Sosialismen veks seg sterkare og når nye høgder dag for dag, medan imperialismen veiknar og forfell. Me bør bruka alle råder og alle krefter til å skunda på denne prosessen. Prosessen skyt fart om me held oss truge til marxismen-leninismen og ikkje vinglar, og nyttar han rett. Elles kjem me til å seinka denne prosessen, for me står andlet til andlet med ein miskunnslaus fiende — imperialismen, med USA-imperialismen i brodden, ein fiende me må vinna på og øydeleggja.

Me ynskjer fred, medan imperialistane ikkje vil ha fred og bur seg på

* Møtet med dei 81 kommunistpartia og arbeidarpartia vart halde i Moskva frå 10. november til 1. desember 1960. Det vart halde i ein sers innfløkt situasjon i den internasjonale kommunistrørsla, som ei fylgje av at den moderne revisjonismen spreidde seg, og det kløyvande og anti-marxistiske arbeidet sovjetleinga dreiv med Khrusjtsjov i brodden.

Sendelaget frå APA vart leidd av kamerat Enver Hoxha.

ein tredje verdskrig. Me må stri av all kraft for å halda unna for ein ny verdskrig og få til at ein rettvis og demokratisk fred kan sigra i verda. Dette skal me få til når me har tvinga imperialismen til å rusta ned. Imperialismen vil ikkje gje frå seg våpna av eigen fri vilje. Å tru noko slikt er berre å lura seg sjølv og andre. Difor bør me møte imperialismen med den svære økonomiske, militære, moralske, politiske og ideologiske styrken det sosialistiske lægeret eig. Like eins har me den samla styrken hjå folka i heile verda til å sabotera krigen imperialistane førebur på alle vis.

Arbeidspartiet i Albania har aldri stukke denne stoda og trugsmålet imperialismen rettar mot heile den fredselskande menneskeætta under stol. Det kjem ikkje til å gjera det heller. Me kan vissa dykk om at det albanske folket, som styggjest ved krig, ikkje har vorte skræmd av at partiet gjer det som rett er. Dei har ikkje mist vona og ikkje somla i den sosialistiske oppbygginga heller. Dei har eit klårt syn på framtida si og har sett i gang med arbeidet fulle av tiltru. Dei er alltid årvakne, med hakka i ei hand og børsa i hi.

Me ser det slik at imperialismen, med USA-imperialismen i brodden, må avslørast utan nåde, politisk og ideologisk. Me bør ikkje nokon gong tillata at nokon skal låta vel om imperialismen, gjera han finare enn han er, eller syna seg mjuk mot han. Ingen ettergjevnader som gjeld prinsipp bør gjerast mot imperialismen. Om vår side tillet seg å bruka taktikk og kompromiss må dei tena vår side, ikkje fienden si.

Andlet til andlet med den miskunnslause fienden ligg trygda for saka vår i at me held saman heilt og fullt. Dette kan tryggast med å få bort dei ideologiske usemjene som har synt seg, og med å tufta denne einskapen på det marxist-leninistiske grunnlaget, på likskap, brorskap, kamerat-ånd og proletarisk internasjonalisme. Partiet vårt meiner at me ikkje berre burde sleppa ei ideologisk kløyving, men me bør hevda eit eins politisk standpunkt i alle saker. Taktikken og strategien me skal nytta mot fienden bør utarbeidast av alle parti, tufta på marxist-leninistiske prinsipp, på rette politiske kjennemerke som høver med den stoda som er...

Alle folk i verda vonar på og strir for fridom, sjølvstende, sjølvråderett, sosial rettferd, kultur og fred. Desse heilage vonene deira har vorte og vert underkua av kapitalistane, føydalherrane og imperialistane. Såleis er det naturleg at striden åt desse folka vert ført strengt mot kapitalistane, føydalherrane, og imperialistane. Det er og naturleg for folka i verda å finna seg lagsbrør i denne striden for livet, som dei fører mot bødlane sine.

Difor står ikkje det sosialistiske lægeret åleine og møter det imperialistiske lægeret i striden for fred, nedrustning og samfunnsmessige framsteg i verda, men i nært samlag med alle dei framstegsvenlege folka i verda, medan imperialistane står att åleine mot det sosialistiske lægeret.

Me lever i ei tid då me er vitne til at kolonialismen vert fullstendig øydelagd. Ein pest som har sopt heile folk vekk frå jordoverflata vert uttryddja. Nye statar dukkar fram i Afrika og Asia. Statane der kapitalen, svolken og børsa var einerådande held på å gjera ende på træleåket, og folka tek lagnaden sin i eigne hender. Dette har dei fått til og dette får dei til takk vere striden desse folka fører og den moralske stønaden dei får frå Sovjetunionen, Folke-Kina og dei andre landa i det sosialistiske lægeret.

Dei som svik marxismen-leninismen, imperialism-agentane og intrigemakarane, slike som Josip Broz Tito, freistar på tusen måtar å stella til djevelske opplegg for å villeia folka i dei nyskipa statane. Dei vil løysa dei i frå deira naturlege allierte og knyta dei beinveges til USA-imperialismen. Me bør bruka all vår styrke for å slå attende planane åt desse imperialism-lakeiane.

Me er vitne til at imperialismen løyser seg opp. Han rotnar, det er dødsrida hans. Me lever og strir i den tidbolken som er merkt av den uimotståelege overgangen frå kapitalismen til sosialismen. Alt det lysande som Karl Marx og Vladimir Iljitsj Lenin lærde vert no stadfest i gjerning. Det har aldri vorte avlegs slik revisjonistane påstår.

Verdsimperialismen får harde slag som klårt syner at «gullalderen» hans, då han laga dei lovene han ville ha, er slutt for han. Han har mist initiativet or hendene, og det var ikkje noko han sjølv ynskte eller ville. Initiativet vart teke frå han, ikkje med ord og svall nett, men etter ein lang prosess med blodige stridar og revolusjonar som kapitalismen sjølv sette i gang mot proletariatet, mot styrken hjå folka som reiste seg for å knusa ei verd av svolt og fattigdom, ei verd av slavekår. Denne ærerike tidbolken vart opna av den store sosialistiske oktoberrevolusjonen, av den store Sovjetunionen, av den store Lenin.

Endå i dag, når verdsimperialismen med USA-imperialismen i brodden ser at slutten nærmar seg, når han har sterke og viljefaste motmenn slik som det sosialistiske lægeret og det store samlaget med alle folka i verda, endå mønstrar han, skipar og væpnar åtakstyrkane sine. Han bur seg til krig. Den som ikkje ser dette er blind. Den som ser det men dekkjer over det er ein svikar som tener imperialismen.

Arbeidspartiet i Albania meiner at trass i store vanskar me møter på vegen til å skapa fred i verda, å få nedrusting i gang og løysa dei andre

internasjonale problema, er det ingen grunn til å missa vona. Det er berre fiendane våre som lir tap som er og bør vera pessimistiske. Me har vunne, me vinn og skal vinna. Difor er me overtydde om at strevet vårt vil lukkast.

Likevel trur me at overdrivne og grunnlause voner ikkje berre er lite bra, men endå til skadeleg. Den som nektar for at me har stor økonomisk, politisk, militær og moralsk styrke, som gjer denne mindre enn han er eller ikkje trur på denne styrken, han er vanhuga og fortener ikkje å kallast kommunist. På hi sida er den som vert rusa av krafta vår ingen realist. Han ser bort frå styrken hjå motstandarane, og trur at fienden har mist all von og vorte uskadeleg, at fienden er i vår makt. Denne for sin del slær stort på det og svæver menneskeætta framfor alle desse innfløkte og svært fårlege situasjonane som krev stor vaksemd av oss alle. Dei krev styrking av det revolusjonære framtaket i massane, og ikkje slakking, oppløysing, forfall og avslapping i denne vernebuinga. «Vatnet søv, men ikkje fienden,» er eit klokt ord frå folket vårt som har lide så lenge.

Lat oss sjå røynda rett i auga. Verdsimperialismen med USA-imperialismen som den mest åtsøkne luten, i brodden, rettar den økonomiske utviklinga si inn på krigsføreuing. Han væpnar seg til tennene. USA-imperialismen held på og væpnar Bonn-Tyskland, Japan og alle lags-brør og satellittar på nytt, med alle slags våpen. Han har skipa og forbedra militærorganisasjonar som er tillaga til åtak, og har oppretta og driv og opprettar militære basar rundt heile det sosialistiske lægeret. Han byggjer opp lager av kjernevåpen og vil ikkje rusta ned, nektar å stogga prøvane med kjernevåpen, og driv oppøst på med å finna nye råder til masseutsletting. Kvifor gjer imperialismen alt dette? For å reisa i bryllaup? Nei, for å byrja krig mot oss, få sosialismen og kommunismen or vegen og slavebinda folka.

Arbeidspartiet i Albania meiner at om me skulle seia og tru annleis ville me narra oss sjølve og andre. Me ville ikkje kalla oss kommunistar om me var redde for omskifta i livet. Me kommunistar hatar krigen. Me kommunistar vil slåst til siste slutt for å knusa dei djevelske krigsplanane dei amerikanske imperialistane bur til. Men lyser dei krig mot oss må me gje dei eit ulivsslag som skal sopa imperialismen vekk frå jordoverflata ein gong for alle.

Med trugs målet om atomkrig frå dei amerikansk-leidde verdsimperialistane over oss bør me vera fullt budde økonomisk, politisk, moralsk så vel som militært på å greia opp med kva som helst.

Me bør hindra ein verdskrig, han er ikkje heilt uråd å hindra. Men

ingen vil nokon gong tilgje oss om me lever i draum og let fienden koma uventa på oss, for det har aldri hendt at fienden var å lita på, då ville han ikkje vera kalla fiende. Fienden er ein fiende og held fram med det, og ein svikefull fiende attåt. Den som set si lit til fienden vil før eller seinare tapa saka si...

Fredspolitikken landa i det sosialistiske lægeret har ført har gjort mykje for å berrleggja kor åtakshuga imperialismen er, for å reisa folka mot krigshissarane. Han har gjort mykje for å fremja den djerve striden deira mot dei imperialistiske underkuarane og reiskapane deira...

Men trass i alt dette har mange konkrete problem vorte lagde på bordet utan at dei enno er løyste. Det gjeld framlegga om nedrustning, toppmøtet, osb., og dei vert systematisk saboterte av USA-imperialistane.

Kva slutningar bør me trekkja av dette? Arbeidspartiet i Albania meiner at imperialismen, og fyrst og fremst USA-imperialismen, ikkje har skifta hud, hår eller natur. Han er åtakshuga, og vil så vera så lenge han har ei einaste tann att i kjeften. Og sidan han er huga på åtak kan han koma til å kasta verda ut i krig. Difor held me på at det må gjerast klårt for alle folka at det ikkje finst noko viss trygd mot verdskrig før sosialismen har sigra i heile verda, eller i det minste i fleirtalet av landa. Dette streka me under i møtet i redaksjonsnemnda og. USA-imperialistane løyner ikkje at dei nektar å rusta ned. Dei aukar opprustninga si og bur seg til krig, difor lyt me vera på vakt.

Me bør ikkje gje etter for fienden i prinsippaker. Me må ikkje hysa falske voner om imperialismen. Endå meininga var god ville me gjera sakene uendeleg mykje verre. Attåt å rusta opp og bu til krig mot oss driv fienden ein styrlaus propaganda for å forgifta tanken og gjera hugen valen hjå folka. Dei brukar millionar av dollar til å få tak i hjelparar og spionar, millionar av dollar til å stella til spionasjehandlingar, undergraving og mord i landa våre. USA-imperialismen har gjeve og gjev tusenvis millionar dollar til dei trugne hjelparane sine, den svikefulle Tito-gjengen. Alt dette gjer han for å veikja den indre fronten vår, for å kløyva oss, og for å veikja og bryta opp dei bakre områda våre.

Det er sagt mykje om fredeleg samlivnad. Sume går endå så langt som å slå fast slike meiningsløyser som at Folke-Kina og Albania skulle vera mot fredeleg samlivnad. Som ein lett kan sjå burde slike skadelege og galne syn verta tilbakeviste ein gong for alle. Det kan ikkje finnast nokon sosialistisk stat, det kan ikkje finnast nokon kommunist, som er i mot fredeleg samlivnad og for krigshissing. Den store Lenin var den fyr-

ste til å setja fram prinsippet om fredeleg samlivnad mellom statar med ulike sosiale system som noko som objektivt tvinga seg fram, så lenge sosialistiske og kapitalistiske statar finst side om side i verda. Partiet vårt er truge mot dette store prinsippet hjå Lenin. Arbeidspartiet vårt har alltid meint og meiner framleis at politikken med fredeleg samlivnad svarar til dei grunnleggjande interessene hjå alle folka. Han svarar til målet med å styrkja stillinga for sosialismen meir. Difor er dette prinsippet frå Lenin tufta i utanrikspolitikken folkestaten vår fører.

Fredeleg samlivnad mellom to motsette system fører ikkje med seg at me bør gje opp klassestriden, slik dei moderne revisjonistane hevdar. Tvert om må klassestriden halda fram. Den politiske og ideologiske striden mot imperialismen, mot borgarleg og revisjonistisk ideologi, må verta hardare og hardare. Medan me strir fylgjestrengt for å få i stand leninistisk fredeleg samlivnad utan å gje etter for imperialismen på prinsippa, skal me utvikla klassestriden i dei kapitalistiske landa så vel som dei nasjonale frigjeringsrørslene hjå folka i koloniland og lydrike.

Etter vårt syn burde kommunistpartia og arbeidarpartia i dei kapitalistiske landa freista å få i stand fredeleg samlivnad mellom landa sine, som framleis er under det kapitalistiske systemet, og dei sosialistiske landa våre... Men oppgåva deira ender ikkje der. I desse landa lyt klassestriden styrkjast og kvessast. Dei arbeidande massane, leidde av proletariatet i landet med kommunistpartiet i brodden, og i samlag med heile verdsproletariatet, bør gjera livet umogleg for imperialismen. Dei burde knusa den militære og økonomiske og politiske makta or hendene hans, og halda fram mot øydelegging av den gamle makta og oppretting av den nye folkemakta. Kjem dei til å gjera dette med vald, eller på den fredelege parlamentariske måten?

Dette spørsmålet har vore klårt, og kamerat Khrusjtsjov trong ikkje ha rota det til på det 20. partilandsmøtet på ein slik måte at det skulle falla opportunistane i smak. Kvifor måtte han gjera alle parodiane på dei klåre Lenin-tesane og lærdomane frå den sosialistiske oktober-revolusjonen? Arbeidspartiet i Albania er heilt på det reine med det Lenin lærer om denne saka, og vik ikkje frå det. Til dessar har ikkje noko folk, ikkje noko proletariat og ikkje noko kommunistparti eller arbeidarparti teke makta utan blodspille og utan vald.

Det er ikkje rett av sume kameratar å hevda at dei kom til makta utan blodspille, for dei gløymer at den ærerike sovjethæren let elvar av blod for dei i den andre verdskrigen.

Partiet vårt meiner at me bør bu oss på begge delar i denne saka. Me bør vera godt budde, særleg på å ta makta med vald, for om me er vel

budde her, har den andre utvegen større von om å lukkast. Borgarskapet kan tillata at du syng salmar, men så gjev dei deg eit fascistslag i hovudet og knuser deg fordi du ikkje har øvd opp mange nok kadrar til å gå laus på dei, heller ikkje gjort illegalt arbeid. Du har ikkje laga til ein stad der du kan verja deg og endå arbeida, og ikkje skaffa hjelperåder til å slåst med. Me må gripa inn føreåt så noko slikt tragisk ikkje skal skje.

Arbeidspartiet i Albania er for fred og for fredeleg samlivnad, og vil halda fram slik. Partiet vil slåst for dette på marxist-leninistisk vis, slik Lenin lærte oss, og på grunnlag av Moskva-fråsegna. Partiet vil arbeida for allmenn nedrustning som det gjer og som det har gjort. Ikkje i noko høve, ikkje ei einaste stund, vil Arbeidspartiet i Albania slutta med å føra politisk og ideologisk strid mot det imperialistane og kapitalistane driv med og mot borgarleg ideologi. Det vil ikkje slutta med å føra ein hard, uavbroten og nådelaus strid mot den moderne revisjonismen, og særskilt mot den jugoslaviske Tito-revisjonismen. Det kan finnast kameratar som finn åt oss albanarar for å vera stae, brålyndte, sekteriske, dogmatiske og kva de vil, men me avviser alle desse falske klagemåla og seier dei at me ikkje kjem til å vika frå desse stillingane, for dei er marxist-leninistiske stillingar.

Dei seier me er for krig og mot fredeleg samlivnad. Kamerat Kozlov har endå til lagt dette alternativet fram for oss albanarar: Enten samlivnad som han tenkjer seg det, eller ei atombombe frå imperialistane. Det ville leggja Albania i oske og ikkje lata etter seg ein einaste levande albanar. Til dessar har ingen målsmann for USA-imperialismen kome med eit slikt atomtrugsmål mot det albanske folket. Men her kjem det altså, og frå ein presidiemedlem i sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen, og mot kven? Mot eit lite djervt land, mot eit folk som har stridd i hundreår mot tallause ville fiendar og som aldri har bøygt kne, mot eit lite land og eit folk som har stridd så djervt som nokon mot Hitler-folka og dei italienske fascistane, mot eit parti som til siste slutt er trufast mot marxismen-leninismen. Men, du har fått feil adresse, kamerat Frol Kozlov. Du kan ikkje skræma oss til å bøya oss for dei galne ynskja dine, og me blandar aldri det ærerike partiet til Lenin med dykk som fer så låkt og skamlaust fram mot det albanske folket og mot Arbeidspartiet i Albania. Arbeidspartiet i Albania vil arbeida for og stø alle dei rette og fredsame framlegga Sovjetunionen og andre land i det sosialistiske lægeret legg fram, så vel som om dei kjem frå andre fredsel-skande land.

Arbeidspartiet i Albania vil bruka heile styrken sin og nytta alle rettar

og gjera skyldnaden sin alle stader for å styrkja einskapen i det sosialistiske lægeret, ein marxist-leninistisk einskap. Det er meiningslaust å tru at vesle sosialistiske Albania vil bryta ut or og leva utanfor det sosialistiske lægeret, skilt frå brorskapen av sosialistiske folk. Albania står ikkje i skuld til nokon for plassen innanfor rekkjene i det sosialistiske lægeret. Det albanske folket sjølv og Arbeidspartiet i Albania har sett det i dette romet med sin eigen sveitte og sitt eige blod, med eigne arbeidstak og offer, med regjeringsskipnaden det har bygt opp og den marxist-leninistiske lina det fylgjer. Men ingen må tru at Albania treng gjera som einkvan annan seier når me er overtydde om at det ville setja oss på galen veg, sjølv om Albania er eit lite land og Arbeidspartiet i Albania er eit lite parti.

Som eg sa tidlegare meiner Arbeidspartiet i Albania at det sosialistiske lægeret vårt, som har eit sams mål, som vert leidd av marxismen-leninismen, og bør ha sin eigen strategi og taktikk. Dette bør partia og statane i det sosialistiske lægeret utarbeida i lag. I rekkjene i lægeret vårt har me skipa visse organisasjonsformer for arbeidet, men sanninga er at desse har vorte til litt av nokre formalitetar, eller for å seia det på ein betre måte, dei fungerer ikkje på kollektiv vis. Til dømes gjeld dette organa i Warszawa-pakta og Rådet for gjensidig økonomisk hjelp, Comecon*. Lat meg gjera dette heilt klårt. Dette er ikkje eit spørsmål om me og skal verta førespurde eller ei. Sjølv sagt nektar ingen oss retten til å verta førespurde. Men me må halda møte for å samrå oss. Me reiser dette som ei prinsippsak og seier at desse organisasjonsformene bør fungera med jamne mellomrom. Problem bør takast opp til drøfting, vedtak gjerast, og det må finnast ein kontroll på korleis vedtaka vert gjennomførte.

Utviklinga og den vidare styrkinga av økonomien i dei sosialistiske landa har vore og er alltid den største suta for partia og riksstyra våre. Økonomien er likeins den avgjerande faktoren som gjer det sosialistiske lægeret så sterkt at ingen kan vinna over det.

Bygginga av sosialismen og kommunismen går snøgt frametter i landa våre. Det kan me takka alt det folka våre gjer for, og dessutan den hjelpa dei gjev kvarandre.

Til dessar har Folkerepublikken Albania ikkje gjeve økonomisk hjelp til nokon. For det fyrste er me fattige, og for det andre treng ingen om

* Skipa i januar 1949. I slutten av februar same året vart Folkerepublikken Albania medlem. Frå ein samskipnad for gjensidig hjelp forfall COMECON då klikken av Khrusjtsjov-revisjonistar kom til makta i Sovjetunionen, og vart ein reiskap for framgangen for dei sosial-imperialistiske siktemåla denne klikken har.

den økonomiske hjelpa vår. Men etter evne har me gjort og gjer det me kan for å gje dei landa som er våre vener og brør litt hjelp gjennom eksporten vår. Me har fått hjelp frå venene våre, fyrst og fremst frå Sovjetunionen.

Arbeidspartiet og riksstyret i Folkerepublikken Albania har nytta denne hjelpa frå Sovjetunionen og dei andre folkedemokratia så vel som dei kunne til største bate for folket vårt. Folket vårt vil alltid vera takksame mot sovjetfolket og mot folka i folkedemokratia for denne hjelpa. Me har sett denne hjelpa som broderleg, internasjonalistisk hjelp, ikkje som milde gåver. Slik ser me det og slik vil me sjå det.

Folket vårt har vore i ein øyeleg fattigdom, det har stridd djervt, det har vorte myrda og brent frå hus og heim. Dette folket hadde plikt til å søkja hjelp frå vener og brør som var betre økonomisk stilte enn dei. Og det var og er enno den internasjonalistiske plikta for venene deira å gje denne hjelpa. Difor må me visa attende kvart einaste illtenkt og anti-marxistisk syn som den eller hin kan ha om denne hjelpa. Økonomisk press på Arbeidspartiet i Albania, på dei albanske styresmaktene og mot folket vårt vil aldri nytta.

Eg vil gjera framlegg her om at den økonomiske hjelpa frå dei økonomisk sterkare til dei veikare landa, slik som vårt, bør aukast. Det albanske folket har ikkje tenkt å sitja med hendene i fanget og opna munnen og lata andre fø seg. Slikt er dei ikkje vane med. Heller ikkje ventar folket vårt at levestandarden i vårt land skal lyftast med ein gong til den levestandarden me finn i mange andre folkedemokratiske land. Det bør likevel gjevast meir hjelp til landet vårt slik at det kan utvikla produktivkreftene sine vidare. Me meiner at dei økonomisk sterke landa i det sosialistiske lægeret bør gje kredittar til nøytrale kapitalistiske land og til folk som nyleg er frigjorde frå kolonialismen. Eit vilkår må vera at leiarane for desse kapitalistiske landa står imot imperialismen, stor fredspolitikken åt det sosialistiske lægeret og ikkje hindrar eller står imot den rettkomne striden åt revolusjonskreftene. Men fyrst av alt må den trongen som finst hjå landa i det sosialistiske lægeret granskast nøyare og stettast. Sjølvsaft har India bruk for jern og stål, men det sosialistiske Albania har endå større og meir tvingande trong for det. Egypt treng vatning og elektrisk kraft, men det sosialistiske Albania har større og meir tvingande trong for det.

I mange politiske saker av viktigaste slag har det sosialistiske lægeret vårt eins syn. Men etter di samse samrådingar ikkje har vorte haldne regelbunde, har det hendt i mange høve at statar i det sosialistiske lægeret tek politiske initiativ (ikkje slik at me er i mot i prinsippet å ta

initiativ), som svært ofte får sitt å seia for andre statar i det sosialistiske lægeret og. Sume av desse tiltaka er ikkje som dei skal vera, særleg medlemene i Warszawa-pakta ikkje står bak dei i lag.

Eit tiltak av dette slaget er det den bulgarske regjeringa gjorde utan å ensa Albania. Dei sa frå til den greske regjeringa at dei folkedemokratiske landa på Balkan er samde i å rusta ned dersom den greske regjeringa og er reiugt til det. Frå vår synsstad var dette tiltaket gale. Endå om den greske regjeringa hadde skrive under på det ville den albanske regjeringa ikkje ha godteke det. Albania er på line med det sovjetiske framlegget Nikita Khrusjtsjov gjorde i mai 1959*, men ikkje med det bulgarske framlegget. Dette framlegget vil få balkanlanda til å rusta ned, medan ingen ting skal skje med Italia. Eller har dei bulgarske kameratane gløymt at det borgarlege og fascistiske Italia har gått til åtak på Albania fleire gonger i dette hundreåret?

På hi sida, kan det tillatast at dei bulgarske kameratane gjer framlegg om ein venskapsavtale og ikkje-åtak til den greske regjeringa, på ei tid når Hellas held oppe krigstilstand med Albania og gjer krav på deler av landet vårt? Og dette skjer utan at bulgarane i det heile samrår seg med dei albanske regjeringa, som dei er knytte til gjennom ei forsvarspakt. Det ser ut for oss at det er farleg å gjera slike einsidige tiltak.

Av denne rette og rettkomne motstanden vår kan dei bulgarske kameratane kanskje ha kome til at me albanarar ikkje skjønar samlivnads-spørsmålet skikkeleg, at me vil ha krig og slik bortetter. Desse synspunkta er feile.

Dei polske kameratane har gjort liknande faktar i Dei sameinte nasjonane, som då kamerat Gomulka på eiga hand slo fast i Hovudforsamlinga i Dei sameinte nasjonane at Polen gjer framlegg om å halda på status quo når det gjeld stasjonering av militære styrkar i verda. Konkret gjorde dei framlegg om at ingen fleire militærbasar skulle byggjast, men dei som alt var sett opp skulle vera i fred. Ingen fleire rakettar skulle installerast, men dei som fanst skulle vera der, og dei statane som kjende løyndomen med atombomba skulle halda han for seg sjølv og ikkje gje han til andre statar. Etter vår meining er eit slikt framlegg i mot interessene lægeret vårt har. Ingen fleire rakettar skal installerast, men av kven og kvar? Alle medlemslanda i NATO har vorte utstyrte med rakettar, medrekna Italia, Vest-Tyskland og Hellas. Å

* Med dette framlegget og notane som det sovjetiske riksstyret sende den 25. mai 1959 til regjeringane i Albania, Bulgaria, Romania, Jugoslavia, Tyrkia, Hellas, Italia, Frankrike, Storbritannia og USA, gjekk det inn for å skipa ei sone fri for kjernevåpen og rakettar på Balkan og i området rundt Adriaterhavet.

ikkje gje løyndomen om atombomba frå seg, til kven? Storbritannina, Frankrike og Vest-Tyskland har han. Det er klårt at eit slikt framlegg vil forplikta oss, dei folkedemokratiske landa, til å ikkje installera raketter, eller forplikta alle andre land i det sosialistiske lægeret, fråsett Sovjetunionen, til å ikkje ha atombomber.

Me stiller spørsmålet kvifor det kommunistiske Kina ikkje skal ha atombomba? Me meiner at Kina burde ha henne, og når Kina har bomba og raketane då skal me sjå korleis USA-imperialismen vil snakka. Då skal me sjå om dei vil halda på med å nekta Kina dei internasjonale rettane landet har. Då skal me sjå om USA-imperialistane torer rasla slik med våpna som dei gjer no.

Ein kan spørja: Vil Kina vinna rettane sine frå USA med å ha og sleppa bomba? Nei, Kina vil aldri bruka bomba utan at me kjem under åtak frå dei som har åtak og krig i sjølve blodet. Hadde ikkje Sovjetunionen hatt bomba, ville imperialistane ha tala i ein annan tone. Me kjem aldri til å gå til åtak med bomba. Me er i mot krig, me er reiuge til å øydeleggja bomba, men me lyt ha henne til å verja oss sjølve. «Otte vaktar vingarden», seier folket vårt. Imperialistane bør vera redde oss, fælande redde, endå til.

Grunna på marxismen-leninismen og på Moskva-fråsegna og Fredsmanifestet, har Arbeidspartiet i Albania fylgt ei rett marxist-leninistisk line i saker som har med internasjonal politikk å gjera og i dei viktige problema som gjeld sosialistisk oppbygging. I internasjonale samband har partilina vår vore i samsvar med politikken i det sosialistiske lægeret...

Hovudproblema i tida gjeld både Arbeidspartiet og det vesle folket vårt. Folkerepublikken vår har vore og er geografisk omringa av kapitalistiske land og dei jugoslaviske revisjonistane. Me har måtta vera svært årvakne og brukt folk og mykje pengar på å verja grensene våre, til å verja fridom og sjølvråderett for landet vårt mot tallause freistnader imperialistane, satellittane og lakeiane deira har gjort.

Me er eit lite land og eit lite folk som har lide umåteleg hardt, men som og har stridd svært hardt. Me står ikkje i skuld til nokon for fridomen me nyt i dag, for me har vunne han med vårt eige blod. Me er heile tida, dag og natt, vise med dei imperialistiske fiendane våre, og manøvrane deira mot det sosialistiske lægeret og særskilt mot landet vårt. Difor har me aldri hatt for store tankar om den skiftande naturen deira og kva dei vil gjera mot folka, mot lægeret vårt og særskilt mot det sosialistiske Albania... Og ikkje skal me nokon gong hysa slike tankar heller.

Amerikanske og britiske imperialistar har skulda oss albanarar for å vera «ville og krigerske». Dette kan me skjøna, for det albanske folket har retta sviande slag mot dei oppattekte freistnadene deira på å leggja oss i trældom. Folket har knust hendene på agentane deira når dei svor seg saman mot Arbeidspartiet i Albania og det folkedemokratiske styret vårt...

Me trur ikkje me treng prova på dette møtet at krig er framandt for dei sosialistiske landa og for dei marxist-leninistiske partia våre. Spørsmålet som likevel står att er: Kvifor skuldar imperialistane og agentane deira Kina og Albania for å vera «krigerske», og for at dei skal vera i mot fredeleg samlivnad?

Lat oss ta for oss Albania. Mot kven skulle Albania opna krig og kvifor? Det ville vera låtteleg å kasta vekk tida vår på å svara på dette spørsmålet. Men dei som klagar oss for dette freistar dekkja over at dei er huga gå til åtak på Albania.

Ranković vil me skal gjera grensene våre til ein slags gjestgjevarstad med to portar. Her skal jugoslaviske, italienske og greske agentar og våpen gå fritt igjennom, utan visum. Då skal me få «magesprettar»-kulturen deira, slik at Tito kan gjera alvor av draumen sin om å gjera Albania til den sjuande republikken i Jugoslavia. Då kan det reaksjonære italienske borgarskapet sleppa laus rovhugen sin for tredje gong mot Albania, eller dei greske monarko-fascistane kan gjera alvor av den sjuke draumen dei har om å ta Sør-Albania. Fordi me ikkje har tillette og aldri vil tillata slikt, er me «krigshissarar». Dei veit sværande godt at om dei krenkjer grensene våre lyt dei slåst mot oss og heile det sosialistiske lægeret.

Målet deira har difor vore og er å isolera oss frå lægeret og frå venene våre, å skulda oss for å hissa til krig og vera «ville» fordi me ikkje opnar grensene til dei så dei kan beita fritt, å skulda oss for at me skal vera i mot fredeleg samlivnad. Men ironien i lagnaden er at det finst kameratar som trur på denne revisjonistleiken og desse baktalingane mot Arbeidspartiet i Albania. Sjølvsaft er me i mot all samlivnad om me albanarar for denne saka kulle gjera ettergjevnader i landvidd og politikk til Sofokles Venizelos. Nei, den tida er for alltid slutt då Albania kunne bytast som ei minnegåve. Me er i mot ein samlivnad med den jugoslaviske staten som fører med seg at me lyt gje opp den ideologiske og politiske striden mot dei jugoslaviske revisjonistane. Desse folka er agentar for internasjonal imperialisme, og svikarar mot marxismen-leninismen. Me er i mot slik samlivnad med dei britiske eller amerikanske imperialistane der me skulle måtte godta det dei krev, som

er dei gamle politiske, diplomatiske og handels-særrettane som styret åt kong Zog let dei få.

Som ein allmenn konklusjon er Arbeidspartiet i Albania heilt overtydd om at den store saka vår, sigeren for sosialismen og freden, vil vinna. Gjennom viljefast gjerning kan dei samla kreftene i det sosialistiske lægeret. Med Sovjetunionen i brodden, med kreftene i den internasjonale kommunist- og arbeidarrørsla, og i lag med alle dei fredelskande folka kan dei tvinga imperialistane til å godta fredeleg samlivnad og hindra verdskrig. Men samstundes skal me kvessa den revolusjonære vaksemda vår meir og meir så fienden aldri kan koma uventa på oss. Me er overtydde om at sigeren vil verta vår i denne gjæve striden for verdsfred og sosialisme. Det albanske folket og Arbeidspartiet i Albania vil nett som til dessar ikkje spare på noko for å hjelpa fram saka me er saman om med all sin styrke. Me skal marsjera fram i einskap sterk som stål som alltid før, med heile det sosialistiske lægeret, Sovjetunionen og med heile den internasjonale kommunist- og arbeidarrørsla.

Kjære kameratar!

Samhaldet i den internasjonale kommunist- og arbeidarrørsla er den avgjerande faktoren for å gjera alvor av dei store måla, siger for freden, demokratiet, det nasjonale sjølvstendet og sosialismen. Dette spørsmålet er særskilt understreka i Moskva-fråsegna frå 1957 og utkastet til uttale som er budd til for dette møtet. I fråsegna frå 1957 er det understreka at

*«...kommunist- og arbeidarpartia har eit særskilt alvorleg historisk ansvar for lagnaden åt det sosialistiske systemet i verda og den internasjonale kommunistrørsla. Kommunist- og arbeidarpartia som er med på møtet seier frå at dei ikkje vil lata vera noko strev for å styrkja samhaldet og del kameratslege samarbeidet til bate for samhaldet frametter innan familien av sosialistiske statar, til bate for den internasjonale arbeidarrørsla, til bate for fredssaka og sosialismen.»**

Det må seiast at særleg no nyleg har djupe politiske og ideologiske usemjer kome opp i den internasjonale kommunistrørsla og i tilhøvet mellom visse parti. Vert desse djupare kan det ikkje anna enn skada den store saka vår. Difor meiner Arbeidspartiet i Albania at for å gå fram saman mot nye sigrar lyt mistaka og dei negative framtoningane me har sett til dessar fordømast og rettast.

* Fråsegn frå møtet av utsendingar frå kommunistpartia og arbeidarpartia i dei sosialistiske landa. Tirana 1958, s. 24.

Her vil me visa til Bucuresti-møtet, der partiet vårt som de veit, held seg frå å målbere synet sitt på dei usemjene som har kome opp mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina. Me tok undan rett til å gjera det på dette møtet av utsendingar frå kommunistparti og arbeidarparti. Den gongen vart Arbeidspartiet i Albania skulda av dei sovjetiske kameratane og av sume kameratar frå dei andre brorpartia for alt som tenkjast kan. Ingen tok bryet med å tenkja etter ei lita stund kvifor dette partiet sto på standpunktet mot heile straumen, kvifor dette partiet som hadde vore heilt truge mot marxismen-leninismen og Moskva-fråsegna, uventa vert skulda for at det skal ha «gått i mot marxismen-leninismen og Moskva-fråsegna», kvifor dette partiet som er så nært knytt til Kommunistpartiet i Sovjetunionen brått står fram i motstrid til leiinga i Sovjetunionen.

Når no alle kameratane har både det sovjetiske informasjonstilfanget og det frå Kommunistpartiet i Kina for handa, kan dei tenkja etter sjølv. Me har lese og studert både det sovjetiske og det kinesiske tilfanget, me har drøfta dei nøye med partiarbeidarane og kome til dette møtet med eit samrøystes syn i heile partiet.

Som me alle veit vart Bucuresti-møtet skipa til uventa den 24. juni i år, i høve det 3. landsmøtet i Det rumenske arbeidarpartiet. Det kom utan noko varsel føreåt, i alle fall gjeld det partiet vårt, etter tiltak frå kameratane i leiinga for Kommunistpartiet i Sovjetunionen. I staden for å «skifta meiningar» og setja fast tida for dette møtet me held i dag, slik det var semje om i brev dagsette 2. og 7. juni, tok møtet opp eit anna emne. Det var dei ideologiske og politiske skuldningane som vart retta mot Kommunistpartiet i Kina, med grunnlag i det sovjetiske «informasjons»-tilfanget. Med dette tilfanget, som var heilt ukjent fram til eit par timar før møtet opna, som grunnlag, skulle utsendingane frå dei hine kommunist- og arbeidarpartia kunna uttala seg og stø synet til sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen. Og det all den tid dei hadde kome til Bucuresti i eit anna ærend og ikkje hadde noka fullmakt (i alle fall gjeld det sendelaget frå partiet vårt) frå partia sine til å drøfta ei så viktig sak i den internasjonale kommunismen, for ikkje å tala om å gjera vedtak i saka. Heller ikkje var det å tenkja på å ha noko alvorleg ordskifte om dette tilfanget. Det inneheld dryge skuldingar mot eit anna marxist-leninistisk parti, og det vart ikkje gjeve tid til at det klaga partiet kunne leggja fram synet sitt i alle dei formene det klagande partiet hadde brukt. Ikkje berre utsendingane, men særskilt leiingane i kommunist- og arbeidarpartia fekk ikkje høve til å studera tilfanget frå alle synsvinklar. I røynda hadde sovjetleiinga størst omsut for å få skuldningane

sine mot Kommunistpartiet i Kina gjennom snøgt, og få Kommunistpartiet i Kina fordømt same kva det kosta.

Dette var problemet kamerat Khrusjtsjov og andre sovjetiske kameratar hadde i Bucuresti, og slett ikkje dei internasjonale politiske sakene som plaga lægeret vårt og verda som heilskap etter at toppmøtet i Paris braut saman.

Partiet vårt ville ha vore heilt samd i å ha eit internasjonalt møte av kommunistparti og arbeidarparti i lag med kva slag anna møte det kunne vera, og med kva slag sakliste som tenkjast kunne, om berre desse møta var som dei skulle, var godkjende av alle partia, og hadde ei klår sakliste som var laga før møtet. Då måtte kommunistpartia og arbeidarpartia få det tilfanget som trongst og få tid på seg til å studera tilfanget slik at dei kunne førebu seg og få godkjenning frå dei politiske utvala i partia sine og frå plenums møta i sentralkomiteane om det trongst, på dei vedtaka som til sist kunne verta tekne på desse møta. Møta måtte gjennomførast slik skikken er i hopehavet mellom kommunistparti og arbeidarparti. Dei måtte gjennomførast slik at alle partia sto fullstendig likt, i kommunistisk og internasjonalistisk kameratånd, og med ein høg kommunistisk moral.

Bucuresti-møtet stetta ikkje desse krava. Difor fordømer partiet vårt møtet, endå det var med på det. Partiet vil halda fram med å fordøma det møtet fordi det ikkje var som det skulle, og i strid med leninistisk skikk.

Me meiner at Bucuresti-møtet gjorde fleire saker ei bjørneteneste. Det gjeld den internasjonale kommunistrørsla, den internasjonale solidariteten mellom arbeidarane, styrkinga av einskapen i det sosialistiske lægeret, det å vera eit marxist-leninistisk føredøme på å løysa ideologiske, politiske og organisatoriske usemjer som kan koma opp i rekkjene åt kommunistpartia og arbeidarpartia til skade for marxismen-leninismen. Skulda for dette fell på kameratane i leiinga for Kommunistpartiet i Sovjetunionen. Dei skipa til det møtet, dei stelte til rama om det, dei gjekk fram på umarxistisk vis i denne saka.

Målet var å få Kommunistpartiet i Kina fordømt av den internasjonale kommunistrørsla for feil og mistak som ikkje finst og er utan rot og fot. Sentralkomiteen i Arbeidspartiet i Albania er heilt overtydd om dette på grunnlag av studiet av fakta og det sovjetiske og kinesiske tilfanget som Arbeidspartiet i Albania no har tilgang til. Overtydinga vår byggjer på ei gransking av stort og smått som Arbeidspartiet har gjort i den internasjonale stoda og dei offisielle standpunkta til Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina.

Heile Arbeidspartiet i Albania meiner at dei sovjetiske kameratane

gjorde eit alvorleg mistak i Bucuresti. Dei fordømde urettvist Kommunistpartiet i Kina for at dei skulle ha gått bort frå marxismen-leninismen og for at dei skulle ha brote og gått frå Moskva-fråsegna frå 1957. Dei skulda Kommunistpartiet i Kina for å vera «dogmatisk», «sektarisk» og å vera «for krig», for å vera «mot fredeleg samlivnad», for å «vilja ha særretter i lægeret og i den internasjonale kommunistrøsla» osv.

Dei sovjetiske kameratane utnytta den store kjærleiken og tiltrua som kommunistane har til Sovjetunionen og kommunistpartiet der. Dei gjorde eit alvorleg mistak då dei med dette freista tvinga den range meininga si om Kommunistpartiet i Kina på dei andre kommunist- og arbeidarpartia.

Heilt frå byrjinga, då dei sovjetiske kameratane byrja med det oppjaga og umoglege arbeidet med å lokka kameratane i sendelaget vårt i Bucuresti, vart det klårt for Arbeidspartiet i Albania at dei sovjetiske kameratane nytta grunnlause argument og press. Dei hadde hug til å leia sendelaget frå Arbeidspartiet i Albania i den fella dei hadde laga til, for å få det på line med dei forvridda meiningane til dei sovjetiske kameratane.

Det som låg kamerat Khrusjtsjov på hjarta var om me ville «stå saman med den sovjetiske sida eller ei». Og kamerat Andropov sa det og til kamerat Hysni Kapo. Kamerat Khrusjtsjov målbar dette synet på andre måtar og, i utbrota sine mot partiet vårt på Bucuresti-møtet. Dette vart stadfesta og med mange urettvise og uvenlege faktar av kameratane i sovjetleiinga og dei tilsette i den sovjetiske ambassaden i Tirana etter Bucuresti-møtet. Det skal eg visa til seinare. Det som var viktig for kameratane i sovjetleiinga var ikkje meiningane til eit marxist-leninistisk parti som vårt, men berre at me skulle ta den same stillinga i Bucuresti som sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen.

Det kom inga åtvaring til Arbeidspartiet i Albania frå Kommunistpartiet i Sovjetunionen om at det i samband med landsmøtet i Det rumenske arbeidarpartiet ville verta reist klagemål mot kommunistpartiet i Kina for at dei skulle ha gjort alvorlege line-mistak. Og det var dei som skipa til Bucuresti-møtet. Klagemåla kom heilt uventa på Arbeidspartiet i Albania. No høyrer me at fråsett Arbeidspartiet i Albania, Kommunistpartiet i Kina, Det koreanske arbeidarpartiet og Det vietnamesiske arbeidarpartiet, visste andre parti i lægeret at det ville verta skipa til eit møte i Bucuresti for å klaga Kina.

Er dette så, då er det svært klårt at saka vert mykje alvorlegare og tek form av ein internasjonal fraksjon.

Likevel vart ikkje partiet teke på senga, og partiet vanta ikkje vaksemd. Slik var det fordi det alltid rettar seg etter leninistisk skikk i hopehavet med dei andre partia, fordi det har stor marxistisk vyrdnad for Kommunistpartiet i Sovjetunionen, Kommunistpartiet i Kina og alle dei andre kommunistpartia og arbeidarpartia. Det ansar på at partia skal kunna kjenna seg jamstelte. Denne jamstellinga burde dei andre partia ta omsyn til når det gjeld Arbeidspartiet i Albania, endå om det er lite i talet.

Frå fyrste stund skjøna partiet vårt at desse normene vart brotne på Bucuresti-møtet. Difor tok partiet det standpunktet de alle kjenner, eit standpunkt det såg og ser som det einaste rette å ta til det som gjekk føre seg.

Sume leiarar i brorpartia kalla oss «nøytralister», sume andre fann åt oss fordi me «gjeikk bort frå den rette marxist-leninistiske lina», og desse leiarane gjeikk så langt som til å freista vanæra oss i sine egne parti. Me viser svivyrdsleg frå oss alle desse sakene, for det er baktaling, det er uærleg, og det går ikkje saman med kommunistisk moral.

Me stiller spørsmåla til dei som gjorde slike vesale gjerningar mot Arbeidspartiet i Albania: Har eit parti rett til å målbera meiningane sine fritt om saker og korleis det ser på dei? Kva syn målbar Arbeidspartiet i Albania i Bucuresti? Me sa oss trugne mot marxismen-leninismen, og dette er stadfesta av heile livet og striden til Arbeidspartiet i Albania. Me sa oss trugne mot vedtaka i Moskva-fråsegna frå 1957 og Fredsmanifestet. Dette er stadfesta av den lina Arbeidspartiet i Albania har fylgt strengt. Me sa oss trugne mot og forsvarte einskapen i det sosialistiske lægeret, og dette er stadfesta av heile striden Arbeidspartiet i Albania fører. Me målbar godhugen og truskapen vår til Kommunistpartiet i Sovjetunionen og til sovjetfolka. Dette er stadfesta i heile livet åt Arbeidspartiet i Albania. Me var ikkje samde i å «seia dom» over «mistaka» hjå Kommunistpartiet i Kina, og endå mindre å «fordøma» Kommunistpartiet i Kina utan å gjera rekning med synspunkta partiet hadde på klagemåla som var reiste mot det på ein slik rengd, forhasta og anti-marxistisk måte. Me rådde til å nytta varsemd, halda hovudet kaldt og halda ei kameratsleg ånd når ein stelte med ei sak som var så livsviktig og uvanleg alvorleg for den internasjonale kommunismen. Dette var heile «brotsverket» dei steina oss for. Men me trur steinane som var lyfta for å treffa oss datt ned att i hovudet på dei som kasta dei. Etter som tida går har det vorte stadfesta at standpunktet Arbeidspartiet i Albania tok var rett.

Kvifor var kamerat Khrusjtsjov og dei andre sovjetiske kameratene så

hastige med å klaga Kommunistpartiet i Kina utan grunn og utan fakta? Kan det tillatast for kommunistar, og særleg for dei fremste leiarane i eit så stort parti som Kommunistpartiet i Sovjetunionen å gjera seg skuldig i ei slik stygg handling? Lat dei svara på spørsmålet sjølve, men Arbeidspartiet i Albania har og full rett til å målbera synet sitt på saka.

Arbeidspartiet i Albania meiner at Bucuresti-møtet ikkje berre var eit stort mistak, men og eit mistak som vart gjort verre med overlegg. Bucuresti-møtet bør på ingen måte gå i gløymeboka. Det bør fordømast strengt, som ein svart flekk på den internasjonale kommunistrøsla.

Det er ikkje minste tvil om at dei ideologiske usemjene er og har vore alvorlege, og at dei har kome opp og har utvikla seg mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina. Desse burde ha vore løyste i rett tid og på marxist-leninistisk vis mellom dei to partia det vedkom.

Etter det kinesiske dokumentet seier Kommunistpartiet i Kina at desse prinsipielle usemjene vart reiste av dei kinesiske kameratane straks etter det 20. landsmøtet i Kommunistpartiet i Sovjetunionen. Sume av desse sakene har dei sovjetiske kameratane teke omsyn til, andre har dei avvist.

Arbeidspartiet i Albania meiner at om desse usemjene ikkje kunne løysast mellom dei to partia det galdt, burde det ha vorte eit møte av kommunistpartia og arbeidarpartia der desse sakene kunne takast opp, drøftast og der eit standpunkt kunne takast til dei. Det er ikkje som det skal vera at desse sakene har vorte liggjande uløyste. Skulda for dette må falla på dei sovjetiske kameratane som visste om desse usemjene men såg bort frå dei. Dei var skråsikre på lina si og at ho var «ukrenkjande». Dette meiner me er ein idealistisk og metafysisk tilnærmingssmåte.

Om dei sovjetiske kameratane var overtydde om at lina og taktikken deira var rett, kvifor skipa dei då ikkje til eit møte i rett tid og fekk desse usemjene løyste? Var sakene så daglegdags? Til dømes fordømminga av J. V. Stalin, hovudspørsmålet i den ungarske kontra-revolusjonen, spørsmålet om korleis maktovertakinga kan skje, for ikkje å snakka om mange andre svært viktige problem som seinare kom fram? Nei, dei var ikkje kvardagsproblem i det heile. Me har alle vårt syn på desse spørsmåla, for som kommunistar har me interesse for dei, for alle partia våre er ansvarlege for folka sine, men dei er ansvarlege for den internasjonale kommunismen og.

For å kunna fordøma Kommunistpartiet i Kina for innbilte feil og synder, var kamerat Khrusjtsjov og dei andre sovjetleiarane svært opp-

tekne av å leggja fram saka som om usemjene sto mellom Kina og heile den internasjonale kommunistrørsla. Men når det galdt slike spørsmål som dei eg nemnde nett no, hadde Khrusjtsjov og kameratane rundt han felt dom i dei på eiga hand. Dei tenkte at det ikkje var nokon trong for å drøfta dei saman, på eit møte med representantar frå alle partia, endå dette var store spørsmål med internasjonalt innhald.

Den ungarske kontrarevolusjonen kom, men saka vart hysja ned. Kvifor brukar dei sovjetiske kameratane denne taktikken med å stagga snakket om saker når dei ikkje har gagn av dei, medan dei ikkje berre kallar saman møte som det i Bucuresti når noko batar dei, men gjer det dei kan for å tvinga på andre det synet at «Kina står i motstrid til lina åt alle kommunistpartia og arbeidarpartia i verda»?

Dei sovjetiske kameratane gjorde ein liknande freistnad mot oss og. I august i år sende sovjetleinga eit brev til partiet vårt der dei gjorde framlegg om at «for å hindra at gneisten til usemje skal loga opp» skulle målsmenn for dei to partia våre møtast slik at partiet vårt skulle koma på line med Sovjetunionen mot Kommunistpartiet i Kina. Dei to partia våre skulle stå fram som ein samansveisa front ved dette møtet. Sjølv-sagt avslo sentralkomiteen i partiet vårt noko slikt, og i det offisielle svaret sitt sa partiet at dette var noko heilt umarxistisk, ei fraksjons-handling retta mot eit tredje brorparti, mot Kommunistpartiet i Kina. Sjølv-sagt fall ikkje dette rette og prinsippfaste standpunktet hjå partiet vårt i smak hjå leiinga for Kommunistpartiet i Sovjetunionen.

Det er ingen tvil om at desse sakene er umåteleg viktige. Det er ingen tvil om at dei vedgår oss alle, men det er heller ingen tvil hjå Arbeidspartiet i Albania om at sakene slik dei vart reiste i Bucuresti mot Kina hadde eit særskilt lag og skulle tena til å fordøma Kommunistpartiet i Kina og isolera det frå heile den internasjonale kommunistrørsla.

For Arbeidspartiet i Albania var dette fælt og kunne ikkje godtakast, ikkje berre fordi partiet ikkje var overtydd om sanninga i det som var førebore, men og fordi det hadde mistanke om at ein umarxistisk aksjon var i emning mot eit stort og ærerikt brorparti som Kommunistpartiet i Kina, slik det og synte seg. Partiet hadde mistanke om at eit åtak var på veg mot marxismen-leninismen, forkledd som eit klagemål mot Kina for dogmatisme.

På dette møtet vart Kommunistpartiet i Kina skulda for mange feil. Dette skulle ha kome fram i kunngjeringa etter møtet. Kvifor vart ikkje det gjort? Dersom skuldingane var velgrunna, kvifor då all denne stussinga og kvifor senda ut ei kunngjering som ikkje svara til det møtet

var kalla saman for? Kvifor hadde kunngjeringa inga tilvising til «den store dogmatisme-fåren» sume meiner trugar den internasjonale kommunismen?

Nei, kameratar, Bucuresti-møtet kan ikkje rettferdiggerast. Det bygde ikkje på prinsipp. Det halla til ei side for å nå visse mål. Hovudmålet var, etter meininga åt Arbeidspartiet i Albania, å skulda Kommunistpartiet i Kina for dogmatisme, for å dekkja over nokre alvorlege feil i linespørsmål som dei leiande sovjetiske kameratane har gjeve seg sjølve lov å gjera.

Dei sovjetiske kameratane trong om støe frå dei andre partia i denne saka. Difor freista dei heilt openlyst å koma uventa over dei. Slik nådde dei sovjetiske kameratane halve målet sitt og vann retten til å setja fram fordøminga av Kina i desse partia som resultatet av eit «internasjonalt kommunistmøte». Med unntak av Arbeidspartiet i Albania og visse andre kommunistparti og arbeidarparti, vart spørsmålet reist i kommunistpartia og arbeidarpartia om «dei alvorlege politiske feilstega Kommunistpartiet i Kina har gjort». Den «samrøystes» fordøminga av Kina i Bucuresti vart det meldt om i ein freistnad på å skapa ei meining som gjekk i denne leia i partia og hjå folka. Arbeidspartiet i Albania vart og fordømt i sume av desse partimøta.

Etter Bucuresti-møtet vedtok sentralkomiteen i Arbeidspartiet i Albania å drøfta einast kunngjeringa innan partiet, og fortelja partiet at det fanst skilde prinsippsyn mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina. Desse burde takast opp og løysast på møtet som skulle haldast i Moskva i november. Dette var eit rett vedtak, og slik vart det gjort.

Men dette standpunktet hjå partiet vårt fall ikkje i smak hjå dei leian- de kameratane i Kommunistpartiet i Sovjetunionen, og me fekk svært snøgt vita om det. Straks etter Bucuresti-møtet kom det eit uventa og prinsippplautt åtak og det vart sett i gang brutal innblanding og allslags press mot partiet vårt og sentralkomiteen. Kamerat Khrusjtsjov opna åtaket i Bucuresti og det vart halde i gang av kamerat Kozlov i Moskva. Kameratane i politbyrået hjå oss som kom til å reisa gjennom Moskva, vart arbeidde med slik at dei skulle venda seg mot partileinga vår. Russarane sette fram at «leiinga i Arbeidspartiet i Albania hadde svi- ke venskapen med Sovjetunionen», at «partileinga i APA fylgjer ei line full av tverrkrokar», at «Albania må avgjera om dei vil gå med dei 200 millionane (med Sovjetunionen) eller med dei 650 millionane (med Folke-Kina)», og endeleg at «eit isolert Albania er i fære, for det vil berre trengjast ei einaste atombombe som amerikanarane slepper for å sopa bort Albania og heile folkesetnaden i landet», og andre slike trugs-

mål. Det er fullstendig klårt at meininga var å så usemje i partileiinga vår, å få dei folka som sovjetleiarane meinte slo i vegen for dei uærlege kjeltringsstrekane deira vekk frå partileiinga.

Det som kom ut or dette kløyvingsarbeidet var at Liri Belishova, tidlegare medlem i politbyrået i sentralkomiteen i Arbeidspartiet i Albania, gav seg over for godsnakket frå sovjetleiarane, for utpressinga og skræmslene deira, og tok standpunkt i open motstrid til partiet.

I brevet sitt til sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Kina freistar dei sovjetiske kameratane å leggja fram denne saka som om vener av Sovjetunionen vert forfylgde i Albania. Dette er lygn. Halvannen million albanarar og Arbeidspartiet i Albania er livsvarige vener av sovjetfolka. Partiet har smidd og stålsett denne venskapen som er herda i blodspille. Dei ymse ettergevarane, kløyvarane og avvikarane er ikkje slike vener.

Men freistnader på å reisa tvil om det rette standpunktet partiet vårt hadde i Bucuresti fann ein ikkje berre i Moskva. Dei vart gjorde, endå til med større eldhug, i Tirana av dei tilsette i sovjetambassaden med sjølve den sovjetiske ambassadøren i brodden.

Som eg sa tidlegare, før Bucuresti-møtet kunne ein ikkje tenkja seg nærare, ærlegare og meir broderlege tilhøve enn det som var mellom oss og dei sovjetiske kameratane. Me heldt ingen ting løynt for dei sovjetiske kameratane, korkje løyndomar i parti eller stat. Dette hadde sentralkomiteen vår vedteke. Dette tilhøvet avspeglar den store kjærleiken og truskapen det albanske folket hyser til dei sovjetiske folka, kjensler som partiet vårt hadde herda i blod.

Det var på desse heilage kjenslene hjå Arbeidspartiet i Albania og folket vårt at visse sjuklege element med den sovjetiske ambassadøren i brodden trampa med storstøvlane. Dei utnytta det venlege hopehavet vårt og den tiltrua dei hadde hjå kadrane våre. Dei byrja med oppjaga og harde åtak på den marxist-leninistiske partilina vår, for å kløyva partiet, for å skapa panikk og vildring i rekkjene og for å skapa avstand mellom leiinga og partiet, Den sovjetiske ambassadøren i Tirana gjekk endå til så langt som til å freista setja generalane i hæren vår i gang med å reisa Folkehæren mot leiinga i Arbeidspartiet i Albania og den albanske staten. Men han steinhogg, for einskapen i partiet vårt er sterk som fjell. Kadrane våre som vart herda i den nasjonale frigjeringskrigen, og i ein beisk strid på liv og daude med dei jugoslaviske revisjonistane, forsvarte det djerpe partiet sitt på marxistisk måte. Dei visste sværande godt kvar dei skulle draga skiljet mellom det Kommunistpartiet i Sovjetunionen som Lenin skapte og kløyvarane. Og dei sette i sanning svertarane på plass.

Likevel greidde dei tilsette ved den sovjetiske Tirana-ambassaden med utillatelege anti-marxistiske metodar å få formannen i den sentrale kontrollnemnda i partiet til å falla i klørne på desse intrigemakarane. Fjorten dagar tidlegare hadde han sagt seg solidarisk med den lina sentral-komiteen i Arbeidspartiet i Albania fylgde i Bucuresti, og no gjekk han heilt av det marxist-leninistiske sporet og sto fram i openlys motstrid til partilina. Det er klårt at denne vesale åtferda frå desse sovjetiske kameratane skulle tena til å kløyva leiinga i Arbeidspartiet i Albania, og gjera leiinga framand for massane i partiet. Dette er straffa for «brots-verket» me hadde gjort i Bucuresti, då me hadde mot til å målbera synet vårt fritt, slik me meinte det høvde.

Tenestefolka i den sovjetiske Tirana-ambassaden gjekk endå til lengre. Dei vende seg til albanarar som hadde studert i Sovjetunionen med tanke på å eggja dei opp mot den albanske leiinga. Dei trudde dei skulle vera ein styrke som høvde til det uærlege føremålet. Men albanarane, både dei som hadde fullført studia sine i Sovjetunionen og dei som enno var i gang med dei, veit at slike låke metodar som dei tilsette i den sovjetiske Tirana-ambassaden nytta er fullstendig framande for marxismen-leninismen. Albanarane er søner og døtrer av sitt eige folk, av sitt eige parti. Dei er marxist-leninistar og internasjonalar.

Me kunne ha rekna opp mange andre døme, men for ikkje å ta for mykje tid frå dette viktige møtet skal eg berre nemna to typiske tilfelle. Presset på partiet vårt heldt fram endå til i dei dagane då nemnda heldt møte her i Moskva for å setja opp utkastet til fråsegn som er framlagd for oss. Då fortalde dei sovjetiske kameratane oss at me måtte sjå frametter og ikkje attende. I dei dagane i Moskva sette marskalk Malinovski i gang eit ope åtak på det albanske folket, på Arbeidspartiet i Albania, på den albanske regjeringa, og på leiinga vår på eit utvida møte av stabs-sjefar frå landa i Warszawa-pakta. Malinovski er medlem i sentral-komiteen og minister i Sovjetunionen. Dette uvenlege og offentlege åtaket hadde mykje sams med undergravingsåtaket frå den sovjetiske Tirana-ambassadøren, som freista eggje Folkehæren mot leiinga i partiet og staten. Men til liks med den sovjetiske ambassadøren gjer marskalk Malinovski eit alvorleg mistak. Ingen kan få dette til, og endå mindre få til å bryta venskapen mellom folket vårt og folka i Sovjetunionen. Den rettvise striden Arbeidspartiet i Albania fører mot desse undergravingsfreistnadene styrkjer den ærlege venskapen mellom folket vårt og folka i Sovjetunionen. Denne venskapen kan heller ikkje brytast av dei merkelege påstandane frå marskalk Gresjko, øvstkommanderande i Warszawa-pakta. Han ikkje berre fortalde det militære sen-

delaget vårt at det var vanskeleg for han å stetta den trongen hæren vår hadde for grunnleggjande våpenutstyr det alt var underskrive leveringskontrakter for. Han sa rett ut: «De er i Warszawa-pakta berre så lenge det varer». Det skein gjennom at marskalk Gresjko har avgjort at me skal kastast ut. Men til all lukke står det ikkje til kamerat marskalken å ta ei slik avgjerd.

I oktober i år, sa kamerat Khrusjtsjov høgtideleg i frå til dei kinesiske kameratane: «Me skal fara åt med Albania som med Jugoslavia.» Me seier dette på dette internasjonale kommunistmøtet slik at alle kan sjå kor langt det har kome og kva åtferd dei syner mot eit lite sosialistisk land. Kva gale har Arbeidspartiet i Albania gjort så landet vårt skal få same medferda som Tito-Jugoslavia? Kan ein seia at me har svike marxismen-leninismen slikt Tito-klikken har gjort? Eller braut me ut frå det sosialistiske lægeret og klangde oss på USA-imperialismen slik dei jugoslaviske revisjonistane gjorde? Nei. Heile den internasjonale kommunistrørsla og all den handfaste politiske, ideologiske og økonomiske verksemnda partiet og staten vår har hatt for seg i heile tida under den nasjonale frigjeringskrigen og i alle dei 16 åra sidan landet vårt har vore frigjort, er vitnemål om dette. Dette stadfester og sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen sjølv i eit brev dagsett 13. august 1960 til sentralkomiteen i Arbeidspartiet i Albania. Her la dei vekt på dette: «Hopehavet mellom Arbeidspartiet i Albania og Kommunistpartiet i Sovjetunionen, tufta på grunnsetningane i den proletariske internasjonalismen, har alltid vore sant broderleg. Venskapen mellom dei to partia og folka våre har aldri nokon gong myrkna til av noka mistyding eller avvik. Haldninga hjå Arbeidspartiet i Albania og hjå Kommunistpartiet i Sovjetunionen til alle dei viktigaste sakene i den internasjonale kommunist- og arbeidarrørsla og i utanrikspolitikken har vore heilt eins.» Kva er me så skuldige i? Det einaste «brotsverket» vårt er at i Bucuresti var me ikkje samde i at eit broderleg kommunistparti som Kommunistpartiet i Kina skulle verta fordømt utan grunn. Det einaste «brotsverket» vårt er at me hadde mot til å gå ope i mot den urettvise handlinga til kamerat Khrusjtsjov på eit internasjonalt kommunistmøte (og ikkje på torget). Det einaste «brotsverket» vårt er at me er eit lite parti frå eit lite og fattig land. Slike skulle etter kamerat Khrusjtsjov berre klappa og godta, men ikkje målbera noka eiga meining. Men dette er korkje marxistisk eller godtakande. Marxismen har gjeve oss rett til å ha eit ord med i laget. Ingen kan ta det frå oss enten dei brukar politisk eller økonomisk press, eller ved hjelp av trugsmål eller utnamn. Ved dette høvet har me hug til å spørja kamerat Khrusjt-

sjov kvifor han ikkje kom med denne påstanden til oss i staden for til ein målsmann frå eit tredje parti. Eller trur kamerat Khrusjtsjov at Arbeidspartiet i Albania ikkje har sine egne meiningar men har gjort sams sak med Kommunistpartiet i Kina på prinsipplaus vis, og difor kan ein snakka med dei kinesiske kameratane når det gjeld saker som har samband med partiet vårt? Nei, kamerat Khrusjtsjov, du held fram med å gjera flauter og ha svært galne meiningar om partiet vårt. Arbeidspartiet i Albania har sine egne meiningar og skal svara for dei både and-synes sitt eige folk og den internasjonale kommunist- og arbeidarrørsla.

Me har plikt til å seia frå til dette møtet at sovjetleiarane i røynda har gått vidare frå trugsmål om å gjera med Albania som dei gjorde med Tito-Jugoslavia, til handfaste gjerningar. I år har landet vårt hatt mange naturkatastrofar. Det var eit stort jordskjelv, me hadde flaum i oktober, og særleg var det turken som var fæl, ikkje ein drope regn på 120 dagar. Mest alt kornet gjekk tapt. Folket var truga av svolt. Det vesle som var i bakhand var oppete. Regjeringa vår freista å kjøpa korn frå Sovjetunionen i full fart, og forklara den særskilte stoda me sto framføre. Dette hende etter Bucuresti-møtet. Me venta 45 dagar på svar frå den sovjetiske regjeringa og då hadde me berre brød til folket for fjorten dagar. Etter 45 dagar og oppattekte offisielle førespurnader gjekk den sovjetiske regjeringa med på å gje oss 10.000 tonn i staden for 50.000, det vil seia nok til at det kunne vara i fjorten dagar. Dette kornet skulle dei levera i september og oktober. Dette var ope press på partiet vårt for å få det til å bøya seg for viljen åt dei sovjetiske kameratane.

I dei kritiske dagane skjøna me både eitt og hitt. Hadde ikkje Sovjetunionen, som sel korn til heile verda, 50.000 tonn å gje det albanske folket som er trugne brør for sovjetfolket, trugne mot marxismen-leninismen og det sosialistiske lægeret? Og det på ei tid då dei var truga av svolt utan at det var deira eigen feil? Kamerat Khrusjtsjov sa til oss ein gong:

«Syt ikkje for korn, for de et ikkje meir på eit heilt år enn det som vert ete av mus i landet vårt». Mysene i Sovjetunionen skal få eta, men det albanske folket kunne få døy av svolt til leiinga for Arbeidspartiet i Albania bøyde seg for viljen åt sovjetleiarane. Dette er fælsleg, kameratar, men det er sant. Dersom dei høyrer om det, vil det sovjetiske folket aldri tilgje dei, for det er korkje marxist-leninistisk, internasjonalistisk eller kameratsleg. Det er heller inga venleg handling å ikkje godta at me fekk kjøpa korn frå Sovjetunionen mot avrekning, men tvinga oss til å tæra på den vesle gullreserven i Nasjonalbanken vår for at me skulle få kjøpa mais frå Sovjetunionen til folkemat.

Desse gjerningane står i samband med ein annan. Dei har ikkje hendt på slump. Særleg i det siste har åtaka frå kamerat Khrusjtsjov på partiet vårt nådd høgdepunktet. Kamerat Khrusjtsjov, den 6. november sa du frå at «albanarane fer åt mot oss nett som Tito». Til dei kinesiske kameratane sa du: «Me tapte eit Albania, og de kinesarar vann eit Albania». Og til slutt sa du frå at «Arbeidspartiet i Albania er den veike lekken vår».

Kva er alle desse overhengende skuldingane, dette å te seg som ein handelsmann med partiet vårt, folket vårt og eit sosialistisk land, som fulla skulle vera mist og vunne som i eit spel? Er dette å setja rett verde på eit broderparti, som etter det du seier skal vera den veike lekken i den internasjonale kommunistrørsla? For oss er det klårt at det rette og prinsippfaste marxist-leninistiske standpunktet vårt og motet me har til å usemjast med deg og fordøma dei gjerningane dine som er galne, driv deg til å gå laus på partiet og til å nytta alle slag press mot det. Du uttalar dei fælaste skræmsler mot partiet vårt. Det skjønar me berre så alt for vel, alt i hop. Men det er ingen ting kameratsleg, ingen ting kommunistisk i dette. Du liknar oss med dei jugoslaviske revisjonistane. Men alle veit korleis partiet vårt har stridd og strir mot dei jugoslaviske revisjonistane. Det er ikkje me som fer åt som jugoslavar, men du, kamerat Khrusjtsjov, som nyttar metodar som er framande for marxismen-leninismen mot partiet vårt. Du meiner Albania er ei torgvare som den eine kan få og den andre missa. Ein gong vart Albania sedd som eit bytemiddel. Då meinte andre det sto til dei om Albania skulle finnast eller ei. Men den tida vart det slutt på, då dei marxist-leninistiske tankane sigra i landet vårt. Du tek oppatt same tankane når du kjem til det resultatet at du har «mist» Albania, eller at einkvan annan har «vunne» det, eller at Albania ikkje lenger er eit sosialistisk land, slik det går fram av brevet du gav oss den 8. november. Der er ikkje landet vårt nemnt som eit sosialistisk land.

Det at Albania går den sosialistiske vegen og at det er med i det sosialistiske lægeret vart ikkje fastsett av deg, kamerat Khrusjtsjov, og det står ikkje til din vilje. Det albanske folket med Arbeidspartiet sitt i brodden avgjorde dette gjennom sin eigen strid og det er inga makt som kan snu dei bort frå den vegen.

Du har påstått at Arbeidspartiet vårt er den veikaste lekken i det sosialistiske lægeret og i den internasjonale kommunistrørsla. Til det seier me at den tjue år lange partisoga vår og den djerve striden folket og partiet vårt førte mot dei fascistiske inntrengjarane og dei seksten åra som har gått sidan landet vart frigjort syner det motsette. I denne tida har partiet og folket vårt trassa alle stormar. Omringa av fiendar som ei

øy i bylgjene har Folkerepublikken Albania stått djervt imot alle overfall og provokasjonar frå imperialistane og lakeiane deira. Støtt som fjell har det lyfta den sosialistiske merkestonga høgt bak fiendelinene, og me lyfter ho i dag. Du, kamerat Khrusjtsjov, lyfta handa mot eit lite land og partiet der. Men me er overtydde om at sovjetfolket, som spilte blod for at folket vårt og skulle vera fritt, og det store partiet til Lenin ikkje vil vera med på desse gjerningane dine. Me trur fullt og fast på marxismen-leninismen. Me er visse på at brorpartia som har sendt ut-sendingane sine til dette møtet vil granska saka og seia dom med marxist-leninistisk rettferd.

Partiet vårt har alltid kalla Kommunistpartiet i Sovjetunionen eit morparti. Me har sagt dette fordi det er det eldste partiet. Det er det ærerike bolsjevikpartiet, som har røynsler som gjeld for alle og er eit vakse parti. Men partiet vårt har aldri godekte og vil heller aldri godta at ein eller annan sovjetleiar kan tvinga på det sine meiningar som partiet meiner er galne.

Sovjetleinga såg heilt gale på denne prinsipielt viktige saka, på idealistisk og metafysisk vis. Dei har vorte storlåtne av den svære framgangen sovjetfolka og Kommunistpartiet i Sovjetunionen har nådd. Dei bryt marxist-leninistiske prinsipp og trur dei ikkje kan feila sjølve. Dei trur at kvar avgjerd, kvart ord og kvar fakte dei gjer er feilfri og aldri treng gjerast omatt. Andre kan gjera feil, andre kan fordømast, medan ingen kan klandra dei for noko. «Vedtaka våre er heilage, dei kan ikkje brytast.» «Me kan ikkje gje etter for eller semjast på halvvegen med Kommunistpartiet i Kina,» fortalde leiarane for Kommunistpartiet i Sovjetunionen til folket vårt. Så kvifor kalla dei oss saman i Bucuresti? Sjølvsaft for å røysta for meiningane åt sovjetleiarane med augo att-latne. Er det marxistisk? Er dette normalt?

Kan eitt parti tillata seg å gje seg ut på undergravingsarbeid for å skapa kløyving og velta leiinga for eit anna parti eller ein annan stat? Aldri! Sovjetleiarane skulda kamerat Stalin for at han skulle ha blanda seg inn i andre parti, og tvinga meiningane til bolsjevikpartiet på andre. Me kan vitna at kamerat Stalin aldri gjorde noko slikt mot oss, mot det albanske folket og Arbeidspartiet i Albania. Han tedde seg alltid som ein stor marxist, som ein framstående internasjonalist, som ein kamerat, bror og ærleg ven av det albanske folket. I 1945 då folket vårt var truga av svolt, omdirigerte Stalin skipa som var lasta med korn til det sovjetiske folket. Sovjetfolket var og ille ute i matvegen den gongen, men han sende straks kornet til det albanske folket. Men sovjetleiarane som er i dag tillet seg desse stygge gjerningane.

Kan me tillata økonomisk press? Kan me tillata trugsmål mot det albanske folket, slik sovjetleiarane kom med etter Bucuresti-møtet? På ingen som helst slags måte... Me veit at hjelpa er ei internasjonalistisk hjelp til det vesle folket vårt som før krigen leid i stort elende på alle vis. Den andre verdskrigen brende og øydde landet vårt, men han fekk aldri det albanske folket nedåt. Under leiing av det ærerike Arbeidspartiet i Albania streid dei heltemodig og frigjorde seg.

Men kvifor skifta sovjetleiinga haldning til oss etter Bucuresti-møtet så langt at det let det albanske folket lida svolt? Den rumenske leiinga gjorde det same og, då dei av slo å selje eit einaste kveitekorn til det albanske folket for avrekning. Det var på den tida då Romania handla korn med kapitalistlanda, medan me var nøydde til å kjøpa mais frå franske bønder og betala i utanlandsk valuta.

Nokre månader før Bucuresti-møtet bad kamerat Dej* til seg eit sendelag frå partiet vårt med særleg tanke på å samtala om den framtidige utviklinga av Albania. Han synte rosverdig og marxistisk sut for oss. Kamerat Dej sa til partiet vårt: «Me, dei andre folkedemokratiske landa, bør ikkje lenger drøfta kor mykje kreditt me skal gje Albania. Me bør vedta å byggja dei og dei fabrikkane i Albania og lyfta produksjonsmidla til eit høgare nivå, same kor mange millionar rublar det kjem til å kosta — det har ingen ting å seia.» Kamerat Dej la til: «Me har drøfta dette med kamerat Khrusjtsjov, og me var samde.»

Men så kom Bucuresti-møtet og partiet vårt hevda det standpunktet de alle kjenner. Dei rumenske kameratane gløymde kva dei før hadde sagt og valde å lata det albanske folket svelta.

Me har gjort desse sakene offisielt kjende for sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen tidlegare. Me har ikkje lagt dei fram til offentleg ordsifte og ikkje kviskra om dei til hund og hane heller. Me openberrar dei her for fyrste gong på eit partimøte, som dette her i dag. Kvifor tek me opp desse sakene? Det gjer me med utgangspunkt i ynsket om å gjera ende på desse skadelege ovringane som ikkje styrkjer ein-skapen vår, men veikjer han. Me går ut frå ynsket om å styrkja sam-bandet og dei marxist-leninistiske banda mellom kommunistparti og arbeidarparti, mellom sosialistiske statar, og avviser alle låke ovringar som har kome fram til i dag. Me ser lyst på stoda og me er heilt overtydde om og har urikkeleg tiltru til at dei sovjetiske og dei andre kameratane vil skjøna kritikken vår på rett måte. Kritikken er streng, men open og ærleg, og tek sikte på å styrkja hopehavet vårt. Trass i dei

* Georghe Georgiu-Dej, fyrsteseekretær i sentralkomiteen i Det rumenske arbeidarpartiet.

urettvise og skadelege haldningane som vert haldne oppe mot oss, men som me trur vil verta ende på i framtida, vil partiet og folket vårt styrkja den grenselause kjærleiken og truskapen til sovjetfolket endå meir, til Kommunistpartiet i Sovjetunionen, til alle folka og kommunistpartia og arbeidarpartia i det sosialistiske lægeret, alltid tufta på det marxismen-leninismen lærer.

For partiet vårt vil venskap seia rettferd og vyrdnad for kvarandre tufta på marxismen-leninismen. Så seier Moskva-fråsegna frå 1957, og det er understreka i utkastet til fråsegn som er lagt fram for oss. Me seier heilt ærleg al Arbeidspartiet i Albania og det albanske folket alltid vil vera viljefaste stridsmenn for å styrkja hopehavet og samhaldet i det sosialistiske lægeret og den internasjonale kommunistrørsla.

Del albanske folket går gjerne gjennom eld for sine sanne vener. Og dette er ikkje tome ord eg seier. Eg målber her kjenslene hjå folket og partiet vårt, og ingen må nokon gong tru al me er glade i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Sovjetunionen fordi dei er ei fryd for augo, eller for å tekkjast ein eller annan einskildperson.

Kjære kameratar!

Bade i Moskva-fråsegna frå 1957 og i utkastet til fråsegn som er lagt fram for oss er det peika på at revisjonismen står som hovudfåren i den internasjonale kommunist- og arbeidarrørsla i dag. I Moskva-fråsegna frå 1957 er det understreka som rett er at borgarleg innverknad er den indre kjelda til revisjonisme, medan ettergjeving for imperialistisk press er den ytre kjelda. Røynsla har stadfesta dette fullt ut. Utkledd med liksom-marxistiske og liksom-revolusjonære slagord har den moderne revisjonismen freista med alle råder å vanæra den store læra vår, marxismen-leninismen. Dei har kalla henne «umoderne» og sagt ho ikkje svarar til samfunnsutviklinga lengre. Løynt bak slagord som «skapande marxisme» og «nye vilkår» har revisjonistane streva på den eine sida for å ta den revolusjonære ånda frå marxismen og undergrava trua arbeidarklassen og det arbeidande folket har på sosialismen. På hi sida har dei freista bruka alle råder dei eig og har til å gjera imperialismen gild og fager, og seier han er rimeleg og fredeleg. I åra som har gått sidan Moskva-møtet har det vorte heilt stadfesta at dei moderne revisjonistane ikkje er anna enn kløyvingsmakarar i kommunistrørsla og det sosialistiske lægeret. Dei er trugne imperialist-lakeiar, svorne fiendar av sosialismen og av arbeidarklassen.

Livet sjølv har synt at faneberarane for den moderne revisjonismen og dei farlegaste og mest åtsøkne målsmennene han har til dessar, er dei

jugoslaviske revisjonistane, svikarklikken rundt Tito og kompani. Den gongen Moskva-fråsegna vart godkjend vart denne fiendslege gruppa, som er agentar for USA-imperialismen, ikkje fordømd offentleg, endå det etter vårt syn fanst nok kjensgjerningar og opplysningar til å byggja under noko slikt. Og ikkje berre det. Seinare, då den fåren den jugoslaviske revisjonismen er vart meir berrsynt, vart ikkje den fylgjestrengje og ustogggande striden mot han for å knusa han politisk og ideologisk ført så kvasst som han skulle. Tvert om. Dette er og har vore kjelda til mange plager og mykje skade på den internasjonale kommunist- og arbeidarrørsla vår. Den revisjonistiske Tito-gruppa er ikkje vorten avslørt og uthengd fullstendig, og det har dukka opp grunnlause voner om at ei betring og eit bra omskifte skulle ha synt seg i denne svikargruppa. Partiet vårt meiner at grunnen til alt dette er påverknad frå ein tendens til forsoning, galne synsmåtar og urett verdsetjing av fåren frå denne gruppa som kamerat Khrusjtsjov og nokre andre sovjetleiarar har gjort seg skuld i.

Det har vorte sagt at J.V. Stalin tok feil av dei jugoslaviske revisjonistane og at det var gale å kvessa striden mot dei. Partiet vårt har aldri skrive under dette synet, fordi tida og røynsla har synt det motsette. Stalin hadde heilt rett når det galdt fåren frå dei jugoslaviske revisjonistane. Han freista løysa den saka i rett tid og på marxistisk vis. Informasjonsbyrået som eit kollektivt organ vart kalla saman den gongen, og etter Tito-gruppa var avslørt vart det ført ein nådelaus strid mot henne. Tida har synt oppatt og oppatt at dette var rett og at det trongst.

Arbeidspartiet i Albania har alltid meint og er overtydd om at Tito-gruppa er svikarar mot marxismen-leninismen, agentar for imperialismen og fårlege fiendar for det sosialistisk lægeret og heile kommunist- og arbeidarrørsla. Difor må vi føra ein nådelaus strid mot dei. For vår del har me ført denne striden som internasjonalistiske kommunistar, og fører han enno. Dessutan har me kjent og kjenner bora av den fiendslege verksemda åt den revisjonistiske Tito-klikken mot partiet vårt og mot landet på eigen rygg. Men det har aldri falle i smak hjå kamerat Khrusjtsjov og visse andre kameratar at partiet vårt tok dette standpunktet.

Tito-gruppa har vore ein gjeng trotskistar og renegatar i lang tid. For Arbeidspartiet i Albania i det minste har dei vore det sidan 1942, det vil seia i 18 år.

Så langt attende som i 1942, då det albanske folket reiste seg så kvast, kledde trotskistgruppa i Beograd seg ut som vener og misbrukte tiltrua vår. De freista alt dei kunne å hindra den væpna striden vår og halda att

skipinga av sterke albanske stridsavdelingar. Sidan dei ikkje kunne stogga avdelingane freista dei ta beinveges politisk og militær kontroll over dei. Dei freista få det til slik at alt skulle styrast frå Beograd, og partiet og partisanhæren vår skulle vera berre vedheng til Kommunistpartiet i Jugoslavia og den jugoslaviske nasjonale frigjeringshæren.

Partiet greidde å stå mot alle desse djevelske planane samstundes som det tok vare på venskapen med dei jugoslaviske partisanane. Det var på den tida Tito-gruppa freista leggja grunnlaget for Balkan-føderasjonen under leiing av Tito-flokken i Beograd. Dei ville hekta kommunistpartia i Balkan-landa på vogna til det jugoslaviske kommunistpartiet, og setja partisanhærane åt Balkan-folka under den jugoslaviske Tito-staben. Det var med tanke på dette at dei i samråd med britane freista skipa Balkan-staben og setja han, det vil seia Balkan-hærane, inn under leiing av britar og amerikanarar. Partiet vårt greidde å stå mot desse lumske planane. Då frigjeringsflagget vart heist i Tirana sende Tito-gjengen i Beograd ut ordre til agentane sine i Albania om å rakka ned på sigeren for Kommunistpartiet i Albania og stella til eit kupp* for å velta leiinga i partiet vårt. Det galdt den leiinga som hadde skipa partiet, leidd den nasjonale frigjeringskrigen og ført det albanske folket til siger. Den fyrste «framstøyten» var laga til av Tito gjennom dei løynlege agentane han hadde i partiet vårt, men Kommunistpartiet i Albania knuste denne Tito-samansverjinga.

Skarvane i Beograd strekte ikkje våpen, og saman med hjelparen sin i partiet vårt, svikaren Koçi Xoxe, freista dei å få nytt liv i samansverjinga i andre nye former mot det nye Albania. Det dei ville var å gjera Albania til den sjuande republikken i Jugoslavia.

På ei tid då landet vårt hadde vorte smadra og lagt øyde og trong om å verta heilt oppattbygt, då folket vårt mangla mat og hus men atte sterkt pågangsmot, då stelte skarvane i Beograd til planar for å trølebinda Albania. Dette var den gongen då folket og hæren vår heldt vakt med våpen i hand mot svikarrådene frå reaksjonen som var ordna til av dei britisk-amerikanske militærmisjonane. Dei truga det nye Albania med ein ny invasjon. Den gongen hadde ein stor del av den albanske partisanhæren gått over grensa og reist for å hjelpa dei jugoslaviske brørne.

* På det andre plenumsøtet i sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Albania (KPA), halde i Berati i november 1944, laga utsendingen frå sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Jugoslavia (KPJ) til ei samansverjing bak kulissane mot KPA. Anti-parti-elementa Sejfulla Malëshova, Koçi Xoxe og Pandi Kristo var med. Hovudmålet med denne samansverjinga var å velta leiinga i partiet med kamerat Enver Hoxha i brodden og setja ei leiing i staden som var betalt av jugoslavane.

Dei slost i breidda med dei, og saman frigjorde dei Cerno Gora, Bosnia, Herzegovina, Kosova og Metohia og Makedonia.

Men partiet vårt gjorde djerv motstand mot desse løynde-hjelparane som framstilte seg som kommunistar. Då Beograd-trotskistane innsåg at dei hadde tapt saka og at partiet vårt knuste meinrådene, freista dei med trumfesset sitt. Dei freista å ta Albania med hæren sin, renna med all motstand, setja fast leiarane for Arbeidspartiet i Albania og den albanske staten, og ropa ut Albania som den sjuande republikken i Jugoslavia. Partiet vårt knuste denne gangsterplanen deira og. Hjelpa og inn-grepa frå J.V. Stalin i denne tida var avgjerande for partiet vårt og for fridomen åt det albanske folket.

Nett på denne tida avslørte Informasjonsbyrået Tito-klikken.

Informasjonsbyrået fekk slege ned samansverjingane åt Tito-klikken, ikkje berre i Albania, men og i andre folkedemokrati. Renegaten og imperialisthjelparen Tito og gjengen hans gav seg ut for kommunistar og freista å skilja folkedemokratia på Balkan og i Mellom-Europa frå venskapen og samlaget frå krigstida med Sovjetunionen. Slik ville dei øydeleggja kommunistpartia og arbeidarpartia i landa våre, og gjera statane våre til bakland for britisk-amerikansk imperialism.

Var det nokon der som ikkje visste om og såg korleis dei fiendslege planane til imperialismen og den trugne sveinen Tito verka? Alle visste det, alle fekk greie på det, og alle godkjende samrøystes det rette vedtaket i Informasjonsbyrået. Alle, utan unntak, godkjende vedtaka frå Informasjonsbyrået, og etter vår meining er dei rette framleis, utan unntak.

Dei som ikkje ville sjå og skjøna gjerningane åt denne gjengen fekk eit nytt høve til å gjera det under den ungarske kontra-revolusjonen og i dei ustoggende løynerådene mot Albania. Ulven kan byta ham, men han er framleis ulv. Tito og gjengen hans nyttar knep, freistar å kle seg ut, men dei er svikarar og hjelper imperialismen. Dei har myrda dei heltemodige jugoslaviske internasjonalistiske kommunistane, og slik vil dei vera og slik vil dei gjera til dei vert sopte bort.

Arbeidspartiet i Albania ser vedtaka som vart gjorde i Informasjonsbyrået mot titorenegat-gruppa som vedtak gjorde av alle partia som var med i Informasjonsbyrået, og ikkje av kamerat Stalin personleg. Og ikkje berre av desse partia, men og av arbeidarpartia og kommunistpartia som ikkje var med i utvalet. Sidan dette var ei sak som vedkom alle kommunistpartia og arbeidarpartia vedkom det Arbeidspartiet i Albania og. Partiet fekk og studere kopien av brevet kamerat Stalin og kamerat Molotov hadde skrive til sentralkomiteen i Kommunistpartiet i

Jugoslavia, og skreiv deretter under fullt ut både brevet og vedtaket i Informasjonsbyrået.

Kvifor vart då «haldningsendringa» andsynes dei jugoslaviske revisjonistane, slik som kamerat Khrusjtsjov og sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen tok ved i 1955, ikkje gjort til ei sak for samråding på vanleg måte med dei andre kommunistpartia og arbeidarpartia, men påfunnen og gjennomført på ein slik fiendsleg og einsidig måte? Dette var ei sak som kom oss alle ved. Anten hadde dei jugoslaviske revisjonistane stått imot marxismen-leninismen og kommunistpartia i verda, eller dei hadde ikkje gjort det. Anten tok dei feil, eller me tok feil av dei, og ikkje berre Stalin. Denne saka kunne ikkje kamerat Khrusjtsjov gjera som han ville med, og det er heilt hinsides at han freistar gjera det. Men i røynda var det det han gjorde, og denne haldningsendringa andsynes dei jugoslaviske revisjonistane heng saman med gjestinga hans i Beograd. Det kom som ei bombe på Arbeidspartiet i Albania som straks gjekk i mot det så hardt me kunne. Før kamerat Khrusjtsjov for av stad til Beograd i mai 1955 sende sentralkomiteen i Arbeidspartiet i Albania eit brev til sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen. Her sa me frå at partiet vårt var mot at han skulle reisa til Beograd. Me la vekt på at han ikkje kunne løysa Jugoslavia-spørsmålet på eiga hand, men at Informasjonsbyrået burde kallast inn til møte. Her ba me om at Arbeidspartiet i Albania og skulle få innbyding. Det er der denne saka burde ha vore løyst etter eit skikkeleg og langvarig ordskifte.

Sjølvsagt hadde me formelt sett ikkje nokon rett til å avgjera om kamerat Khrusjtsjov burde reisa til Beograd eller ei, og me gav oss på det. Men i grunnen hadde me rett, og tida har stadfesta at det jugoslaviske spørsmålet ikkje skulle ha vorte avgjort på ein slik forhasta måte.

Slagordet om «interesser som må gå framom» vart sendt ut, den 2. fråsegna frå Informasjonsbyrået vart kalla attende i ein fart. «Forsoningsbolken» med dei «jugoslaviske kameratane» tok til. Dei samansvorne, kvar dei no var, granska på nytt og gav oppreising, og dei «jugoslaviske kameratane» kom uskadde frå det. Dei vart krye som påfuglsteggar, og basunerte ut i utlandet at «rettferdssaka» deira hadde vunne. Dei sa at «brottsmannen Stalin» hadde tvinga fram alle desse sakene. Ein situasjon var skapt der kven som helst som nekta å ta denne leia vart kalla «stalinist», og skulle rydjast or vegen.

Partiet vårt nekta å ta ein slik forsonleg og opportunistisk kurs. Det sto fast på den rette marxist-leninistiske ideologiske stillinga med

ideologisk og politisk strid mot dei jugoslaviske revisjonistane. Arbeidspartiet i Albania sto urikka i det synet at Tito-gruppa var svikarar, rene-gatar, trotskistar, undergravarar og agentar for USA-imperialistane. Arbeidspartiet i Albania sto på at det ikkje hadde teke feil av dei.

Arbeidspartiet i Albania let seg ikkje rikka i den meininga at kamerat Stalin ikkje hadde gjort nokon feil i denne saka. Revisjonistane hadde freista trælbinda Albania med svikarlina si, og dei hadde freista øydeleggja Arbeidspartiet i Albania. Ved å stella i stand ei rad internasjonale meinrader med britiske og amerikanske imperialistar hadde dei freista vasa Albania inn i internasjonale stridar.

På hi sida var Arbeidspartiet i Albania for å oppretta statssamband med godt grannskap, handel og kultursamkvem med Den føderale folkerepublikken Jugoslavia, så framt prinsippa for fredeleg samlivnad mellom statar med ulike styreformer vart akta på. For Arbeidspartiet i Albania sin del har Tito-Jugoslavia ikkje vore sosialistisk, er det ikkje og kjem ikkje til å verta det heller, så lenge det vert styrt av ei gruppe renegatar og imperialism-agentar.

Ingen opne eller fordekte freistnader vil få Arbeidspartiet i Albania til å gå i frå dette rette standpunktet. Det var fåfengt for sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen å freista overtala oss, gjennom kamerat Suslov, til å stryka Koçi Xoxe-saka frå meldinga som vart lagd fram for det tredje landsmøtet vårt i mai 1956. Det ville føra til at me gjorde striden og det prinsipielle standpunktet vårt om inkje.

I Albania hogg Tito øksa i stein, eller som Tito seier «Albania var meg ei flis i foten». Og sjølv sagt heldt svikargruppa til Tito fram med striden sin mot Arbeidspartiet i Albania. Dei trudde dei avslørte oss ved å kalla oss «stalinistar».

Beograd-gruppa heldt seg ikkje berre til propaganda i striden mot oss. Dei heldt fram med spionasjen, undergravinga, samansverjingane og sende væpna bandar inn i landet vårt, endå kvassare enn i 1948. Dette er kjensgjerningar alt saman. Men det leie er at medan Arbeidspartiet i Albania på den eine sida forsvarte seg mot dei beiske og ustoggende åtaka frå dei jugoslaviske revisjonistane, var på hi sida det prinsippfaste marxist-leninistiske standpunktet til partiet i motstrid til det ettergeivande standpunktet hjå sovjetleiarane og leiarane i visse andre kommunistparti og arbeidarparti andsynes dei jugoslaviske revisjonistane.

Den gongen vart det ropt ut høgt og skrive i det vide og breie at «Jugoslavia er eit sosialistisk land, og slik er det verkeleg», at «dei jugoslaviske kommunistane eig stor røynsle og har gjort seg vel fortente», at «den jugoslaviske røynsla er verd større interesse og nøgnare gran-

sking», at «tidbolken med usemjer og mistydingar ikkje var stelt i stand av Jugoslavia», og at «det var gjort stor urett mot landet», osb. Dette sette sjølvsaugt kveik i Tito-klikken. Dei tenkte dei hadde vunne alt, fråsett at det enno sto «ei flis i foten», som dei ville isolera og seinare rydja bort. Men det var ikkje berre det at partiet vårt ikkje kunne isolerast, tida synta at synet partiet hadde var rett.

Mykje press har vorte lagt på partiet vårt for dette standpunktet. Dei albanske leiarane vart rekna for «bråe» og «stae», dei «overdreiv» Jugoslavia-saka, dei «plaga jugoslavane utan grunn» osb. Kamerat Khrusjtsjov har leidd åtakket mot oss i dette stykket.

Til dessar har eg nemnt stutt kva dei jugoslaviske revisjonistane har gjort mot partiet og landet vårt under og etter krigen, etter 1948. Eg skal og ta for meg litt av hendingane etter den ungarske kontra-revolusjonen, som er verket åt dei jugoslaviske agentane. Svikar-gruppa i Beograd byrja stella til kontra-revolusjon i Albania og. Hadde partiet vårt gjort det mistaket å gå med i forsoningsvalsen med dei jugoslaviske revisjonistane, slik det vart tilrådd etter 1955, då ville folkedemokratiet i Albania ha gått den vegen høna sparkar. Me, albanarar, ville ikkje ha vore her i hallen, men ville ha slægest i fjellet enno. Partiet og folket vårt er fast samansveisa med stålband, og heldt seg årvakne til det ytste. Dei oppdaga og avdekte Tito-spionar i sentralkomiteen vår, folk som arbeidde i lag med den jugoslaviske legasjonen i Tirana. Tito sende bod til desse svikarane, og sa at dei hadde forhasta seg. Dei skulle ha venta på ordre frå han. Desse spionane og svikarane skreiv og til kamerat Khrusjtsjov og ba han gripa inn mot sentralkomiteen i Arbeidspartiet i Albania. Dette er dokumenterte kjensgjerningar. Målet for Tito var at kontrarevolusjonen i Albania skulle vera samordna med den ungarske.

Det tredje landsmøtet vårt skulle haldast rett etter det tjuande landsmøtet i Kommunistpartiet i Sovjetunionen. Dei jugoslaviske agentane tenkte tida var komen til å velta «den stae stalinistiske» albanske leiinga. Dei stelte til ei samansverjing som vart oppdaga og knust på partimøtet for Tirana by i april 1956. Dei samansvorne fekk den strenge straffa dei fortente.

Dei andre fårlege Tito-agentane i Albania, Dali Ndreu og Liri Gega, fekk ordre frå Tito om å røma frå Jugoslavia, fordi «dei var i fåre» og fordi tiltak mot Arbeidspartiet «måtte organiserast frå jugoslavisk område». Partiet vårt var heilt på det reine med kva Tito dreiv med og dei løynelege ordrane hans. Partiet vakte, og fanga svikarane nett på grensa då dei freista røma. Svikarane vart sette for retten og avretta. Alle dei jugoslaviske agentane som førebudde kontra-revolusjonen i

Albania vart oppdaga og sopte vekk. Til vår store undring kom kamerat Khrusjtsjov fram mot oss til forsvar for desse svikarane og jugoslaviske agentane. Han skulda oss for å ha skote den jugoslaviske agenten, svikaren Liri Gega, då ho skulle ha vore med barn. «Det hadde ikkje hendt endå til under tsaren, og det hadde gjort eit dårleg inntrykk på folkemeininga i verda». Dette var baktaling som jugoslavane hadde stelt i stand, og kamerat Khrusjtsjov hadde større tru på dei enn på oss. Me nekta sjølv sagt alle desse tinga kamerat Khrusjtsjov ymta om.

Men det urette, prinsippause og fiendslege standpunktet kamerat Khrusjtsjov hadde til partiet vårt gjekk vidare. Den andre jugoslaviske agenten og svikaren mot Arbeidspartiet i Albania, Panajot Plaku, rømde til Jugoslavia og gjekk i teneste hjå jugoslavane. Han laga dei fiendslege kringkastingsprogramma frå radiostasjonen som kallar seg «Sosialistisk Albania». Denne svikaren skreiv til renegaten Tito og til kamerat Khrusjtsjov og ba den sistnemnde bruka myndet sitt til å rydja bort leiinga i Albania, med kamerat Enver Hoxha i brodden. Påskotet skulle vera at me var «anti-marxistar og stalinistar». Kamerat Khrusjtsjov var langt frå arg over brevet frå denne svikaren. Han meinte Panajut Plaku anten kunne reisa til Albania att på vilkår at me ikkje gjorde han noko, eller han kunne få politisk asyl i Sovjetunionen. Me kjende det som om murane i Kreml datt i hovudet på oss, for me kunne aldri ha tenkt oss at fyrstesekretæren i sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen kunne gå så langt som å stø Tito-agentane og svikarane mot partiet, mot partiet og folket vårt.

Men høgdepunktet i den prinsippfaste motstanden vår i mot kamerat Khrusjtsjov i Jugoslavia-saka vart nådd då han vart stilt andlet til andlet med det prinsippfaste oppattekte kravet vårt om å avsløra titoist-agenturet i Beograd. I dei offisielle samtalane mellom dei to sendelaga våre i april 1957 vart han så rasande at han sa til oss i sinne: «Me bryt samtalane. Me kan ikkje semjast med dykk. De freistar å føra oss inn på Stalin-vegen.»

Me stygdest ved eit slikt uvenleg standpunkt frå kamerat Khrusjtsjov som då han ville avbryta samtalane. Dette ville innebæra at sambandet med det albanske partiet og staten kunne versna på spørsmålet om svikarane mot marxismen-leninismen, Tito-gruppa. Me kunne aldri ha vorte samde i denne saka, men me som hadde vorte skulda for å vera brålyndte heldt oss rolege, for me var overtydde om at me hadde rett, og ikkje kamerat Khrusjtsjov. Me var overtydde om at lina vår var den rette, og ikkje den kamerat Khrusjtsjov sto på, at lina vår ville verta stadfesta av røynsla på nytt, slik det hadde hendt gong etter gong.

Etter vårt syn var kontra-revolusjonen i Ungarn i hovudsak verket til Tito-klikken. I Tito og renegatan i Beograd hadde USA-imperialistane sine beste våpen til å øydeleggja folkedemokratiet i Ungarn.

Etter kamerat Khrusjtsjov hadde vore i Beograd i 1955 vart ingen ting meir sagt om undergravingsverksemda til Tito. Kontra-revolusjonen i Ungarn braut ikkje ut uventa. Han var førebudd, heilt ope kan me seia, og det ville vera fåfenget om nokon vil freista overtyda oss om at denne kontra-revolusjonen vart førebudd i djup løynd. Han var førebudd av agentane i Tito-gjengen i løynråd med svikaren Imre Nagy og dei ungar-ske fascistane, og alle gjekk dei fram ope under leiing av amerikana-rane.

Planen åt Tito-klikken, som var leiarane, var å få Ungarn løyst frå det sosialistiske lægeret vårt. Dei ville få gjort landet til eit Jugoslavia nummer to og få det knytt til NATO-alliansen gjennom Jugoslavia, Hellas og Tyrkia. Ungarn skulle få hjelp frå USA, og saman med Jugoslavia og etter imperialistane sin vilje skulle landet stri mot det sosialistiske lægeret.

Dei kontra-revolusjonære arbeidde ope i Ungarn. Men kor kan det ha seg at verksemda deira ikkje vekte nokon åtgang? Me kan ikkje skjønna korleis det var råd for Tito og Horthy-bandane å få arbeida så fritt i eit folkedemokratisk brorland som Ungarn. Der var partiet ved makta og diktaturvåpenet var i hendene deira, der var sovjethæren til stades.

Me trur at standpunktet kamerat Khrusjtsjov og dei andre sovjetiske kameratane tok til Ungarn ikkje var klårt, for dei hakkande galne meiningane som dei hadde om Beogradgjengen let dei ikkje sjå stoda som ho var.

Dei sovjetiske kameratane leit på Imre Nagy, Tito-mannen. Me seier ikkje dette for ingen ting eller utan gode grunnar. Før kontra-revolusjonen braut laus og då saker og ting småkokte i «Petofi-klubben», reiste eg gjennom Moskva. I ein samtale eg hadde med kamerat Suslov fortalde eg han kva eg hadde sett på vegen min i Budapest. Eg sa han og at revisjonisten Imre Nagy reiste hovudet og heldt på å stella til kontra-revolusjonen i «Petofi-klubben». Kamerat Suslov gjekk tvert imot synet mitt, og for å prova for meg at Imre Nagy var ein bra mann, drog han ut ein fersk «sjølvkritikk» frå Imre Nagy or skuffa si. Likevel sa eg til kamerat Suslov at Imre Nagy var ein svikar.

Me undrar oss og stiller det rettkomne spørsmålet: Kvifor reiste kamerat Khrusjtsjov og dei sovjetiske kameratane til Brioni fleire gonger for å snakka med renegaten Tito om Ungarn-saka? Dersom dei sovjetiske kameratane visste at Tito-klikken førebudde kontra-revolu-

sjon i eit land i lægeret vårt, kan leiarane i Sovjet-unionen gje seg lov til å fara og prata med ein fiende som steller til samansverjingar og kontra-revolusjonar i dei sosialistiske landa då?

Som eit kommunistisk parti, som ein folkedemokratisk stat, som ein medlem i Warszawa-pakta og i det sosialistiske lægeret må me be kamerat Khrusjtsjov og dei sovjetiske kameratane fortelja oss dette: Kvifor var det så mange møte med Tito i Brioni i 1956, med denne svikaren mot marxismen-leninismen, og ikkje eit einaste møte med våre land og ikkje eit einaste møte mellom medlemslanda i Warszawa-pakta?

Om ein skal gripa inn med våpen i Ungarn eller ei meiner me er ei sak som ikkje er innanfor avgjerdsmakta til ein person åleine. Når me tenkjer på at me har skipa Warszawa-pakta bør me ta avgjerder saman, for elles har det ingen ting for seg å tala om ein allianse, om den kollektive ånda og samarbeidet mellom partia. Den ungarske kontra-revolusjonen kosta lægeret vårt blod, det kosta Ungarn og Sovjetunionen blod.

Kvifor fekk dette blodspillet skje utan at steg vart tekne for å hindra det? Me meiner at ingen førebuande steg kunne verta tekne så lenge som kamerat Khrusjtsjov sette si lit til han som stelte til den ungarske kontra-revolusjonen, svikaren Tito, og så lenge dei sovjetiske kameratane undervurderte så alvorleg dei absolutt naudsynte regelbundne møta med vener og allierte. Ingen ting kunne gjerast så lenge dei såg einsidige avgjerder i saker som gjeld oss alle som det einaste rette, og så lenge dei ikkje tykkjer kollektivt arbeid og kollektive avgjerder er viktige i det heile.

Arbeidspartiet i Albania er ikkje på langt nær på det reine med korleis denne saka utvikla seg og korleis avgjerdene vart tekne. Samstundes med at Tito-klikken førte samtalar i Brioni med dei sovjetiske kameratane på den eine sida og steller til kontra-revolusjon i Ungarn og Albania i ein kave, gjer på hi sida dei sovjetiske kameratane ikkje det minste for å opplysa leiinga vår, ikkje ein gong som ei formsak etter di me er i våpenbrorskap, om kva som hender eller om kva tiltak dei vil gjera. Men dette er inga formsak. Dei sovjetiske kameratane veit berre så altfor godt kva Beograd-gjengen tenkte om Albania, og kva målet deira var. I røynda er ikkje standpunktet til dei sovjetiske kameratane berre å fordøma, det er uskjonleg og.

Ungarn var ein viktig lærdom for oss, når me ser på kva som vart gjort og dramaet som vart spela på og attom scena der. Me trudde at etter den ungarske kontra-revolusjonen var sviket frå Tito og gjengen hans meir enn klårt. Me veit at mange dokument som syner fram den barbariske verksemda til Tito-gruppa i hendingane i Ungarn ligg ned-

låste og ikkje kjem fram i lyset. Me skjønar ikkje kvifor dette skulle henda. Kva interesser løyner seg bak desse dokumenta som ikkje kjem fram i lyset men vert haldne under lås og slå? Etter at Stalin var død vart dei minste ting leitte ut for å fordøma han, medan dokumenta som avslører ein avslører svikar som Tito er vekklåste i ei skuff.

Men endå til etter den ungarske kontra-revolusjonen vart den politiske og ideologiske striden mot Tito-gjengen døyvd ned i staden for kvesst, slik marxismen-leninismen krev. Det førte til forsoning, smil, kontaktar, måtehald og nær sagt til kyss. Då det kom til stykket kom Tito-klikken ut or denne knipa og, takk vere denne opportunistiske haldninga.

Arbeidspartiet i Albania var mot lina kamerat Khrusjtsjov saman med dei andre kameratane fylgde andsynes dei jugoslaviske revisjonistane. Partiet vårt heldt fram med striden mot revisjonistane endå argare enn før. Sidan det var uråd å gå til åtak på den rette lina vår, gjorde mange vener narr av oss, særleg dei sovjetiske og bulgarske kameratane. Dei gjekk der med ironiske smil, og isolerte folket vårt alle stader gjennom venekontaktane sine med Tito.

Me hadde vona at etter det 7. landsmøtet til Tito-klikken ville endå til blinde sjå kven dei hadde med å gjera og kva dei skulle gjera, for ikkje å tala om marxistane. Diverre gjekk det ikkje slik. Ikkje lenge etter det 7. landsmøtet til Tito-klikken vart avdekkinga av revisjonismen døyvd ned. Dei sovjetiske teoriskriftene tala om revisjonisme av alle slag, endå til revisjonisme i Honolulu, men dei hadde svært lite å seia om jugoslavisk revisjonisme. Dette er som å seia: «sjå ikkje ulven framfor augo dine, men leit etter ulvefara». Det kom fram slagord: «Snakk ikkje meir om Tito og gruppa hans, for det gjer dei meir storlåtne.» «Snakk ikkje meir om Tito og gruppa hans, for det vil skada det jugoslaviske folket.» «Snakk ikkje om Tito-renegatane, for Tito brukar det me seier til å reisa det jugoslaviske folket mot lægeret vårt», osb. Mange parti tok åt seg desse slagorda, men ikkje partiet vårt, og me trur me handla rett.

Det vart skapt ei slik stode at pressa i veneland tok imot artiklar frå albanske skrivarar berre om dei ikkje nemnde dei jugoslaviske revisjonistane. Alle stader i dei folkedemokratiske landa i Europa, fråsett Tsjekkoslovakia, der dei tsjekkiske kameratane stort sett verdsette verksemda vår rett*, vart ambassadørane våre isolerte på ein omveges måte. Diplomatarane frå venelanda ville helst konversera Tito-diplomatarane, medan dei hata våre diplomatar og ikkje ein gong ville setja augo på dei.

* Dette standpunktet hevda dei berre i byrjinga.

Det gjekk så langt at kamerat Khrusjtsjov kom til Albania i mai 1959, i brodden for det sovjetiske parti- og regjeringssendelaget, men sette vilkår i Jugoslavia-saka for å koma. Det fyrste kamerat Khrusjtsjov sa då samtalanane byrja i Tirana, var å opplysa alle på møtet om at han ikkje ville snakka mot dei jugoslaviske revisjonistane. Det kunne ingen tvinga han til å gjera heller, men ei slik utsegn skulle syna heilt ope at han var usamd med Arbeidspartiet i Albania i denne saka.

Me respekterte ynska gjesten vår hadde heile tida han var i Albania, endå Tito-prensa var i høg stemning og passa på å skriva at Khrusjtsjov hadde stoppa kjeften på albanarane. Dette svara for så vidt til røyndomen, men kamerat Khrusjtsjov var altfor langt frå å overtyda oss i denne saka, og det fekk Tito-klikken læra heilt klårt. Etter at gjesten vår var reist frå landet vårt, kjende Arbeidspartiet i Albania seg ikkje bunde av vilkåret gjesten vår hadde lagt på oss, og heldt fram i si eiga marxist-leninistiske lei.

I samtalene sine med Vukmanović-Tempo har kamerat Khrusjtsjov mellom anna samanlikna standpunktet vårt med det jugoslavane har. Det gjeld grunntonen i standpunktet, som han sa han ikkje var samd i. Me meiner det kamerat Khrusjtsjov sa til Vukmanović-Tempo er gale og bør fordømast. Vukmanović-Tempo* er ein fiende av marxismen-leninismen, det sosialistiske lægeret og Albania. Me meiner han skal ha det han fortener, og me for vår del er usamde med den medgjærlege tonen kamerat Khrusjtsjov tek til revisjonistane. Folket vårt seier at når du vender deg til fienden ropar du, når du snakkar til den du elskar talar du mildt og kjærleg.

Sume kameratar hyser den galne tanken at me held på denne innstillinga til titoklikken fordi me liksom vil bera merkestonga i striden mot revisjonismen, eller fordi me ser denne saka frå ein trong og reint nasjonal synsvinkel. Difor, hevdar dei, har me sett ut på ei «sjåvinistisk stemnelei», om ikkje heilt og fullt, i det minste på ei stemnelei som er «trongt nasjonalistisk». Arbeidspartiet i Albania har alltid sett spørsmålet om den jugoslaviske revisjonismen gjennom det marxist-leninistiske prismet. Partiet har alltid sett den jugoslaviske revisjonismen som hovudfåren for den internasjonale kommunistrørsla og som ein fære for einskapen i det sosialistiske lægeret og stridd mot han.

Men samstundes som me er internasjonalar er me kommunistar i eit særskilt land: Albania. Me albanske kommunistar ville ikkje vera kom-

* Ein av dei jugoslaviske revisjonistleiarane som så tidleg som i 1943 for med baktaling og skuldingar mot sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Albania (i dag: Arbeidspartiet i Albania).

munistar om me ikkje greidde verja fridomen for det landet som er heilag for oss, fylgjestrengt og viljefast, mot samansverjingane og narrespelet frå den revisjonistiske Tito-klikken. Dei siktar på å hærta Albania, det er noko alle veit alt no. Kunne me albanske kommunistar nokon gong tillata at landet vårt vert offer for Tito, for USA-imperialistane, for grekarane eller for italienarane? Nei, aldri!

Sume andre rår oss til å ikkje tala mot jugoslavane. Dei seier: «Kvifor er de redde? Sovjetunionen verjar dykk.» Me har sagt til desse kameratane, og gjer det på nytt, at me ikkje er redde for dei jugoslaviske trotskistane eller for nokon annan. Me har sagt, og me seier det oppatt, at som marxist-leninistar bør me ikkje, om så berre for ei lita stund, minka striden mot revisjonistane og imperialistane, før me sopar dei bort. Om Sovjetunionen skal forsvara deg, må du fyrst forsvara deg sjølv.

Jugoslavane skuldar oss for at me skal vera «sjåvinistar», me «blandar oss i dei indre sakene deira», og me «krev omgjerding av den albansk-jugoslaviske grensa». Mange av venene våre trur og let oss skjøna at me albanske kommunistar gjev oss ut på slikt. Me seier til dei venene våre som trur dette at dei tek storleg feil. Me er ikkje sjåvinistar, ikkje har me kravd og ikkje krev me brigde av grensa. Det me derimot krev og støtt kjem til å krevja frå Tito-klikken er at dei held opp med å gjera seg skuldige i folkemord mot den albanske folkesetnaden i Kosova og Metohia. Me krev at dei stoggar den kvite terroren mot albanarane i Kosova, at dei sluttar med å jaga albanarane frå heimstadene deira og tvangssenda dei heilt til Tyrkia. Me krev at rettane for den albanske minoriteten i Jugoslavia skal verta godtekne etter grunnlova i Den føderale folkerepublikken Jugoslavia. Er det sjåvinistisk eller marxistisk?

Det er innstillinga vår til desse sakene. Men om Tito-klikken talar om fredeleg samlivnad, om fred, om godt granneskap, og på hi sida steller til samansverjingar, ein hær av leigesoldatar og fascistar i Jugoslavia for å slå laus på grensene våre og hogga sundt det sosialistiske Albania, i lag med dei greske monarko-fascistane, då kan de vera visse om at ikkje berre albanarane i det nye Albania, men den millionen albanarar som lever i trældom under Tito-klikken og, vil reisa seg med våpen i hand for å stogga brottsmennene i verket. Dette er marxistisk, og om noko skulle skje er dette det som vert gjort. Arbeidspartiet i Albania tillet ingen å leika politikk med rettane åt det albanske folket.

Me legg oss ikkje opp i dei indre sakene hjå andre. Likevel, når slakkinga i striden mot den jugoslaviske revisjonismen fører til at det

går så langt at det i eit veneland som Bulgaria vert prenta eit Balkan-kart der Albania er teke med innom grensene åt det føderale Jugoslavia, kan me ikkje teia. Dei fortel at dette hende ved ein teknisk feil ein tilsett gjorde, men kvifor hende det ikkje før?

Men dette er ikkje ei isolert sak. På eit møte i Sremska Mitrovica gjekk kjeltringen Ranković laus på Albania som vanleg. Han kalla det «eit helvete der piggråd og støvlane til grensevaktene rår eineveldig,» og sa at demokratiet hjå dei italienske nyfascistane var lengre kome enn vårt.

Orda åt Ranković ville ikkje ha hatt noko å seia for oss om ikkje den sovjetiske og den bulgarske ambassadøren i Beograd var til stades på dette møtet og lydde til desse orda i stor ro utan å protestera det minste. Me protesterte mot dette på kameratsleg vis til sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Det bulgarske kommunistpartiet.

I svarbrevet til sentralkomiteen i Arbeidspartiet i Albania våga kamerat Zhivkov å avslå protesten vår og kalla talen til kjeltringen Ranković positiv. Me hadde aldri tenkt at fyrstesekretæren i sentralkomiteen i Det bulgarske kommunistpartiet kunne seia talen til ein kjeltring som Ranković var positiv når han krenkjer det sosialistiske Albania så grovt og liknar det med helvete. Me ikkje berre avviser med vanvyrnad denne utillatelege krenkinga frå fyrstesekretæren i sentralkomiteen i Det bulgarske kommunistpartiet, men me er forbanna visse om at Det bulgarske kommunistpartiet og det djerpe folket ville venda seg frå han i avsky om dei fekk høyra om dette. Det vil ikkje gå særleg bra om me tillet slike dryge mistak mot kvarandre.

Me kan aldri, aldri vera samde med kamerat Khrusjtsjov, og me protesterte til han den gongen det gjekk føre seg, mot samtalan han hadde med Sofokles Venizelos om den greske mindretalsgruppa i Albania. Kamerat Khrusjtsjov veit godt at grensene åt Albania er ukrenkjande og heilage, og at den som rører dei er ein åtaksmann. Det albanske folket vil slåst til siste blodsdråpe om nokon rører grensene deira. Kamerat Khrusjtsjov tok alvorleg feil då han fortalde Venizelos at han hadde sett grekarar og albanarar som arbeidde saman som brør i Korça. I Korça er det inga gresk mindretalsgruppe i det heile, men i hundreår har grekarane trådd etter Korça-distriktet, som dei gjer etter heile Albania. Det er ein liten gresk minoritet i Gjirokastra. Kamerat Khrusjtsjov veit at dei har alle rettar, nyttar sitt eige språk, har sine eigne skular, i tillegg til alle rettane som dei andre albanske borgarane nyt.

Krava frå grekarane, mellom dei desse frå Sofokles Venizelos, er velkjende. Han er son åt Eleutherios Venizelos som myrda albanarar og

sette heile distrikt i Sør-Albania i brann, han var den ramaste sjåvinisten av alle greske sjåvinistar og far til tanken om Stor-Hellas. Han ville dela opp Albania og leggja det til Hellas under slagord om sjølvstyre. Kamerat Khrusjtsjov veit godt kva Arbeidspartiet i Albania meiner, og kva den albanske regjeringa og folket meiner om denne saka. Når Khrusjtsjov likevel let vera å gje Sofokles Venizelos det svaret han fortener, let han vona og innbilla seg ting og seia at han vil bringa vidare ynsla åt ein britisk agent, ein sjåvinist til dei albanske kameratane, kan me ikkje godta det og det fortener fordøming.

Kamerat Khrusjtsjov, me har gjeve svaret vårt til Sofokles Venizelos, og me trur du har fått greie på det gjennom avisene. Me er ikkje i mot at du driv politikk med Sofokles Venizelos, men lat vera å driva politikk med grensene våre og rettane våre, for me har ikkje tillate og vil ikkje tillata noko slikt. Og det er ikkje som nasjonalistar men som internasjonalar at me gjer dette.

Sume tykkjer kanskje desse sakene eg fortel dykk ikkje høyrer heime her og at det er utsegner som ikkje høver for nivået i dette møtet. Det ville ikkje vera vanskeleg å setja i hop ein tale der grunntonen liksom var teoretisk, å tala allment og med mange sitat, å leggja fram ein rapport i allmenne vendingar for å tekkjast dykk og gjeva min del. Men for Arbeidspartiet i Albania synest det som om dette ikkje er høvet for det. Det eg har sagt kan høyrast som åtak for sume. Likevel er det kritikk som har gått den vegen han skal, som har vore gjort før, når og der det trongst, etter leninistiske prinsipp. Men når me ser at den eine feilen fylgjer den andre ville det vera gale å teia, for haldningar, gjerningar og praksis stadfester og skaper teori, og gjer han rikare.

Kor snøgt Bucuresti-møtet vart skipa til, og kor snøgt Kommunistpartiet i Kina vart fordømt for «dogmatisme»! Men kvifor har det ikkje vorte skipa til eit møte for å fordøma revisjonismen like snøgt?

Har revisjonismen vorte heilt avdekt, slik dei sovjetiske kameratane hevdar? Nei, på ingen måte! Revisjonismen har vore og er framleis hovudfåren. Den jugoslaviske revisjonismen har ikkje vorte utrydda. Slik han no vert stelt med får han armslag for allslags verksemd.

Kan det seiast at det finst urovekkjande ovringar av moderne revisjonisme i andre parti? Den som seier «nei» jet att augo for denne fåren, og ein vakker dag kjem han til å vakna og sjå at uventa ting har hendt med oss. Me er marxistar og burde analysere arbeidet vårt nett som Lenin gjorde og lærde oss å gjera. Han var ikkje redd mistak. Han såg dei i kvitauga og retta dei. Slik vart bolsjevikpartiet herda og slik har partia våre vorte herda.

Men kva hender i rekkjene til partia våre? Kva hender i lægeret vårt etter det 20. landsmøtet? Kamerat Suslov kan hysa store voner. Han målbar dei i nemndmøtet i oktober då han tann åt sendelagsleiaren Hysni Kapo frå Arbeidspartiet i Albania fordi han såg for mørkt på det som skjer. Me albanske kommunistar har ikkje sett mørkt på framtida endå til i dei svartaste stundene for partiet og folket vårt, og det skal me ikkje gjera heller. Men me kjem alltid til å vera realistar.

Mykje har vorte sagt om einskapen vår. Dette er grunnleggjande, og me bør stri for å styrkja og herda han. Men det er i røynda slik at i mange viktige prinsippaker står me ikkje saman.

Arbeidspartiet i Albania meiner at sakene bør granskast på nytt i lys av marxist-leninistisk analyse og me bør retta opp alle feil. Lat oss ta spørsmålet om kritikken mot Stalin og arbeidet hans. Partiet vårt er som marxist-leninistisk parti heilt på det reine med at å dyrka ein-skildmennesket er ei ovring som er framand og farleg for partia og for sjølve kommunistrørsla. Marxistiske parti bør ikkje berre hindra at persondyrkinga utviklar seg, men og slåst med all kraft for å riva henne opp med rota når ho byrjar syna seg eller alt har synt seg i eit særskilt land. Persondyrkinga hindrar massane i arbeidet, nektar for rolla dei spelar, er i strid med utviklinga i partilivet og med lover som styrer henne. Når me ser det frå denne synsvinkelen er me heilt samde i at Stalin-dyrkinga bør kritiseraast som ei farleg ovring i partilivet. Men etter vår meining stilte ikkje det 20. landsmøtet, og særleg ikkje løyndemeldinga kamerat Khrusjtsjov la fram, denne saka rett, på objektiv marxist-leninistisk vis.

Stalin vart strengt og urettvist fordømt i denne saka av kamerat Khrusjtsjov og det 20. landsmøtet. Kamerat Stalin og arbeidet hans tilhøyrer ikkje Kommunistpartiet i Sovjetunionen, Sovjetunionen og det sovjetiske folket åleine, det tilhøyrer oss alle. Kamerat Khrusjtsjov sa i Bucuresti at usemjene ikkje er mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina, men mellom Kommunistpartiet i Kina og den internasjonale kommunismen. Nett slik passar det han å seia at avgjerdene på det 20. og det 21. landsmøtet vart godkjende av alle kommunistpartia og arbeidarpartia. På same måten skulle han ha vore så gjæv og fylgjestreng når han seier domen over arbeidet til Stalin, at kommunistpartia og arbeidarpartia i verda fekk høve til å godkjenna det, når rett skulle vera.

Me kan ikkje bruka to slags alnemål, heller ikkje to vektorer i denne saka. Så kvifor vart kamerat Stalin fordømd på det 20. landsmøtet utan førehandsdrøftingar med dei andre kommunistpartia og arbeidarpartia i verda? Kvifor vart denne bannlysinga sendt ut heilt brått til kom-

munistpartia og arbeidarpartia i verda, og kvifor fekk mange brorparti vita det fyrst då imperialistpressa kunngjorde løyndemeldinga frå kamerat Khrusjtsjov vidt og breidt?

Fordøminga av kamerat Stalin vart tvinga på den kommunistiske og progressive verda av kamerat Khrusjtsjov. Kva kunne partia våre gjera når tilhøva var slike? Når dei uventa vart påtvinga ei sak av dette slaget i ein heilskap, ved hjelp av den store mynda Sovjetunionen eig?

Arbeidspartiet i Albania sto i ei svært vanskeleg stilling. Det var ikkje overtydd, om at Stalin skulle fordømast på dette viset og i dei formene som kamerat Khrusjtsjov nytta, og vert det aldri heller. Partiet vårt godtok i det store og heile det som det 20. landsmøtet sa om denne saka. Men likevel heldt det seg ikkje innanfor den grensa landsmøtet hadde drege, og det gav ikkje etter for utpressinga og skræmslene frå utlandet heller.

Arbeidspartiet i Albania hevda eit realistisk standpunkt i Stalin-saka. Partiet var rettvist og takksamt mot denne ærerike marxisten. Med han levde var det ingen av oss som var «modig» nok til å stå fram og kritisera han, men då han var død vart det kasta mykje skit. Slik vart det skapt ei utoleg stode der den leiarrolla J. V. Stalin hadde i ein heil ærerik tidbolke for Sovjetunionen vart gjort om inkje. Det var tida då den fyrste sosialistiske staten i verda vart skipa, då Sovjetunionen gjordest sterk, vann på dei imperialistiske samansverjingane med glans, knuste trotskistane, Bukharin-folka, og kulakkane som klasse, då det lukkast å byggja tungindustrien og kollektivisera jordbruket, stutt sagt, då Sovjetunionen vart ei kjempemakt. Då bygde Sovjetunionen sosialismen, førte den andre verdskrigen med eit heltemot det går frå fråsegn om, og slo fascismen. Eit sterkt sosialistisk læger vart skipa og så bortetter og så bortetter.

Arbeidspartiet i Albania meiner det er ikkje rett, vanleg eller marxistisk å viska ut Stalin-namnet og storverket hans frå denne tidbolken, slik det no vert gjort. Me burde alle verja det gode og udøyelege verket til Stalin. Den som ikkje gjer det er ein opportunist og ein feiging.

Som menneske, som leiar for det bolsjevikske kommunistpartiet etter Lenin var borte, var kamerat Stalin samstundes den fremste leiaren for den internasjonale kommunismen. Han hjelpte til på svært positivt vis og med stort mynde med å tryggja og fremja dei kommunistiske sigrane i heile verda. Alle dei teoretiske arbeida etter kamerat Stalin er logande vitnemål om kor trugen han var mot den geniale læraren sin, den store Lenin, og mot leninismen.

Stalin streid for rettane til arbeidarklassen og det arbeidande folket i

heile verda. Han streid til siste slutt, heilt fylgjestrengt, for fridom for folka i dei folkedemokratiske landa våre.

Om me berre ser det frå denne synsstaden tilhøyrrer Stalin heile den kommunistiske verda og ikkje berre dei sovjetiske kommunistane. Han tilhøyrrer alle arbeidarar i verda og ikkje berre dei sovjetiske arbeidarane.

Hadde kamerat Khrusjtsjov og dei sovjetiske kameratane sett saka slik, ville dei ha kunna sleppa dei dryge mistaka som vart gjorde. Men dei såg Stalin-saka rett og slett berre frå ein innanrikspolitisk synsstad i Sovjetunionen. Likevel såg dei det einsidig endå til frå denne synsstanden, etter Arbeidspartiet i Albania si mening. Dei såg berre mistaka han hadde gjort, og la mest heilt til sides den store verksemda hans, det store tilskotet hans til å styrkja Sovjetunionen. Dei oversåg kva han gjorde for å herda Kommunistpartiet i Sovjetunionen, for å byggja økonomien i Sovjetunionen, byggja industrien, kolkhos-landbruket, og korleis han førte det sovjetiske folket til den store sigeren over den tyske fascismen.

Gjorde Stalin mistak? I ein så lang tidbolk fylt av heltemot, prøvingar, strid og sigrar kunne ikkje berre Stalin personleg men heile leiinga som eit kollektivt organ ikkje for at dei gjorde mistak. Kva for parti og kva for leiar kan gjera krav på at dei ikkje har gjort feil i arbeidet sitt? Når den sitjande leiinga i Sovjetunionen får kritikk rår kameratane i sovjetleiinga oss til å sjå frametter og lata det framfarne vera framfare. Dei seier me skal halda oss unna ordstrid. Men når det gjeld Stalin er det ikkje berre det at dei ikkje ser frametter, men dei snur seg heilt, går heilt baklengs, for å få tak i berre dei veike stadene i arbeidet hans.

Persondyrkinga som gjeld Stalin bør sjølv sagt overvinnast. Men kan det seiast slik det har vorte hevda, at Stalin sjølv sto fadder til denne persondyrkinga? Persondyrkinga må overvinnast utan unnatak, men trongst det og var det rett å gå så langt som å retta peikefingeren mot alle som nemnde namnet åt Stalin, å sjå skeivt til den som nytta eit sitat frå Stalin? Snøgt og trottig knuste visse folk Stalin-statuar og bytte namn på byar som hadde vorte oppkalla etter han. Men kvifor gå lenger? I Bucuresti snudde kamerat Khrusjtsjov seg til dei kinesiske kameratane og sa: «De satsar på ein daud hest, kom og hent beina hans om de har hug!» Då viste han til Stalin.

Arbeidspartiet i Albania seier høgtideleg frå at det er i mot desse handlingane og i mot desse vurderingane av arbeidet til Stalin og mennesket J.V. Stalin.

Sovjetiske kameratar, kvifor vart desse sakene tekne opp på dette viset og i ei slik rengd form? Det fanst då råd til å få mistaka både til Stalin og til leiinga drøfta skikkeleg, få dei retta utan å skaka hjarto åt kommunistane i verda slik? Det var då berre mannstukt og mynda åt Sovjetunionen som hindra dette i å bryta ut.

Kamerat Mikojan har sagt at me ikkje torde kritisera kamerat Stalin då han levde, for då ville han ha hogd hovudet av oss. Me er visse på at kamerat Khrusjtsjov ikkje vil hogga hovudet av oss om me kritiserer han rett.

Etter det 20. landsmøtet hende det me veit i Polen, kontrarevolusjonen braut ut i Ungarn, åtaکا mot sovjet-systemet byrja, det vart røre i mange kommunistparti og arbeidarparti i verda, og til slutt kom det som no går føre seg.

Me stiller spørsmålet: Kvifor hende desse tinga i den internasjonale kommunistrørsla, i rekkjene i lægeret vårt, etter det 20. landsmøtet? Hender desse tinga kanskje fordi leiinga i Arbeidspartiet i Albania er sekterisk, dogmatisk og pessimistisk?

Ei slik sak må me ha umåteleg sut for, me lyt sjå etter årsaka til sjukdomen og lækja han. Men denne sjukdomen kan visseleg ikkje lækjast med å klappa renegaten Tito på ryggen, heller ikkje med å setja inn i fråsegnen at den moderne revisjonismen har vorte fullstendig slegen, slik dei sovjetiske kameratane påstår.

Den mynda leninismen eig, er og har vore avgjerande. Ho bør bygjast på ein slik måte at galne synspunkt kan reinskast ut alle stader, og det grundig. Me kommunistar har ingen annan utveg. Er det ting som burde seiast beint ut, slik som dei er, bør me gjera det no på dette møtet før det er for seint. Me meiner kommunistar burde sova med reint samvit. Dei bør gjera det dei kan for å tryggja einskapen sin, utan å løyna atterhalda sine, utan å unna nokon særvilkår eller hysa hat. Ein kommunist seier ope det han kjenner i hjarta, og då kan saker avgjerast rett.

Det kan finnast folk som ikkje likar det det vesle partiet vårt seier. Det vesle partiet vårt kan verta isolert, landet vårt kan verta utsett for økonomisk press for å syna folket vårt at leiinga ikkje skal vera noko tess. Det kan koma åtak mot partiet vårt, og det gjer det og. Mihail Suslov jamstiller Arbeidspartiet i Albania med borgarpartia og liknar leiinga med Kerenski. Men dette skræmer oss ikkje. Me har lært ei og anna lekse. Ranković har ikkje sagt noko verre om Arbeidspartiet i Albania. Tito har kalla oss Goebbels. Atter er det leninistar me er, og dei er trotskistar, svikarar, lakeiar og agentar for imperialismen.

Eg vil understreka at Arbeidspartiet i Albania og det albanske folket har synt i praksis kor høgt dei elskar og kor høgt dei aktar Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Sovjetunionen. Når Arbeidspartiet i Albania kritiserer det visse sovjetleiarar gjer gale, tyder det ikkje at synspunkta og haldningane våre har skifta. Me albanarar har som marxistar mot til å kritisera desse kameratane. Strengt og marxistisk fortel me det til dei på kameratvis. Me opnar hjarto våre og fortel dei ope det me synest. Hyklarar har me aldri vore og vert det ikkje heller.

Trass i at me er så strenge vil Kommunistpartiet i Sovjetunionen tykja om oss same kva feil me gjer. Men Kommunistpartiet i Sovjetunionen og dei andre kommunistpartia og arbeidarpartia i verda kjem ikkje til å skulda oss for at me ikkje er ærlege, for at me går bak ryggen på dei eller sver truskap til hundre faner.

Til avslutning vil eg seia nokre ord om utkastet til fråsegn som redaksjonsnemnda har lagt fram. Sendelaget vårt gjorde seg kjende med dette utkastet og gjekk grundig i gjennom det. I det nye utkastet har det kome mange brigde til den fyrste versjonen det sovjetiske sendelaget la fram, den som vart grunnlaget for arbeidet i nemnda. Med dei brigda som vart gjorde i utkastet har det nye utkastet kome seg monaleg. Mange viktige tankar har vorte understreka, mange påstandar har vorte ordlagde rettare, og storparten av ymta mot Kommunistpartiet i Kina har vorte strokne.

I nemndmøta la partisendelaget vårt fram mange framlegg, og nokre av dei vart tekne med. Endå sendelaget vårt ikkje var samde i at visse viktige prinsipp saker skulle verta ståande i utkastet, sa sendelaget seg samd i at dette dokumentet kunne leggjast fram for dette møtet. Sendelaget tok seg retten til å seia si meining endå ein gong om alle dei sakene der dei var usamde. Framfor alt meiner me at dei fem sakene som ikkje er samordna bør løysast, slik at me kan laga eit dokument som alle kan godta.

Me trur at det er viktig å få klårt fram i fråsegna den tanken Lenin hadde og som kamerat Maurice Thorez målbar nyleg, og like eins kamerat Suslov i talen sin på møtet i redaksjonsnemnda. Det er det at ein absolutt garanti for at krig kan hindrast finst det berre når sosialismen har sigr i verda eller i det minste i eit fleirtal av andre store imperialistland. Samstundes bør avsnittet som viser til fraksjonsverksemd eller gruppearbeid i den internasjonale kommunistrørsla strykast. Slik me peika på i nemndmøtet og er dette noko som ikkje hjelper til med å stø samhaldet, tvert om tener det til å undergrava det. Me vil og gjerne stryka dei orda som talar om å vinna over fylgjene av persondyrkinga,

eller me kan leggja til setninga «som ovra seg i fleire parti», for det høver betre med røyndomen.

Eg vil ikkje bruka tida i dette møtet til desse sakene og andre meiningar me har om utkastet til fråsegn. Sendelaget vårt skal gjera merknadene sine til kvar sak når sjølve utkastet skal drøftast.

Om me på dette møtet tek mot til oss og ser mistaka i augo og steller såra same kvar dei er skal det gå oss vel og det vi vera helsesamt. Såra trugar med å versna og verta farlege. Me ser det ikkje som noka krenking når kameratar kritiserer oss rettvist og med fakta, men me vil aldri i verda godta at dei kallar oss «dogmatiske», «sekteriske» og «trongsynte nasjonalister» utan underbygging og berre rett og slett fordi me slæst vedvarande mot den moderne revisjonismen, og særskilt mot den jugoslaviske revisjonismen. Skulle nokon tykkja striden vår mot revisjonismen er dogmatisk eller sekterisk, seier me til han: «Ta av deg dei revisjonistiske brillene så kjem du til å sjå klårare.»

Arbeidspartiet i Albania meiner at dette møtet kjem til å verta ståande som eit historisk møte. Det vert eit møte i tradisjonen frå dei leninistiske møta bolsjevikpartiet skipa til for å avdekkja dei rengde meiningane og rydja dei ut med rota, for å styrkja den fjellfaste einskapen i den internasjonale kommunist- og arbeidarrørsla, tufta på marxismen-leninismen. Arbeidspartiet vårt kjem med fast vilje til å gjera seg føre og styrkja einskapen vår, brorbanda mellom oss, den samse verksemda i kommunist- og arbeidarpatria våre, for dette er trygda for at fredssaka og sosialismen skal vinna.

Prenta fyrste gong i «Viktige APA-dokument» band 3, 1970, s. 414.

Prenta etter band 19.

Radiotelegram til kamerat Hysni Kapo i Moskva

kl. 10.40, den 30. november 1960

Kamerat Hysni!

Me fekk radiotelegrammet ditt. Dersom alt det du skreiv om i radiotelegrammet er teke bort frå utkastet til fråsegn, dersom dei kinesiske framlegga er lagde til og det 20. landsmøtet vert verande slik som me finn det i Moskva-fråsegna (1957), kan du skriva under fråsegna. Gå støtt fram i desse sakene, i full semje med dei kinesiske kameratane. Dersom det trengst ei fråsegn om at me ikkje godtek at det 20. landsmøtet kjem med, eller formuleringa etter Moskva-møtet, må du laga ei skriftleg fråsegn, levera ho inn og skriva under møtedokumentet.

Me hadde ein fin tur*. I går kveld var me til middag i Brigadeslottet**. Ein eldhug det er uråd å skildra. Kameratane har det bra. Hels Ramiz. Me ventar på deg.

Kjærleg helsing
Enver

*Prenta fyrste gong i band 19 etter originalen i
det sentrale partiarkivet.*

* Om ettermiddagen den 29. november 1960 reiste kamerat Enver Hoxha og kamerat Mehmet Shehu heim att til sitt eige land.

** I høve 48-årsdagen for at Albania sa seg sjølvstendig, og 16-årsdagen for frigjeringa.

Frå rapporten til det 21. plenums møtet i sentralkomiteen i APA: Utsendingsmøtet mellom kommunist- partia og arbeidarpartia som vart halde i Moskva i november 1960

19. desember 1960

I det fyrste kapitlet gjer kamerat Enver Hoxha ein vitskapeleg analyse av dei grunnleggjande usemjene som den gongen fanst i rekkjene åt den internasjonale kommunist- og arbeidarrørsla. Det galdt å definera grunnhåttene i tidbolken vår, spørsmåla om krig og fred, fredeleg samlivnad, spørsmåla om vegen til overgangen til sosialismen, spørsmåla om revisjonismen og dogmatismen og spørsmålet om einskapen i det sosialistiske lægeret og den internasjonale kommunistrørsla.

Desse sakene som var så viktige vart emne for ein stor prinsippstrid. Fyrst kom det i Bucuresti, der sovjetleiarane og leiarane frå sume andre parti som kjent ville gjera «fordøminga» av marxismen til ein fullenda kjensgjerning. Dei ville fordøma det rette synet som Kommunistpartiet i Kina forsvarte, ved at dette partiet skulle få stempelen «dogmatisk» og «sektarisk». Partiet vårt gjekk ikkje inn i den anti-marxistiske samansverjinga, fordi det i prinsippet ikkje var samd i metodane dei som stelte til Bucuresti-møtet nytta, og heller ikkje i innhaldet i dei sakene som vart lagde fram. Ein endå større strid vart ført om dei ovannemnde prinsippssakene på nemndmøtet i Moskva i oktober. Til slutt vart det ført ein viljefast strid på utsendingsmøtet for kommunistpartia og arbeidarpartia i november i Moskva. Det galdt det rette marxistiske innhaldet i desse sakene og forsvaret for leninismen når dei skulle forklårast, skjønast og tolkast.

Medan denne striden skreid fram gjennom ein langvarig prosess, vart stillinga dei ymse partia tok til sakene og fastlagd. Frå novembermøtet og frametter var det såleis klårt at usemjene i desse sakene ikkje gjekk berre mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina. Langt mindre gjekk dei mellom Kommunistpartiet i Kina og heile

den internasjonale kommunistrørsla, slik sovjetleiarane hevda i Bucuresti. Nei, desse usemjene gjekk inn i mange parti, og vart usemjer mellom marxistar og opportunistar, mellom parti som forsvarte den reine marxismen-leninismen og parti som dreiv og rengde fleire av læresetningane og tolka dei einsidig. Om det berre var Kommunistpartiet i Kina og Arbeidspartiet vårt som sto ope fram til vern om dei marxistiske prinsippa i Bucuresti, mot tilstemna som rengde prinsippa i marxismen-leninismen og Moskva-fråsegna (1957), var det i nemnda som arbeidde i oktober sju av tjuseks parti som tok rette standpunkt...

På Moskva-møtet skifta dette høvestalet mellom kreftene. Attåt dei tidlegare sju partia tok fire—fem parti til det rette standpunktet når det gjeld alle sakene som var framme... Men det var ein heil del fleire parti som stødde synet vårt på visse spørsmål. Det galdt til dømes spørsmålet om korleis overgangen til sosialismen vil skje, at imperialismen er åtakshuga, at me lyt stri mot revisjonismen og særleg mot den jugoslaviske revisjonismen, og andre saker. Mest alle partia i Latin-Amerika tok slike standpunkt...

Skiftet i styrketilhøvet vitnar om kor viljefast det kinesiske sendelaget, vårt og andre sendelag streid på møtet. Med overtydande argument slo dei attende dei range meiningane og gjorde klårt for alle dei prinsipielle synspunkta på spørsmåla me drøfta. Når ein heil del parti heilt eller delvis tok dei rette standpunkta, tyder det på at den marxist-leninistiske retten er på vår side, at andre no tek det til seg snøgt, at rett vil vinna over gale. Det tyder på at marxismen-leninismen alltid vil sigra over opportuniste og revisjonisme. Partiet vårt er heilt overtydd om dette, og vil halda fram med å slåst viljefast slik det har gjort til no, for den reine marxist-leninistiske ideologien og for at sosialismen og kommunismen skal sigra.

II. — Standpunktet Arbeidspartiet i Albania tek til usemjene som kom opp i rekkjene åt kommunistrørsla

Arbeidspartiet vårt har alltid fylgt ei rett marxist-leninistisk line og har stått på prinsippa i Moskva-fråsegna (1957). I alle dei grunnleggjande sakene me nemnde ovanfor har partiet vårt forsvart det rette marxist-leninistiske synet og sett det ut i livet. Det galdt til dømes å fast-

leggja kva som kjennemerker tidbolken, striden mot imperialismen, krig- og fredsproblemet, osb. Partiet vårt har aldri godteke eller sagt at leninismen er «avlegs». Tvert om har det stridd mot dei jugoslaviske revisjonistane utan stogg og med fast vilje. For å dekkja over sviket sitt kallar dei marxismen-leninismen «avlegs». Partiet vårt har aldri hyst falske voner til USA-imperialismen og leirane der i garden, men har alltid lært folkemassane å hata imperialismen og vera årvakne mot han. Me har aldri trudd me skulle få freden opp i hendene eller at det er råd å skapa ei verd utan våpen, utan hærar og utan krigar utan å få vekk imperialismen fyst. Tvert om har partiet vårt eit rett syn på krigs- og fredsproblemet og fåren som trugar menneskeætta frå imperialismen og reaksjonen. Difor har partiet vårt reist folket under slagordet «Hakka i eine handa og børsa i hi». Partiet vårt har stridd fylgjestrengt for å riva maska av imperialismen og tenarane han har i dei jugoslaviske revisjonistane. Partiet har aldri godkjent den «mjuke» lina, den «store» lina åt sovjetleiarane eller endå til den dei bulgarske leiarane har, enten det gjeld USA-imperialismen eller den jugoslaviske revisjonismen. Partiet vårt har aldri tenkt at klassestriden i dei kapitalistiske landa må sløskjast ut for samlivnaden si skuld. Ikkje har me tenkt at den politiske og ideologiske striden mot imperialismen og borgarskapet skulle oppløysast heller. Tvert om har partiet vårt alltid gått i mot slik ei opportunistisk oppfatning av fredeleg samlivnad.

Såleis har standpunktta åt partiet vårt i desse prinsipp sakene vore i fullt samsvar med det marxismen-leninismen lærer, og det har vore i motstrid til standpunktet hjå dei sovjetiske leiarane lenge. Likevel har partiet vårt og vore i motstrid i prinsippet til synspunkt og verksemd hjå dei noverande sovjetleiarane i ei rad prinsipp saker. Dette har sentral-komiteen vår fått vita om før.

Til dømes har me ikkje vore samde med sovjetleiarane i standpunktet deira til den jugoslaviske revisjonismen. Dette går attende til mai 1955, då Khrusjtsjov og Bulganin* reiste til Beograd og avgjorde på eiga hand at Tito-klikken skulle få oppreising. Dette var å vanvyrda avgjerda i Informasjonsbyrået, og som kjent førte det mykje vondt over den internasjonale kommunist- og arbeidarrørsla seinare. Den gongen sa partiet vårt seg usamd i denne oppreisinga. Sidan det har partiet aldri godteke taktikken og standpunktet sovjetleinga nytta mot Tito og klikken hans. Denne klikken vart kjælt med og sett på som sosialistisk og som dei skulle rådspørja om all slag osb.

* Den gongen president i Ministerrådet i Sovjetunionen.

Partiet vårt var ikkje samd med det 20. landsmøtet i Kommunistpartiet i Sovjetunionen. Det galdt særleg kritikken mot Stalin og forklaringa om korleis ein får ein fredeleg overgang til sosialismen. I den fyrste saka var og er me usamde, for det fyrste fordi kritikken mot «Stalin-dyrkinga» vart gjord utan noko samråding på førehand med dei andre brorpartia. Endå var Stalin ikkje berre leiaren i Sovjetunionen, men og for det internasjonale proletariatet. For det andre vart berre mistaka til Stalin nemnde utan å seia eit einaste ord om dei positive sidene ved verksemda hans. Når det gjeld den andre saka, var det verkeleg så at det 20. landsmøtet gav opportunistane ideologiske våpen til å gjera reklame for berre den fredelege vegen til maktovertaking.

På det 20. landsmøtet la Khrusjtsjov fram saka om overgangen til sosialismen på rengd vis. Han la særskilt vekt på å ta makta på fredeleg vis og ved den parlamentariske vegen. Dette er i strid med det marxismen-leninismen lærer og den historiske røynsla til dessar.

Fråsett desse sakene var partiet vårt heller ikkje samd med sovjetleiarane når det galdt hendingane i Ungarn. Me var usamde i måten dei vurderte dei, med at dei venta så lenge med å slå ned kontra-revolusjonen der og det at dei jugoslaviske revisjonistane ikkje vart heilt avkledd i denne saka. Sentralkomiteen har fått greie på denne saka, difor treng me ikkje stogga ved henne så lenge.

Endeleg var partiet vårt ikkje samd med sovjetleiarane i mange andre saker og, som har å gjera med den rette leninistiske oppfatninga av hopehavet mellom brorparti som er jamstelte og sjølvstendige, og me har vore i motstrid til dei der. I samband med dette kjenner sentralkomiteen og til den uhøvelege innblandinga sovjetleiarane gjorde i dei indre partisakene våre, slik som saka med partifiendane Liri Gega, Tuk Jakova, Panajut Plaku og andre.

Såleis er det innlysande at i grunnleggjande spørsmål i utanrikspolitikken og i taktikk og strategi for den kommunistiske rørsle, har partiet vårt alltid hevda ei rett marxist-leninistisk line. Denne lina har stått i strid med den lina sovjetleiinga har fylgt. Sentralkomiteen i partiet vårt har stadig fylgt den ovannemnde lina, forsvart dei rette marxist-leninistiske prinsippa utan å stussa og utan å gje etter på dei, trass i press av mange slag som sovjetleiarane har lagt på han. Likevel har han aldri målbore usemja si offentleg. Kvifor gjorde sentralkomiteen dette?

For det fyrste fordi alle åtaka frå imperialistane og revisjonistane etter det 20. landsmøtet samla seg om å kløyva einskapen i den kommunistiske rørsle vår. For skuld denne einskapen måtte me halda oss og

nytta den marxist-leninistiske lina fylgjestrengt, medan me let vera å kritisera sovjetleiinga ope.

For det andre gjorde som kjent heile verdsreaksjonen det han kunne for å minka mynda åt Kommunistpartiet i Sovjetunionen og æra åt sjølvve Sovjetunionen. Dette kom som fylgje av kritikken mot Stalin, då reaksjonen og revisjonistane tok til å reisa tvil om heile sovjet-systemet, og særskilt kom det som fylgje av hendingene i Polen og Ungarn. Slik tilhøva då var, var det ei internasjonalistisk plikt å forsvara Sovjetunionen og kommunistpartiet der, ikkje gje reaksjonen eit einaste våpen, og verja sovjetleiinga, og setja henne på rett veg att ved hjelp av kameratslig kritikk. Dette var det partiet vårt gjorde. Me forsvarte Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Sovjetunionen sjølv. Men frå 1957 og frametter peika me og på ei rad saker der me hadde kritikk å koma med når me hadde høve til det for sovjetleiarane. Dette var særleg i samband med standpunktet deira til den jugoslaviske revisjonismen, til hendingane i Ungarn og til innblandinga i dei indre sakene i partiet vårt.

Dette standpunktet hjå partiet vårt er rett, internasjonalistisk og marxist-leninistisk. Hadde me gjort annleis den gongen ville me ha spela heile greia opp i hendene på fienden. Det ville vera å skada sosialismen si sak og den internasjonale arbeidarklassen i det store og heile.

Men sovjetleiarane sokk djupare i feila sine. Det gjekk så langt at dei ikkje berre kjælte for Tito og klikken hans, men dei let det fossa smiger over Eisenhower. Slik synte dei at dei dreiv og rengde den marxist-leninistiske oppfatninga av imperialismen og klassestriden. Dei kinesiske kameratane såg heilt rett at det var klokt å klårgjera dei grunnleggjande spørsmåla i den internasjonale stoda og strategien og taktikken for den kommunistiske rørsle. Dei prenta nokre artiklar som forklåra desse tinga med grunnlag i den marxist-leninistiske læra. Men sovjetleiarane tenkte seg ikkje om. Tvert om stelte dei til den anti-marxistiske samansverjinga bak kulissane i Bucuresti for å gjera opp med Kommunistpartiet i Kina og alle andre parti som sto i vegen for den galne kursen deira.

Me skal ikkje hefta oss med korleis Bucuresti-møtet gjekk til, for plenumsøtet i sentralkomiteen har alt fått greie på det. Men eg skal stutt nemna standpunktet vårt på dette møtet.

Som me sa før var ikkje partiet vårt samd med dei som stelte til Bucuresti-møtet, sovjetleiarane. Det galdt ikkje berre dei anti-marxistiske metodane som vart nytta der. I kjernen var partiet heller ikkje samd i skuldingane som vart retta mot Kommunistpartiet i Kina. Difor hevda partiet det rette og prinsippfaste standpunktet som er kjent.

Korleis kunne det gå til at partiet vårt heldt fast ved dette standpunktet? Var det eit slumpehøve? Standpunktet partiet vårt tok i Bucuresti var ikkje slump. Det var i samsvar med den fylgjestrengje lina partiet alltid har fylgt og dei prinsippfaste standpunktta partiet vårt alltid har forsvart når det gjeld dei grunnleggjande spørsmåla som var oppe til drøfting. I Bucuresti forsvarte me marxismen-leninismen, me forsvarte partilina. Medan me førte denne prinsippfaste og djerve striden sto me på eine sida saman med dei kinesiske kameratane som verja det ærerike partiet sitt. Dei streid for å verja den reine marxismen-leninismen liksom partiet vårt. På hi sida kom me i strid med sovjetleiarane og alle dei målmennene frå dei andre partia som skipa til Bucuresti-møtet. Dei forsvarte ei galen sak mot den marxist-leninistiske læra. Her ligg det prinsipielt viktige i standpunktet vårt i Bucuresti. Det var eit standpunkt som var den logiske og fylgjestrengje endskapen på heile den marxist-leninistiske lina partiet vårt fylgjer. Det er eit standpunkt som har auka mynda og agen for partiet vårt i augo åt den internasjonale kommunistiske rørsle.

Partiet vårt fordømde Bucuresti-møtet og sa som sant var at det var ein flekk på den kommunistiske rørsle. Standpunktet vårt i Bucuresti var rett, til liks med vurderinga me hadde av den anti-marxistiske samansverjinga stelt til bak kulissane der. Det synt seg på Moskva-møtet og i dei dokumenta som vart godkjende der. Ikkje ein einaste målsmann der frå nokon av hine partia hadde mot til å forsvare Bucuresti-møtet eller å svara på kritikken frå oss og frå dei kinesiske kameratane mot den fraksjonsverksemda som gjekk føre seg der. Og ikkje nok med det: Ingen våga gjera framlegg om å ta inn eit einaste godt ord om Bucuresti-møtet i fråsegna som vart offentleggjort og som gjekk over 52 sider. Ikkje det minste var att etter Bucuresti-møtet.

På hi sida markerer Bucuresti-møtet likevel byrjinga på at hopehavet mellom partiet vårt og sovjetleiarane versna tydeleg. Dette kom snøgt fram i det politiske og økonomiske samkvemmet mellom dei to landa og statane våre. Skulda for at det er slik kviler uavkorta på den sovjetiske sida. Sovjetsida likte ikkje det prinsippfaste standpunktet partiet vårt tok i Bucuresti. Dei tok til å målbera misnøye gjennom mange galne tiltak som byrja gjera alvorleg skade på venskapen og brorskapsbanda mellom dei to partia og landa våre. Slik byrja den anti-marxistiske innblandinga i dei indre partisakene våre som sume sovjetiske folk dreiv. Målet var å kløyva partiet vårt, vekkja misnøye med leiinga, reisa tvil om partilina var rett og gå laus på partileinga vår. Det endelege målet var å få ho vekk. Staben i den sovjetiske Tirana-ambassaden med am-

bassadøren i brodden arbeidde i denne leia, Kozlov i Moskva arbeidde i denne leia med kameratane våre som kom den vegen. Dette var målet for orda marskalk Malinovski sa ved middagen for stabssjefane i Warszawa-pakta. Dette var målet for det økonomiske presset som tok til i spørsmålet om brød og nedskore økonomisk hjelp. Slik var det med trugsmåla frå marskalk Gresjko om å kasta landet vårt ut or Warszawa-pakta, og provokasjonane på militærbasen i Vlora osb. har samanheng med dette.

Målet med denne galne og anti-marxistiske verksemda er klår: *Sovjetleinga lok enten sikte på å få oss til å skifta meining, det vil seia å gje opp den rette marxist-leninistiske stemneleia, det prinsippfaste standpunktet partiet vårt hevda, eller og måtte det etter meininga hjå sovjetleiarane koma ei kløyving i partiet som ei fylgje av vanskaner som ville oppstå. Dei meinte misnøyet ville auka i partirekkjene og i folket. Som ein naudutveg kunne partileinga takast av dage slik at «frelsarane» som ville vera trugne mot den anti-marxistiske lina til sovjetleinga kunne setjast i leinga.*

Men som kjent gjorde dei opp rekning utan vert, og alle vonene vart gjorde om inkje. Dei kom ingen veg, takk vera at partiet var truge mot marxismen-leninismen, det støe og prinsippfaste standpunktet, den fjellfaste marxist-leninistiske einskapen med folkemassane, einskapen mellom partiet og sentralkomiteen og mellom sentralkomiteen og politbyrået. Denne ubrytande einskapen har vore og er trygda for alle sigrane folket og partiet vårt har vunne. Difor er det den fremste plikta vår å gjera denne einskapen stadig sterkare og verja han som augnesteinen vår.

Kjelda til den galne verksemda sovjetleinga dreiv mot partiet vårt må finnast i dei umarxistiske synspunkta dei hadde på grunnleggjande saker, og i den usemja som finst mellom partiet vårt og sovjetleiarane om prinsippspørsmål i den internasjonale kommunist- og arbeidar-rørsla. Dei urette gjerningane sovjetleiarane gjorde mot partiet vårt vitnar og om den anti-marxistiske oppfatninga dei har av tilhøvet mellom brorparti og brorland. Like eins gjeld det synet dei har på kritikk og den marxist-leninistiske einskapen i den kommunistiske rørsla og i det sosialistiske lægeret. I Bucuresti målbar me motstanden vår mot standpunktet til sovjetleiarane. Me kritiserte kjeltringstrekaner deira på ein rett og prinsippfast måte.

For marxistar står rettvis og prinsipiell kritikk ikkje i strid med einskapen. Tvert om hjelper kritikken til med å festna einskapen. Han er ei drivkraft og ei utviklingslov. Sovjetleiarane ser ikkje saka slik. Dei er

ikkje vane med å høyra på kritikk, berre med å kritisera sjølve. I ord godtek dei grunnregelen om like rettar i tilhøvet mellom partia. Men i røynda godkjenner dei berre sin eigen rett til å seia siste ordet, medan dei andre må lyda blindt. Etter deira syn tek eit parti som torer kritisera dei eit anti-sovjetisk standpunkt. Det driv fraksjonsverksemd mot samhaldet i kommunistrørsla og så bortetter. Dette rengde synet driv dei til urette handlingar, som dei nemnde ovanfor. I desse meiningane og handlingane har metafysikk og idealisme kome i staden for den marxistiske dialektikken.

Handlingane me nemnde og det galne standpunktet sovjetleiarane hevda mot partiet vårt og landet vårt i tida etter Bucuresti-møtet, overtydde oss meir enn nokon gong om at partiet vårt hadde eit rett marxist-leninistisk standpunkt. Me vart overtydde om at standpunkta partiet har til alle dei grunnleggjande sakene var prinsipielle, difor måtte me forsvare desse standpunkta fast og støtt mot allslags press. I Moskva i oktober hevda sendelaget frå partiet vårt til møtet i nemnda som arbeidde ut utkastet til fråsegn novembermøtet godkjende seinare dette rette og prinsipielle standpunktet. På dette møtet la sendelaget vårt fram det rette synspunktet partiet hadde. Dei la det fram ope i alle prinsipp-saker som vart drøfta. Saman med dei kinesiske kameratane og kameratane frå dei andre partia som og tok eit rett standpunkt, verja dei greitt den marxist-leninistiske læra med sunne argument. Det sto hard prinsippstrid i nemnda på kvar sak, på kvart avsnitt og på kvart ord. Dette arbeidet vara i nær 25 dagar.

For å gje dykk ein tokke av den rette striden sendelaget vårt førte der, og like eins dei andre sendelaga som hadde sunne standpunkt, kan det vera nok å nemna desse røynelege tinga: Då dei sette saman utkastet til fråsegn, bygde dei på utkastet Kommunistpartiet i Sovjetunionen hadde lagt fram. Dette utkastet var på 36 sider og inneheldt mange galne synspunkt. Mange stader var det løynde åtak mot Kommunistpartiet i Kina og Arbeidspartiet i Albania. Til dømes skulda dette utkastet oss for «nasjonalkommunisme», for å vera i mot fredeleg samlivnads-politikken, det jamførte oss med Jugoslavia, skulda oss for å vera «fraksjonistar» og så bortetter. Attåt dette la ikkje utkastet skikkeleg vekt på at ein lyt stri mot imperialismen, og det var ein blaut og ofte opportunistisk dâm over det. Det la stor vekt på den fredelege overgangen til sosialismen, og det nasjonale borgarskapet sto fram nær sagt som ei stœ for sosialismen. Det let vera å nemna den jugoslaviske revisjonismen, og dogmatismen var sett opp som noko meir fårleg enn revisjonismen endå det sa at revisjonismen var hovudfåren. Det vart lagt fram 175 sider

merknader til dette utkastet. Av dette la sendelaget vårt fram 20 sider og det kinesiske 40. Det må understrekest at ingen av merknadene våre vart avviste med argument som urette, men dei som ikkje kom med i fråsegna vart avviste med taktikk-påskot eller med røystefleirtalet. Likevel vart det fyrste utkastet nær fullstendig brigda. Det vart utvida frå 36 sider til 52. Dei løynde åtaka mot oss vart kasta ut, den delen som handla om imperialismen vart styrkt, avsnittet om den jugoslaviske revisjonismen vart lagt til, saka om striden mot revisjonismen og dogmatismen vart ordna opp i og så bortetter. Likevel vart sume saker ståande. Det gjeld til dømes det om kor viktig det 20. og det 21. landsmøtet var, det om fraksjonar, det om persondyrkinga osb. Dette var slikt som sendelaget vårt og det kinesiske sendelaget og sendelaga frå sume andre parti ikkje var samde i, men det skulle takast opp til ny drøfting i novembermøtet.

I nemndmøtet vart det svært klårt kor rett og prinsipielt standpunktet vårt var og kor rengde standpunkt sovjetleiarane og partia som stødde dei hadde. Den opportunistiske ånda som hadde fått kloa i sume parti, til dømes kommunistpartia i Italia, Syria, Storbritannia, USA og andre kom klårt fram, og dette vart endå klårare i novembermøtet. Sovjetleiarane freista å manøvrera det dei kunne og trøysta seg til alle slags metodar frå å arbeida med einskildpersonar i dei ymse sendelaga til knep med prosedyren. Her er eit typisk tilfelle: Nemnda var samd i at ei setning som Maurice Thorez hadde nytta i ein tale den gongen skulle sett inn i fråsegna. Det var: «Det vil finnast ei absolutt trygd for at det er ende på alle slags krig fyrst når sosialismen har sigra i alle land eller i dei viktigaste kapitalistiske landa.» Denne påstanden vart sett inn i framlegget av det franske sendelaget og vart stødd av sendelaget vårt og det kinesiske. Men før det var gått to dagar gjorde sovjetrussarane framlegg om at det skulle granskast på nytt, venteleg fordi presidiet deira ikkje hadde godkjent det. Trass i motstanden vår avgjorde fleirtalet i møtet å utelata det, men i novembermøtet vart dei tvinga til å ta det innatt i ei anna form.

Tingingane på førebuingmøtet og synspunkta som vart målborne der synte klårt at Moskva-møtet i november kom til å verta ein stridsplass mellom det rette marxist-leninistiske synet og tilviket til å gå bort frå dei revolusjonære standpunkta i ideologien vår.

Partiet vårt og sendelaget som sentralkomiteen hadde utpeikt var budd på denne striden. Sentralkomiteen påla sendelaget at ved Moskva-møtet skulle det leggja fram det prinsipielle partisynet vårt på alle saker som vart drøfta, ope og ærleg og med marxist-leninistisk mot. Det

skulle seia frå til møtet om dei galne gjerningane sovjetleiarane gjorde mot partiet vårt etter Bucuresti-møtet og kritisera dei strengt, for å hindra at slikt skulle kunna ta seg oppatt i framtida. Me kan melda frå til sentralkomiteen at sendelaget gjennomførte dette direktivet, og slik det var avgjort i sentralkomiteen i partiet. Alle desse sakene vart lagde fram for sendemannsmøtet mellom 81 kommunistparti og arbeidarparti som kom saman i november i år i Moskva.

Tok sentralkomiteen ei rett avgjerd då han sa at alle sakene skulle leggjast ope fram på novembermøtet? Me vil svara ja. Sentralkomiteen gjorde rett, av fylgjande grunnar:

1. — Fordi, som eit marxist-leninistisk parti har me plikt til å verja prinsippstandpunktta i Moskva-fråsegna (1957), som vart brotne. Skulle me teia når me ser marxismen-leninismen verta rengd, når me ser det vert handla mot dei grunnleggjande prinsippa i ideologien vår, utan omsyn til at dei som braut prinsippa og gjekk bort frå ideologien var leiarane for Kommunistpartiet i Sovjetunionen, kunne me ikkje kalla oss kommunistar. For å halda marxismen-leninismen rein og verja den sosialistiske og den kommunistiske saka må me alltid vera prinsippfaste, aldri la kjenslene styra eller vera einsidige.

2. — Fordi sovjetleiinga har gått så langt både i å bryta Moskva-fråsegna (1957) og prinsippa i marxismen-leninismen og i einskildhandlingar, at å teia om desse alvorlege feila og krenkingane ville ha vore sjølv mord og brotsverk mot saka me er saman om. Bucuresti-møtet og den anti-marxistiske samansverjinga bak kulissane der som sovjetleiarane skipa til, presset og skadeverka mot partiet vårt på eine sida, og mot Kommunistpartiet i Kina på hi var fyrste teikna på svært fårlege tiltak. Eg tenkjer på at spesialistar vart dregne attende, at tingingar på ymse maskiner vart kalla attende osb. Om me ikkje hadde rive maska av dei ville det hatt endå alvorlegare fylgjer for kommunistrørsla og det sosialistiske lægeret.

3. — Fordi den ærlege og prinsipielle kritikken vår hadde eit godt føremål. Han fordømde dei galne meiningane og gjerningane fordi han ville utryddja dei. Han sikta mot å lata att døra for dei slik at dei ikkje kunne koma att, slik at lufta vart reinska for dei dårlege ovringane. På dette grunnlaget sikta han mot å styrkja kommunistrørsla vår og forsterka einskapen vår som sto i fåre. Dette målet, og berre dette målet var det som dreiv sentralkomiteen til å seia ope kva han meinte, og det var fullstendig rett å gjera det.

4. — Til slutt seier me med full overtyding at det finst ein grunn til for at sentralkomiteen gjorde rett i å avgjera at desse sakene skulle

leggjast fram på Moskva-møtet. Me såg sjølve, både før møtet og under tingane, at sovjetleiarane for sin del var innstilte på å halda fram på den stemneleia dei hadde sett ut på mot partiet vårt. Om me hadde tagt, hadde dei budd seg til å gje oss skulda for alt, og av den grunnen la dei eit uhorveleg press på sendelaget vårt for å få oss til å halda kjeft.

Det er klårt at om me hadde tagt på møtet om dei galne gjerningane åt sovjetleiarane ville det ikkje berre vera det same som å gjera om heile den prinsipielle lina vår, men det ville og ha vore lagnadstungt for partiet vårt og for lagnaden for sosialismen i Albania.

III. — Haldninga sovjetleiarane synte mot sendelaget vårt og samtalane våre med dei

Som kjent reiste sendelaget vårt til Sovjetunionen som eit offisielt sendelag etter innbyding frå sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen for å høgtida 43-årsdagen for den sosialistiske oktober-revolusjonen. Når det hang slik i hop gjorde dei formelt sett all den stas på oss som høyrde heime i eit slikt høve. Men dei for kaldt åt mot oss, og samtalane var uvenlege. Såleis tala me med Kozlov då me kom til Moskva, med Kosygin og Polianski ved 7. november-middagen, og stillinga dei tok vart klår. Dei freista gje partiet vårt skulda for alt som var. Neste dag, det vil seia den 8. november, vart alt endå mykje klårare.

Den 8. november fekk me utdelt ein kopi av brevet sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen sende Kommunistpartiet i Kina som svar på brevet frå Kommunistpartiet i Kina i september. Me var ikkje glade for dette i og for seg, for det lova dårleg for gjennomføringa av møtet, men me skal seia meir om det sidan. Det som gjorde inntrykk på oss var fylgjande røynelege tilhøve: I eit avsnitt i brevet som tala om dei sosialistiske landa i Europa var dei alle rekna opp med namn, fråsett Albania. Det vil seia at leiinga i Sovjetunionen hadde stroke Albania or bøkene som sosialistisk land. Lengre nede var det eit ope og uhemma åtak på partiet vårt, endå brevet var stila til Kommunistpartiet i Kina. Brevet hevda at etter kritikken mot «persondyrkinga» var alle problem løyste i Kommunistpartiet i Sovjetunionen, etter deira ord i samsvar med reglane for demokratisk sentralisme. I brevet heitte det:

«Diverre finst det andre døme. Me kan ta fram eit slikt ferskt tilfelle som måten dei albanske kameratane løyste saka på. I september i år kasta dei kamerat Liri Belishova frå sentralkomiteen og avsette henne frå stillinga som sekretær for sentralkomiteen i Arbeidspartiet i Albania, medan kamerat Koço Tashko vart avsett frå stillinga som formann i Den sentrale revisjonsnemnda i Arbeidspartiet i Albania og stengd ute frå partiet. Og kvifor? Rett og slett fordi desse kameratane målber trua på at det er utillateleg å baktala Kommunistpartiet i Sovjetunionen.

Me lyt seia me har ein mistanke om at desse folka som har som si einaste «synd» at dei er vener av Sovjetunionen, skjønar stoda rett og målber godhugen sin for det sovjetiske folket og for Kommunistpartiet i Sovjetunionen og sentralkomiteen i partiet, ikkje har noko godt i vente.»

Av måten dette er lagt fram på kjem det fram: *For det fyrste* at sentralkomiteen vår ikkje skulle ha gått etter reglane for indre partidemokrati då han kasta ut Liri Belishova frå rekkjene sine og Koço Tashko frå Den sentrale revisjonsnemnda. For meg ser det ikkje ut som det må provast her i sentralkomiteen i partiet at dette er baktaling med overlegg. *For det andre* kjem det fram at i partiet vårt vert venene åt Sovjetunionen fordømde og forfylgde. Det vil seia at sentralkomiteen i partiet vårt skal ha eit antisovjetisk standpunkt. Det er ingen grunn til føra prov for at dette er ei baktaling til. Men i desse vondsinna skuldingane er målet for sovjetleinga klårt: Å vanæra partiet vårt og framstilla det som om det har gått av sporet til leninismen, som om det hadde teke same vegen som Jugoslavia. (Difor er Albania ikkje nemnt som eit sosialistisk land i dette dokumentet.)

Dette syner at sovjetleiarane ikkje var interesserte i å løysa usemjene som har kome opp mellom oss. Tvert om ville dei gjera dei djupare, ja verkeleg bruka dei til vanæra partiet vårt. På hi sida nytta dei alle slags råder for å få oss til å halda kjeft så dei skulle lukkast heilt i tiltaka mot partiet vårt.

Den fyrste metoden var trugsmål. Nikita Khrusjtsjov brukte han sjølv to gonger til dei kinesiske kameratane om Albania. Fyrste gongen, 25. oktober (1960) fortalde han ein talsmann for Kina: «Me skal fara med Albania til liks med Jugoslavia.» Den andre gongen fortalde han ein annan målsmann for Kommunistpartiet i Kina: «Albanarane fer åt mot oss nett slik Tito brukte å gjera», «me miste eit Albania og de kinesarar vann eit Albania», «Arbeidspartiet i Albania er den veike lekken vår».

Kva var dei ute etter?

For det fyrste ville sovjetleiarane skræma oss, få oss til å gjera om

standpunkta våre og lata vera å ta opp alle spørsmåla me hadde i hovudet. Me må ha i tankane at sovjetrussarane var meir eller mindre klår over kva me ville ta opp på Moskva-møtet. Koço Tashko hadde meldt frå til dei om kva me meinte.

For det andre åtvare dei kinesarane 6g når dei tala mot partiet vårt og truga oss, det vil seia at dei ville slå to fluger i eitt slag.

For det tredje freista sovjetleiarane å vanæra partiet vårt med å leggja fram saka som om me gjekk den vegen Jugoslavia for. Slik ville dei rengja standpunktet vårt og svinga ordsiftet vekk frå det prinsipielle grunnlaget til baktaling og slikt.

Saman med metoden med omveges trugsmaal nytta sovjetleiarane og metoden med beinveges press, gjennom møte og samtalar med sendelaget vårt.

Før me snakkar om møta me hadde i Moskva lyt me seia eit par ord om synet vårt på korleis ein skal bruka samtalar, møte og samrådingar. Dette er grunnleggjande, fordi sovjetleiarane freista mange gonger å leggja fram spørsmålet som om me var mot samtalar. For å underbyggja dette drog dei fram to døme: Avslaget vårt på å møta sovjetleiarane på grunnlaget dei gjorde framlegg om i det velkjende brevet frå den 13. august (1960), det at kamerat Enver ikkje reiste på ferie i Sovjetunionen, fordi han fulla helst ville sleppa møta dei, og til slutt at me takka nei til innbydinga frå Khrusjtsjov til å møta han den 9. november, som eg skal snakka om sidan.

Partiet og sentralkomiteen har vore og er av den meininga at å bruka møte, samtalar og samrådingar mellom leiarane i brorparti, å skifta meiningar om ymse saker som vedkjem bae partar, er den rettaste og mest tilrådelege marxist-leninistiske framgangsmåten. Endå meir gjeld dette når det har kome opp usemje mellom to parti eller to sosialistiske land. Difor har partiet og sentralkomiteen tidlegare ikkje sagt nei til eit einaste møte og kjem ikkje til å gjera det heller. Det gjeld særskilt når meininga med møta er å styrkja og grunnfesta den marxist-leninistiske einskapen i det sosialistiske lægeret og den internasjonale kommunistrørsla.

Men samstundes når me går ut frå desse prinsipielle standpunkta, meiner partiet vårt at på desse møta må fleire andre marxist-leninistiske prinsipp aktast. Mellom desse vil me nemna at det ikkje går an og er mot leninistisk skikk at eit tredje parti skal verta samtaleemne på eit møte mellom to andre parti, eller at ein skulle tala om generallina til det tredje partiet med det er vekke. For det andre bør alle drøftingar og møte mellom to parti, same kven dei skulle vera, haldast på like fot, med

grunnlag i samrådingar og vyrndad for kvarandre. Me må sleppa ovringar der den eine sida vil tvinga viljen sin på den andre, eller med noka særstilling for den eine sida framom den andre osv. Partiet vårt har akta og vil akta desse prinsippa. Dette er det prinsipielle standpunktet vårt til møte, samtalar og samrådingar. Me har hevda dette standpunktet før og me skal gjera det i framtida og.

Lat oss no ta ein ting om gongen og sjå etter om sovjetleiarane har rett når dei skuldar oss for å vera i mot møte, med å ta fram dei sakene eg nemnde. Det er sant at me takka nei til det møtet sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen gjorde framlegg om i brev dagsett den 13. august 1960. Men me avsto ikkje å møta dei fordi me var i mot møte i prinsippet eller fordi me ville sleppa møta sovjetleiarane. Nei, det var fordi eit slikt møte ville ha vore i strid med den leninistiske skikken. Som kjent gjorde sovjetleiarane i brevet framlegg om at me skulle ha eit ordskifte for å sløkkja «gneisten av mistyding» som hadde loga opp mellom oss i Bucuresti «i tide» slik at dei to partia våre «kunne reisa» til møtet fyrstkomande november «med heilt samanfallede meiningar». Kvifor kom det opp mistydingar i Bucuresti? Kva var grunnproblemet i Bucuresti-møtet? Det var kritikken av Kommunistpartiet i Kina. Difor var det meininga at me skulle drøfta Kina og ordleggja eit sams syn på den saka. Alt dette skulle gjerast bak ryggen på Kommunistpartiet i Kina. Er det prinsippfast? Er ikkje dette det same som fraksjonisme? Me forklåra dette til sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen. I svaret vårt den gongen i august la me vekt på at eit møte mellom oss med eit slikt føremål ikkje var som det skulle. Endå ein gong trur me at me handla svært rett.

Lat oss ta det at me nekta å møta Nikita Khrusjtsjov den 9. november 1960. Me meiner sendelaget vårt gjorde rett då det avsto det møtet og me forklåra dette til sovjetleiarane. Saka er den at på den eine sida gav sovjetleinga oss eit brev den 8. november 1960, som var sendt til Kommunistpartiet i Kina. Der var Albania som før nemnt ikkje teke med mellom dei sosialistiske landa. Partiet vårt vart klaga for anti-sovjetisme, for å ha brote prinsippa i den demokratiske sentralismen og slik bortetter, og dette tilfanget vart delt ut til utsendingane frå 81 parti. På hi side baud dei oss inn til samtalar nett same dagen, for å drøfta mistydingane som hadde kome opp mellom oss! På eine sida seier dei til dei kinesiske kameratane: «Me skal fara åt med Albania som med Jugoslavia», og på hi sida vil dei gjerne møta oss! Er dette å talast på like fot? Har grunnlaget vorte lagt for den kameratånden som framgangsrike samtalar treng? Er ikkje dette eit klårt uttrykk for det yn-

sket sovjetleiarane har om å få særromsyn i samtalar? Det er klårt at me ikkje på nokon måte kunne føra samtalar under slike tilhøve. Det er i mot prinsippa om at partane skal akta kvarandre og stå på like fot. Det galdt særskilt sidan me ikkje hadde kviskra eit einaste ord til den internasjonale kommunist- og arbeidarrørsla om dei konkrete usemjene mellom oss og sovjetleiarane fram til då. Det er grunnen til at me sa nei til det møtet. Det står til sentralkomiteen i partiet å døma om sendelaget vårt gjorde rett.

Når det gjeld det at «kamerat Enver let vera å reisa til Sovjetunionen på ferie i år» er det knapt noko å tala om, for det er ikkje noko politisk i det. Eg reiste ikkje til Sovjetunionen på ferie i fjor heller, og det vart ikkje nokon skandale etter det. Saka er at i år hadde sovjetleiarane «tenkt» at når kamerat Enver kom dit skulle dei snakka med han! Men korkje eg eller politbyrået hadde fått melding om dette. Me skulle visst finna det ut med spådomskunstar.

I røynda er det ikkje partiet vårt, men sovjetleiarane som har vore mot samtalar, og mot å løysa usemjer ved samrådingar. Som kjent sende me i byrjinga av august eit brev til sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen. Her melde me frå om den anti-marxistiske åtferda sume medlemmer av staben i den sovjetiske ambassaden sto for, med ambassadør Ivanov i brodden. Korleis kan det ha seg at sovjetleiarane, som seier dei meiner fullt og fast at problema burde løysast gjennom diskusjon, ikkje har svara på dette til denne dag? I Moskva fortalde dei oss at dei ikkje hadde svara fordi dei ikkje ville gjera sambandet vårt verre. Svaret deira kunne verta krenkjande for oss. Dette syner klårt at det aldri hadde streifa dei at usemjene skulle løysast eller at dei måtte drøftast, men dei hadde fastsett kva dei skulle gjera: Nekta alt. Så kvifor då ha samtalar i det heile? Kven er så mot samtalar, i røynda? Det er heilt klårt ikkje me, ikkje Arbeidspartiet i Albania, men leiinga i Kommunistpartiet i Sovjetunionen som ikkje ville snakkast.

Vilkåra for samtalar var ulike, og som vi sa ovanfor var det sovjetleiarane sjølve som hadde fått det slik. Dei for åt mot sendelaget vårt på ukameratsleg vis, og gjekk så langt som til å falla ned på slike anti-marxistiske politimetodar som å avlytta samtalanane våre ved hjelp av ulike slags mekanismar både der vi budde og i ambassaden vår. Trass i alt me har nemnt gjekk sendelaget vårt med på å møta dei og heldt i alt tre møte med dei fordi dei gjekk så hardt på for å få tala med oss. Då heldt me oss til prinsippet som partiet vårt stør om at det trengs drøftingar, rådslåing og meningsutvekslingar, både før møtet og medan det sto på.

Sendelaget vårt skjøna det verkelege målet for sovjetleiinga ut av drøftingar med Maurice Thorez den 9. november 1960. Samtalen synte klårt at han hadde fått pålegg frå dei om å møte oss. Thorez freista «overtyda» oss om at den lina Sovjetunionen fylgde i alle stykke var rett. Det galdt spørsmålet om krig og fred, lina med fredeleg samlivnad, og han kalla Khrusjtsjov «ein Lenin i vår tid», og slik bortetter. På hi sida tala han mot Kina, og framstilte Kommunistpartiet i Kina som «dogmatisk, fraksjonistisk og trotskistisk, ein stor fære for kommunistrørsla, krigshissarar som freistar vanæra Sovjetunionen», og slik bortetter. Til slutt fortalde han oss om kjærleiken Sovjetunionen har til Albania og om hjelpa landet har gjeve oss. Likeeins at me burde vera Sovjetunionen takk skuldig. På slutten sa han at me alle må fylgja i kjølvatnet etter Sovjetunionen.

Me fortalde han kva me meinte. Me streka under at me var usamde med sovjetleiarane, og dette ville me leggja fram på møtet. (Me visste at alt me sa vart avlytta av sovjetleiarane, eller ville verta bore vidare til dei av Thorez.) Thorez freista «telja oss frå» å ta desse sakene opp på møtet, for då ville heile møtet verta i mot oss og kalla oss provokatørar. Han meinte me skulle løysa desse sakene med å setja oss ned og snakka med sovjetleiarane, og her nemnde han at me hadde gjort feil i å ikkje møte Khrusjtsjov. Møtet med Thorez varte tre timar, og til slutt gjekk me frå kvarandre og kvar part heldt på sitt eige syn. Dette var det fyrste beinveges presset for å få oss til å ikkje tala ope på møtet, og den fyrste freistnaden på å få greie på kva me ville leggja fram der.

Etter dette møtet heldt me to møte med sovjetleiarane, den 10., 11. og 12. november.

På det fyrste møtet vart synspunkta til kvar part framlagde, og du kan seia grunnlaget var lagt for neste møte, som i røynda var det offisielle møtet...*

* Kamerat Enver Hoxha gav plenumsrådet melding om korleis sovjetleiarane legg skulda på Arbeidspartiet i Albania for at tilhøvet mellom dei to landa versna. Sjølve skulle dei fulla ikkje ha gjort noko gale. Dei skulda APA for anti-sovjetisme fordi APA hadde stengt Liri Belishova og Koço Tashko ute frå sentralkomiteen og frå partiet då dei hadde vore på Sovjetunionen si side. Dessutan hadde ikkje dei albanske offiserane bøygt seg for skuldingane og krenkingane frå sovjetoffiserane ved Vlora-basen. Med røynelege argument avviste sendelaget vårt slik baktaling og synte at dei som verkeleg hadde ansvaret for at hopehavet vårt hadde versna var sovjetleiarane. Deira mål var å leggja APA under sin kontroll, å tvinga det bort frå den revolusjonære vegen og til å ta den revisjonistiske stemmeleia frå det 20. landsmøtet i Kommunistpartiet i Sovjetunionen.

På det punktet der Khrusjtsjov vart sint fordi APA-sendelaget avsla å godta dei anti-marxistiske og anti-albanske synspunkta hans og han likna samtalen med samtalar med MacMillan gjekk sendelaget vårt frå møtet i protest. (Jfr. s. (164) i dette bandet.)

Som ei avslutning kan det seiast at sovjetleiarane ikkje ville samtala, eller verta samde med oss om noko. Dei hadde avgjort kva planen deira og meininga deira skulle vera. Dei hadde endå til byrja tala med andre om dette, med einast det for auga at dei skulle vanæra partiet vårt. Om dei ba oss koma til samtalar, gjorde dei det ikkje fordi dei ville løysa usemjene, men for å truga oss, for å tvinga oss til å slå frå oss tanken med talen vår på møtet. Etter desse møta vart det klårt for oss endå ein gong kven som var for drøftingar og kven som ikkje var det. Dei synte og at sovjetleiarane ikkje hadde tenkt å gjera sjølvkritikk på noko dei hadde gjort mot partiet vårt og mot landet vårt. Tvert om var dei viljuge til å gå lenger, slik trugsmålet deira om Vlora-basen tydde på.

Difor kan me ta oppatt endå ein gong at slik omstenda var handla sentralkomiteen heilt rett. Han gjorde vel i å vedta å ta opp alle usemjene våre med sovjetleiarane, og han gjorde rett i å verkeleg ta dei opp på møtet i Moskva mellom utsendingane frå dei 81 kommunistpartia og arbeidarpartia i verda.

IV. — Korleis det gjekk på Moskva-møtet

Moskva-møtet vart skipa for å drøfta dei problema som no er i den internasjonale situasjonen og kva strategi og taktikk den internasjonale kommunistrørsla skal ha. Grunnlaget for drøftingane i møtet var utkastet til fråsegn som 26-parti-nemnda hadde budd til. Nemnda var som sagt kalla saman i Moskva i oktober. Når møtet drøfta desse spørsmåla måtte dei i røynda seia noko om usemjene som hadde kome opp i rekkjene i den internasjonale kommunist- og arbeidarrørsla. Møtet laut fordøma dei range meiningane og slå fast det rette marxist-leninistiske synet, som var det samla synet hjå heile kommunistrørsla i desse sakene. Det måtte gjerast i fråsegna møtet skulle godkjenna.

Men heilt frå møtet byrja, endå til før, kom det klårt fram at sovjetleiarane og dei frå sume andre kommunistparti i dei sosialistiske og kapitalistiske landa i Europa tenkte annleis. Det at brevet sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen sende til sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Kina vart delt ut nett før møtet og at dei påverka alle sendelaga med dette brevet, gjorde planen åt sovjetleiarane endå klårare. Det gjekk i retning av å stella til eit nytt Bucuresti og få god-

kjenning utanfor møtet for alt som var sagt mot Kina i Bucuresti. Dei ville skapa den meininga hjå alle partia at Kommunistpartiet i Kina er «dogmatisk og fraksjonistisk» at det «har brote Moskva-fråsegna og handlar i strid med heile kommunistrørsla, og saman med Kommunistpartiet i Kina fylgjer Arbeidspartiet i Albania og den same lei». I brevet frå sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen er det sagt i mot dette.

For å skapa denne meininga dreiv sovjetleiarane eit inngåande førebuiingsarbeid mellom dei ymse sendelaga dei fyrste dagane før møtet tok til. Sendelaget frå Kommunistpartiet i Frankrike arbeidde særskilt aktivt med dette målet, og tok seg av sendelaga frå dei kapitalistiske landa i Europa. Likeins tok sendelaget frå Kommunistpartiet i Spania seg saman med Det kubanske folkepartiet av sendelaga frå Latin-Amerika, og sendelaget frå Syria tok seg av sendelaga frå dei arabiske og afrikanske landa. I dette organiserte arbeidet las dei brevet frå sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen til Kommunistpartiet i Kina dagsett den 5. november og kommenterte det. Attåt dette vart mange tosidige møte haldne med det sovjetiske sendelaget og sendelaga frå dei sosialistiske landa i Europa. Sjølv sagt kan ein ikkje rekna slikt arbeid som normalt, tvert om er det urett og anti-marxistisk. På hi sida syner det kor veik stillinga til sovjetleiarane er, for den som er på rett lei og held fast ved det Marx og Lenin lærer har ingen trong for å vinna lagsbrør med usømelege metodar, med press og med å arbeida med folk han råkar.

Med dette førebuiingsarbeidet utanfor møtet tenkte sovjetleiarane å gjera heile møtet til eit demonstrasjonsmøte. Talane skulle vera i allmenne vendingar, med lovtalar for den framgangen som er vunnen, utan å gjera kjent motseiingane som finst. Tvert om skulle det kastast tilsløra ymt mot den rette marxist-leninistiske stillinga Kommunistpartiet i Kina og Arbeidspartiet i Albania har på grunnspørsmåla. Hadde møtet gått slik ville sovjetleiinga og dei partia som stødde synet deira ha tent på det. På eine sida gjorde dei arbeidet sitt utanfor møtet, og skapte den meininga at Kommunistpartiet i Kina skulle ha gjort mistak. Dei skulle liksom verkeleg vera for krig, for eventyrpolitikk, mot fredelig samlivnad og slik bortetter. Dersom på hi sida motseiingane på møtet ikkje vart avdekte, kunne sovjetleiarane framstilla seg som dei skulle vera støe stridsmenn som verja einskapen i den kommunistiske rørsla og i det sosialistiske lægeret. Dermed fekk dei syna kor «storsinna» dei er, og slapp diskutera lina si, mistaka sine, korleis dei har gått bort frå Moskva-fråsegna (1957) og frå den marxist-leninistiske læra.

Sovjetleiarane såg klårt at eit ope ordsifte om motseiingane på møtet ville skjemma dei ut for rørsle på mange vis: *For det fyrste* fordi dei har trakka på Moskva-fråsegna og lagt seg på ein forsoningspolitikk i striden mot imperialismen og revisjonismen. *For det andre* fordi dei har brote den leninistiske skikken som gjeld tilhøvet mellom sosialistiske land og kommunistparti og arbeidarparti, slik som tilfellet er med Kina og Albania. *For det tredje* ville den rådande meininga at Kommunistpartiet i Sovjetunionen ikkje kan ta feil kverva for augo til heile kommunistrørsle, hjå utsendingar frå 81 kommunistparti og arbeidarparti frå heile verda. Samstundes ville den meininga at Kommunistpartiet i Sovjetunionen og leiarane der står over kritikk kverva, at alt dei seier er «lov, er rett, er siste skrik i marxismen, og difor må setjast i verk av alle», osb.

I tråd med denne taktikken snakka Nikita Khrusjtsjov på vegner av det sovjetiske sendelaget den fyrste dagen på Moskva-møtet. I røynda var talen hans ein freistnad på å slå den tonen som sakene skulle drøftast i på dette møtet.

Talen åt Khrusjtsjov var lurt førebudd og skilde seg sterkt frå brevet sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen sende til sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Kina den 5. november. Det var dette brevet som vart delt ut til alle sendelaga før møtet. Her vart dei kinesiske kameratane ope klaga for å ha brote Moskva-fråsegna og prinsippa i marxismen-leninismen. Talen han heldt til møtet var halden i ein tone som om det ikkje fanst usemjer i det heile mellom Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Kommunistpartiet i Kina. I denne talen på 80 sider var Kommunistpartiet i Kina endå til aldri nemnt med namn. Talen til Khrusjtsjov gav hovud«argumenta» for det sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen meiner om dei hovudsakene det er usemje om. Det gjeld til dømes spørsmålet om krig og fred, dei teoretiske problema frå det 20. landsmøtet, striden mot «fraksjonisme» i den internasjonale kommunistrørsle osb. Talarane som kom etterpå og stødde Khrusjtsjov, som Zhivkov og andre, skildra talen hans som ei «skapande utvikling av marxismen», og tok oppatt argumenta hans i andre former.

Endå Khrusjtsjov gjorde sitt beste for å sleppa nemna usemjene i talen sin og gjera tonen måtehalden, låg det likevel løynt giftige ymt i han. Dei sikta fyrst og fremst til dei kinesiske kameratane, i ei rad viktige saker.

Khrusjtsjov heldt sterkt fast på at den såkalla fraksjonsverksemda i den internasjonale kommunistrørsle skulle fordømast. Som den

hyklaren han er slengde han ut at denne påstanden var ikkje retta særskilt mot noko parti. Han la stor vekt på at det avgjerande vilkåret for å nå einskap i den internasjonale kommunistrørsla skulle vera at mindretallet vyrde og gjennomførte vedtaka fleirtalet gjorde. Med dette fastsette han lina for alle som stødde han på møtet når det galdt kjerneproblemet og hovudmålet hans: Å få fordømt og kua Kommunistpartiet i Kina og Arbeidspartiet i Albania.

Nett etter Khrusjtsjov hadde tala byrja møtet den «stille» gangen, slik taktikken og føremålet åt sovjetleiarane kravde. Det gjekk etter regelen «for mykje og for lite skjemmer alt». Dei fyrste tre dagane av møtet tok såleis 18 utsendingar frå ymse parti ordet, mellom dei utsendingane frå partia i Bulgaria, Ungarn, Canada, Hellas, Argentina, Irak, Sør-Afrikasambandet (Azania) og andre. Dei stødde standpunktet til det sovjetiske sendelaget i alle saker Khrusjtsjov tok opp i talen sin, og dei gav lovord til mannen sjølv. Samstundes vende dei innpakka kritikk mot dei rette synspunkta Kommunistpartiet i Kina har. Etter føredømet Khrusjtsjov sette heldt dei alle fast på at fråsegna som var reidd til til møtet burde stå uendra på sakene som det kinesiske sendelaget, sendelaget vårt og dei frå sume andre parti hadde sagt seg usamde i etter nemnd-møtet i oktober. Som kjent galdt dette synet på det 20. og 21. landsmøtet i Kommunistpartiet i Sovjetunionen, spørsmålet om «persondyrkinga», «fraksjonisme»-spørsmålet og dette med «nasjonal kommunisme».

Slik byrja møtet, og slik såg det «stilt» ut i fyrste steget i drøftingane. Men om framtoninga formelt var still, var stemninga spent i røynda. Alle hadde ei kjensle av uro, alle hadde noko i bringa dei ikkje kunne få vekk utan at dei la det fram. Alle var urolege for einskapsspørsmålet, men leia møtet hadde teke førte ikkje til einskap. Det dekte over motseiingane utan å løysa dei. Før eller seinare måtte dei bryta fram og koma til overflata, og di seinare dette hende, di verre ville det verta for lagnaden åt rørsla vår. Marxisme-leninisme lærer oss å sjå sanninga i kvitauga og ikkje vera redd henne, same kor lei ho kan vera. Motseiingane fanst, difor måtte dei drøftast djervt. Kven som hadde rett og kven som tok feil måtte finnast ut gjennom kritikk og sjølvkritikk, ved ope og kameratsleg samråding og ordskifte. Når me då var reinska for skiten og samansveisa i verkeleg marxist-leninistisk einskap, måtte me marsjera frametter mot nye sigrar. Slike såg me og dei kinesiske kameratane på drøftingane på Moskva-møtet mellom utsendingane frå kommunistpartia og arbeidarpartia.

Difor var det eit kjernepunkt å endra ånda i drøftingane og i ordskiftet på møtet. Det måtte gjerast slutt på steget der det etter måten var

«stilt». Dette bata sovjetleiarane, men tente ikkje til noka verkeleg styrking i einskapen vår.

Ånda i førehavingane på møtet skifta etter talen til den kinesiske utsendingen og den eg heldt på vegner av sendelaget frå Arbeidspartiet i Albania. Møtet kom inn i den andre fasen som er merkt av ope ordskifte om usemjene som finst i grunnleggjande spørsmål innan den internasjonale kommunist- og arbeidarrørsla. Dette ordskiftet tvinga utsendingane frå kvart einaste parti til å ta stilling til desse hovudsakene, og slik kom det røynelege synet kvart parti hadde betre fram.

Sendelaget frå Kommunistpartiet i Kina heldt ein tale som låg på eit høgt ideologisk nivå. Det var ein prinsipiell tale som var svært godt underbygd. Han kledde av dei galne synspunkta og rengingane og avvika sovjetleiarane sto for i dei grunnleggjande spørsmåla i strategi og taktikk for den internasjonale kommunistrørsla. Heilt frå han opna talen sin kledde utsendingen frå Kommunistpartiet i Kina av metoden og målet sovjetleiarane hadde då dei ikkje ville ta opp problema på møtet. Han sa at det 125 sider lange brevet frå 5. november i røynda var hovudtalen åt sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen. Brevet var fullt av ville åtak på Kommunistpartiet i Kina og leiaren, kamerat Mao Tsetung. Han understreka at skilnaden berre låg i at sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen hadde delt ut den talen utanfor møtet, medan dei heldt ein annan tale på sjølve møtet. Dei hadde føremun av at møtet vart halde i Moskva og det gav dei gode vilkår.

Det kinesiske sendelaget dreiv attende renginga av den stillinga sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Kina tek til hovudkjennemerka ved tida som no er. Talaren sa at Kommunistpartiet i Kina aldri har skildra vår tid som tida for imperialism, krig og revolusjon, men som ei revolusjonstid der imperialismen vert overvunnen og sosialismen og kommunismen sigrar. Denne baktalinga kom fyrst fram på Bucuresti-møtet frå leiaren i det sovjetiske sendelaget. I same slengen kom andre rengingar som at kinesarane skulle overdriva styrken i imperialismen og tru for ringt om styrken vår. Det kinesiske sendelaget sa seg usamd i å setja statsleiarverksemd i staden for massekamp i striden for fred. Dei tala om det som særmerkjer tida vår, og forklåra kva ordlaga «austanvinden vinn over vestanvinden» og «imperialismen er ein papirtiger» tyder. Dei la vekt på at massane må lærast opp med den innstillinga at dei skal slåst viljefast mot klassefienden.

Utsendingen frå Kommunistpartiet i Kina tala om krigs- og fredsspørsmålet og om fredeleg samlivnad, og peika på årsakene til krig. Han avviste klagemåla som har kome mot Kommunistpartiet i Kina om at

KKP vil ha krig og fulla skal vera for den kalde krigen og vil freista innføra sosialismen over heile verda med krig. Dette sa han var jamgodt med å seia at trugsmålet om krig kjem frå Kina og ikkje frå imperialismen. Den kinesiske talsmannen sa at me lyt snakka om to framtidsutsikter: å hindra krigen eller at krigen bryt ut. Me må bu oss grundig til begge delar. «At me trur for godt om styrken hjå folket og for dårleg om styrken hjå fiendane», sa han, «er eitt tilvik. Om me ikkje strir mot det, vil det kunna føra til venstreeventyr og sekteriske feil. Å tru styrken hjå fienden for stor og styrken hjå folket for liten er eit anna tilvik. Om me ikkje strir mot dette, kan det leia til revisjonistiske og høgreopportunistiske feil. Det er viktig å slåst mot begge desse tilvika. Me trur,» sa han, «at slik tilhøva er no, er hovudfåren i rekkjene åt den internasjonale kommunistrørsla det andre tilviket, ikkje det fyrste.»

Han kravde at den fylgjande setninga skulle koma inn i utkastet til fråsegn: «Me kan vera visse på at det ikkje vert krig fyrst når sosialismen i det minste har sigra i dei viktigaste landa i verda.» Han forklåra skilnaden mellom vona om å sleppa ein verdskrig og trua på at det ikkje vert krig i det heile. Det er ikkje råd å sleppa frå at dei underkua folka kjem til å reisa krig mot dei reaksjonære regjeringane sine, og desse krigane må me stø. Utsendingen frå Kommunistpartiet i Kina peika på at Folkerepublikken Kina har stødd tingspolitikken åt Sovjetunionen. Men me må ikkje byggja alle voner eller dei største vonene våre på tingingar. Alt står og fell med den aktive striden massane i eile verda fører for fred.

Den kinesiske utsendingen sa at hovudfåren i den internasjonale kommunistrørsla er revisjonisme. Det har aldri hendt, sa han, at revisjonismen har utvikla seg fordi det har vore så mykje strid mot han, slik sovjetleiarane hevdar. Han kravde at bolken i utkastet til fråsegn som tala om denne saka burde vera meir fullstendig og sa at det fanst dogmatistiske tilvik og. Under visse vilkår kunne desse verta hovudfåren. Men dogmatismen har ikkje ovra seg i Kommunistpartiet i Kina, og endå mindre i dei spørsmåla der partiet vart baktala.

Han gav særskilt rom til hopehavet mellom dei broderlege kommunistpartia og arbeidarpartia. Han la særskilt vekt på grunnreglane om likskap og sjølvstende for dei ymse partia og dessutan på proletarisk internasjonalisme. Han meinte regelen med samrådingar mellom partia og det å koma fram til samrøystes syn var særskilt viktig. Han sa at kritikk mellom partia er eit sunt grunnlag for einskap mellom dei. Det kinesiske sendelaget viste attende skuldinga at sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Kina skulle ha tenkt å vraka alt Kommunistpartiet i Sov-

jetunionen hadde gjort. Det var gale å tru at kritikk skadde einskapen. Om kritikken hadde hatt ein kvass tone, skulle ikkje Kommunistpartiet i Kina ha skulda. Regelen om fleirtal og mindretal skulle og kunne ikkje nyttast på tilhøvet mellom partia. Det er ein regel nytta innan partia sjølve, og ikkje på internasjonale møte, der kvart parti har sitt eige sjølvstende. Utsendingen frå Kommunistpartiet i Kina kritiserte Bucuresti-møtet der dei marxist-leninistiske prinsippa vart uthola. Han peika på dei gode og dårlege sidene ved det 20. og det 21. landsmøtet i Kommunistpartiet i Sovjetunionen, og kritiserte standpunktet sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen tok til Arbeidspartiet i Albania. Han avviste framlegget om at «fraksjonsverksemd» skulle fordømast i fråsegna, for det var eit påhitt som hadde brodd mot Kommunistpartiet i Kina.

Til slutt tok han fram stort og smått ved usemjene mellom sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Kina og sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen. Han gav eit oversyn over saga om usemjene, der han synte korleis sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen let usemjene gå utover hopehavet mellom statane. Den kinesiske utsendingen sa at desse usemjene hadde versna som fylgje av at sovjetleinga ikkje hadde akta jamstillingsprinsippa mellom partia, og at Moskva-fråsegna ikkje hadde vorte fylgd.

Sentralkomiteen kjenner innhaldet i talen sendelaget vårt heldt, difor treng me ikkje hefta oss med han her. Likevel kan me seia at deltakarane på møtet lydde vel etter. Trass i åtaka som hauga seg opp på oss seinare, me skal seia meir om dei sidan, kunne ikkje ein einaste ein leggja fram overtydande argument til å visa attende ein einaste av påstandane våre. Ikkje ein gong sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen greidde det med den skriftlege fråsegna si frå 1. desember. Tvert om var det mange sendelag frå brorpartia som tok vel i mot den prinsipielle haldninga, den rette analysen av spørsmåla og den djerve kritikken mot sovjetleiarane som finst der.

Som eg sa tidlegare tok møtet ei anna vending etter talane våre. Denne delen av møtet kan og delast i to, dei fyrste 2-3 dagane etter talane våre var dominerte av innlegga frå utsendingane frå kommunistpartia og arbeidspartia som forsvarte påstandane frå sovjetleiarane og fylgjeleg gjekk laus på Kommunistpartiet i Kina og Arbeidspartiet vårt. Men dei siste 2-3 dagane på møtet var det mest talar av sendelag frå dei kommunistpartia og arbeidspartia som forsvarte dei rette marxist-leninistiske standpunkta. Det vil seia dei partia som meinte det same som dei kinesiske kameratane og me. Kvifor hende dette? Fordi sovjetleiarane fylgde ein galen framgangsmåte endå til i denne leia. Dei ville

gje det inntrykket at heile rørsla var mot oss, dei let den eine etter den andre få ordet av dei sendelaga som dei var visse på ville forsvara synet til Kommunistpartiet i Sovjetunionen, og let ikkje hine sleppa til. Såleis utsette dei til dømes taleretten for det indonesiske sendelaget i tre heile dagar til endes. Men når dei utsette krava frå alle desse sendelaga på det viset, vart det til at dei talane som vart haldne sist var frå parti som hevda eit rett marxist-leninistisk standpunkt.

Kva er særige for talane i den andre delen av dette møtet?

For det fyrste var åtaket mot Kommunistpartiet i Kina og særleg mot partiet vårt organiserte. (Det gjekk så langt at dei endå til var utstyrte med sitat or dokument frå partiet vårt som berre var til rådvelde for sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen.) Eit anna kjenne-merke er skorten på argument, og at eit sterkt språk kom i staden.

For det andre hadde åtaka nett etter den kinesiske utsendingen hadde tala brodd berre mot Kommunistpartiet i Kina. Etter talen vår vart åtaka retta i hovudsak mot partiet vårt. Mot slutten, særleg i innlegga i den andre bolken av møtet, vart kritikken samla mot dei to partia våre samstundes, mot Kommunistpartiet i Kina og Arbeidspartiet i Albania.

For det tredje gjekk ordsiftet deira i ei særskilt retning. Dei fordømde alt kinesisk og albansk. Endå til dei største ovringane av høgre-opportunisme let dei liggja, det vil seia dei stødde dei. Høgreopportunismen freista utnytta situasjonen for å spreia tankane sine. Utsendingen frå Kommunistpartiet i Sverige, til dømes, heldt ein tale som minna meir om ein sosialdemokrat enn om ein kommunist. Hagberg sette fram desse opportunistiske synspunkta:

1) Han sa at innan ramene for samarbeidet med det sosialdemokratiske partiet hadde kommunistpartiet nådd framgang, nett takka vere det at dei var for breie koalisjonar med alle sosialdemokratane. Dei tala om det som samla dei og ikkje om det som skilde. Han sa frå at leiinga i Kommunistpartiet i Sverige var i mot at det kom til ei vinstrefløy i det sosialdemokratiske partiet, fordi kommunistane burde samarbeida med alle delar av arbeidarklassen.

2) Han forsvarte dei jugoslaviske revisjonistane og kritiserte dei som tala hardt om dei. Han sa at hovudsaka for oss var å isolera hovudfienden og ikkje Det jugoslaviske kommunistpartiet. Me burde ikkje hevda noko hardare standpunkt til dei jugoslaviske leiarane enn mot dei sosialdemokratiske toppane, for det såra kjenslene åt det jugoslaviske folket. Me burde ikkje skjemma tilhøvet vårt til den jugoslaviske leiinga. Då kunne me få henne til reisefylgje i den samse striden vår for fred endå om det berre vart for ei stund og ikkje mykje å lita på, osb.

3) Han sa frå at ordlaget «proletardiktaturet» ikkje måtte vera å finna i fråsegna som møtet skulle vedta. Det ville berre gjera skade. Det var eit gammalt uttrykk frå det nittande hundreåret, det hadde vorte avlegs og skræmde massane. Endå me kommunistar skjøna kva dette ordlaget inneheldt, brukte me det ikkje fordi både frå den logiske og den filologiske synsvinkelen tydde «diktatur» det motsette av demokrati og at demokratiet vert gjort om inkje. Dei svenske arbeidarane vart krenkte om du tala til dei om «proletardiktaturet». Dette uttrykket fanst ikkje i programmet for Kommunistpartiet i Sverige. Når me tala til arbeidarane om den sosialistiske staten, la me vekt på at det var den mest demokratiske staten osb.

Like eins kravde utsendingane frå Kommunistpartiet i USA og Kommunistpartiet i Storbritannia med ymse påskot at ordlaget om proletardiktaturet skulle takast vekk frå utkastet til fråsegn.

Utsendingen frå Kommunistpartiet i USA kravde og at setninga «Der-som dei galne imperialistane set i gang krigen sin, vil folka sopa vekk imperialismen og leggja han i grava» skulle vekk frå utkastet. Medan utsendingen frå Kommunistpartiet i Italia sa frå i talen sin at ikkje ein einaste italiensk arbeidar ville samtykkja i å betala for den sosialistiske sigeren med blod. Det vil seia at dei var for «fred til kva pris som helst». Utsendingen frå Kommunistpartiet i Italia gjorde framlegg om ei ny ordlegging i den delen av utkastet til fråsegn som tala om den jugoslaviske revisjonismen. Den nye ordlegginga hoppa over påstanden at dei jugoslaviske revisjonistane hadde svike marxismen-leninismen og har gjeve seg til med undergravingsverksemd mot det sosialistiske lægeret og den internasjonale kommunistrørsla.

Likvel var det ingen av utsendingane på møtet, ikkje eingong frå det sovjetiske sendelaget, som reiste seg mot desse anti-marxistiske og openlyst revisjonistiske meiningane. Berre sendelaget frå Kommunistpartiet i Kina og sendelaget vårt slost mot og viste attende desse range og opportunistiske synspunkta i redaksjonsnemnda. Saman med oss sto sendelaga frå nokre andre parti som står på marxist-leninistisk standpunkt.

Standpunktet sume sendelag tok til talen sendelaget vårt heldt.

Straks etter sendelaget vårt hadde halde talen på møtet sette utsendingane frå ei mengd kommunistparti og arbeidarparti i gang harde åtak mot Arbeidspartiet i Albania. Åtaka var fulle av krenkjande ut-

nemne. De såg heilt bort frå kjensgjerningane, eller dei visste ikkje om dei i det heile. Dei stempla all kritikk med adresse til leiarane i Kommunistpartiet i Sovjetunionen som baktaling.

Åtaket vart opna av Dolores Ibárruri, som mellom anna sa: «I dag tidleg høyrde eg den mest skamlause talen eg nokon gong har høyrte i mine mange år i kommunistrørsla. Me har ikkje høyrte ein slik tale sidan Trotskij sine dagar. Det var ein tale for å provosera. Korleis kan nokon seia slik usanning om Sovjetunionen... Me protesterer mot baktalinga som er retta mot Khrusjtsjov. Me trur at heile rørsla vil fordøma talen dykkar...» osb.

Dei mest krenkjande adjektiva var det Gomulka som nytta mot talen vår og partiet. Han kalla talen vår «eit ansvarslaust åtak på Kommunistpartiet i Sovjetunionen, eit farkeverk. Ingen som kjenner noko ansvar kan tillata seg slikt.» Seinare sa Gomulka: «Om nokon trur at kinesarane ikkje er fraksjonistar, lat han då sjå kor dei fraksjonerer med albanarane...»

Longo og utsendingane frå sume andre parti gjekk laus på talen åt sendelaget vårt. Dei sa frå at det «høyrest som æresskjelling og tilrækking av heile den internasjonale kommunistrørsla, ikkje berre av Sovjetunionen».

Utsendingane frå Kommunistpartiet i Marokko, Ali Yata, gjekk og til ufine åtak på partileiinga vår.

Georgiu Dej uttala seg såleis mot talen vår: «Me lydde med harme på talen åt fyrsteseekretæren i sentralkomiteen i Arbeidspartiet i Albania. Me la band på oss, sette tolmodet vårt på prøve, for det var nett som om «Voice of America» eller «Radio Free Europe» tala frå denne talarstolen. Ingen skilnad i det heile frå dei jugoslaviske revisjonistane. Med eventyrpolitikken sin skaper albanarane ein vanskeleg situasjon på Balkan... Møtet vårt bør fordøma den kløyvande talen og verksemda åt den albanske utsendingen utan å stussa.»

Sendelaga frå sume parti som ikkje enno hadde sagt noko før eg hadde tala, skunda seg og sende ut skriftlege fråsegner der dei fordømde både talen åt sendelaget frå Arbeidspartiet i Albania og leiinga der. Slik gjorde sendelaga frå Det bulgarske kommunistpartiet, frå Det franske kommunistpartiet, Kommunistpartiet i Tsjekkoslovakia og andre.

Fråsegna sendelaget frå Det bulgarske kommunistpartiet delte ut sa mellom anna: «...Det utsendingane frå Arbeidspartiet i Albania gjorde var å leggja for dagen den svartaste utakk og kynisme. Til takk for brorhjelp har dei lagt fram dei mest skarvelege forfalskingar og baktaling mot Kommunistpartiet i Sovjetunionen. Beogradrevi-

sjonistane har ingen grunn til å vera misnøgde med striden leiarane for Arbeidspartiet i Albania fører mot dei. Gjennom denne 'striden' har dei rett og slett vorte meir verdfulle på den amerikanske marknaden, dei får meir rundeleg hjelp og lån frå USA.»

I fråsegna sendelaget frå sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Tsjekkoslovakia gjorde i samband med talen åt sendelaget frå Arbeidspartiet heiter det mellom anna: «Kva vil det albanske sendelaget oppnå med den uhyrlege baktalinga si? Dei våga seg til å seia at Kommunistpartiet i Sovjetunionen nær sagt har skulda for den ungarske kontra-revolusjonen. Det det albanske sendelaget seier no harmar endå meir. Dei rettar den alvorlege skuldinga mot Sovjetunionen at landet på det næraste nyttar kolonimetodar og stormaktssjåvinisme. Desse krenkingane kan berre gje den borgarlege og revisjonistiske propagandaen om den sovjetiske 'kolonialismen' og den sovjetiske 'hegemonismen' vatn på kverna.

Ei stor mengd av sendelaga som tala mot oss i samband med talen vår sa berre få ord. Det heitte til dømes at «dette var ikkje rette staden til å opna dette ordskiftet» eller «talane den kinesiske og den albanske kameraten heldt var lite høvelege og skadelege og inneheldt baktaling mot Kommunistpartiet i Sovjetunionen», eller «me er samde i det synet dei føregåande talarane hadde på talen til den albanske utsendingen» osb.

I det store og heile kan dei ymse sendelaga delast i tre grupper etter standpunktet dei tok til det me målbar i talen vår:

a) Den fyrste gruppa femner om dei partia som forsvarte oss ope eller stødde synspunkta våre. Anten nemnde dei oss ikkje i det heile, eller dei sa berre noko på slump mot talen vår for syns skuld.

I denne gruppa bør framfor alt det kinesiske sendelaget nemnast. Dei forsvarte partiet vårt utan å stussa.

Attåt det kinesiske sendelaget sto mange sendelag frå kommunistpartia og arbeidarpartia i Asia fram og forsvarte partiet vårt. Sume av dei, til dømes partia frå Burma, Malaya og Indonesia kritiserte dei ikkje-kommunistiske metodane og den krenkjande språkbruken som vart brukt mot dei partia som tala ope og djervt. Sume andre sendelag sa ikkje frå ope, men fortalde oss på tomannshand at dei var samde med oss.

b) Den andre gruppa er samansett av sendelag som tala mot oss, men svært mildt, som tidlegare sagt. Dei tala om «uhøveleg tale» osb. Dei fleste sendelaga frå Latin-Amerika, dei skandinaviske landa, sume sendelag frå Afrika og andre kan reknast til denne gruppa.

c) Den tredje gruppa er dei sendelaga som gjekk ut mot oss med stor ofse og utan atterhald forsvarte stillinga sovjetleiarane tok. Men endå til mellom dei er det visse små skilnader:

— Dei mest åtsøkne var Gomulka, Ibárruri, Ali Yata frå Marokko, Zhivkov og tsjekkarane (dei siste to sto fram med skrivne fråsegner), Dej, Longo frå Italia og andre som nytta mest skjellsord mot oss.

— Dei mindre åtsøkne var franskmennene som sende ut skriftlege fråsegner, tunisjarane og andre som tala mot oss. Dei nytta ikkje dei ordlaga eg har nemnt, men sa slik som «vanærande tale», «ein tale som ikkje kan godtakast eller tillatast», «sikta mot å føra skam over Sovjetunionen» osv.

— Til sist, måtehaldsfolket, der me kan rekna med ungarane, for dei var svært tilmålte i den skriftlege fråsegna si.

Dei ville åta mot det kinesiske sendelaget og mot vårt kom ikkje uventa. Det var organiserte utbrot av prinsipplaus ofse, ein mislukka freistnad på å døyva dei prinsipielle synspunkta våre og kritikken vår med rotne åtak og stor kjeft. Dei ville spora av ordsiftet med kjenslefylte vendingar, få det bort frå prinsippspørsmåla på saklista osv. Men dei fekk det ikkje som dei ville. Dei fleste sendelaga tok verkeleg til å vingla. Di meir kjenslene kolna og logikken vann fram, til meir objektivt såg ei rad sendelag på dei rette og prinsippfaste marxist-leninistiske synspunkta som det kinesiske sendelaget, sendelaget vårt og sume andre sendelag hevda.

Dette kjem klårt fram i den snunaden i styrketilhøvet som kom i slutten på førehavingane.

Som me sa i byrjinga av denne rapporten tok utsendingar frå mange parti attåt det kinesiske sendelaget og sendelaget vårt eit fast marxist-leninistisk standpunkt på dette møtet. Alle sto for samhald i kommunistrørsla, og vedgjekk ope at utan Kina og kommunistpartiet der kan ein ikkje snakka om samhald korkje i den kommunistiske rørsla eller i det sosialistiske lægeret. Dette standpunktet var ope i strid med framlegga og påstandane åt sovjetrussarane og dei eldhuga hjelparane deira. Dei ville fordøma Kommunistpartiet i Kina og Arbeidspartiet i Albania som fraksjonistar osv.

På slutten av plenumssamlinga på møtet hadde 79 utsendingar frå ymse parti hatt sine innlegg i ordsiftet. Då tok N.S. Khrusjtsjov ordet for andre gong, og det gjorde talsmannen for Kommunistpartiet i Kina og 23 andre og. Særmerkt for dei siste talane Khrusjtsjov og dei som stødde han heldt var at dei synte seg meir måtehaldne og vog orda sine

meir. Dei var meir opptekne av å forsvara sine eigne meiningar enn i å gå til åtak på det hine meinte.

Den andre talen til Nikita Khrusjtsjov var ei avspegling av den stoda som var skapt til dessar i møtet. På eine sida hadde talen åt det kinesiske sendelaget og den til sendelaget vårt retta harde slag mot argumenta sovjetleiarane nytta i klagemåla mot Kommunistpartiet i Kina. På hi sida var det verkeleg slik at attåt dei partia som ope stødde standpunktet sovjet-sendelaget tok mot Kommunistpartiet i Kina og Arbeidspartiet i Albania, utan overtydande grunnar, rett nok, var det og ei anna gruppe parti som stødde synspunkta våre. Denne gruppa var ikkje lita, og det fanst ei anna i midten som var i mot kløyvinga.

I samsvar med dette var det to merke ved den andre talen Khrusjtsjov heldt:

a) Ytre sett var denne talen villare enn den fyrste, og gjekk beint til åtak på både dei kinesiske kameratane og på oss. Likevel var det i grunnen ein tale frå ei forsvarsstilling. Khrusjtsjov forsvarte seg mot kritikken frå dei kinesiske kameratane og oss. Han freista rettferdiggjera synet sovjetleinga har på ei rad spørsmål. Det galdt krig og fred, standpunktet ein skal ta til imperialismen, det som det 20. landsmøtet sa om vegane for overgangen til sosialismen, haldninga til dei nasjonale frigjeringsrørslene, kritikken mot «persondyrkinga Stalin sto for» osb. I alle desse sakene torde han ikkje gå inn på ein analyse av stoda slik ho verkeleg er. Han sa berre at «all baktalinga og åtaka mot Kommunistpartiet i Sovjetunionen» ville få svar frå sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen i eit særskilt brev. Attåt dette kom dei fyrste teikna på at han drog seg attende i den andre talen. Her sa han frå at møtet står imot fienden og tvillaust måtte avsluttast med eit samlande dokument og med at usemjene vart ryddja bort.

b) I denne andre talen leit Khrusjtsjov på stoe frå fleirtalet, og heldt fram med presset på Kommunistpartiet i Kina for å få det fordømt og tvinga det på kne. Her sto han hardt på at usemjene var mellom Kommunistpartiet i Kina og Arbeidspartiet i Albania på den eine sida, og alle kommunistpartia og arbeidarpartia på hi. Mindretalet skulle bøya seg for fleirtalet og fylgja fleirtalssynet. «Fraksjonsverksemd» i den internasjonale kommunistrørsla skulle fordømast osb. Han heldt fram med åtaka sine mot dei kinesiske kameratane. Han skulda dei for å vera uviljuge til å vedgå mistaka sine rett og slett fordi dei sette byrgskapen sin høgare enn det som bata den internasjonale kommunistrørsla osb. Han gjekk like eins til åtak på Arbeidspartiet i Albania utan grunnar og med falske prov.

Den andre Khrusjtsjov-talen synte at leiinga for Kommunistpartiet i Sovjetunionen med Khrusjtsjov i brodden ikkje hadde gått attende på dei range meiningane sine eller på metodane i hopehavet med brorpartia.

Den kinesiske utsendingen tok ordet for andre gong etter Khrusjtsjov hadde tala for å svara han.

Talen hans samla seg om to hovudsaker. *For det fyrste* om leiinga for Kommunistpartiet i Kina forsvarte eller braut Moskva-fråsegna frå 1957. *For det andre* om standpunktet Kommunistpartiet i Kina sikta mot å forsvare solidariteten i den internasjonale kommunistrørsla, eller om det hadde sett han i fåre.

Når det galdt det fyrste spørsmålet peika den kinesiske utsendingen på at leiinga for Kommunistpartiet i Kina sto fullt og fast på standpunktta i Moskva-fråsegna frå 1957, og hadde forsvart dei fast og medvite. Han viste endå ein gong attende skuldingane mange føregåande talarar hadde kome med om at dei kinesiske kameratane skulle ha gått frå fråsegna frå 1957. Dette galdt særleg i heftet «Leninismen lenge leve!», og dei skulle ha nekta for at det sosialistiske verdssystemet var viktig internasjonalt. Dei skulle ha sett seg i mot prinsippet om fredeleg samlivnad, dei skulle vera vinstreeventyrarar, dogmatikarar osb. Han synte at det tvert om var sovjetleiarane og leiarane for sume andre brorparti som byrja seia at visse viktige læresetningar i leninismen var avlegs. Det var dei som tok til å handla som om imperialismen skulle ha endra innhald. Dei byrja spreia skadelege falske voner om toppmøta osb. Artiklane i heftet «Leninismen lenge leve!» var retta mot imperialismen, revisjonismen og dei skadelege draumane sovjetleiarane fremjar om imperialismen. Difor var det dei siste som hadde gått frå standpunktta i Moskva-fråsegna frå 1957, og ikkje dei kinesiske kameratane. Fylgjeleg burde dei ha rådspurt dei andre partia om kva dei meinte, når dei endra synspunkta frå slik dei var i Moskva-fråsegna. Dei kinesiske kameratane trong ikkje rådføra seg om artiklane som hadde forsvart synspunkta i fråsegna det er tale om.

Når det galdt det andre spørsmålet avviste utsendingen frå Kommunistpartiet i Kina skuldinga om at den fyrste talen sendelaget frå Kommunistpartiet i Kina hadde halde skulle ha sett solidariteten i den internasjonale kommunistrørsla i fåre. Denne skuldinga hadde mange talarar sett fram. Tvert om var den talen meint som svar på brevet frå sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen dagsett den 5. november. Dette brevet hadde i røynda gjort motseiingane djupare. Utsendingen frå Kommunistpartiet i Kina avviste fast og støtt dei skuldingane

mange talarar sette fram mot Kommunistpartiet i Kina under møtet. Like eins gjekk det med skuldingane Khrusjtsjov kom med i den andre talen sin, om at dei kinesiske kameratane sette sin eigen byrgskap over det som bata den internasjonale kommunistrørsla.

Han synte klårt at det var skapt ein usunn og umogleg situasjon der all kritikk av leiinga i Kommunistpartiet i Sovjetunionen vart stempla som fraksjonsverksemd. Dei sovjetiske kameratane på si side fekk lov til å avgjera alt på eiga hand utan å spørja andre, og dei andre partia fekk ver så god fylgja dei. Slik vart prinsippet om likskap og rådslåing i tilhøva mellom partia krenkte. Som døme på dette avslørte den kinesiske utsendingen spelet til Khrusjtsjov. Khrusjtsjov var ute for å gje den sjølvrådige framferda si eit skinn av rett når han kom med dette i den andre talen sin: Det var uråd å ta opp spørsmålet om å fordøma «persondyrkinga av Stalin» til drøfting mellom brorpartia før det 20. landsmøtet i Kommunistpartiet i Sovjetunionen utan å spørja SUKP fyrst kva partiet sjølv meinte. Men etter et landsmøtet i SUKP hadde gjort vedtak i saka, kunne ikkje dette vedtaket gjerast om eller krenkjast! På denne måten vart i røynda døra stengd fullstendig for rådslåing mellom brorparti.

Den kinesiske utsendingen la vekt på at rådslåingsprinsippet ikkje på noko vis ville seia at mindretalet tvinga sin vilje på fleirtalet. Det var ikkje prinsippet om likskap og rådslåing som truga einskapen i kommunistrørsla, det var tvert om brot på dette prinsippet som truga einskapen. Han sa seg heilt imot at slike påstandar som var retta mot Kommunistpartiet i Kina kom inn i utkastet til fråsegn. Det galdt slikt som «fraksjonsverksemd» i den internasjonale kommunistrørsla, «nasjonal kommunisme» osb. Han understreka at ingen einskap kunne tuftast på dette grunnlaget. Han sa og at han var mot påstanden om kor viktig det 20. landsmøtet i Kommunistpartiet i Sovjetunionen var. Skulle dette koma med i utkastet til fråsegn måtte ein sjå det slik at eitt parti tvinga synspunkta sine på dei andre. Han sa at den samse striden alle kommunistpartia og arbeidarpartia fører er eit godt grunnlag for å vinna over alle meiningsskilnader som finst.

Talen åt utsendingen frå Kommunistpartiet i Kina synte at partiet sto støtt på dei rette marxist-leninistiske meiningane sine. Dette var den einaste rette vegen til å nå einskap.

Sendelaget vårt vedtok å ikkje vera med i ordsiftet i andre runde, og difor ba me ikkje om ordet. Men me sende ut ei stutt skriftleg fråsegn som vart delt ut til alle sendelaga. I fråsegna streka me under at me sto støtt på dei meiningane me hadde målbore i talen vår. Me peika på at

den krenkjande kritikken som var aust utover oss var forhasta og ikkje tente til å styrkja einskapen i rørsla vår. I samband med dette framheva me:

«Typisk i så måte var talen åt utsendingen Vladislav Gomulka frå Det sameinte arbeidarpartiet i Polen. Han gjekk så langt i dei uverdige freistnadene sine på å rengja sanninga om Arbeidspartiet i Albania at han nytta utnamn, og ymt som er heilt utillatelege i hopehavet mellom dei marxistiske partia. Det er berre imperialistane og dei jugoslaviske revisjonistane som slengjer slikt etter oss kvar einaste dag. Etter form og innhald i talen åt den polske utsendingen er det klårt at han ikkje er det minste interessert i å få bort usemjene mellom partia og styrkja einskapen i kommunist- og arbeidarrørsle. Tvert om gjer han det han kan for å auka usemjene, og det batar berre fiendane våre. Det han ville var å føra møtet vårt inn på ein blindveg og vanæra Arbeidspartiet i Albania i augo åt den internasjonale kommunist- og arbeidarrørsle. Kor som var enda denne freistnaden på å isolera Arbeidspartiet i Albania med tap og skam, slik han måtte.

Me avviser all baktalinga og alle krenkingane som er vortne retta mot sendelaget, partiet og folket vårt på dette møtet.

Arbeidspartiet i Albania seier seg lei for at ei mengd utsendingar frå sume andre brorparti var så snøgge med å nytta urett og ukameratsleg tiltale mot Arbeidspartiet i Albania. Det gjeld både talane og dei skrivne fråsegnene som er utdelte på dette møtet. Dei har gjort det utan å gå skikkeleg inn på dei røynelege kjennsgjerningane og utan vita kva sanninga er. Likevel vonar Arbeidspartiet i Albania at desse kameratane vil tenkja grundigare over og skjøna sanninga om innhaldet i talen som sendelaget frå Arbeidspartiet i Albania heldt.»

Som de ser namngav me ikkje nokon annan enn Gomulka. Me svara ikkje på dei personlege åtaka, slik at me ikkje skulle koma bort frå den prinsipielle stillinga vår. Den stutte skriftlege fråsegna vår vart godt motteken av sendelaga, og ingen av dei 23 som hadde ordet to gonger, sa noko mot henne, ikkje ein gong Gomulka.

Slik enda den fyrste og viktigaste delen av Moskva-møtet, og nemnda som skulle gje fråsegna ei endeleg form byrja arbeidet sitt. Nemnda hadde møte fem dagar i strekk. Det kinesiske sendelaget, sendelaget vårt og andre sendelag som hadde dei same synspunkta som me førte ein hard og fast strid der. Skiftet i stoda låg heilt i dagen for nemnda. Ikkje berre ombyttet i styrketilhøvet, men og resultatet av den viljefaste striden og det djerve og urikkande standpunktet som særleg det kinesiske sendelaget og vårt tok i plenumssamlinga kom endå meir til syne der. Mange

sendelag frå parti som heldt seg i sentrum, synte vyrdnad for framlegga sendelaga våre gjorde.

Til slutt vart utkastet vølt på så det vart betre. Alle framlegga som skulle veikja fråsegna og gje ho eit opportunistisk innhald vart derimot avviste. Det galdt slikt som italienarane kom med. Dei ville vatna ut avsnittet om den jugoslaviske revisjonismen. Det galdt og framlegga frå svenskane. Nemnda avviste og grunnsetninga om «nasjonal kommunisme». Men til slutt sto fire saker uløyste att. Det var synet på det 20. og det 21. landsmøtet, persondyrkinga, fraksjonssaka, og om prinsippet om samråding for å nå semje skulle inn i fråsegna, slik det kinesiske sendelaget hadde gjort framlegg om.

Det vart ein dags pause for å rådspørja sendelagsleiarane om ein utveg. Kor som var sa sendelaga våre at dei sto fast på at dei ikkje ville godta at dei fyrste tre av dei nemnde fire spørsmåla kom med i fråsegna. Me let det verkeleg koma fram gjennom sume sendelag som hadde stilt set seg i midten at me ikkje ville skriva under fråsegna om dei ovannemnde sakene kom med.

Fyrst midt på femte dagen vart det nådd full semje. Det var eit resultat av striden vår og det klåre standpunktet vårt, og sendelaget frå Kommunistpartiet i Sovjetunionen hadde vorte nøydd til å gje seg. I røynda vart dei omdiskuterte sakene løyste såleis: Fraksjoneringsspørsmålet vart teke heilt vekk frå teksten og det kinesiske framlegget om samrådingar vart sett inn. Vurderinga av det 21. landsmøtet vart teken heilt bort, og berre skildringa av det 20. landsmøtet slik fråsegna frå 1957 har det vart ståande. Attåt kom ei setning om tilskotet andre parti har gjort til å gjera marxismen-leninismen rikare. Ordlaget om persondyrkinga vart ståande, men ikkje lenger som noko som hang saman med heile den internasjonale kommunistrørsla. Etter desse endringane vart fråsegna godkjent samrøystes av alle sendelaga.

Grunnspørsmåla meiningane er delte om, er lagde fram rett og tolka frå marxistisk synsstad. Skildringa av vår tid kjem fram på rett måte i fråsegna. Det gjer og problema med krig og fred, saka om fredeleg samlivnad, problema i dei nasjonale frigjeringsrørslene og i kommunistrørslene i dei kapitalistiske landa, og samhaldet i det sosialistiske lægeret og mellom kommunistpartia. Det einaste grunnspørsmålet me var usamde om var det at det 20. landsmøte vart nemnt. Her vart me nøydd til å gje etter for skuld samhaldet.

Men ein ting skal me alltid minnast. Det kan henda at kvar og ein vil freista gjera si eiga tolking av det fråsegna seier. Moskva-fråsegna frå 1957 var og rett, men det vart mykje usemje om korleis ho skulle

tolkast. Rengingar kan verta gjorde, ikkje ved å gjera om utsegnene i fråsegna og setja nye i staden, men ved å framheva utsegnene på einsidig måte, ved å nemna berre ei side av saka og teia om hi. Til dømes er det fåre for at når tida vår skal skildrast kan det hende berre kreftene våre vert lagde vekt på eller overvurderte. I samband med krigsspørsmålet er det fåre for at krigsfåren ikkje vert skikkeleg understreka, og at imperialismen ikkje vert berrlagd. Det er fåre for at einast lina om allianse med sosialdemokratane og det nasjonale borgarskapet vert framheva og striden og kritikken mot dei reaksjonære synspunkta og handlingane deira vert hoppa over. Det er fåre for at det vert lagt mest vekt på den fredelege overgangen til sosialismen, og at den ikkje-fredelege ikkje vert nemnt som han skal. Det er fåre for at revisjonismen vert sanna som hovudfåren berre i ord, og at det vert lagt meir vekt på striden mot dogmatisme og sekterisme. Liknande rengingar kan verta gjorde i andre saker som er nemnde i fråsegna og.

Så spørst det då, korleis vil fråsegna verta gjennomført? Vil alle stå ved og fylgja henne?

Dette spørsmålet kan me berre svara på for partiet vårt. Det er ikkje berre det at Arbeidspartiet vårt vil strida alt det orkar for å gjennomføra den vedtekne fråsegna. Samstundes kjenner me oss bundne til å strida mot kvar den som kan koma til å bryta henne, eller freista å rengja innhaldet.

Så langt det gjeld andre parti, vonar me dei alle vil gjennomføra den godkjende fråsegna. Det vonar me for einskapen si skuld, for den samse striden mot imperialismen og revisjonismen, for det sosialistiske lægeret og kommunismen si skuld. Om denne fråsegna vert gjennomført etter bokstaven vil det vera eit avgjerande steg mot å utrydja alle usemjer i rekkjene åt kommunistrørsla. Det vert eit verdfullt tilskot til å herda einskapen i det sosialistiske lægeret og i den internasjonale kommunistrørsla. Dette kan me ikkje vera utan om me skal sigra over fienden. Sjølv fråsegna og innhaldet der er eit verkeleg grunnlag som denne einskapen kan byggjast på.

Men me kan ikkje lata vera å seia frå til sentralkomiteen i partiet om visse atterhald som alt no kjem til syne i haldninga sovjetleiarane har til å gjennomføra fråsegna.

Dei atterhalda dei har målbore er desse, og i våre augo er dei utan grunn: I ein tale Nikita Khrusjtsjov heldt i oktober, på ein bankett til ære for dei som var med i redaksjonsnemnda for fråsegna, kalla han sjølv fråsegna eit «kompromiss-dokument». «Som de veit», heldt han fram, «får ikkje slike dokument noko langt liv.» Seinare, på av-

slutningsbanketten den 2. desember til ære for dei som var med på Moskva-møtet la han vekt på dette då han tala om Jugoslavia: Det var ikkje noko sosialistisk land, men økonomien der utvikla seg etter sosialistiske liner (!) og «me (russarane) vil ikkje strida mot den jugoslaviske revisjonismen slik albanarane gjer. Me tenkjer på at om det vert krig kan Jugoslavia mønstra ei mengd divisonar, og me vil ikkje at dei skal stillast opp imot oss.» Dette sa han etter at fråsegna var underskriven.

Kva som løyner seg bak desse utsegnene og kva som er meininga med dei skal me ikkje freista seia noko om. Lat oss venta og sjå. Me legg berre merke til desse kjensgjerningane, og no seier me frå til sentral-komiteen om dei. Sjølv sagt kan ikkje slike utsegner gje store framtids-voner. Dei får oss til å tru at sovjetleiinga ikkje vil strida slik kvart einaste parti burde gjera for å gjennomføra dei lovnadene som skriv seg frå den samrøystes fråsegna som vart underskriven.

V. — Oppgåvene for partiet i framtida

Verksemda til sendelaget vårt, det faste og prinsipielle standpunktet det synte, den djerne talen og alt arbeidet som vart gjort på Moskva-møtet har vore svært bra, og har som sagt bore frukter. Me lyt understreka ein ting. Ei fylgje er at partiet vårt har fått særmerke. Det har gått umåteleg fram i akt og ære for motet og det prinsipielle standpunktet sitt, for den faste viljen det har synt til å verja marxismen-leninismen. Dette gler oss, men det må ikkje gå oss til hovudet og få oss til å skryta. Me gjorde ingen ting anna enn plikta vår mot marxismen-leninismen, den proletariske internasjonalsismen, mot partiet og folket.

Men samstundes er det ei mengd nye problem me får hendene fulle med. Desse må me løysa med den klokskapen som særmerkjer partiet vårt og med kaldt og klårt hovud.

Me må vera på det reine med at det djerne og prinsippfaste standpunktet vårt ikkje fall i smak anten hjå sovjetleiinga eller hjå utsendingane frå sume parti i dei sosialistiske eller kapitalistiske landa. Dette kjem klårt fram i åtaka dei retta mot partiet vårt. På hi sida har mange sendelag fått det inntrykket at me gjekk til åtak på Sovjetunionen og kommunistpartiet der. Dette er ei fylgje av det arbeidet sovjetleiarane gjorde med dei ymse sendelaga, særleg etter talen vår, og av bakvaskinga og lygnene dei fortalde mot oss på møtet...

Etter kamerat Enver Hoxha hadde tala om haldninga andsynes Sovjetunionen heldt han fram:

Tilhøvet til Kommunistpartiet i Kina

I den siste tida har band og hopehav med dei kinesiske kameratane vorte endå sterkare. Dette har seg slik av di dei to partia våre fylgjer den same stemneleia, mot det same målet. Prinsippstriden for å verja marxismen-leninismen batt oss to saman og knytte oss tett til einannan. Sume målsmenn for ymse parti som var i Moskva freista leggja det fram som om Arbeidspartiet i Albania gjorde og gjer slik det får pålegg om frå Kommunistpartiet i Kina. Det er ikkje turvande å framheva her at partiet vårt har si eiga meining, sitt eige syn, sin eigen særhått. I mange år har det stridd urikkande til vern om marxismen-leninismen, og det gjer det no og. I denne striden oppdaga me at me sto skulder ved skulder med dei kinesiske kameratane. Dei strir og djervt og viljefast for å verja dei sigrande tankane våre. På dette grunnlaget, tufta på striden for marxismen-leninismen, vart dei to partia våre sameinte og fast knytte til einannan.

Me må seia frå at på Bucuresti-møtet forsvarte me dei kinesiske kameratane ut frå marxist-leninistiske standpunkt. Like eins forsvarte me dei ut får den same stillinga på Moskva-møtet. Men på Moskva-møtet forsvarte dei kinesiske kameratane for sin del partiet vårt og dei prinsipielle synspunkta utan å stussa. Lat meg leggja fram her kva ut-sendingen frå Kommunistpartiet i Kina sa i dei to talane sine om partiet vårt.

I den fyrste talen sa han mellom anna at den stillinga sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen hadde teke i det siste til arbeidspartiet i Albania valda dei stor sut. Sovjetunionen hadde gjeve hjelp til Albania, og ingen nekta for det. «Men», framheva han, «kan ein rekna den hjelpa det djerve og trottige albanske folket gjev som inkje? Dei gjev hjelp til Sovjetunionen, til heile det sosialistiske lægeret, til den internasjonale kommunistrørsla, til fredssaka i heile verda og folkerevolusjonane i ymse land. I alle høve kan ikkje sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen rekna med at dei har lov til å nytta den hjelpa dei har gjeve Albania som orsaking for å leggja seg opp i dei indre albanske sakene. Dei albanske kameratane har heller ikkje av denne grunnen på noko vis tapt retten sin til å løysa dei indre sakene sine sjølve.

I desse siste tider har leiarane for Kommunistpartiet i Sovjetunionen meir enn ein gong gått laus på Arbeidspartiet i Albania opp i synet på dei kinesiske kameratane. Dei har slått fast at dei vil ta same standpunktet til det marxist-leninistiske partiet Arbeidspartiet i Albania og til Folkerepublikken Albania som dei tok til Jugoslavia. Dei har sagt dei vil fordøma Arbeidspartiet i Albania, og stogga alle slag hjelp dei får. Og det rett og slett fordi dei albanske kameratane forsvare sine eigne meiningar i ei rad spørsmål. Særleg gjeld det på Bucuresti-møtet og tida etter det, då dei ikkje fylgde dei sovjetiske kameratane i verksemda deira mot Kommunistpartiet i Kina. I brevet sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Sovjetunionen sende sentralkomiteen i Kommunistpartiet i Kina den 5. november sa dei endå til at dei stødde anti-parti-elementa i Albania. Dei kalla dei vener av Sovjetunionen. Me vonar at dei sovjetiske kameratane vil tenkja over om dei let seg leia av prinsippa i den proletariske internasjonalsmenen når dei tek eit slikt standpunkt til Arbeidspartiet i Albania, eller av patriarkalske prinsipp som er utillatelege mellom kommunistar. Om det kjem dit at alle systerpartia og broderlanda skal blanda seg inn i dei indre sakene hjå kvarandre og kalla fram kløyving hjå kvarandre utan å kvi seg for å nytta alle råder som tenkjast kan, då er spørsmålet: Korleis skal det gå med den store kommunistfamilien vår? Det er ingen tvil om at slike gjerningar umogleg kan gå saman med interessene åt det sosialistiske lægeret og den internasjonale kommunistrørsla...»

I den andre talen framheva han:

«Sendelaget frå Kommunistpartiet i Kina meiner at dei spørsmøla kamerat Hoxha la fram i samband med tilhøvet mellom parti og stat i Sovjetunionen og i Albania er alvorlege. Dei fortener at kameratane aktar nøye på dei og studerer dei. Kameratane er kanskje ikkje samde i det eller det punktet i dei kritiske merknadene hans. I mellomtida må dei likevel byggja berre på fakta og dei må ikkje seia alt som vert sagt er lygn utan å ha granska dei røynlege tilhøva. Dei må ikkje tru at dei alvorlege usemjene som har kome opp mellom systerparti og brorland kan løysast på det viset. Kommunistpartiet i Kina ynskjer av heile sin hug at usemjene mellom Sovjetunionen og Albania skal verta løyste gjennom venlege samrådingar både på partiplanet og mellom statane. Me voner dei gode brorskapsbanda som har vorte skapte mellom dei gjennom mange år kan vara i framtida og. Interessene åt det sosialistiske lægeret og den internasjonale kommunistrørsla krev dette. Sume kameratar krenkte sendelaget frå Arbeidspartiet i Albania. Dette er i strid med likskapshaldninga som skal vera mellom systerparti. Me vart

ovandotne over at endå til kamerat Gomulka tillet seg å bruka krenkjande ordlag, då han sa at talen åt dei albanske kameratane var «eit skite farke-åtak». Kan det seiast at Albania ikkje er eit sosialistisk land og at Arbeidspartiet i Albania ikkje er eit internasjonalistisk kommunistparti? Fører ikkje dei albanske kameratane ein viljefast strid mot imperialismen og den jugoslaviske revisjonismen? Om me tenkjer roleg over at Albania er eit lite land i det sosialistiske lægeret vårt, og at det er omkransa av fiendar, er det vanskeleg å tru at dei albanske kameratane fer vanvyrdsleg åt mot andre. Stygg kjeft mot dei albanske kameratane er ikkje noko tilskot korkje til solidariteten i den internasjonale kommunistrørsla eller til å betra tilhøvet mellom Sovjetunionen og Albania.

Sume kameratar tillet seg å seie at talen åt dei albanske kameratane var eit resultat av fraksjonsverksemda dei kinesiske kameratane driv. Dei sa verkeleg at dette var ei «arbeidsdeling» mellom dei albanske og dei kinesiske kameratane. Det er ilt for oss å skjøna korleis desse kameratane kunne finna på slike skrøner. Om det at dei albanske og dei kinesiske kameratane målbar dei same meiningane i ei rad saker skal kallast fraksjonsverksemd eller resultatet av fraksjonsverksemd, då vert spørsmålet: Kva skal me kalla det når kameratane i andre systerparti målber dei same meiningane? Kameratar, ein slik atmosfære av ansvarsløyse og urettferd har ovra seg i rekkjene våre, i rekkjene til systerpartia. Dette kan ikkje anna enn gje oss sut...»

Arbeidspartiet vårt takkar systerpartiet i Kina for den internasjonalistiske og marxist-leninistiske hjelpa.

I framtida vil partiet vårt styrkja banda og venskapen med Kommunistpartiet i Kina og det store kinesiske folket. Me skal alltid hevda det marxismen-leninismen lærer og den rette lina sentralkomiteen i partiet vårt alltid held seg til.

Drøftingane om desse sakene i partiet og på landsmøtet

Til dessar har sentralkomiteen meldt frå til partiet i eit særskilt brev berre om Bucuresti-møtet. Me meiner at me no i eit nytt brev må gje partiorganisasjonane melding om Moskva-møtet og motseiingane som finst mellom partiet vårt og leinga for Kommunistpartiet i Sovjetunionen. Me trur dette brevet frå sentralkomiteen burde analyserast og drøftast på partimøte i distrikta (eller i fagseksjonane innanfor partiet), og så i grunnorganisasjonane. Det er fint om alt dette arbeidet kan gjerast ferdig før landsmøtet, slik at utsendingane til landsmøtet kan vera kjende med desse problema på førehand.

Partiorganisasjonane må syta for at folket vårt, og fyrst og fremst kommunistane, aukar den revolusjonære politiske vaksemda si endå meir. Dei må ansa meir på problema i produksjonen, og gjennomføringa av økonomiske planar i industrien, i anlegg, i gruvene, i handelen, jordbruket osv. Slik stoda er no trengst full mobilisering. Ei tidobling av eldhug og viljestyrke må til hjå massane om vi skal vera på høgd med vanskan og hindringane som ligg framfor oss*. Då kan både partiet og folket koma godt frå det.

Når det gjeld partilandsmøtet meiner me det er best å utsetja det og halda det bortimot byrjinga av februar. Då får me tid til å leggja sakene me tala om fram for partiet og dessutan førebu oss betre sjølve til landsmøtet.

Kameratar!

Dette var dei sakene me ville seia frå om til plenumsmøtet. Partiet vårt vil som alltid marsjera frametter mot nye sigrar under den marxist-leninistiske fana. Me skal nå større og større framgang, for me er på rett veg. Me strir for ei stor sak, og det finst ikkje noka hindring eller nokon vanske som kan stogga den sigerrike framgangen vår.**

Gjeve ut fyrste gongen i band 19 etter originalen i det sentrale partiarkivet.

Gjeve ut avstytt etter band 19.

* Tida stadfesta det APA spådde. Sovjetleinga sette i verk eit fullstendig ope åtak mot APA og Folkerepublikken Albania. Dei braut einsidig alle avtalane, stogga all kreditt som skulle skaffast til folkerepublikken i åra 1961-65 etter avtalar. Dei braut av all handel og dei teknisk-vitskaplege og kulturelle sambanda. Dei nytta tilbaketrekkinga av dei sovjetiske spesialistane frå Albania som eit pressmiddel. Dei drog alle krigsskipa attende frå Vlora-basen rett framfor augo på heile verda. Dei røva og åtte ubåtar og alle dei albanske krigsskipa som var til vølings i Sevastopol. Dei tok attende alle stipend til albanske studantar som studerte i Sovjetunionen og viste dei ut. Til slutt gjorde dei noko som aldri før har skjedd i tilhøvet mellom sosialistiske land, dei braut det diplomatiske sambandet. Deretter stelte dei til ein fullstendig økonomisk blokade mot Folkerepublikken Albania.

** Plenumsmøtet godkjende samrøystes fullt ut det sendelaget frå sentralkomiteen i APA hadde gjort på Moskva-møtet.

Den prinsippfaste urikkande striden mot imperialismen og revisjonismen er og har vore vegen for partiet vårt.

*Avslutningstale på det 21. plenums møtet i
sentralkomiteen i APA.*

20. desember 1960

Eg skal freista vera stutt. Innlegga frå kameratane i plenums møtet om dette store problemet som er så avgjerande for forsvaret for marxismen-leninismen og partilina vår, var på eit skikkeleg nivå. Dei var gode tillegg til rapporten som var lagd fram for plenums møtet på vegner av politbyrået i sentralkomiteen.

Aller fyrst vil eg streka under at det me gjorde i Moskva ikkje var mi eller sendelaget si personlege fortjeneste. Der la me fram partilina, og det er heile partiet å takka og særskilt leiinga, sentralkomiteen. Han har alltid leidd partiet vårt rett og har alltid analysert stoda i lys av marxismen-leninismen. Han har alltid vore tru mot den ærerike teorien vår og har gjennomført på beste vis alle dei rette vedtaka som har vorte gjorde. Like eins har han visst korleis han kunne bringa desse vedtaka fram til partiet og væpna det kraftig. Difor har partilina vår hatt stor framgang. Etter det skulle me vera på det reine med at æra for dette tilkjent sentralkomiteen og heile det djerpe partiet vårt.

Revisjonistene kan tru og seia at om partiet fekk vita korleis sendelaget vårt stilte seg på det internasjonale møtet i Moskva ville det ikkje godkjenna sentralkomiteen lenger. Men ingen av oss er det minste i tvil om den fjellsterke einskapen som finst i leiinga vår, mellom partiet og sentralkomiteen og politbyrået. Dette er den store styrken i partiet vårt. Denne einskapen har gjort at partiet vårt kunne vera med og verja marxismen-leninismen internasjonalt. I dette stykket har me sjølv sagt ikkje gjort noko anna enn plikta vår som eit marxistisk parti, som internasjonalar. Den rette pliktkjensla er eit særmerke for partiet vårt. Me er fast overtydde om at me alle saman, i traust einskap, vil setja all vår styrke inn på å nytta marxismen-leninismen nøye til siste slutt, utan vingling og under alle tilhøve.

Slik kameratane sa står me framfor ein stor og vanskeleg strid. Me er alle vise med striden som ventar oss, men me er ikkje redde. Me seier ikkje dette fordi me vil gje kvarandre mot, heile partilivet vårt har synt at me ikkje er redde, særleg har hendingane nyleg prova det. Då partiet tok dette prinsippfaste logiske standpunktet, tok det ikkje omsyn til korkje vanskane som var eller dei som kunne koma, men forsvarte den rette lina, dvs. marxismen-leninismen. Så vanskane og striden skræmer oss ikkje. Dette er eit marxistisk særkjenne. Me har ikkje sett mørkt på framtida og vil ikkje gjera det heller. Tvert om vil me sjå lyst på henne, for me er overtydde om at marxismen alltid vil sigra både over opportunisten, revisjonismen og imperialismen.

Men kvifor er denne striden vanskeleg? Fordi når me seier at me står framfor den moderne revisjonismen, meiner me at me ikkje berre har den jugoslaviske revisjonismen i mot oss. Moskva-fråsegna seier den jugoslaviske revisjonismen er kjerna i den moderne revisjonismen, men me står andsynes endå fårlegare revisjonistar. For syns skuld vedgjekk alle dette, endå til Khrusjtsjov og kompani som er slik sjølve. Det gjorde dei for å løyna seg og valde det minste av to vonde. Elles ville det ha sett mistenkeleg ut, og det dei freista løyna ville ha kome fra. Dei slo hardt frå seg og det kjem dei til å gjera i framtida og, og dei kjem til å bruka alle slag knep for å løyna seg.

Desse folka gjorde framlegg om at ingen ting skulle seiast i fråsegna om den jugoslaviske revisjonismen. Berre etter ein langdryg strid gjekk dei med på å ta med denne saka. Men revisjonismen er ikkje samla berre i Jugoslavia. Han er ei fårleg stemnelei i heile den internasjonale kommunistrørsla. Han har vorte fårleg særleg fordi opportunistane har gjort det dei kan for å roa folka med å spreia den tanken at revisjonismen finst berre i Jugoslavia. Og så slæst dei for å avgrensa striden nett til Jugoslavia. På denne måten skaper den internasjonale revisjonismen stor forvirring, som kjem til å verta endå større i framtida. Han vil freista løyna denne alvorlege fåren som trugar den internasjonale kommunistrørsla, og vil halda fram med å vildra og narra andre folk i framtida. Når me står andlet til andlet med denne fåren er partiet vårt eitt av dei som må og skal føra ein hard og urikkande strid mot revisjonismen.

I røynda er me ikkje åleine i denne striden. Då Khrusjtsjov sa til målsmennene for Kommunistpartiet i Kina at «me skal gjera med Albania som me gjorde med Jugoslavia» eller at «albanarane fer åt mot oss nett som Tito» bløffa han, og han lurte ikkje nokon. Det er ikkje Tito som er fienden til Khrusjtsjov, det er me. Men dei jugoslaviske revisjonistane

har vorte fordømde av den internasjonale kommunistrørsla som rene-gatar og svikarar mot marxismen-leninismen, mot ynsket til Khrusjtsjov. Difor gjer Khrusjtsjov og kompani seg føre med å skitna til standpunktet til dei verkelege marxistane, men utan å forsvara revisjonistane beinveges. Dei set «dogmatikarane», som i røynda er dei som forsvarar dei marxist-leninistiske prinsippa, på line med revisjonistane. Marxismen lærer oss at ein vakker dag kjem Khrusjtsjov og dei som fylgjer han til å semjast heilt med revisjonistane om leia dei skal fylgja. Difor seier Khrusjtsjov at me albanarar ikkje er revisjonistar, men «dogmatikarar», og at me slæst mot sovjetrussarane til liks med Tito-klikken. Det vil seia at i fylgje han er det han og kompisane hans som er marxistar, medan me er ein «vinstre»-fløy i marxismen. «Difor», seier han, «slæst både Tito frå høgre og albanarane frå vinstre mot oss marxistar.»

Men det er ikkje revisjonistane som er fienden for Khrusjtsjov og heile gruppa hans. Livet syner no at berre marxistane er fiendar mot denne gruppa. Politbyrået vil streka under at då Khrusjtsjov og revisjonistgruppa hans var komne til makta hadde dei utarbeidd ein fullstendig plan: Marxismen-leninismen skulle gjerast om inkjes. Alle dei stemmeleiene og folka som hadde vorte avslørte, sette under åtak og slegne ned som antimarxistar skulle få oppreising, og likeins dei som var knuste av marxismen-leninismen i verksemd. Heile striden mot fråfalne frå marxismen-leninismen som Sovjetunionen og SUKP hadde ført skulle gjerast om inkje, og det var ein strid som SUKP(b), med Lenin og Stalin i brodden hadde gått i spissen for.

Det ville seia at både Lenin og Stalin skulle setjast under åtak. Men det var uråd for dei å gå laus på Lenin. Det ville ha vorte ein stor katastrofe for revisjonistane, så dei heldt seg til Stalin og drog fram tusen og ein ting imot han. I dag har det vorte endå klårare at desse intrigemakarane, lygnarane, opportunistane og revisjonistane gjer alt dette ope. Dei klekkjer ut alle desse kjeltringstrekane i den internasjonale kommunistrørsla og steller til skamlause samansverjingar bak kulissane innanfor brorpartia.

Når partiet vårt ser alle desse svivyrdslege metodane som revisjonistane nyttar, vert me heilt overttydde om at alle dei uhyrlege skuldingane og baktalinga som har kome mot Stalin skulle tena til å vanæra han som menneske og skjemma arbeidet til denne store marxist-leninisten. Dei revisjonistiske umarxistiske klatrarane i Sovjetunionen har godteke desse oppkoka. Dei har godteke det Khrusjtsjov og gruppa hans seier om «mistaka Stalin gjorde» osb.

Politbyrået framhever at sovjetleinga med Khrusjtsjov i brodden freista gje Tito-klikken oppreisning. Dette er verkeleg sant.

Ein må ikkje ansa omskifta og tverrkrokane Khrusjtsjov har gjort. Han har ikkje kunna lata vera dette, for han var ikkje i stand til å endra stoda på dagen. Det fanst sunne marxist-leninistiske krefter i partiet som ikkje let han fylgja denne stemneleia så snøgt han kunne ynskja, slik at han og gruppa hans ikkje kunne gjennomføra planane sine straks. Men det er verkeleg sant at han gjorde det han kunne for å gje full oppreising til alle fiendane av marxismen-leninismen som hadde vore fordømde til dess i Sovjetunionen. Han grov fram gamle klagemål mot Stalin, til dømes om Kamenjev og Zinovjev, som hadde svike Lenin, burde ha vorte avretta eller ei. Anten det var Stalin som skaut desse svikarane eller ikkje, vart dei skotne for sviket dei hadde gjort mot Sovjetunionen og mot kommunismen. No dreg Khrusjtsjov fram alt dette og gjer seg føre for å gje desse folka oppreising. Difor laga han sjølv allslags lygner mot Stalin med tanke på å gje dei jugoslaviske revisjonistane oppreising og. Me må ikkje hysa nokre falske voner i det heile om at Khrusjtsjov og gruppa hans vil byta line. Dene lina kjem ikkje til å skifta det minste, i alle høve ikkje det som gjeld utanrikspolitikken hans og forsvaret for revisjonismen. Khrusjtsjov og gruppa hans ligg på ein revisjonistisk kurs. Standpunktet hans har hatt alvorlege verknader på det internasjonale omkvervet, og må så gjera.

Men kjem Khrusjtsjov og gruppa hans til å lukkast med planane sine? Me er heilt overtydde om at dei ikkje kjem til å lukkast, endå om me kjem til å møta mange vanskar på vegen. Me skal leggja oss politikken hans på minne og ta han grundig. Han er ingen vanleg revisjonist, men ein utkroppen satan og ein dugande akrobat attåt. Analyserer me verksemda hans nøye etter han kom til makta kjem me til å sjå at han har sikra seg lykelstillingar alle stader. Han har nytta alle slags metodar for å dekkja seg, og held fram med fårleg arbeid. I byrjinga greidde han skapa ein situasjon med knepa sine som hindra at det kom fram nokon motstand. Han fann seg eit par slagord om internasjonal politikk og om økonomisk utvikling og kunngjorde dei vidt og breitt med nok ståk til å vildra folk ei stund.

Denne taktikken fylgde han i Sovjetunionen og. Han preika eit slag omskifte, heilt ned til leveviset for folk. Han bles i luren at i Stalin si tid var livet for arbeidsfolk i Sovjetunionen eit helvete. Men no har Khrusjtsjov vorte «den som fremjar eit nytt liv som er rikt, demokratisk og økonomisk». Så tok han opp spørsmålet om fred i verda, som han skulle «tvinga» på imperialistane.

Denne politikken vart spreidd med stort ståk heilt frå byrjinga av karrieren hans, då pålegga hans enno ikkje hadde bore frukt. Det vart mykje skrik og lite ull. Alt dette vart gjort for å rydja grunnen og skapa eit lagleg høve. Khrusjtsjov held fram med å fylgja denne leia.

Leia han fer har skaka den internasjonale politikken alvorleg. Han har svævt folk og fått dei til å lata att augo for den imperialistiske færen, for den revisjonistiske færen og for alle dei andre opportunistiske tilvika som truger den internasjonale kommunismen.

Med det synet og den opportunistiske og revisjonistiske politikken Khrusjtsjov står for har han vekt alle dei revisjonistiske elementa til handling. Difor har han vorte svært fârleg. I dei andre landa låg revisjonistane svært lågt i løypa. Det var ikkje fordi dei var skræmde av Stalin, eller fordi han ville ha skote dei. Endå om Stalin hadde vilja, eller om han verkeleg hadde vore slik Khrusjtsjov vil ha det til, kunne han ikkje nå dei i Bulgaria, i Albania og andre stader. Den gongen låg dei lågt i løypa av di det rådde ei rett marxist-leninistisk line i all partia som ikkje let revisjonismen verka.

Den jugoslaviske revisjonismen vart uthengd og fordømd av Kommunistpartiet i Sovjetunionen og Stalin. Alle dei andre partia ynskte denne line velkomen. Då Khrusjtsjov og kompani kom til makta såg alle revisjonistane at der hadde dei ei mektig støtte, for desse folka leier Sovjetunionen. Difor kan ein no sjå at innan mange marxist-leninistiske parti som har hatt eit urikkande standpunkt har folk med opportunistisk-revisjonistiske tilvik reist hovudet. Dei har endå til greidd å verta valde til dei leiande organa. Ei stund trudde Khrusjtsjov at han kunne få lina si i gjennom utan vanskar. Difor var han skøytelaus når han spreidde synet sitt, både i dei indre økonomiske og organisatoriske tiltaka i Sovjetunionen og i utanrikspolitikken. Såleis kunne han seia nett det som fall han inn når han fylgde den opportunistiske og revisjonistiske lina si, og han gav etter for imperialismen gong på gong. Du kan truga imperialistane så mykje du vil med ord, men dei er ikkje toskne. Dei rek- nar vel etter, dei tel ikkje berre med det du seier og taktikken din, men og kva hjelperåder og styrke du eig. Imperialistane får og hjelp frå revisjonistane som kjenner den handfaste røyndomen i landa våre.

No er det så at heile tida sidan Nikita Khrusjtsjov og gruppa hans kom til makta, har imperialismen ikkje gjeve etter på eit einaste punkt. Tvert om har han væpna seg sterkare og bur seg til krig. Me har heilt rett når me seier at det sosialistiske lægeret og fredskreftene er mykje sterkare enn kreftene imperialismen eig. Men desse kreftene kan verta

veikte om me gjev etter og ikkje er på vakt. Det kan skje om me ikkje forsvarer marxismen-leninismen viljefast, om me ikkje stoggar denne verksemda revisjonistane driv og ikkje hengjer ut imperialismen og revisjonismen utan stogg. Det kan skje om me ikkje lærer opp folket politisk og ikkje væpnar dei slik at dei alltid er budde til å greia opp med alle tenkjelege fårar.

Det er klårt at metodane Nikita Khrusjtsjov og hjelparane hans nyttar fører til minka vaksemd mot denne fåren. Difor kom det ei tid då me ikkje kunne venta lenger, slik rapporten frå politbyrået peikar på. Me kunne ikkje fara etter desse metodane lenger. Når sovjetrevisjonistane seier: «De byrja striden.» osb., då lyg dei og freistar å løyna knepa sine. Saka er den at dei byrja fylgja ei opportunistisk line, og ho har vorte meir og meir openberr sidan dei tok makta.

Forsvaret deira er berre «de seier dette, de seier hitt», men det heng ikkje på greip. Me ser at heile tida sidan dei kom til makta har dei fylgt ei revisjonistisk line. Dei har arbeidd for å veikja striden mot imperialismen og vaksemda hjå folka. Dei har hjelpt revisjonismen til å få herredøme over den internasjonale kommunistrørsla.

No har me likevel sagt stogg til alt saman. Såleis kom heile opportunistlina til Khrusjtsjov i fare. Som opportunist ville han slå ned den marxist-leninistiske motstanden mot lina si. Han trudde han kunne bryta denne motstanden i Sovjetunionen med å ta fram Stalin-saka, med å fordøma «persondyrkinga» omkring Stalin. Han trudde og at det var krefter nok til rådvælde i den internasjonale kommunistrørsla til å slå eit avgjerande slag mot det marxist-leninistiske åtakket på den opportunistiske lina hans. Dette kom klårt fram på Bucuresti-møtet der dei gjorde kva dei kunne for å fordøma marxist-leninistane og gjera ende på den stoda som hindra han. Men dei mislukkast, som me veit.

Partiet vårt spela ei viktig rolle i Bucuresti-møtet. Det var det einaste partiet som sto i mot det som vart gjort der. Frå då av kom fiendskapen som før hadde vore løynd ope fram mot oss. Av dette kan me tenkja oss kor alvorleg og skadeleg partistandpunktet vårt var for dei.

Me kan lita fullt og fast på at den situasjonen Khrusjtsjov har skapt i dei mange kommunistpartia i Europa som han har freista få over på si side, er mellombels. Denne overtydinga byggjer me på styrken i marxismen-leninismen. Likevel har han nett no laga denne usunne situasjonen der han har fått folk med opportunistisk-revisjonistiske synspunkt inn i leiinga i mange parti på eit eller anna vis. Under desse laglege vilkåra han hadde stelt til for seg sjølv, var det eit lite parti attåt det store Kommunistpartiet i Kina som såg fåren ved denne lina. Dei sto

opp og sa høgt og tydeleg: «Stogg! Eg er ikkje med deg på dette punktet, eg er ikkje med på den leia du styrer!»

Til dessar har me og vore taktiske, for å tena den internasjonale kommunistrørsla. Men no når Khrusjtsjov vil slå til mot den friske delen av den internasjonale kommunistrørsla og tvinga han til å fylgja den opportunistiske lina, då seier me stogg til han. Sjølvsaft er dette eit stort tap for dei.

Men stoda vart meir innfløkt for dei på Moskva-møtet. Det gjekk ikkje slik dei hadde tenkt seg. Provet på det er Moskva-fråsegna, som er eit godt dokument og godkjent av alle. Hadde stoda vore sunnare ville sjølvsaft ei meir eldhuga og kampviljug fråsegn ha kome ut av det. Likevel er dette dokumentet råd å godta, og det må skjønast rett, nett slik det er.

Så er då spørsmålet: Kan det seiast at dei som skreiv under dette dokumentet kjem til å skifta hug? Me lyt fortelja sentralkomiteen at dei kjem ikkje til å endra lina si. Det ligg i dei orda Khrusjtsjov sa, som var nemnde i rapporten, og som ikkje bør gløymast. I samband med fråsegna sa han at «det er eit kompromiss-dokument». Det er ei slik halvvegs semje for Khrusjtsjov, for han går no inn i ein ny fase. Men taktikken vår går og inn i ein ny fase no.

Alle dei marxist-leninistiske kommunistpartia og arbeidarpartia elska Sovjetunionen varmt. Dei elska like eins Kommunistpartiet i Sovjetunionen, partileiinga med Stalin i brodden, og hadde ei urikkande tiltru til henne. Dette var ei velfortent, rett og marxist-leninistisk tiltru. Då Khrusjtsjov-gruppa kom til makta, fann dei ikkje lenger den same varmen som før i hjarto hjå dei albanske kommunistane og dei i andre land. Me hyste framleis den same kjærleiken og tiltrua, men det var ein skilnad: Me bygde på det som hende der, og sa at det vert gjort urett i Kommunistpartiet i Sovjetunionen, dei rengjer lina der. I byrjinga var det mange uklåre saker, men seinare sto dei klårt fram.

Endå til i denne fasen heldt me på kjærleiken vår til Sovjetunionen, men i denne tida såg me og skjøna at leiinga for Kommunistpartiet i Sovjetunionen var på veg mot høgre. Dei gjekk mot ei opportunistisk og revisjonistisk stemnelei. I desse tilhøva treiv me til taktikken med å teia offentleg, særleg tagde me for verdsopinionen. Dette var ein rett taktikk leiinga vår brukte, og dei nytta han ikkje på slump. Føremålet var å verja marxismen-leninismen, å forsvare partilina.

Men kva er lina vår? Det er å strida mot revisjonismen og alle opportunistiske og dogmatiske tilvik som går laus på og vil øydeleggja marxismen-leninismen. Det er å hengja ut imperialismen og den jugo-

slaviske revisjonismen og alle slag revisjonisme, politisk og ideologisk. Det er å kvessa vaksemda, væpna seg og alltid vera budd til å møte den faren som kan koma på. Det er å halda ubrytande venskap med alle kommunistpartia og arbeidarpartia og med landa i det sosialistiske lægeret. Slik er det utan omsyn til om Khrusjtsjov, Zhivkov, Gomulka eller andre likar eller mislikar lina vår. Det vil seia at me ikkje har gjeve etter politisk eller ideologisk i lina vår, det var dei som gav etter. Me har freista hardt å forsvara lina vår og kjærleiken vår til Sovjetunionen og kommunistpartiet der, men Khrusjtsjov og kompani har me ikkje vore same med, og er det ikkje heller. Dette veit dei og dei skjønar det.

No kjem det eit nytt utviklingssteg som møte i Moskva og Bucuresti opna. I dette steget kjem taktikken deira til å skifta, slik han har gjort. Men taktikken vår vil ikkje hanga etter, han skal tilpassast utviklinga og hendingane. Likevel kjem me alltid til å verja marxismen-leninismen fast og støtt, me skal hengja ut alle fiendane av marxismen-leninismen.

Etter Bucuresti-møtet og særskilt etter Moskva-møtet har stillinga for desse folka som trudde dei hadde vunne fått eit grunnskot. Ingen tvilar på det. Nikita Khrusjtsjov kan ikkje lenger briska seg på den kongsstolen han hadde fått seg i den internasjonale kommunistrørsla. Det kjem av at partiet vårt streid prinsippfast, til liks med Kommunistpartiet i Kina og mange andre parti som hevda eit marxist-leninistisk standpunkt.

Desse standpunkta har mykje å seia historisk, for dei sa «stogg» til Khrusjtsjov. Dei skaka stillinga hans mellom dei ymse partia heilt til grunnmuren, endå han hadde trudd han sto støtt som fjell.

Men me skal hugsa på at Khrusjtsjov vil freista halda alle dei som fylgde han på Bucuresti-møtet på si side, for dei har alt tona flagg. Sovjetrevisjonistane og dei som snakkar vel om dei var og til stades på Moskva-møtet, og hadde stor sut for at me ikkje skulle kritisera dei. Difor gjorde dei seg føre å godprata med oss og kasta rusk i augo våre. Det var dette Mikojan freista gjera før me tala på møtet. «Me er same med dykk,» var meir eller mindre det han sa, «me er og for Stalin og for å «fordøma» den jugoslaviske revisjonismen, så fortel oss kva de ynskjer.»

Om me ser saka frå den ideologiske synsvinkelen vert me overtydde om kva som var viktigast: Å tala om desse store prinsippsakene i kommunistrørsla, eller å tala om noko anna, om det Malinovski sa, til dømes. Sjølvsaft var forsvaret for prinsippsspørsmåla i kommunistrørsla fyrst og fremst viktigare enn det sovjetleiarane hadde gjort mot oss. Det var likevel svært lite ærefullt for dei. Difor freista dei å telja oss til å ik-

kje nemna det i talen vår. Det ville ikkje berre hengja ut den opportunistiske lina deira, men og dei løynlege, vonkyndte og skitne framgangsmåtane som revisjonistane og sovjetleinga har nytta mot oss og andre. No vil dei dekkja over dette, men dei har set ær etter seg, og er ikkje gløymd. Dei har påverka mistaka som er gjorde i mange store spørsmål i den internasjonale kommunismen.

Maurice Thorez, til dømes, kan ha hatt andre grunnar for å hevda det standpunktet han tok mot oss på Moskva-møtet. Då han var på ferie i Albania var han heilt samd i det eg fortalde han. Men talen partiet vårt heldt i Moskva svei nok, for som målsmann og leiar for Kommunistpartiet i Frankrike har han eit stort ansvar. Han let då ei så viktig sak som standpunktet til dei jugoslaviske revisjonistane verta avgjort av Khrusjtsjov og fylgjesveinane hans. Informasjonsbyrået hadde fordømt dei, men no vart det ikkje gjort på den marxist-leninistiske måten, men med eit telegram, rett og slett.

Gomulka sto opp på møtet og kravde at Albania-saka skulle vurderast innanfor Warszawa-pakta av mange grunnar. Dette sa han likevel fordi utsendingen frå partiet vårt i SN hadde gått mot politikken hans, og ikkje var samd i framlegga Gomulka hadde gjort. Dette er eit svært viktig spørsmål, for framlegga hans gjekk i røynda ut på å seia til imperialistane: «Hald alle dei mange militærbasane de har bygt, hald på atombomba, og lat ikkje andre få henne.» Det er lett å skjøna, i fylgje Gomulka, at Kina ikkje skal ha dette våpenet, og imperialistane er sterkt interesserte i dette. Standpunktet sendelaget vårt tok var difor eit hardt slag mot den opportunistiske eventyrpolitikken deira, som siktar mot å føra det sosialistiske lægeret mot stupet. Det er grunnen til Gomulka sa Albania burde stengjast ut frå Warszawa-pakta.

Det var sværande viktig for lagnaden åt sosialismen at desse sakene vart tekne opp. Det hadde ikkje valda sovjetleinga større sut om me hadde peika på kva Ivanov hadde gjort i Albania osv. Når me tok opp sakene slik me gjorde vart dei oppskaka, for det kom til å hengja ut politikken deira. Men når me og tok opp spørsmålet om korleis dei har blanda seg inn i dei indre sakene i landet vårt, og korleis dei ville kløyva leinga vår, då vørte me i Zhivkov på ein stad der han kjende det. Det er kjent at det var Khrusjtsjov som blanda seg inn for å bringa han til makta i Bulgaria.

Såleis var talen vår på Moskva-møtet uvanleg skadeleg for Khrusjtsjov. Vi kan forstå at denne uthenginga laga til store vanskar for han. Det var det som tvinga dei til å hauga opp prinsiplause skjellsord mot oss. Hadde hine skulla gå grundig inn i desse sakene ville det føra til ei

mengd vanskar, ikkje berre for dei som retta kjeftbruken sin mot oss, men og for dei som styrte dei.

Det er kjent at det kom til omskifte i mange kommunistparti og arbeidarparti etter det 20. landsmøtet i kommunistpartiet i Sovjetunionen. Khrusjtsjov skjøna at partia der leiinga ikkje var skifta ut var ein stor fære for lina hans, for strevet og synspunkta hans kunne ikkje finna fotfeste der. Såleis var han nøydd til å flira og tola det, og for syns skuld laut han halda venskapen med partiet vårt ved like. Men han skjøna at han ikkje nådde måla sine, og om ikkje det lukkast i dag tenkte han å freista på nytt i morgon. Dette er det han hadde i bakhand for partiet vårt, for Kommunistpartiet i Kina og sume andre parti. I desse partia var han i det heile ikkje i stand til å undergrava leiinga. Når han difor såg ein fære der sette han i gang for å gjennomføra planane sine på andre vis.

Fyrst freista han å styrkja stillinga si. Han ville skapa ein atmosfære med tiltru fordi han fulla skulle vera ein «Lenin» or vår tid. Han ville få or vegen all tvil om sin eigen person, og etter som verket skreid fram skulle han førebu dei trugne kadrane sine som ville stø han. Han visste at det vart godt propagandaarbeid for Sovjetunionen i Albania og han vona at tida skulle koma då me og ville fylgja stemneleia hans. Men slik gjekk det ikkje.

Endå dei skreiv under fråsegna, tyder ikkje det at dei har lagt om kursen. Dette er berre ein av dei taktiske knepa deira. Ingen veit kor lenge det vil vara, men det er ein farleg taktikk. Me skal halda auga med han, me skal fylgja han nøye. Den internasjonale stoda kjem til å verta meir innfløkt, trass i propagandaen om fredeleg utvikling frå Khrusjtsjov og fylgjesveinane hans. Kvar me så ser er det streikar, oppreistar, nasjonale frigjeringsrørsler frå folket si side og terror frå imperialistane. Dette viser attende det synet Khrusjtsjov har spreidd så vidt utover, om den fredelege utviklinga.

Utan den store styrken i den internasjonale kommunismen, styrken hjå partia som slæst fylgjestrengt til forsvar for marxismen-leninismen, kan ingen ting stogga desse folka i verket.

Me må sjå lyst på framtida. Sakene vert klårare dag for dag, og den utanrikspolitiske stoda vil utan tvil stadfesta synet vårt. Men me står framfor ein strid som vil vara. Me må ikkje på nokon måte tru at dei kjem til å strekkja våpen. Tvert om kjem dei til å freista å manøvrera på dei mest brutale og utspekulerte måtar. Motseiingane i politikken dei fylgjer mot imperialistane vil koma klårare og klårare fram. Alle som er marxistar vil skjøna det, for imperialistane bur seg til krig, og revi-

sjonistane vil halda dei attende berre med ord. Med den politikken dei fylgjer let dei imperialismen få fritt armslag. Difor veks ein alvorleg fære dag for dag for det sosialistiske lægeret, for heile kommunistrørsla og for verdsfreden.

Me har hatt tiltru til Sovjetunionen, for både dei og dei folkedemokratiske landa har hjelpt oss i vanskar. Men me har aldri lagt oss til å sova og berre lite på venene. Khrusjtsjov brukte å seia demagogisk: «Kvifor treng de våpen? Me verjar dykk!» Fint, men kva er så alt dette som skjer no? Kvifor har me ikkje møtt kvarandre ein einaste gong for å drøfta desse problema som er så viktige for lagnaden åt det sosialistiske lægeret og den internasjonale kommunismen, for å granska desse store problema saman? Kvifor vart forsvarsministeren vår utnemnt til nestkommanderende for dei sameinte stridskreftene i Warszawa-pakta? Like eins, kvifor har kollegaene hans i Polen, Tsjekkoslovakia og andre land vorte utnemnde? Utnemningane er berre i namnet. Ingen innbyr dei til drøftingar, alle tiltak på vegner av det sosialistiske lægeret er det Khrusjtsjov og kompani som tek. «De kan lita på oss,» seier Khrusjtsjov, «me er vel væpna.» Men einkvan kunne setja i gang uventa åtak mot oss, og me har kanskje ikkje våpen slik at me kan taka att. «Me skal overfalla dei frå Sibir,» seier han. Men slik det no utviklar seg burde me vera godt budde alle saman. Me skal gå i krig saman, difor bør det avgjerast i lag korleis me ska! verja oss. Me er ikkje ute etter å kjenna dei militære løyndomane til Sovjetunionen. Men Khrusjtsjov sit i Kreml og stakar ut den store strategien sin for alle landa i lægeret, og kallar oss ikkje inn ein gong for i det minste å fortelja oss: «Me har desse våpenslaga, og dei er på trygge stader.» Målsmennene for Warszawapakt-landa møtest ikkje no og då for å sjå over væpninga og ta samse tiltak, slik at hærane våre kan kjenna kvarandre og gjera seg til vens med kvarandre. Slike ting er kjende berre for venene til Khrusjtsjov. Eg er viss på at andre og har sin tvil om desse sakene, endå til Gomulka som teier no. Han for sin del er no likevel heilt samd med Khrusjtsjov, og attåt andre trugsmål kravde han at me straks skulle stengjast ute frå Warszawa-pakta for noko kritikk me sette fram.

Så striden me har framfor oss er ikkje lett i stoda som ho no er. Tvert om vert det svært vanskeleg. Men me skal slåst med fast vilje. Me skal fylgja utviklinga steg for steg, og vera på det reine med kva desse folka er og kva dei vil gjera. Om dei sjølve går rett veg skal me endra haldninga vår til dei og marsjera saman med sei slik som før, men me bør ikkje lata oss svæva. Etter alt dette som skjer kjem me ikkje til å hysa blind tiltru, for meiningane og gjerningane åt denne mannen er openlyst

anti-marxistiske. Khrusjtsjov gjer eit stort brotsverk mot sovjetfolket og den internasjonale kommunismen.

Trugsmåla han reiser mot oss lyt me ta alvorleg. Om dei ikkje greier kasta oss ut or Warszawa-pakta, om dei ikkje dreg mannskapet sitt attende frå marinebasen i Vlora, om dei ikkje gjer slutt på kredittane sine, er det ikkje fordi dei elsker oss, men fordi framdrifta deira slaknar i Moskva, og på grunn av internasjonale politiske omstende. Det dei gjorde mot oss når det gjeld marinebasen var ikkje berre utpressing, men ei heil line Khrusjtsjov åleine staka ut.

Kvifor tok dei stilling mot oss før me enno hadde målbore synet vårt? Dei hadde rådspurt kvarandre, og Bucuresti-møtet var varselet for dei at dei skulle gjera dette. Sidan ba dei oss gå den vegen dei går. Då me ikkje fylgde dei, hadde dei tenkt ut kva standpunkt dei skulle ta til oss.

Om stemneleia deira hadde vorte stogga på Moskva-møtet ville dei ha freista draga oss vidare inn på den anti-marxistiske vegen sin. Om dei ikkje fekk dette til, kunne dei freista vraka oss. Om dei ikkje kunne få oss ut, kunne dei ta standpunktet dei tek no.

Dei kunne ikkje få til anten det eine eller det andre, og så kom dei i den stillinga me veit. Sjølv sagt hadde dei ein heilt annan plan med oss, men det ville ikkje ha vore lett for dei å få det til. Då ville dei ha vorte uthengde i den internasjonale kommunistrørsla, særleg i augo på folka i Sovjetunionen. Om planane deira mot partiet vårt gjekk i vasken, kjem dei aldri til å gløyma det modige og rette marxist-leninistiske standpunktet partiet vårt hevda og hevdar, og dei kjem til å stella til nye planar for å få hemn. Vert det ikkje i dag, så vert det i morgon. Men me skal ikkje gje dei våpen til å slåst mot oss med. Me skal ikkje gjera mistak, ikkje bryta lina, ikkje leggja oss på magen for nokon. Me skal stå årvakne i den marxist-leninistiske stillinga, som alltid.

Det marxist-leninistiske standpunktet me hevdar, til liks med standpunktet hjå Kommunistpartiet i Kina, er avgjerande viktig for livet åt dei sosialistiske landa, for freden og sosialismen i heile verda. Kommunistpartiet i Kina står utan å vika på den marxist-leninistiske vegen og har vorte ei uvanleg alvorleg hindring for dei. Ei av hovudårsakene til at dei drog seg attende på Moskva-møtet var det rette og prinsippfaste standpunktet Kommunistpartiet i Kina tok.

Me trur at om Khrusjtsjov og kompani ikkje hadde drege seg attende ville det ha vorte ei stor ulukke for dei sjølve og alle gromgutane deira. Partiet deira ville ikkje ha tillate at eit slikt brotsverk vart gjort mot den internasjonale kommunismen. Men endå om partia deira hadde godteke dette mellombels, ville det visseleg etter ei tid koma ut at dei er revisjo-

nistar og svikarar, medan Kina og Albania er på den marxist-leninistiske vegen, slæst mot revisjonismen og byggjer sosialismen.

Difor ville dei heller dra seg attende. Dei ville få ny styrke frå dei nye stillingane dei drog seg attende til. Av den grunn trur me at me kjem til å møta vanskeleg strid med stort ansvar for vernet om sosialismen i Albania, hovudlina åt partiet vårt og dei rette prinsippa i Moskva-fråsegna.

Men den alvorlege situasjonen som er skapt i den internasjonale kommunistrørsla og i tilhøvet vårt til leiinga i Kommunistpartiet i Sovjetunionen og leiingane i sume andre parti gjev oss svært viktige oppgåver som me alltid må utføra rett. Det må gjerast med marxist-leninistisk klokskap og mot, slik me har gjort det til dessar.

Framfor alt lyt me dag for dag tryggja einskapen i partiet. Dette er ein einskap fast som fjell, men me bør arbeida heile tida på å herda han, for nett no har me viktige vendepunkt, og ved vendepunkta finst det folk som vinglar. Difor bør partiet halda seg tett attåt ikkje berre medlemene sine, men til kvar einskild, nær inntil folkemassane, slik at einskapen i partirekkjene mellom partiet og folket vert herda på marxist-leninistisk vis.

Me meiner at partiet bør kjenna den fiendslege og revisjonistiske verksemda desse svikarane driv. Dei bør sjå kven desse personane er som vil grava partiet vårt ei grav, og like eins ei åt den internasjonale kommunismen. Det finst skrivne dokument om dette, men me bør og arbeida med det tala ordet for å gjera det klårt for partiet at ein hard strid må førstast mot revisjonismen. Det gjeld ikkje berre teoretisk men i praksis og, og med konkrete døme. Partimedlemene bør vera årvakne, dei bør verja partilina og vakta folkebaten, partiet og marxismen-leninismen.

Såleis er det viktig at me utdanar partiet godt, for på det viset vil det skjøna rett den taktikken me lyt bruka i slike innfløkte situasjonar.

Partiet vårt kjem til å nytta taktikk. Det lyt til, mellom anna for at sovjetfolket og dei andre folka i dei folkedemokratiske landa skal skjøna at me er på den marxist-leninistiske vegen og til vens med dei, men imot dei som er fiendane deira og fiendar av marxismen-leninismen.

Om leiingane i desse landa held fram med å gjera oss i mot, skal dei få svar som fortent. Me skal likevel freista halda oppe venesamband med alle dei sosialistiske landa, utan å gje etter på prinsippa eller rengja lina, og alltid fara rett åt, med grunnlag i marxismen-leninismen.

Me lyt hugsa at me kjem til å ha samband med sovjetiske folk eller

folk or dei folkedemokratiske landa. Me kjem ikkje til å te oss annleis, men sjølvsagt vil sambandet med dei ikkje verta som det var. Det er ikkje me som har fått dette til, men dei sjølv. Mikojan sa til oss: «No treng me ikkje ha så nære partisamband, berre handelssamband.» Me sa me ikkje var samde i eit slikt syn, men etter di det er det dei ynskjer lyt me og retta oss etter det.

Når Ivanov eller Novikov kom for å møta oss, var det me som gav dei dei opplysningane dei ville ha, med største glede. Me gjorde ikkje det fordi me laut gjera rekneskap for dei, men fordi dette standpunktet hang saman med den nære og opne venskapen me hyste for Sovjetunionen. No er stoda endra, og det er deira feil åleine. Når dei kjem att skal me ta imot dei, og spørja kva dei vil, men me kjem ikkje til å gje dei meir enn me meiner det er rimeleg at dei veit, ingen ting meir.

Tilhøvet vårt til teknikarane og spesialistane som arbeider i verksemdene våre bør vera varmt, hjarteleg og venleg. Sjølvsagt kan det vera vonde menneske mellom dei, men endå om dei ikkje er det vil sume få pålegg om å verta det. Difor må me vera varsame og årvakne, me må skilja klårt mellom dei som er ærlege og meiner alvor, og dei som har vorte sende for å gjennomføra fiendslege pålegg frå Khrusjtsjov og kompani. Me bør verja den marxist-leninistiske lina heile tida og med kven som helst. Me treng ikkje i det heile å kvi oss for å gje dei svar som fortent når dei går laus på partiet vårt, leiinga og einskapen vår på ein uhøveleg måte. Me bør vera på vakt mot provokasjonar, for det finst folk som gjer slikt. Det finst dessutan provokasjonar me bør svara på på flekken og slå att som fortent mot dei som klekkjer ut slikt.

Me bør vera varsame og årvakne og rettleia oss med grunnlag i partilina til kvar tid. Her skal dugleiken og vitet hjå kommunistane syna seg. Det er lett å seia til hin: «Kom deg ut!» eller «Eg vil ikkje tala med deg!» Men eit slikt standpunkt er korkje politisk eller marxistisk. Difor skal me handla moge og allsidig.

Me bør snakka med utlendingane som bur i Albania om partilina vår og om standpunktet vårt. Me bør freista forklåra det til dei, slik at dei kan skjøna dette rett, for mykje av det kan vera uklårt.

Avisene bør særleg vera svært årvakne og mogne. Pressa vår må leggja fram lina og taktikken åt partiet skikkeleg. Dette arbeidet bør gjerast nøye av Agitasjons- og propagandadepartementet. Det er viktig å styra rett kurs i pressa. Eit mistak me gjer der kan utnyttast av dei framande imperialistiske og revisjonistiske fiendane, eller vildra dei breie massae i partiet og i folket.

Difor bør me arbeida grundig for å rettleia partiet gjennom pressa.

Alt som høyrer den rette marxist-leninistiske vegen til, alt som batar partiet, folket og sosialismen bør koma fram der. Spelet revisjonistane driv, som kan sjå fint ut, men i røynda er skadeleg, bør derimot ikkje kunngjerast i pressa. Me kjem ikkje til å gjera rekneskap for nokon når det gjeld dette.

Me må sjå grundig på alle ting, må vega nøye både gode og dårlege sider, og velja det beste som tener arbeidet vårt og saka.

Me kjem visseleg til å meistra desse vanskane. Difor bør fyrst og framst heile partiet mobiliserast. Det må vera på det reine med alt og vera heilt samansveisa. Det politiske og ideologiske nivået må hevast, den marxist-leninistiske lina må nyttast fylgjestrengt, og me bør vera fullt mobiliserte til å gjennomføra planane.

Kameratane som arbeider i parti- og statsorgana bør ha denne stoda i tankane og leggja vinn på arbeidet med å læra opp og overtyda massane. Det gjeld å gjera dei medvitne om at dei må utføra alle oppgåvene, særleg det å utnytta dei heimlege kjeldene. Så når me arbeider for å rydja nytt land bør me ikkje byggja alle vonene våre berre på traktorar. Er det råd skal me ta med traktorar og, men me lyt styrkja økonomien vår på alle dei måtar me rår over, for å halda folket med det dei treng heile tida. Slik kan me sleppa verta fanga i ei krise, me må skapa reservar på alle felt ved å bruka det me har på økonomisk vis.

Alle partiorgana og statsorgana bør utarbeida eit arbeidsprogram for dette. Mange oppgaver står framfor oss i praksis i denne saka.

Partiet og folket vårt har vorte herda til å tola vanskar, og difor har planane våre alltid vorte gjennomførte. Me skal vinna på desse vanskane, og det kjem betre dagar for partiet og folket vårt. Retten er på vår side, og me har mange vener i verda, ikkje berre det store Kina, men alle folka og dei sanne kommunistane. For dei er fredssaka, sjølvstendesaka og sosialismen heilage.

Det var det eg hadde å seia. Lat oss no godkjenna kunngjeringa. Attåt dette har me det 4. partilandsmøtet framfor oss. Det skal haldast i februar komande år, slik me vedtok. I denne tida skal partiet reisa alle kreftene sine. Det skal gjennomføra allsidig politisk, ideologisk og økonomisk arbeid, for å reisa til landsmøtet i marxist-leninistisk einskap sterk som fjell. Me skal ha gjennomførte oppgaver på alle omkverve, vera vel budde til å drøfta problem i ei opphøgd partiånd og ta på oss dei vanskelege men ærefulle oppgåvene som kjem til å verta lagde på oss.

Gjeve ul for fyrste gong i band 19 etter originalen i det sentrale partiarkivet.

Året 1960 er eit merkeår for den internasjonale arbeidarrørsla. Det var 4 år etter at Khrusjtsjov hadde vunne makta i Sovjetunionens Kommunistiske Parti. Khrusjtsjov-revisjonistane meinte tida var mogen til å gå til full offensiv mot kommunismen og i sær mot Kinas Kommunistiske Parti.

Eitt parti gjekk særskilt skarpt ut for å avsløra det spelet Khrusjtsjov dreiv. Det var *Arbeidspartiet i Albania*, det minste landet i den sosialistiske leiren.

Denne boka fortel om kampen APA førte for å verja kommunismen og hindra at Albania skulle bli eit lydrike for Sovjet, slik mange andre land vart.

Gjennom talar, brev, telegram og samtalar fylgjer vi den dramatiske kampen veke for veke.

Vi vert kjende med dei ordskipa som vart førde i leiinga i APA og direktiva som gjekk til albanske kameratar i Bucuresti, ved FN i New York, i Moskva og Peking.

Vi-fylgjer samtalane mellom fyrsteselektaeren Enver Hoxha, og dei som sveik i partiet, og får ordrett referat av dei kvasse orda som vart utveksla mellom Enver Hoxha og Khrusjtsjov og andre sovjetleiarar. Vi les talen Hoxha heldt for open scene i Moskva i november, der han fortalde verda sanninga om Khrusjtsjov sine intrigar.

Då boka kom ut fyrste gongen på albansk våren 1976, vart innhaldet straks dagsnyttstoff i dei store avisene og vekeblada i Europa. Til no er boka komen ut i omsetjing i Frankrike, Tyskland og Sverige.



ISBN 82-7094-133-6

Biletet på omslaget er malt av den albanske kunstnaren Guri Madhi:
«Talen i Moskva».